



DET KONGELEGE
LANDBRUKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2002–2003)

FOR BUDSJETTERMINEN 2003

Utgiftskapitla: 1100–1161

Inntektskapitla: 4100–4150, 5545, 5571, 5651, 5652



DET KONGELEGE
LANDBRUKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2002–2003)

FOR BUDSJETTERMINEN 2003

Utgiftskapitla: 1100–1161

Inntektskapitla: 4100–4150, 5545, 5571, 5651, 5652

*Tilråding frå Landbruksdepartementet av 13. september 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

Del I
Innleiande del

1 Oversikt over budsjettforslaget for programområde 15 Landbruk og mat

Landbruksdepartementet har ansvar for å forvalte og utvikle landbrukspolitikken og for å føre ein politikk som sikrar forbrukarane trygg mat og som tek miljøomsyn.

Landbruksdepartementets viktigaste oppgåver er å sikre borgarane trygge matvarer av god kvalitet og å føre ein landbrukspolitikk som gir optimisme og nødvendig fornying i landbruksnæringa med fokus på den enkelte bonde og matprodusent som sjølvstendig næringsutøvar. Den beste måten å sikre dette på, er å halde oppe tilliten til norsk mat og å gi rammer for auka lønnsemd og betre utnytting av marknadsmoglegheitene for landbruksnæringa.

Etableringa av eit felles mattilsyn for landbasert og sjøbasert matproduksjon er eit viktig og avgjerande steg for å sikre forbrukarane trygg mat gjennom ein sunn og berekraftig produksjon. Den nye merkeordninga som gir vern til produkt som har eit spesielt geografisk opphav, tradisjon eller særpreg vil vidare leggje betre til rette for at forbrukarane i framtida kan gjere val ut frå eigne preferansar. Ordninga vil samtidig leggje til rette for auka lønnsemd og inntektsmoglegheiter i norsk matproduksjon.

Landbruksdepartementet meiner at eit desentralisert landbruk med variert bruksstruktur er viktig både av beredskapsomsyn og av omsyn til behovet for trygg mat. Ved eit desentralisert og eit meir variert landbruk kan ressursane best forvalta på ein berekraftig måte slik at òg det biologiske grunnlaget og miljøkvalitetane i kulturlandskapet blir sikra.

Skog og utmark er viktige ressursar. Landbruksdepartementet vil gjere dei økonomiske rammevilkåra for skogbasert verksemd meir robuste, legge til rette for auka verdiskaping i sektoren og styrke miljødimensjonen i skogpolitikken.

Landbruksdepartementet ser det som viktig at vi har eit nødvendig handlingsrom for ein nasjonal landbrukspolitikk innanfor rammen av WTO-avtalen og andre internasjonale avtaleverk. Dette har det vore brei semje om i norsk politikk.

Sentrale rammevilkår for mat- og landbrukspolitikken er den generelle økonomiske politikken, marknaden, handelspolitikken som følgje av WTO-avtalen og EØS-avtalen, og Stortinget si behandling av St.meld. nr. 40 (1996-97), St.meld. nr. 17 (1998-99), St.meld. nr. 19 (1999-2000), St.prp. nr. 1 (2001-2002), St.prp. nr. 58 (2001-2002) og St.prp. nr. 65 (2001-2002).

1.1 Hovudpunkt i budsjettforslaget for 2003

Regjeringa gjer framlegg om eit budsjett for Landbruksdepartementet som prioriterer matvaretryggleiken og medverker til å styrke næringsutøvarane si sjølvstendige rolle i landbruksproduksjonen og i produksjonen av fellesgode. Satsingane i budsjettet er konsentrert kring områda mat, miljø, mangfald og modernisering.

Budsjettforslaget har ei samla ramme på 13 771 mill. kr. Dette er ein reduksjon på vel 330 mill. kr i høve til saldert budsjett for 2002. Dette er ei følgje av jordbruksavtalen som er inngått i 2002 og tekniske endringar.

Hovudprioriteringane i budsjettforslaget er:

- trygge matvarer av riktig kvalitet
- større variasjon og mangfald i landbruksproduksjonen og med det auka inntektsmoglegheiter for den einskilde næringsutøvarane
- auka verdiskaping knytt til landbruksbasert verksemd
- ein berekraftig produksjon som òg medverker til å løyse viktige miljøoppgåver
- ein omlegging av skogpolitikken med auka vekt på verdiskaping og miljøomsyn og meir robuste verkemiddel for skogbasert næringsverksemd
- forskning og utvikling
- modernisering, forenkling og effektivisering av mat- og landbruksforvaltninga

Landbruksdepartementet gjer framlegg om å løyve 805 mill. kr til tiltak for å sikre at forbrukarane får trygge matvarer av riktig kvalitet. Dette skal skje gjennom eit systematisk kvalitetsarbeid og kontroll i alle ledda i matkjeda. Det blir lagt stor vekt på å ha kunnskap om kva som skjer i dei ulike ledda i kjeda.

Landbruksdepartementet vil auke innsatsen knytt til særskilde område på matområdet med 57 mill. kr. Ein legg opp til å utvide overvåkings- og kontrollprogramma for sjukdom på småfe (TSE) med 32 mill. kr medan løyvingane til veterinære vaktordningar blir auka med 20 mill. kr. Løyvingane til forskingsbasert kunnskapsutvikling på matområdet blir auka med 5 mill. kr.

Landbruksdepartementet vil fremme løyvingforslag knytt til omstilling i samband med etableringa av Mattilsynet i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (2002-2003).

Regjeringa meiner det er nødvendig å gjere endringar i landbrukspolitikken som kan medverke til auka lønnsemd og inntektsmoglegheiter i landbruket. Eit viktig bidrag vil vere å gi den einskilde næringsutøvarane ein meir sjølvstendig rolle i produksjonen av mat og fellesgode. Mjølkeproduksjonen er svært viktig både i omfang og for bidra-

get til inntektsmoglegheitene i mange distrikt. Mjølkeprodusentane har i dag for dårlege moglegheiter for å utnytte kapitalen sin effektivt. Regjeringa meiner det er nødvendig å auke handlingsrommet til desse produsentane og har derfor lagt opp til ein noko friare omsetning av mjølkekvoter.

Regjeringa legg i budsjettframlegget opp til å forbetre skatte- og avgiftsreglane for landbruket ved å utvide inntektsfrådraget for jordbruket ved skattlegging. Utvidinga vil ha ein provenyeffekt på 200 mill. kr og ein utrekna inntektsverdi for jordbruket før skatt på 300 mill. kr.

Landbruket sitt bidrag til busetjing og sysselsetjing i distrikta føreset livskraftige driftseiningar og attraktive arbeidsplassar i næringa. Regjeringa vil derfor medverke til at aktive brukarar skal få ein inntektsutvikling på linje med andre grupper i samfunnet. Samtidig vil ein ta større omsyn til bruk der jordbruksproduksjon utgjer eit viktig bidrag til inntekta. For at landbruket i størst mogleg grad skal gi grunnlag for busetjing i distrikta, langsiktig mattryggleik og eit levande kulturlandskap i alle delar av landet, vil det framleis vere ein geografisk arbeidsdeling i landbruket.

Regjeringa vil for jordbruksoppgjeret i 2003 legge opp til å føre vidare hovudprinsippa i jordbruksavtalen i 2002, m.a. ved å prioritere bruk der jordbruket gir eit viktig bidrag til sysselsetjing og inntekt samt tiltak som kan medverke til kostnadsreduksjonar, omstillingar i heile matvarekjeda og forenklingar i verkemiddelbruken.

Regjeringa ser på vidare utvikling av økologisk landbruk som ein sentral del av miljøarbeidet i landbruket og som eit viktig bidrag til å auke mangfaldet i matvaremarknaden. Regjeringa legg stor vekt på å nå målsetjinga om at 10 pst. av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2010. Ein legg i 2003 opp til ei samla innsats over jordbruksavtalen på 115,5 mill. kr.

Regjeringa legg opp til ei omlegging av skogpolitikken med sikte på at dei økonomiske rammevilkåra for skogsektoren blir meir robuste. Den største utfordringa i skogbruket framover er å betre lønnsmda og auke verdiskapinga i sektoren. Regjeringa vil derfor prioritere verdiskapingstiltak innanfor skogsektoren og gjer framlegg om at løyvinga til Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke blir auka med 19 mill. kr til 39 mill. kr. Hovudmålet med programmet er høgare foredling og auka marknadsorientering i heile verdikjeda for med det å auke lønnsmda i skogsektoren. Regjeringa vil betre skogavgiftsordninga ved at skattefordelssatsen ved investeringar med skogavgift blir auka frå 35 pst. med avtrapping i dag til 60 pst. utan avtrapping. Samtidig blir det ikkje mogleg å investere i nye skogsvegar med skatte-

fordel og ordningane med tilskott til skogkultur og transport over kap. 1142 blir avvikla. Desse endringane gir skogbruket enklare og meir robuste rammevilkår som på sikt vil kunne føre til auka investeringar og ein betre lønnsemd i næringa. Saman med satsing på barskogvern og bioenergi medverker omlegginga òg til ei styrking av miljødimensjonen i skogbruket.

Landbruksdepartementet vil løyve 15 mill. kr til ideelle organisasjonar som driv arbeid retta mot landbruk, mat og nye og tradisjonelle næringar. Nytt av året er at midlane vil bli fordelt etter ein open prosess basert på offentleg kunngjering.

Landbruksdepartementet vil styrke arbeidet for å få til ein betre balanse mellom talet på rein og ressursgrunnlaget. Det er fastsett eit øvre tal for rein for sommarbeitedistrikta i Vest-Finnmark og budsjettet til Reindriftsforvaltninga er styrkt med 6 mill. kr for å følgje opp desse vedtaka.

Landbruksdepartementet vil styrke forskinga og den forskingsbaserte kunnskapsutviklinga med i alt 12 mill. kr. Av dette går 7 mill. kr til å støtte opp under dei tematiske satsingane i Forskingsmeldinga og innsatsområda i Handlingsplanen for landbruksforskning med særleg vekt på forskning innan trygg mat samt klima og energi, jf. kap. 1137. Departementet følgjer opp evalueringa som er gjennomført av mat- og landbruksforskninga. Departementet vurderer mellom anna fleire endringar i organiseringa av forskingsinstitutta, jf. kat. 15.20.

Landbruksdepartementet har sett i gang fleire store endringsprosessar for å modernisere, effektivisere og forenkle mat- og landbruksforvaltninga til beste for forbrukar, næringsutøvar og borgar. Det er gitt ei særskilt omtale av dette arbeidet i pkt. 1.2 nedanfor.

Forhandlingar i WTO, avtalar med EU og andre internasjonale prosessar påverkar rammevilkåra for den nasjonale mat- og landbrukspolitikken. Regjeringa vil arbeide aktivt for å påverke desse prosessane. Målet for landbruksforhandlingane i WTO er å sikre handlefridom for utforming av ein aktiv norsk landbrukspolitikk som inkluderer dei verkemidla som er nødvendige for å nå viktige samfunns mål og som gjer det mogleg å ha ein aktiv landbruksproduksjon i heile landet i tråd med Stortinget si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000).

1.2 Modernisering, forenkling og effektivisering av mat- og landbruksforvaltninga

Landbruket har ei sentral rolle i samfunnet som produsent av mat, fiber og andre produkt og tenes-

ter knytt til landbruket for å ivareta fellesgode som miljø, levande bygder og spreidd busetjing. Vidare er variert bruksstruktur og langsiktig forvaltning av jordressursane viktig både av beredskapsomsyn og av omsyn til mattryggleiken. Som ledd i regjeringa sitt program for modernisering, forenkling og effektivisering av offentleg sektor, er det sett i gang ei rekke tiltak for auka fokus på borgar og forbrukar, styrking av lokaldemokratiet og forenkling av verkemidla innanfor landbrukspolitikken.

Det er dei siste åra gjennomført fleire store omorganiseringar. Forvaltninga av fleire av verkemidla i landbrukspolitikken blei samordna i Statens landbruksforvaltning medan oppgåver knytt til næringsutvikling blei overført til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond. I tillegg er Jordskifterettane omorganisert. Departementet vil følgje opp i høve til verksemdene slik at ein får god effekt av omorganiseringane som er gjennomført.

Mattilsynet

Ved behandlinga av St.prp. nr. 63 (2001-2002) la eit stortingsfleirtal til grunn at det skal etablerast eit felles tilsyn for landbasert og sjøbasert matproduksjon. Dette er eit svært viktig steg for framleis å kunne sikre forbrukarane trygg mat gjennom ein sunn og berekraftig produksjon.

Mattilsynet vil få ansvar for å sjå til at mattryggleiken knytt til all produksjon, foredling, import og frambod av mat i Noreg er god. Omorganiseringa vil leggje til rette for eit meir samordna, einskapleg og effektivt tilsyn med mat langs heile matvarekjeda. For å leggje til rette for at tilsynet skal ha stor tillit og legitimitet hos forbrukarane og næringsutøvarane, har Stortinget lagt til grunn at laboratorieverksemda skal organiserast uavhengig av tilsynet.

Landbruksdepartementet vil i samarbeid med Fiskeridepartementet og Helsedepartementet følgje opp Stortinget si behandling av saka og leggje fram prinsipp for eit meir samordna og effektivt tilsyn i ein tilleggsproposisjon til St.prp. nr. 1 (2002-2003).

Omorganiseringa av den offentlege matforvaltninga er ein stor og gjennomgripande reform som femner om lag 1 500 årsverk. Fire tilsynsstrukturar skal smeltast saman i ein, ny struktur samtidig med at det skal utviklast nye strukturar for laboratorieverksemda. For å sikre god framdrift i arbeidet framover, er det viktig å få på plass ein administrasjon for den nye organisasjonen som kan førebu etableringa av tilsynet. Ein legg derfor opp til at leiararen for Mattilsynet skal vere på plass ved årsskiftet 2002/2003 medan Mattilsynet vil overta oppgåver som no blir løyst av Statens landbrukstilsyn,

Statens dyrehelsetilsyn, Statens næringsmiddeltilsyn, Fiskeridirektoratet og kommunale og interkommunale næringsmiddeltilsyn 01.01.2004.

Ein legg vidare opp til at omorganiseringa av laboratorieverksemda skal kunne skje parallelt med etableringa av Mattilsynet.

Landbruksdepartementet legg til grunn at omstillingsarbeidet vil halde fram i 2 til 3 år etter at Mattilsynet er etablert.

I samband med etableringa av Mattilsynet vil regjeringa arbeide med å forenkle lovverket og avgifts- og gebyrsystemet knytt til den offentlege matforvaltninga. Ein viser her òg til St.prp. nr. 1 (2002-2003) for Helsedepartementet og Fiskeridepartementet.

Styrking av lokaldemokratiet på landbruksområdet

Landbruksdepartementet legg auka vekt på desentralisering av myndigheit og ansvar for gjennomføring av landbrukspolitikken. For å få ei god tilpassing av dei nasjonale verkemidla skal derfor kommunane i større grad gis myndigheit og ansvar for gjennomføringa av landbrukspolitikken, jf. St.meld. nr. 19 (2001-2002) og Innst. S. nr. 268 (2001-2002).

Målsettinga med omlegginga, som skal gjennomførast frå 01.01.2004, er å gi kommunane større handlefridom og styrke lokaldemokratiet på landbruksområdet samstundes som forvaltninga kjem nærare dei ulike næringsutøvarane. Fylkesmannen vil få et aktivt ansvar for gjennomføring av og oppfølging av omlegginga, og vil få viktige oppgåver som regionale kompetansesentra på landbruksområdet. Regjeringa kjem attende til Stortinget når det gjeld den praktiske gjennomføringa av omlegginga i kommuneproposisjonen for 2004. For nærare omtale av dei ulike delane av omlegginga viser ein til omtalen under kategori 15.00 og dei aktuelle fagkapitla.

Elektronisk forvaltning

Regjeringa sin plan for IT-politikk; eNoreg 2005, set krav om at IKT skal brukast for å modernisere offentleg sektor. Innan utgangen av 2004 skal alle offentlege etatar kunne motta elektroniske innrapporteringar frå næringslivet, samtidig som ein skal tilby elektroniske tenester som er enkle å nytte og fremmer dialog.

Regjeringa sin IT-politikk blir følgt opp innanfor mat- og landbrukssektoren gjennom fleire tiltak. Det vil bli etablert brukarorienterte løysningar for elektroniske innrapporteringar og innsendingar av søknader frå næringslivet, samtidig som ein skal tilby internettbaserte informasjonstenester

som skal forenkle kvardagen til næringsutøvarane og fremme dialogen med befolkninga.

Matportalen skal utviklast til ei nettbasert informasjonsteneste som skal gjere det enklare for forbrukarar og næringsutøvarar å få tilgang til informasjon frå forvaltninga, samtidig som næringsutøvarar skal kunne kommunisere elektronisk med tilsynet.

Samordninga av fleire av verkemidla for landbruket i Statens landbruksforvaltning har gjort det enklare å arbeide med utvikling av elektroniske forvaltningsløysingar, mellom anna når det gjeld produksjonstilskotta i landbruket. Utviklinga av elektroniske forvaltningsløysingar skal gjere det lettare for næringsutøvarane å kommunisere med forvaltninga både ved innsending av søknader og innrapportering, samtidig som elektroniske løysingar skal medverke til ei meir effektiv forvaltning.

Landbruksdepartementet vil bidra til den nasjonale infrastrukturen av geografisk informasjon gjennom ajourhald av eksisterande digitale kart og vidare kartlegging av landbruksområde. Kommunane får auka myndigheit, og ein vil arbeide aktivt for at forvaltninga skal få betre tilgang til geodata tilpassa dei oppgåver som skal løysast på kommune- og fylkesnivå. Dette skal gi raskare saksbehandling og betre kvalitet på dei avgjerdsleane som blir tatt, samtidig som informasjon til ålmenta og næringsutøvarane blir betre.

Forenklingar

Det er lagt stor vekt på å få gjennomført endringar i jordbruksavtalen 2002 for å forenkle og målrette dei økonomiske verkemidla, jf. òg omtale i pkt. 1.4.2 nedanfor. Dette arbeidet vil halde fram i jordbruksavtalen 2003.

På oppdrag frå Landbruksdepartementet har SND innanfor verdiskapingsprogrammet for matproduksjon sett i gang arbeid med å utforme ein handlingsplan for mindre næringsmiddelverksemdar. Måla med handlingsplanen er å identifisere forhold som gjer det vanskeleg å starte opp og drive mindre næringsmiddelverksemdar og å utvikle samarbeidskonstellasjonar mellom offentlege instansar og mindre næringsmiddelverksemdar for betre å legge til rette for etablering av bedrifter.

Landbruksdepartementet har sett i gang fleire prosessar der målsettinga mellom anna er å forenkle og redusere talet på lover og forskrifter. Mellom anna innebar den nye produksjonsforskrifta som blei fastsett i juli 2002 ei samling og forenkling av 12 forskrifter til ei forskrift. Landbruksdepartementet tar òg del i arbeidet med å utarbeide ein ny matlov. Den nye matloven vil erstatte mange av lovene vi i dag har på matområdet. Tiltak er omtalt nærare i programkategori 15.00 og under dei aktuelle kapitla.

1.3 Overordna mål for mat- og landbrukspolitikken

Landbruksdepartementet har eit breitt, allmennretta forvaltningsansvar som er delt inn i følgjande 4 område:

- matvaretryggleik, matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse
- næring, areal og miljø
- forskning og utvikling
- mat- og landbruksforvaltning

Innanfor desse områda arbeider Landbruksdepartementet etter målsetjingane som er refererte i tabell 1.1.

Tabell 1.1 Mål for mat- og landbrukspolitikken

Matvaretryggleik, matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse (programkategori 15.10) Hovudmål: – sikre forbrukarane trygge matvarer av riktig kvalitet gjennom ein sunn matproduksjon Delmål: – forbrukarane skal sikrast innverknad for å imøtekomme deira preferansar på matområdet – reieleg frambod av mat og drikke med riktig kvalitet – trygg mat og drikke – god dyrehelse – eit etisk forsvarleg dyrehald ut frå åtferdsbehova til dyra – god plantehelse – ein effektiv og miljøforsvarleg bioproduksjon
Næring, areal og miljø (programkategori 15.30) Hovudmål: – eit berekraftig og utviklingsdyktig landbruk som gir grunnlag for lønsemd, sysselsetjing, busetjing og verdiskaping – sikre areal og ressursar som varig grunnlag for landbruksproduksjon og produksjon av fellesgode – legge til rette for at landbruket kan medverke til løyse viktige miljøoppgåver. Delmål arealforvaltning: – utvikle ein arealpolitikk som byggjer opp under ei langsiktig og berekraftig ressursforvaltning med eit sterkt jordvern – aktiv deltaking i samfunnsplanlegginga – medverke til ein rasjonell eigedoms- og driftseiningssstruktur – ha ein velfungerande jordskifterett – medverke til å utvikle data om landbruket sine arealressursar og gjere dei tilgjengelege for ålmenta, næringslivet og forvaltninga Delmål jordbruk: – leggje til rette for at aktive utøvarer skal få ein inntektsutvikling på line med andre grupper i samfunnet – medverke til eit landbruk som gjer bruk av ny teknologi og nye marknadsmoglegheiter og gir forbrukarane kvalitetsprodukt – sikre miljøforsvarleg produksjon der òg omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt – medverke til auka verdiskaping i og knytt til landbruket – styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa

Tabell 1.1 Mål for mat- og landbrukspolitikken

Delmål skogbruk: – verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast – skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver – ei aktiv og langsiktig ressursforvaltning som legg til rette for verdiskapinga og miljøsatsinga Delmål reindrift: – ei reindriftnæring i balanse med beiteressursane og som medverkar til å halde oppe samisk eigenart – verdiskaping frå reindriften skal aukast
Forskning og utvikling (programkategori 15.20) Hovudmål: – mat- og landbruksforskinga skal, innanfor ei etisk forsvarleg ramme og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på forbrukarkrav, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø og helse- og livskvalitet Delmål: – fremme langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i landbruksbasert verksemd til bevaring av naturgrunnlag og miljø, og til fremme av helse og livskvalitet hos menneske og dyr – utvikle marknadsorienterte produkt basert på norske råvarer og foredlingssystem – høyne nivået på kompetansen og graden av produktforedling med sikte på verdiskaping og syssetjing i landbruket og verksemd basert på landbruk – utvikle nye produkt, næringar og kombinasjonar av næringar innanfor eit heilskapleg nærings- og distriktperspektiv – gi grunnlag for utforming av politikk, bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning
Mat- og landbruksforvaltning (programkategori 15.00) Hovudmål: – gjennomføre og utvikle mat- og landbrukspolitikken på ein måte som gir størst mogleg grad av måloppnåing og tillit hos dei ulike samfunnsaktørane Delmål: – ein effektiv landbruksforvaltning – fokus på borgar, brukar og forbrukar – styrking av lokaldemokratiet på landbruksområdet – ein inkluderande og stimulerande personalpolitikk

1.4 Utfordringar i mat- og landbrukspolitikken

1.4.1 Trygg mat, kvalitet og forbrukaromsyn

Mat- og landbrukspolitikken må utformast i samsvarende med internasjonale plikter nedfelt i mellom anna WTO-, SPS- og EØS-avtalane. Regjeringa

legg vidare vekt på å følgje opp intensjonen i FN-konvensjonen om økonomisk, sosial og kulturell rett som òg er nedfelt i norsk lov. Borgarane sin rett til fysisk og økonomisk tilgang til nok og trygg mat for eit fullgodt kosthald som møter ernærings-

behov og preferansar, og som gir grunnlag for eit aktivt liv med god helse er forankra her.

Debatten om mat, både nasjonalt og internasjonalt, ber meir og meir preg av ein verdidebatt. Forbrukarane syner aukande interesse for korleis maten blir produsert, foredla og omsett. Slike omsyn må liggje i botnen når politikken blir forma.

Regjeringa sin matpolitikk er såleis bygd opp kring tre hovudelement:

- trygg mat av riktig kvalitet
- ei langsiktig matforsyning
- nyskaping, mangfald, og verdiskaping knytt til produksjon av matvarer

Ein gjer her greie for dei viktigaste utfordringane knytt til mattryggleiken, medan utfordringane knytt til dei to siste strekpunkta blir omtalt i pkt 1.4.2.

Av tabell 1.1 går det fram at regjeringa har klare mål når det gjeld matvaretryggleik, matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse. Maten er sluttproduktet i ei lang produksjonskjede der kvaliteten på sluttprodukta avheng av tilhøva i kvart ledd.

Regjeringa si matpolitiske målsetting om trygg mat byggjer på prinsippet om at det er næringsutøvarane som i første rekke er ansvarleg for å sikre mattryggleiken. Tilsyna fører tilsyn langs heile matvarekjeda, medan forskingsinstitutta gir tilsyna fagleg støtte. Det ytre fag- og forvaltningsapparatet melder gjennomgåande om at tilstanden langs matkjeda, inkludert sluttprodukta, er tilfredsstillande.

Den auka internasjonaliseringa i samfunnet med m.a. auka reiseverksemd og endringar som følgje av Noreg si tilknytning til EU og WTO, har skapt nye faglege og forvaltningsrelaterte utfordringar på matområdet. Matskandalane i Europa har vist kor sårbare dei tradisjonelle metodane for tilsyn og kontroll med næringsmiddel kan vere, og har medverka til å skape ein auka politisk medviten om behovet for reformer på dette området. Det er behov for å endre dei faglege metodane og samordne og styrke det internasjonale arbeidet for auka mattryggleik.

Dei viktigaste verkemidla for forvaltninga i arbeidet med å styrke mattryggleiken er eit konsistent og relevant regelverk og eit effektivt tilsynsapparat som er i stand til å følgje opp viljen og evna som aktørane i matproduksjonen har til å etterleve regelverket.

Dei tre matdepartementa; Helsedepartementet, Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet, har sett i gang eit arbeid for å tilpasse regelverket og organiseringa av tilsynsverksemda til desse utfordringane.

Helsedepartementet har ansvar for arbeidet med ei ny matlov. Den nye matlova vil femne om

verkeområdet til ei rekkje av lovene vi har på matområdet i dag og såleis representere ei monaleg forenkling av regelverket. Den nye matlova skal òg vere tilpassa relevant internasjonalt regelverk. Departementa vil vurdere om loven skal femne om heile matkjeda frå jord og fjord til bord.

Landbruksdepartementet har i samarbeid med Fiskeridepartementet og Helsedepartementet ansvar for arbeidet med å etablere eit mattilsyn som femner tilsyn med all produksjon, import og frambud av mat frå jord og fjord til bord. Reformen legg til rette for ein meir samordna og effektiv tilsynsverksemd.

Det er særskilt viktig at forbrukar og næringsutøvar har tillit til vedtaka som blir fatta. Opne, uavhengige og etterrettelege prosessar vil medverke til det. Departementa vil derfor etablere eit tydelegare skilje mellom dei ulike prosessane og aktørane som har roller i risikokoanalysen. Det vil bli etablert ein vitenskapskomité som skal dekkje matforvaltninga sine behov for vitenskapleg baserte risikovurderingar. Den nye vitenskapskomiteen skal organiserast uavhengig av Mattilsynet som på si side skal ha ansvar for risikohandteringa. Kva risikonivå som skal akseptast blir fastsett av styresmaktene i samråd med forbrukarane.

Landbruksdepartementet vil involvere forbrukarane i utforminga og iverksetjinga av matpolitikken. Det blir derfor oppretta matpolitiske forbrukarpanel som skal gi råd til styresmaktene om m.a. kva risikonivå som skal godtakast. I tråd med Landbruksmeldinga har departementet utarbeidd ein handlingsplan for forbrukarorientering av mat- og landbrukspolitikken jf. kat. 1510.

Tilsynet skal tuftast på vitenskapleg grunnlag og først ut frå dei risikofaktorar som til ei kvar tid finst. Derfor må status med omsyn til helse, smittestoff, reststoff m.m. vere godt dokumentert. Dette skjer ved ei omfattande overvaking innan plante- og førsektoren, av dyrehelsa og ei lang rekke matvarer. Slike program er kostbare, men nødvendige av fleire grunnar. For det første er funn og resultat som kjem fram, grunnlag for tiltak. Vidare er dokumentasjonen viktig for å sikre tilliten til maten hos forbrukaren og som grunnlag for å sette vilkår når det gjeld internasjonal handel. Både i samband med EØS-avtalen og WTO-avtalen ser ein på dei nasjonale kontroll- og overvåkingsprogramma som avgjerande for å ta vare på dei føremoner som gode standarder gir. Samstundes legg EU opp til auka bruk av obligatoriske overvåkings- og kontrollprogram. Det blir derfor ei stadig større utfordring å finne rom for å både behalde dei nasjonale programma og gjennomføre program som er obligatoriske etter EØS-avtalen. Ein god dokumentasjon av helse og kvalitet styrker òg dei norske pro-

dukta i marknaden, både nasjonalt og internasjonalt.

Noreg følgjer EU når det gjeld overvaking og kontroll av TSE (overførbare spongiforme encefalopatiar) der det er sett i gang omfattande overvaking med omsyn på BSE (kugalskap) hos storfe og skrapesjuke hos småfe. EU har óg vedteke ei kraftig auke i overvakinga av skrapesjuke fordi det er liten oversikt over kor utbreidd skrapesjuke er i EUs medlemsland, og uvisse om BSE kan smitte til sau og geit. Regjeringa vil følgje opp desse vedtaka, fordi dei er viktige for å få betre oversikt over skrapesjuka i Noreg og for at forbrukarane skal ha tillit til at mat produsert i Noreg er trygg.

På mat-, fôr- og plantesektoren er genmodifisering av organismar ei viktig problemstilling både i høve til forbrukar og miljøet. Regjeringa er budd på å praktisere ein restriktiv politikk med krav om godkjenning og merking av mat og fôr. Departementet vil vurdere kva krav som skal stillast til produsentane med omsyn til produktdokumentasjon.

Noreg har på nasjonalt grunnlag innarbeidd EU sitt regelverk som femner om merking for å spore ferskt storfekjøtt. Desse reglane gjer det mogleg å spore kjøttet tilbake til dyret og dyrehaldet det kom frå. Det er venta at dette regelverket vil bli ein del av EØS-avtalen.

Saman med sikring av trygg mat av god kvalitet, er det óg nødvendig at det er god tilgang på produkt med god ernæringsmessig samansetning. Utfordringa for landbruket som ligg i målsettinga om auka inntak av frukt, grønt og kornprodukt, er stort. Styresmaktene har saman med råvareprodusentar, næringsmiddelindustri og omsetjingsledda eit ansvar for å få fram eit større mangfald og ein produktkvalitet som stimulerer til eit større forbruk av produkt med god ernæringsmessig samansetning. Landbruksdepartementet har tatt initiativ til eit samarbeid med andre departement for å sjå på mat i skulen i ei brei samanheng. Ordninga med nedskriving av pris på frukt og grønt i skulen, som har vist seg å vere eit godt ernæringspolitisk tiltak, vil i den samanhengen bli vurdert med sikte på ei enno betre målretting av tiltaket.

Sterkare fokusering på ulike sider av dyrehaldet og større erkjenning i samfunnet av at dyr har krav på verdig liv, tilpassa den enkelte art, gjer at dyrevelferd må takast på alvor. Regjeringa vil derfor leggje fram ei stortingsmelding om dyrehald og dyrevelferd hausten 2002. Meldinga vil ta for seg dei ulike sidene med dyrehaldet, m.a. dei dyrevelferdsmessige forholda knytt til tap av husdyr på grunn av freda rovdyr.

God plantehelse gir miljøgevinst gjennom lågare bruk av plantevernmiddel, betre produktkvalitet og nye moglegheiter i marknaden. Land-

bruksdepartementet legg vekt på førebyggjande tiltak og tilsyn med nøkkelledd i produksjonen. Ein vil i den samanhengen styrke den generelle overvakinga av farlege planteskadegjerarar og tilsyn med den stadig aukande importen, jf. mellom anna utbrotet av den søramerikanske minérfluga i norske gartneri og dei store økonomiske konsekvensane av utbrotet.

Det er eit mål for landbruket å utvikle produksjonsmåtar som minskar behovet for kjemiske plantevernmiddel og som reduserer risikoen for restar i matvarer og miljø mest mogleg. Førebels resultat frå handlingsplanen 1998-2002 tyder på at dei tiltak og verkemiddel som er gjennomført har gjeve god effekt. Basert på resultat frå sluttevaluering av planen vil ein føre arbeidet vidare i ein ny handlingsplan frå 2003.

1.4.2 Næringspolitikk og verdiskaping

I Sem-erklæringa legg regjeringa vekt på at desentralisert landbruk med variert bruksstruktur er viktig både med tanke på beredskap og av omsyn til behovet for trygg mat. Regjeringa legg til grunn eit behov for modernisering og auka fokus og synleggjering av miljø- og matpolitikk.

Regjeringa legg vekt på at yrkesutøvarane i landbruket er sjølvstendige næringsdrivande og at ein må ta større omsyn til bruk kor jordbruksproduksjonen utgjer eit viktig bidrag til inntekta. I tillegg er det behov for å gjennomføre strukturelle tilpassingar i næringa som skal stimulere til auka effektivitet og konkurransekraft. God utnytting av marknadsmoglegheitene, ny teknologi, auka mangfald, ein balansert marknad, strukturelle endringar og fornuftige kostnadstilpassingar vil i aukande grad avgjere om måla for inntektsutviklinga kan nåast.

Det er ein sentral strategi å gjere det enklare å starte opp nye verksemdar i og knytt til landbruket. Bygdeutviklingsmidlane er eit sentralt verkemiddel i den samanhengen og medverkar til å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for busetting. I jordbruksavtalen i år er det mellom anna sett i gang eit arbeid for å auke bruken av bioenergi, både for å fremme verdiskaping i landbruket og å medverke til miljømessige målsetjingar. Regjeringa legg óg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir nye arbeidsplassar for kvinner og ungdom.

I arbeidet med å leggje til rette for næringsverksemd som i større grad samsvarar med preferansane til forbrukarane, er det behov for å sjå heile matvarekjeda i samanheng. Dei ulike matrelaterte omsyna i kjeda, frå primærleddet gjennom

foredlingsleddet og handelsleddet fram til forbrukar, bør derfor integrerast i landbrukspolitikken.

I arbeidet med nyskaping og mangfald på matmarknaden er Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon sentralt. Programmet har som hovudmål å auke mangfaldet av spesialiserte produkt av høg kvalitet i tråd med marknaden sine krav, samtidig som det skal auke det økonomiske potensialet i næringa. I denne samanheng har regjeringa oppretta ei offentleg merkeordning som gir vern til produktnamn på næringsmiddel som har ein spesiell geografisk opphav, tradisjon eller særpreg. Ordninga skal gjere det enklare for forbrukarane å gjere val ut i frå eigne preferansar og samtidig leggje til rette for auka lønnsemd og inntektsmoglegheiter i norsk matproduksjon. Som ledd i moderniseringa av offentleg sektor er det òg sett i gang arbeid med å utforme ein handlingsplan for å gjere det enklare å starte opp mindre næringsmiddelverksemdar.

Økologiske produkt gir mellom anna eit viktig bidrag til auka mangfald i matvaremarknaden og regjeringa prioriterer økologisk landbruk høgt. Det er aukande etterspurnad etter økologiske produkt og det har vist seg vanskeleg å auke produksjonskapasiteten på alle områda i takt med behova. Satsinga tek derfor utgangspunkt i heile verdikjeda frå primærprodusent til forbrukar, jf. nærare omtale under kap. 1150.

St.meld. nr. 19 (1999-2000) og behandlinga av ho i Stortinget føreset ein gjennomgang av verkemiddelbruken i landbrukspolitikken med sikte på betre målretting og forenkling. Denne moderniseringa omfattar alle verkemidla som påverkar mat og landbrukspolitikken. I tråd med Sem-erklæringa vil regjeringa gi næringsutøvarane i landbruket ei meir sjølvstendig rolle og større fridom til å tilpasse verksemda si i høve til preferansane til forbrukar og borgar. Ein vil vidare forenkle dagens kompliserte verkemiddelsystem for å få eit meir fleksibelt og mindre detaljert regelverk. Arbeidet med å forenkle dei økonomiske verkemidla starta opp i og med jordbruksavtalen 2002. Samtidig har det vore ein revisjon og samordning av forskriftene om produksjonstilskott i jordbruket.

Reindrifta står overfor store utfordringar. Eit gjennomgåande trekk for store delar av næringa er ein svak økonomi, og ein tradisjonell omsetnad av råvarer som ikkje er foredla. For at reindrifta skal ha ei framtid ser regjeringa det som viktig at ein får fastsett rammevilkåra og at disse blir etterlevd. Vidare er det viktig at det blir sett i verk tiltak som reduserer rovdyrtapa og at reindrifta sine areal sikrast.

Regjeringa meiner at verdiskapingsprogrammet for reindrift er eit viktig tiltak for å sikre ein positiv økonomisk utvikling i næringa.

Misforholdet mellom talet på rein og ressursgrunnlaget i deler av Finnmark har framleis regjeringas høgste prioritet. For å lykkast med dette arbeidet er det viktig at dei ulike aktørane har ei felles forståing av tilhøva. Dette krev eit høgt kunnskapsnivå hos politikarar og myndigheiter når det gjeld dei ulike sidene ved reindriften, og om endringsprosessar og årsaksforhold. Vidare er det viktig å utvikla den kompetansen reindriften har og bruke reindriften sin kunnskap i forvaltninga av den næringa som er den sentrale for bevaring av samisk kultur, levestett og språk.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for skognæringa og ført med seg ei stadig fallande lønnsemd. Resultatet av dette er m.a. lågare avverking og mindre investeringar.

Det er ei stor utfordring å få til ei betre utnytting av skogressursane i landet. Regjeringa vil arbeide for at :

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast. Det femårige verdiskapingsprogrammet som blei starta opp i 2000 har som mål å auke skogsektoren sitt bidrag til verdiskapinga og meir berekraftig produksjon og forbruk. Programmet skal fokusere på auka bruk av trevirke og betre koplingar mellom skogbruk og marknad,
- skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver. Ei framtidsretta skognæring må ha ein god miljøprofil. Hovudstrategien i miljøarbeidet framover vil bli å bygge opp god kunnskap innan alle ledd i sektoren og å delta aktivt i arbeidet med internasjonale avtaler og prosessar og å følgje opp resultatata nasjonalt.

Regjeringa legg opp til at tilskott til skogkultur fell bort frå 2003. Dette inneber at skogeigarane sjølve må ta eit større ansvar for å bygge opp ny skog. Samtidig vil regjeringa betre skogavgiftsordninga, jf. omtale i pkt. 1.1 ovanfor. Ein gjer òg framlegg om at ordninga med transportstøtte retta mot Vestlandet og Nord-Noreg fell bort frå 2003.

Landbruksdepartementet vil gjennomføre ein nærare vurdering av utvalde delar av budsjettet for å sjå korleis ordningar verkar i eit kjønns- og likestillingsperspektiv. I 2003 vil ein vurdere dei tre verdiskapingsprogramma som er etablert innanfor høvesvis matproduksjon, skogbruk og reindrift.

1.4.3 Jordvernpolitikk og arealforvaltning

Av det samla landarealet i Noreg er berre om lag 3 pst. dyrka jord, og av klimatiske årsaker er det berre mogleg å dyrke matkorn på ein tredel av desse areala. Regjeringa legg, ut frå nasjonale beredskapsomsyn og globale fordelingspolitiske omsyn, stor vekt på at landet har ei god sjølvforsyning av mat, m.a. ut frå retningslinjene frå toppmøtet om verdas matvaretryggleik i 1996.

Det er ei målsetting for regjeringa å redusere nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord. Kvart år blir det bygd ned om lag 20.000 daa dyrka og dyrkbar jord, mykje av dette er god kornjord i område med godt klima. Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til utbyggingsformål skjer etter kommunale vedtak. Departementet vil i 2003 arbeide med å sette eit konkret mål for reduksjon av nedbygd dyrka og dyrkbar jord, og vil prioritere oppfølging av kommunar og fylke for å sikre at jordvernet blir lagt til grunn i arealplanlegginga. Departementet arbeider med å skaffe fram betre dokumentasjon av kvaliteten på landbruksareala i form av jordressurskart. Dette skal mellom anna nyttast for å dokumentere landbruket sine interesser i høve til arealplanlegging og for ein meir presis registrering av avgang av landbruksareal. God dokumentasjon gjer betre grunnlag for å sikre verdifulle landbruksareal.

God eigedomsutforming og klare eigar- og rettstilhøve er viktig for auka verdiskaping. For å få til dette kan det vere nødvendig å omforme eigedommar eller gjere andre endringar i eigartilhøva og med det sikre god ressursutnytting og omsyn til miljø. Det er òg ofte behov for at grunneigarar set i gang fellestiltak. For eigaren eller leigetakaren er det viktig at ikkje eigedomstilhøva stenger for god arealutnytting og eit godt inntektsgrunnlag. For samfunnet er det viktig å få ned kostnadene i landbruket. Det kan medverke til auka verdiskaping, noko som igjen tener sysselsetjinga i næringa og busetjing i distrikta. Grunneigarane kan bruke jordskifterettane for å få løyst slike problem, og landbruksstyresmaktene kan nytte lovverket elles.

I saker der ein nyttar reglane for å gjere inngrep i den private eigedomsretten er det særleg viktig at omsynet til rettstryggleiken blir tatt omsyn til på ein god måte.

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) er mange sider ved arealforvaltning tatt opp. Fleire av forslaga i stortingsmeldinga blei gjennomført ved lovendring våren 2001. Endringane gjaldt m.a. oppheving av forkjopsretten og heving av arealgrensene i konsesjonslova § 5 første ledd nr. 2 og odelslova § 2. Vidare la departementet i mai 2002 fram høyringsnotat med forslag til ny konsesjonslov. Eit utval

som skal greie ut verknadene av odelslova og fremme forslag til lovendringar vil etter planen avslutte arbeidet sitt i løpet av 2003.

1.4.4 Miljø

For å nå målsetjingane om eit berekraftig landbruk, må landbrukspolitikken ha eit heilskapleg perspektiv der miljøomsyna er integrerte i alle delar av politikken. Eit sentralt arbeidsområde vil vere berekraftig forvaltning av naturressursane. Vidare vil ein leggje auka vekt på produksjon, forvaltning og synleggjering av landbruket sine miljøgode.

Landbruksdepartementet la i 2000 fram ein miljøhandlingsplan for landbruket som del av oppfølginga av St.meld. nr. 58 (1996-97) *Miljøpolitikk for ein bærekraftig utvikling*. Miljøhandlingsplanen er eit bindeledd mellom regjeringa sin landbrukspolitik og miljøvernpolitikk og skal medverke til å gjere landbruket sitt sektoransvar for miljø tydelegare. Departementet har kome godt i gang med oppfølginga av handlingsplanen og vil med jamne mellomrom gjennomføre ein fullstendig oppdatering av status for tiltaka i planen, jf. omtale i kat. 15.30.

Eit sterkt jordvern er grunnlag for økologisk langsiktig ressursforvaltning og nasjonal matsikring. Regjeringa har gjennom St. meld. nr. 24 (2000-2001) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets tilstand* integrert jordvern som ein del av den nasjonale miljøvernpolitikken. I arbeidet med å følge opp nasjonal miljøvernpolitikk legg departementet stor vekt på kunnskap om og dokumentasjon av ulike miljøverdier. Landbruksdepartementet vil derfor mellom anna utvikle jordressurskart som syner produksjonsevna til areala.

Jordbruksproduksjon er viktig for å sikre landbruket sitt kulturlandskap med dei fellesgoda som er knytt til det. Dei biologiske ressursane i plante-, skog- og dyrematerialet spelar ein sentral rolle for produksjonen i landbruket.

God kunnskap om miljø og biologiske verdier er nødvendig for å kunne drive eit miljøforsvarleg landbruk. Departementet vil derfor føre vidare arbeidet med kartlegging og overvaking av biologisk mangfald, i tråd med landbruket sitt sektoransvar. Landbruksdepartementet tar del i arbeidet med å utvikle eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald og etablering av ein artsdatabank.

Som del av mat- og landbrukspolitikken og arbeidet med biologisk mangfald, legg departementet stor vekt på bevaring av genetiske ressursar. Landbruksdepartementet har kome godt i gang med oppfølginga av handlingsplanen for for-

valtning av genetiske ressursar, som omhandlar både husdyr, kulturplanter og skog. I tillegg er det nordiske samarbeidet styrkt på området. For å sikre oppfølging av norske og nordiske prioriteringar er det oppretta eit nasjonalt råd for genressursar, og genressursutval innanfor kvart av områda; husdyr, kulturplanter og skogstre. Noreg deltar aktivt i Nordisk genressursråd.

Landbruksdepartementet legg stor vekt på at auka vern av skog bør bli eit viktig element i den samla forvaltninga av skogressursane, og at eit auka skogvern må baserast på erstatning til skogeigarane i samsvar med gjeldande reglar.

Landbruksdepartementet legg opp til auka bruk av økologiske driftsmetodar i landbruket og å sikre ein kostnadseffektiv produksjon av miljøgode.

Departementet legg òg vekt på å utnytte skogsektoren sine moglegheiter for å løyse viktige miljøoppgåver. Skogen er ein fornybar ressurs som kan medverke til utvikling av meir berekraftig produksjon og forbruk. Eit viktig døme på dette er auka bruk av bioenergi. Dette vil medverke til å minske utsleppa av klimagassar og dekke opp energibehovet i framtida samtidig som det kan fremme verdiskaping i landbruket. Departementet vil satse sterkare på dette området.

1.4.5 Internasjonale tilhøve

Landbruksdepartementets virkeområde er nær knytt opp til ei rekkje internasjonale prosessar og avtarar. Dette legg rammer for utforminga av mål og verkemiddel innanfor alle dei ulike områda i mat- og landbrukspolitikken; jordbruk, skogbruk, mattryggleik og forskning. Miljøomsyn er integrert i alle desse politikkområda, òg som ein del av internasjonale prosessar og avtarar. Det er ei målsetting å arbeide aktivt internasjonalt for å ta vare på nasjonale interesser og samtidig bidra til framgang i dei internasjonale prosessane.

I forhandlingane om WTO blir det frå norsk side lagt til grunn at det framleis er behov for ein eigen landbruksavtale, som gir medlemslanda tilstrekkeleg handlingsrom til å føre ein aktiv landbrukspolitikk. Dette vil gi grunnlag for eit desentralisert landbruk med variert bruksstruktur i tråd med norske behov. Det må vere mogleg å halde oppe ein landbrukssektor under vanskelege klimatiske tilhøve og ivareta omsyn som ikkje er relaterte til handel – slik som distriktsinteresser, matforsyning, vern av kulturlandskap og omsyn til det biologiske mangfaldet.

Vedtaket frå WTO Ministerkonferansen i Doha i november 2001 gir ikkje grunnlag for å endre på det norske forhandlingsopplegget på jordbruksområdet. Ministervedtaket la opp til ein relativt

stram tidsplan. Det er føresett at medlemslanda blir samde om konkrete reduksjonsforpliktingar og nødvendige endringar i gjeldande regelverk innan 31.03.2003. Ut frå ein slik plattform skal medlemslanda innan neste ministerkonferanse i Mexico leggje fram utkast til nasjonale bindingslister innafor dei tre forhandlingsområda eksportsubsidiar, marknadstilgang og internstøtte. Spesiell og differensiert behandling av utviklingsland skal vere integrert i alle delane av forhandlingane. Ein skal ta omsyn til omsyn som ikkje er relatert til handel (NTC) i forhandlingane, som fastsett i landbruksavtalen.

Noreg har lagt stor vekt på å samarbeide med land som har dei same interessene som oss. Dette er mellom anna EU, Japan, Korea og Sveits. Noreg har vore med og arrangert 4 internasjonale NTC-konferansar. Av dei 144 medlemslanda i WTO har i alt 82 utviklings- og industriland delteke på ein eller fleire av dei fire konferansane. Deltakinga på konferansane viser at det er ei auka forståing blant medlemslanda om at omsyn som ikkje er relatert til handel òg må takast omsyn til i arbeidet med å følgje opp Ministervedtaket. I St.prp. 65 (2001-2002) *Om jordbruksoppgjøret 2002* og St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*, jf. òg Innst. S. nr. 167 (1999-2000), er det gjort meir greie for forhandlingsprosessen og norske posisjonar.

Protokoll 3 til EØS-avtala om handel med foredla landbruksvarer blei vedteke hausten 2001 og sett i verk 01.01. 2002. Føremålet med protokoll 3 er å jamne ut forskjellar i råvareprisar mellom EU og EFTA-landa slik at verksemdar i EØS-området skal kunne konkurrere på like vilkår for foredla landbruksvarer. Den nye avtala kan for deler av næringsmiddelindustrien kunne medføre auka konkurranse på heimemarknaden. Samstundes blei det og betra høve for eksport for nokre norske produkt. Forhandlingane etter artikkel 19 i EØS-avtala der formålet er utvida handel på jordbruksvarer med EU, blei teken opp att våren 2002. Frå norsk side er målsetjinga for forhandlingane å nå fram til ei gjensidig balansert løysing med omsyn til auka marknadstilgang.

Innanfor ramma av EFTA er det inngått frihandelsavtale med Singapore. Det pågår forhandlingar med Canada, Chile, Egypt og Tunisia, medan forhandlingar med Sør-Afrika vil kunne starte opp i løpet av året. Desse frihandelsavtalene omfattar gjensidige konsesjonar, òg på landbruksområdet.

Når det gjeld mattryggleik er det avgjerande at Noreg i framtida maktar å utvikle regelverket i tråd med den internasjonale utviklinga både når det gjeld ny kunnskap og nye rammevilkår for handel i form av eit forpliktande samarbeid. Ei sterk poli-

tisk satsing på dette området internasjonalt, ikkje minst i EU, på grunn av alle matskandalane, gjer at Noreg må anstrenge seg for å halde den gode posisjonen sin på området. EU har sett i verk fleire parallelle endringsprosessar som ein konsekvens av framlegga i kvitboka om matvaretryggleik i 2000. Det skal mellom anna skipast ein mest mogleg felles standard for hygiene i EU-landa og kontrollregelverk for heile matområdet.

Stortinget slutta seg i 1999 til forslaget om å utvide EØS-avtalas vedlegg I – *Veterinære og plante-sanitære forhold*. Det meste av regelverket for mattryggleik, og det gjeld for heile kjeda, er felles for heile EØS-området. Oppfølginga av avtala krev store ressursar. Overvåkingsorganet til EFTA (ESA) følgjer opp norske tilsynsorgan både når det gjeld det norske regelverket og med hyppige besøk for å sjå korleis regelverket blir etterlevd. Det er grunn til å tru at ESA i framtida vil styrkje oppfølginga av norske styresmakter både med ettersyn av korleis EØS-regelverket blir tatt inn i norsk rett og korleis regelverket blir etterlevd.

EFTAs overvåkingsorgan ESA kjem jamleg ut med ein samanliknande oversikt ("scoreboard") over implementeringa av EØS-regelverket i alle EØS-landa. Noreg har oppnådd ei monaleg forbedring av "scoreboarden" på matvareområdet det siste året.

SPS-komiteen i WTO er eit sentralt forum for internasjonal regelverksutvikling på næringsmiddel- og dyrehelseområdet. Arbeidet i komiteen har etter at SPS-avtalen blei fastsett i 1995, blitt meir politisert. Mange andre land og internasjonale organisasjonar har matvaretryggleik på sin agenda, ikkje minst EU, men òg FAO, OECD og WHO. Det er derfor eit krevjande arbeid å koordinere aktivitetane og utvikle norske posisjonar innanfor det internasjonale arbeidet.

På næringsmiddelområdet er arbeidet innan FN-organet Codex Alimentarius nært knytt opp til arbeidet som skjer nasjonalt. Norsk deltaking i dei viktigaste komiteane i Codex-systemet sikrar ein kontinuerleg oversikt og innspel til globale prinsipp, retningslinjer og standardar som blir nytta av WTO i internasjonale tvistar.

Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og Den internasjonale plantevernkonvensjonen (IPPC) er viktige forvaltningsfaglege fora for å arbeide fram internasjonale standardar for handel med høvesvis dyr og dyreprodukt og plantar. Noreg har dei siste åra særleg arbeidd for å få fokus på samanhengen mellom god dyrehelse og god folkehelse.

Det internasjonale skogpolitiske arbeidet er ei viktig drivkraft for å sikre ei berekraftig skogforvaltning. Dette arbeidet har direkte verknad for skogbruket og skogindustrien i Noreg og for utfor-

minga av den nasjonale skogpolitikken. Regjeringa legg opp til at Noreg skal medverke aktivt i internasjonal skogpolitikk og medverke konstruktivt til utvikling av berekraftig skogforvaltning globalt. Det er i tillegg viktig å sikre at internasjonale avtaler tek omsyn til norske interesser. Ein aktiv internasjonal innsats frå styresmaktene si side kan også styrke norske interesser og verksemdar i utlandet, og samstundes oppmuntre til opparbeiding av internasjonal skogkompetanse som kan vere nyttig nasjonalt. Dei viktigaste prosessane for Noreg er Skogforumet i FN (United Nations Forum on Forests), Ministerkonferansane om trygging av skogane i Europa, FN-konvensjonen om biologisk mangfald og FN sin klimakonvensjon og Kyotoprotokollen. Spørsmål om skogvern og trygging av det biologiske mangfaldet, skogen si rolle i samanheng med klimaendringar, energiproduksjon og berekraftig produksjon og forbruk er sentrale i desse prosessane. Problem knytt til finansiering av tiltak for berekraftig skogforvaltning og internasjonal handel med skogprodukt står òg sentralt. Noreg tek aktivt del i arbeidet internasjonalt og spelar mellom anna saman med dei andre nordiske landa ei viktig rolle i utviklinga av arbeidet på europeisk og globalt plan.

Regjeringa vil òg i 2003 prioritere det nordiske samarbeidet innanfor jord- og skogbrukssektoren høgt, samt det tverrsektorielle samarbeidet om mattryggleik under det nye ministerrådet for jordbruks-, skogbruks-, fiskeri- og næringsmiddel-spørsmål.

Gjennom Nordisk genressursråd vil regjeringa delta aktivt for å styrkje det nordiske arbeidet med genressursar og mellom anna leggje vekt på å regulere rettar knytt til dei genetiske ressursane som det nordiske samarbeidet femner om.

Regjeringa ønskjer å ta del i det internasjonale arbeidet under FAO sin kommisjon for genetiske ressursar, følgje aktivt opp arbeidet med å setje i verk den internasjonale traktaten om plantegenetiske ressursar, og mellom anna gjennomføre FN sin konvensjon om biologisk mangfald.

Trua artar og naturtyper i jordbrukslandskapet blir best sikra med ei aktiv og miljøforsvarleg landbruksdrift. Dette er ein føresetnad for å følgje opp internasjonale miljøavtaler.

Innan internasjonalt forskningssamarbeid har EU sitt rammeprogram for forskning og utvikling og nordisk forskningssamarbeid hovudprioritet. Oppfølginga av EU sitt sjette rammeprogram blir ei viktig oppgåve framover.

Reindrifta har i stor utstrekning vore prega av sterke relasjonar og samarbeid på tvers av landegrensene i nordområda. Kontakt og samhandling med andre land om næring, forskning og urbefolk-

ningsspørsmål er derfor naturleg og viktig. Det skal no starte opp forhandlingar med Sverige om

ein ny konvensjon om grenseoverskridande rein-drift mellom dei to landa.

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
Mat- og landbruksforvaltning m.m.					
1100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)	135 296	112 773	119 731	6,2
	<i>Sum kategori 15.00</i>	135 296	112 773	119 731	6,2
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehele					
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)	254 380	246 483	294 800	19,6
1110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)	105 610	116 430	105 661	-9,2
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgå- ver og kunnskapsutvikling m.m.	172 920	168 776	173 804	3,0
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)	189 283	245 644	230 776	-6,1
	<i>Sum kategori 15.10</i>	722 193	777 333	805 041	3,6
Forsking og utvikling					
1137	Forsking og utvikling	267 620	281 737	298 173	5,8
	<i>Sum kategori 15.20</i>	267 620	281 737	298 173	5,8
Miljø, areal og næring					
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	53 705	53 914	54 848	1,7
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	149 355	122 475	74 138	-39,5
1143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)	217 495	161 918	164 736	1,7
1145	Jordskifterettane (jf. kap. 4145)	137 267	135 811	142 967	5,3
1146	Norsk institutt for jord- og skogkart- legging (jf. kap. 4146)	69 144	61 167	65 634	7,3
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)	36 793	33 831	41 834	23,7
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	90 206	61 497	90 356	46,9
1150	Til gjennomføring av jordbruksavta- len m.m. (jf. kap. 4150)	11 991 967	12 170 289	11 789 165	-3,1
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	122 500	103 000	100 900	-2,0
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	23 163	26 255	23 377	-11,0

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
2411	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 5311)	32 100			
	<i>Sum kategori 15.30</i>	12 923 696	12 930 157	12 547 955	-3,0
Forretningsdrift					
1170	Statkorn Holding ASA	2 008			
	<i>Sum kategori 15.40</i>	2 008			
	<i>Sum programområde 15</i>	14 050 812	14 102 000	13 770 900	-2,3
	<i>Sum utgifter</i>	14 050 812	14 102 000	13 770 900	-2,3

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
Mat- og landbruksforvaltning m.m.					
4100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)	32 465	386	401	3,9
	<i>Sum kategori 15.00</i>	32 465	386	401	3,9
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse					
4107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)	24 598	19 902	25 678	29,0
4110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)	88 606	88 114	88 050	-0,1
4114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)	180 815	256 413	316 413	23,4
	<i>Sum kategori 15.10</i>	294 018	364 429	430 141	18,0
Miljø, areal og næring					
4140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	1 415			
4143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)	46 472	22 999	23 896	3,9
4145	Jordskifterettane (jf. kap. 1145)	10 482	12 687	13 182	3,9
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)	27 815	16 749	17 402	3,9
4147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)	3 591	1 500	28	-98,1

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
4150	Til gjennomføring av jordbruksavta- len (jf. kap. 1150)	133 007	122 000	122 000	0,0
4164	Avvikling av Statens Landbruks- bank	90 305			
5311	Statens nærings- og distriktsutvi- klingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 2411)	4 345 086			
5545	Miljøavgifter i landbruket	34 875	40 000	40 000	0,0
5571	Totalisatoravgift	96 660	98 000	92 500	-5,6
	<i>Sum kategori 15.30</i>	4 789 708	313 935	309 008	-1,6
	Forretningsdrift				
5614	Renter av lån til landbruksformål	16 542			
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- departementet	12 714	750	750	0,0
5652	Innskottskapital i Statskog SF	6 100	8 500	8 500	0,0
	<i>Sum kategori 15.40</i>	35 355	9 250	9 250	0,0
	<i>Sum programområde 15</i>	5 151 547	688 000	748 800	8,8
	<i>Sum inntekter</i>	5 151 547	688 000	748 800	8,8

1.5 Oversikt over bruk av stikkordet "kan overførast"

Under Landbruksdepartementet gjer ein framlegg om å knytte stikkordet til desse postane utanom postgruppe 30-49:

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2002	Forslag 2003
1140	77	Miljøretta prosjektarbeid m.m.	5 329	35 881
1142	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	9 325	39 000
1142	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket	10 074	18 728
1143	70	Tilskott til beredskap i kornsektoren	0	13 267
1143	71	Omstillingsstøtte til slakteri	729	6 100
1147	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	3 489	2 145
1148	70	Tilskott til sikringstiltak m.m.	11 732	20 356
1150	70	Marknadsregulering	48 400	246 500
1150	74	Direkte tilskott	281 612	6 744 385

(i 1 000 kr)				
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2002	Forslag 2003
1150	77	Utviklingstiltak	207 390	363 060
1150	78	Velferdsordningar	14 102	1 573 854
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	0	48 200
Sum			592 182	9 111 476

Løyvingane under kap. 1140 post 77, kap. 1142 post 76 og kap. 1147 post 71 er støtte til prosjekt som kan strekke seg over fleire år. Kap. 1142 post 71 og kap. 1148 post 70 gjeld tilskott til investeringar med treårig arbeidsfrist. Kap. 1143 post 70 og 71 gjeld utbetalingar som kan falle i to budsjettår.

Når det gjeld postane under kap. 1150 og 1151, er dette avtalte beløp mellom staten og næringsorganisasjonane der utbetalingane av ymse grunnar fell i to kalenderår. Avtalane gjeld frå 1.7. eit år til 30.6. året etter.

Del II
Budsjettframlegg

Programområde 15 Landbruk og mat

Programkategori 15.00 Mat - og landbruksforvaltning m.m.

For å nå regjeringa sine mål for mat- og landbrukspolitikken er det avgjerande å ha ein godt fungerande offentleg sektor med sterk legitimitet.

Landbruksforvaltninga skal leggje til rette for at næringsutøvarane har ei sjølvstendig rolle i produksjon av eit stort mangfald av trygge matvarer og fellesgode.

Mat- og landbruksforvaltninga har tre hovudmålgrupper for si verksemd: borgarar, brukarar og forbrukarar. *Borgarrolla* dreier seg om demokratiske rettar i samfunnet, deltaking i den politiske prosessen og individet sin rett knytt til samfunnsdeltaking. *Brukarrolla* dreier seg om forvaltninga sine brukarar som har pliktar eller rettar knytt til departementet sitt forvaltningsområde, til dømes næringsutøvarar, næringsmiddelindustri og matvarekjeder. *Forbrukarrolla* er knytt til individet si rolle som kjøpar av produkt og tenester og rettar og pliktar som er knytt til dette. Trygg mat som ein menneskerett, reieleg frambod, kvalitet og mangfald er knytt til forbrukarrolla.

Forvaltninga, som er desentralisert med etatar og institusjonar over heile landet, har som hovudmål å gjennomføre og utvikle mat- og landbrukspolitikken på ein måte som gir størst mogleg grad av måloppnåing og tillit hos borgarane, brukarane og næringsutøvarane, samstundes som dei tilsette har arbeidsplassar som er utfordrande og utviklande og gir tryggleik og deltaking i arbeidssituasjonen.

Forvaltninga sine ansvarsområde og prioriteringar er òg reflektert i departementet sin verksemdidé:

- Landbruksdepartementet skal dekkje eit breitt forvaltningsområde gjennom ansvaret for mat- og landbrukspolitikken.
- Landbruksdepartementet har ansvar for matproduksjon, jordbruk, skogbruk og andre næringar innanfor departementet sitt ansvarsområde med utgangspunkt i nasjonale og internasjonale målsetjingar.
- Grunnlaget for verksemda og næringspolitikken til departementet er å arbeide på forbrukarane sine premisser og dekkje behova deira.
- Departementet må ha fokus på produkta, produksjonen og verdiskapinga i heile kjeda frå jord og skog og fram til forbrukarane.
- Landbruksdepartementet skal sikre forbrukarane trygge matvarer av riktig kvalitet gjennom ein sunn matproduksjon. Tryggleiken til forbrukarane er eit overordna mål for matproduksjonen.

Departementet vil arbeide med utvikling av næringa, næringspolitikken og ressursforvaltninga slik at aksept frå samfunnet blir sikra og slik at ein møter dagens og framtidens behov. Arealressursane skal forvaltast slik at dei gir grunnlag for varig landbruksproduksjon og berekraftig ressursforvaltning. Departementet vil prioritere arbeid med spørsmål om genetiske ressursar både med tanke på bevaring av genetiske ressursar og med tanke på auka tilgang til og auka innsats på verdiskaping med basis i dette ressursgrunnlaget.

Tabell 2.1 viser ei nominell auka i driftsutgiftene på 3,1 pst. i høve til saldert budsjett 2002, medan det er ein nedgang på om lag 2,4 pst. når ein justerer for pris- og lønnsveksten.

Den reelle nedgangen skuldast at omstillingsbehov knytt til etablering av Mattilsynet ikkje inngår i driftsløyvingane til dei tre tilsyna, jf. kap. 1107, 1110 og 1114. Det er viktig å få til ein god omstillingsprosess som òg sikrar tilstrekkeleg framdrift i omstillingsarbeidet. Ut frå desse føresetnadene vurderer regjeringa så langt omstillingskostnadene i 2003 til om lag 100 mill. kr. Landbruksdepartementet vil gjere greie for det samla omstillingsbehovet og framdrifta i arbeidet, samt legge fram løyvingforslag for 2003 i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (2002-2003), jf. nærare omtale under kat. 15.10.

Tabell 2.1 Oversikt over utgifter til mat- og landbruksforvaltning (i 1 000 kr)

Kap/post	Verksemd	Saldert budsjett 2002	Framlegg 2003	Pst. endr.
1100/01	Landbruksdepartementet	107 532	111 330	3,4
1107/01	Statens dyrehelstilsyn	186 901	215 082	13,1
1110/01	Statens landbrukstilsyn	116 430	105 661	-9,2
1114/01	Statens næringsmiddeltilsyn	245 644	230 776	-6,4
1143/01	Statens landbruksforvaltning	139 673	145 267	3,8
1145/01	Jordskifterettane	135 811	142 967	5,0
1146/01	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	61 167	65 634	6,8
1147/01	Reindriftsforvaltninga	28 036	35 940	22,0
		1 021 194	1 052 657	3,1

Med utgangspunkt i omorganiseringa av den offentlege matforvaltninga legg departementet i budsjettframlegget opp til å organisere såvarelaboratoriet uavhengig av Statens landbrukstilsyn og fase ut regionaliseringsprosjektet i Statens næringsmiddeltilsyn. Dette reduserer utgiftene på kap. 1110 og 1114 med i alt 15 mill. kr.

Det er vidare lagt til grunn at forvaltninga held fram arbeidet for å auke effektiviteten og utvikle e-forvaltningsløysingar.

Auken i løyvinga til Statens dyrehelstilsyn er knytt til utvidinga av overvåkings- og kontrollprogrammet for sjukdom på småfe (TSE). Det er sett av 32 mill. kr til å dekkje kostnadene ved utvidinga, jf. òg omtale under kap. 1107.

Auken i løyvinga til Reindriftsforvaltninga er knytt til oppfølging av vedtak om øvre tal på rein for sommardistrikta i Vest-Finnmark reinbeiteområde.

Status for området, mål og tiltak

1. Ein effektiv landbruksforvaltning

Modernisering, forenkling og effektivisering av mattilsynet

Lowverket og tilsynsstrukturane på matområdet er oppsplitta, komplekse og uoversiktlege. Ved behandlinga av St.prp. nr. 63 (2001-2002) la eit stortingsfleirtal til grunn at det skal etablerast eit felles Mattilsyn for sjøbasert og landbasert matproduksjon, jf. Innst. S. nr. 255 (2001-2002).

Statens næringsmiddeltilsyn, Statens landbrukstilsyn og Statens dyrehelstilsyn samt Fiskeridirektoratet sitt tilsyn med marine produkt og

næringsmiddeltilsynet som i dag blir utført av dei kommunale og interkommunale næringsmiddeltilsyna vil såleis bli samordna i eit nytt statleg tilsyn. Ein tek sikte på å etablere det nye tilsynet frå 2004. Det nye mattilsynet skal sikre eit meir samordna tilsyn og framstå som ein enklare og meir oversiktleg eining for forbrukarane, næringslivet og andre brukargrupper. Samordninga skal gi eit kvalitativt betre og meir effektivt tilsyn og på sikt gi ein effektiviseringsgevinst på minimum 10 pst. Ansvar for etatsstyringa av det nye tilsynet skal leggjast til Landbruksdepartementet, medan den faglege instruksjonsmyndigheita skal vere fordelt mellom Fiskeridepartementet, Helsedepartementet og Landbruksdepartementet.

Det nye mattilsynet skal organiserast med tre ledd. Eit sentralt ledd, eit regionalt ledd og eit lokalt ledd. Mattilsynet vil få 8 regionar og 50-65 lokalkontor. Hovudkontoret blir lokalisert i Oslo. Hovudkontoret skal ha ei bemanning på omlag 100-120 personar. Dette vil medføre ein vesentleg reduksjon i høve til talet på tilsette som arbeider sentralt i dei tre tilsyna. Det er eit overordna prinsipp at regionkontora i tillegg til koordinering av verksemda lokalt òg skal utføre oppgåver av nasjonal karakter.

Ein tar sikte på at leiar for Mattilsynet skal tilsetjast frå 01.01.2003. I 2003 vil ein oppretta ein interimadministrasjon for det nye tilsynet. Interimsadministrasjonen skal gjere dei nødvendige førebuingane med sikte på at Mattilsynet kan overta oppgåvene til noverande tilsyn 01.01.2004.

Under behandlinga av St.prp. nr. 63 (2001-2002) la eit fleirtal i Stortinget til grunn at laboratoriete-

nestene skulle organiserast uavhengig av Mattilsynet. Landbruksdepartementet har sett i gang ei utgreiing om korleis desse tenestene skal organiserast. Staten sitt ansvar og rolle i høve til næringsmiddellaboratoria vil bli vurdert ut frå prinsippa som er lagt til grunn i St.prp. nr. 63 (2001-2002).

Ein viser òg til omtale av omorganiseringa av den offentlege matforvaltninga under programkategorien 15.10.

Organisatoriske endringar innan landbruksforskninga

Ein internasjonal komité (Carlsson-komiteen) evaluerte i 2001 forskning og relevant høgere utdanning på landbruksområdet, jf. budsjettproposisjonen for 2002. Som ei oppfølging av evalueringa tek departementet sikte på å gjere om Skogforsk til eit aksjeselskap 01.01.2004 der staten i første omgang eig alle aksjane. Departementet foreslår at NILF og Veterinærinstituttet held fram som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter. Samtidig går det føre seg eit arbeid med samordning av Planteforsk, Jordforsk og NORSØK til ein organisasjon frå 2004, jf. og kat. 15.20 og kap. 1137.

Forskningsinstitutta med basisløyving frå Landbruksdepartementet har stor kompetanse på sentrale fagområde for havbruksnæringa. Desse institutta har saman med Noregs landbrukshøgskole, Noregs veterinærhøgskole og Matforsk utarbeidd ein felles strategi. Denne strategien vil vere eit viktig grunnlag for departementet sitt vidare engasjement innanfor sektoren og i dialogen med Fiskeridepartementet om forskningssamarbeid.

Omorganisering av jordskifterettane

I Innst. S. nr. 8 (2001-2002) slutta Stortinget seg til framlegget om omorganisering og modernisering av jordskifterettane og jordskifteoverrettane. Stortinget av omorganiseringa er gjennomført med verknad frå 31.12. 2001 medan nokre endringar blir gjennomført frå 31.12. 2002. Den siste endringa blir gjort seinast 28.02.2005, jf. omtale under kap. 1145.

Regjeringa oppnemnde 10.10.2000 eit utval på 11 medlemmar med forstkandidat Johan C. Løken som leiar. Utvalet fekk i oppdrag å greie ut jordskifterettane si stilling og funksjonar. Utvalet la fram innstillinga si 03.06.2002 (NOU 2002:9 Jordskifterettens stilling og funksjoner). Innstillinga er på brei høyring med frist 15.10.2002, jf. omtale under kap. 1145.

2. Fokus på borgar, brukar og forbrukar

Forenklingar av dei økonomiske verkemidla over jordbruksavtalen

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) og i Innst.S. nr. 167 (1999-2000) er det lagt vekt på at det er nødvendig å gjere tilskottsordningane i jordbrukspolitikken enklare og meir målretta. Fleirtalet i Næringskomiteen var i Innst.S. nr. 167 (1999-2000) merksame på at ei forenkling av verkemidla vil føre til ulike utslag på ulike typar bruk, og la til grunn at partane i jordbruksoppgjeret skulle sørgje for ei gradvis gjennomføring av forenklingane gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane.

Ordningane som blir finansiert over jordbruksavtala har utvikla seg over ein lang periode. Noko av årsaka til det komplekse verkemiddelsystemet er at dei årlege jordbruksoppgjera opnar for hyp-pige endringar i verkemiddelbruk og rammevilkår. Kompleksiteten har òg ei historisk forklaring fordi ordningane er etablert og utvikla over tid.

Avtalepartane blei ved jordbruksforhandlingane i 2001 samde om eit mandat for gjennomgangen av verkemiddelbruken med tanke på forenkling og målretting der hovudansvaret for utreiinga blei lagt til Norsk Institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF). NILF sin rapport *Landbrukspolitikk – forenkling og målretting (FOLA 2002)* har gitt eit godt grunnlag for partane sine vurderingar ved forhandlingane i år 2002.

På grunnlag av dette har avtalepartane halde fram ein oppdeling av verksemda over jordbruksavtalen etter hovudmål, jf. omtale under kap. 1150.

Utforming av handlingsplan for mindre næringsmiddelbedrifter

På oppdrag frå Landbruksdepartementet har SND innanfor verdiskapingsprogrammet for matproduksjon sett i gang arbeid med å utforme ein handlingsplan for mindre næringsmiddelverksemdar. Måla med handlingsplanen er å:

- identifisere hindringar og flaskehalsar som medverkar til å hindre oppstart og drift av mindre næringsmiddelverksemdar,
- utvikle samarbeidskonstellasjonar mellom offentlege instansar og mindre næringsmiddelverksemdar som vil tilrettelegge for bedriftsetablering.

Handlingsplanen er planlagt ferdigstilt i februar 2003 slik at han kan nyttast i førebuingane til jordbruksoppgjeret 2003.

Forenkling av lover og forskrifter

Det er sett i gang arbeid med forenkling av husdyrkonsesjonsloven med tilhøyrande regelverk. Målet med revideringa av husdyrkonsesjonsregelverket er å forenkle regelverket og gjere det meir brukarvennleg, få ein betre regelstruktur, redusere ressursbruken for forvaltninga, oppdatere reglane i høve til den utviklinga som har funne stad i husdyrproduksjonen og auke fleksibiliteten for produsentane/dei næringsdrivande.

Departementet har med verknad frå 01.07.2002 fastsette nye forskrifter for produksjonstilskott (direkte tilskott) som inneber relativt monalege forenklingar ikkje minst i form av at talet på forskrifter samt innhald og omfang blei redusert monaleg frå 12 til 1. Vidare blei det opna for at plante- og husdyrproduksjon no kan organiserast i ulike selskapsformer og likevel få rett på produksjonstilskotta.

Ein tek sikte på at forslag til ny konsesjonslov blir lagt fram for Stortinget i vårsesjonen 2003. Det vil bli foreslått endringar i konsesjonsplikta sitt omfang for eigedommar med sikte på å auke konsesjonsfridomen.

Det er sett i gang eit arbeid med revisjon av skogloven som vil kunne innebere forenklingar for næringslivet i høve til færre forskrifter og enklare regelverk.

Eit forslag til endringar i reindriftsloven har vore på høyring. Departementet tek sikte på å fremme ein proposisjon så snart som mogleg. I dette arbeidet ser ein det som viktig å oppnå forenklingar og at loven fungerer på ein god måte i høve til næring og forvaltning.

Nye arbeidsformer – kommunikasjon rundt mat- og landbrukspolitikken

Det er viktig at Landbruksdepartementet har god kjennskap til tilhøve og utvikling på andre samfunnssektorar. Likeins må Landbruksdepartementet kjenne til kva for kunnskap og haldningar som gjer seg gjeldande i høve til mat- og landbruksområdet. Det blir derfor jamnleg gjennomført ulike undersøkingar og granskingar (omverdsanalyser), samtidig som departementet i sitt arbeid legg vekt på å ha brei kontakt til ulike miljø og samfunnssektorar.

For å styrkje den direkte kommunikasjonen med forbrukarane vil Landbruksdepartementet i 2003 opprette 7 matpolitiske forbrukarpanel med 6-8 medlemmar knytt til Forbrukerrådet sitt regionkontor i Tromsø, Bergen, Steinkjer, Gjøvik, Oslo og Skien og Kristiansand. Panela skal diskutere viktige matpolitiske saker og gi råd til styresmak-

tene. Dialogen med forbrukarane gjennom desse undersøkingane, skal gi kunnskap om forbrukarane sine holdningar og ønskjer.

Kommunikasjon av risiko knytte til mat til forbrukarane er framleis eit prioritert område. Landbruksdepartementet vil utvikle og gjennomføre kurs i risikokommunikasjon på norsk og Nordisk nivå og vere ein pådrivar for at norske mat- og landbruksstyresmakter har høg kompetanse om og praktiserer god risikokommunikasjon.

Elektronisk forvaltning og effektivisering ved hjelp av IKT

Landbruksdepartementet vil leggje til rette og vere ein pådrivar for utforming av nettbasert informasjon og elektronisk saksbehandling. Følgjande tiltak innanfor mat- og landbruksforvaltninga er prioritert:

- Utvikling av IKT-løysingar som forenkler søknadsbehandlinga av tilskott og effektiviserer forvaltningssystema. Det er viktig å utvikle løysingar som gir ein enklare søknadsprosess. Vidare er det nødvendig å forenkle og samordne arbeidsprosessar knytt til ulike tilskott og få til ein enklare administrasjon på tvers av forvaltningsnivåa, jf. nærare omtale under kap. 1143.
- Auke ressursar knytt til ajourhald av digitale markslagskart, mellom anna ved hjelp av flyfoto, for å betre kvaliteten på karta slik at dei kan nyttast i forvaltning av dei arealbaserte tilskotsmidlane i jordbruket.
- Betre tilgang til digitale kartdata gjennom distribusjon over Internett, både til den enkelte næringsutøvar i landbruket og til offentlig forvaltning. Det er særleg viktig å gi kommunane lettare tilgang til kart over arealressursar i landbruket når dei får auka myndigheit i lov- og tilskottsforvaltning. Oppfølginga føreset samarbeid på tvers av departement og institusjonar.
- Utvikle og drive ein felles portal for trygg mat der borgarane kan finne oppdatert informasjon. Portalen skal òg fungere som ein inngang for elektroniske forvaltningsløysingar i det framtidige mattilsynet retta mot brukarar og næringslivet.

3. Styrking av lokaldemokratiet på landbruksområdet

For å få ei best mogleg tilpassing av dei nasjonale verkemidla i landbruket, skal kommunane i større grad bli ein aktiv landbrukspolitisk aktør, gjennom desentralisering av meir myndigheit og ansvar for gjennomføring av landbrukspolitikken, jf. St.meld.

nr. 19 (2001-2002) *Nye oppgaver for lokal demokrati – regionalt og lokalt nivå* og Innst. S. nr. 268 (2001-2002). Gjennom denne reformen skal kommunane få auka handlingsrom, og det skal leggjast til rette for eit forsterka lokaldemokrati på landbruksområdet. Oppgaver som er egna for lokalpolitisk skjønn skal overførast frå Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret på landbruksområdet frå 01.01.2004. Dette gjeld både oppgaver knytt til juridiske og økonomiske verkemiddel. Målet med reformen er å stimulere til lokal forankring, forståing og aksept for viktige landbrukspolitiske målsetjingar.

Kommunane er tillagt myndigheit i saker etter jordlova, skogbrukslova, odelslova og konsesjonslova. Alle konsesjons- og delingssaker vil no bli desentralisert til kommunane. Basert på tal frå perioden 1996-1999 utgjer dette samla sett om lag 7000 saker pr. år. Vidare er bortimot alle vedtak i saker etter skogbrukslova desentralisert til kommunane med unntak av vedtaksmyndigheit knytt til vernskoggrensene. Fylkeslandbruksstyret skal vere klageorgan for dei vedtak kommunane gjer i saker etter desse lovane.

Myndigheit innanfor ein del av dei økonomiske verkemidla vil bli desentralisert til kommunane. Dette gjeld dei miljøretta verkemidla under Landbrukets utviklingsfond (LUF) og skogmidla under LUF som er retta direkte mot skogeigarane.

Det er nødvendig å bruke meir tid på å vurdere ulike forvaltningsmodellar for fordeling av dei økonomiske verkemidla på landbruksområdet. Modellane vil inkludere vurderingar frå Fylkesmannen med omsyn til fordeling og bruk av midla for å fange opp både regionale og årlege endringar. Det skal startast opp eit utviklingsarbeid som skal ha som målsetting å få fram og vurdere slike modellar. Kommunane, statleg regional forvaltning, næringsorganisasjonar og FOU-miljø vil bli trekt aktivt med i dette arbeidet.

Desentraliseringa av enkeltsaker til kommunane vil endre Fylkesmannen sin rolle innan landbruksområdet. Fylkesmannen skal likevel framleis ha eit hovudansvar for gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken både med omsyn til formidling av statleg politikk, som regionalt kompetanse- og pådrivarmiljø og når det gjeld kontroll og kvalitetssikring av aktiviteten i kommunane, jf. St. meld. nr. 19 (2001-2002), St.prp. nr. 1 (2002-2003) for Arbeids- og administrasjonsdepartementet og dei aktuelle fagkapitla.

Frå og med 2002 blei midlar til landbrukskontora i kommunane innlemma i inntektssystemet for kommunane gjennom overgangsordninga. I samband med desentraliseringa av oppgaver til kommunane på landbruksområdet skal kriteria i inn-

tektssystemet for kommunane endrast slik at det blir ein god samanheng mellom tildeling av midlar og oppgåvemengda i kommunane, jf. St.meld. nr. 19 (2001-2002) og Kommuneproposisjonen for 2003. Regjeringa vil komme tilbake til den praktiske gjennomføringa av reformen i samband med kommuneproposisjonen for 2004.

4. Ein inkluderande og stimulerande personalpolitikk

Landbruksdepartementet har gjennom fleire år arbeidd målretta med leiarutvikling. Ein har lagt vekt på å sjå leiarutviklinga i samanheng med omstillinga som mat- og landbruksforvaltninga no gjennomgår m.o.t. roller og oppgaver. I arbeidet for å auke leiarkompetansen nyttar ein òg ymse andre verkemiddel, som leiarkontraktar, resultatlønn, leiarevalueringar og haldningsarbeid for å styrke leiarkompetansen i departementet og forvaltninga.

Departementet har utforma ein handlingsplan for å få fleire kvinnelege leiarar i mat- og landbruksforvaltninga. Dette vil vere eit prioritert område frametter.

Ei vellukka omstilling i mat- og landbruksforvaltninga vil vere tufta på motivasjonen og innsatsen til dei tilsette. I departementet har det blitt gjennomført ein brei og omfattande strategi- og omorganiseringsprosess der alle tilsette har medverka. Fokus har mellom anna vore på departementet sin legitimitet, kompetanse, organisering og leiing. Resultata vil vere førande for leiarane si prioritering av tilgjengelege ressursar, korleis arbeidsoppgåvene blir utført og korleis departementet står fram i høve til oppdragsgivarar, samarbeidspartar, borgarane, næringslivet og brukargrupper elles.

Økonomiregelverket i staten

I 1996 blei det fastsett nytt økonomireglement for staten og nærare reglar (funksjonelle krav) for oppfølginga av reglementet. Siktemålet med regelverket var å styrkje økonomiforvaltninga ved m.a.:

- meir forpliktande mål- og resultatstyring
- betre styringssystem og -dialog
- modernisering av betalingsformidlinga og rekneskapsføringa i staten
- betre og dokumenterte oppfølgings- og kontrollrutinar

Landbruksdepartementet og underliggjande verksemdar har i lang tid arbeidd med å innarbeide krava som er sette for rekneskapsføring, betalingsformidling, styring og oppfølging av verksemdene og tilskottsløyvingane. På dei fleste områda er

arbeidet med innføring av nye system og rutinar slutført. Arbeidet vidare vil særleg utgjere oppdatering og utvikling av system og rutinar for å gjere økonomistyringa meir effektiv. Departementet tek òg del i arbeidet som Finansdepartementet leier for å gjere regelverket smidigare og enklare å administrere.

Når det gjeld forvaltninga av statlege tilskott, set regelverket ei rekkje krav. Den store ulikska-
pen mellom dei mange statlege tilskottsordningane har likevel gjort at det ikkje har vore mogleg

å fastsette eit regelverk som høver til alle ordningane. Innanfor Landbruksdepartementet sitt område har det derfor vore nødvendig med ei rekke større og mindre tilpassingar for at forvaltninga av ordningane skal vere rimeleg effektiv. Dei viktigaste tilpassingane gjeld særleg i høve til korleis ein måler resultat og effektar av ordningane. Dette har departementet ved fleire høve orientert Stortinget om, seinast i St.prp. nr. 1 (2001-2002) for Landbruksdepartementet, side 31 - 33, jf. òg St.prp. nr. 67 (1997-98) kap. 4.

Kap. 1100 Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	117 243	107 532	111 330
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald - ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1100 post 50</i>	14 972	4 741	7 894
50	Store utstyrskjøp og vedlikehald - forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	2 831	200	207
70	Tilskott til drifta av Staur gard	250	300	300
	Sum kap 1100	135 296	112 773	119 731

Mål og strategiar

Landbruksdepartementet har ansvar for å følge opp dei retningslinjene som Stortinget og regjeringa gir for mat- og landbrukspolitikken. Ansvarsområdet til departementet er matpolitikk, jordbruk, skogbruk, reindrift, husdyrhald, helseforholda i oppdrettsnæringa, ressursvern og utvikling av nye landbruksbaserte næringar. Departementet er ein viktig premissleverandør når det gjeld forbrukarspørsmål og spørsmål om miljø, arealplanlegging, kulturvern, distriktsutbygging og utanrikshandel.

Strategiane for Landbruksdepartementet er å:

- utvikle og sikre eit fagleg grunnlag for politiske avgjerd i mat- og landbrukspolitikken
- kommunisere mat- og landbrukspolitikken aktivt for å få samfunnsmessig tilslutning og politisk gjennomslag
- målrette og kommunisere økonomiske og juridiske verkemiddel og påverke internasjonalt for å ivareta nasjonale interesser best mogleg
- utvikle og forbetre system for kontroll og kvalitetssikring i verdikjedene

- imøtekomme forbrukarane sine preferansar på matområdet gjennom innverknad på mat- og landbrukspolitikken
- skape samanheng og samspel mellom forskning, planlegging, verkemiddel og forvaltning, og å utvikle kvart av desse områda vidare
- avklare roller og funksjonar i departementet sitt samspel med andre offentlege og private aktørar.

Som eit politisk sekretariat er det ein føresetnad at departementet har ein fleksibel organisasjon. Departementet vil derfor nytte dei verkemidla som er nedfelte i St.meld. nr. 35 (1991-1992) *Om statens forvaltnings- og personalpolitikk*, St.meld. nr. 19 (1999-2000) og dei mål og prinsipp som arbeids- og administrasjonsministaren presenterte for Stortinget i sin forvaltningspolitiske utgreiing 24.01.2002, *"Fra ord til handling"*.

Departementet har med basis i ein strategi- og oppgåvegjennomgang gjennomført ei omorganisering av verksemda. Målet har vore å reindyrke rollene på mattryggleik, næringsutvikling og langsiktig ressursutnytting. Omorganiseringa skal òg

gjere departementet meir effektivt, fleksibelt og tilpassa oppgåveporteføljen samstundes som ein reindyrkar rolla som politisk sekretariat. Delegering av oppgåver til underliggjande verksemdar blir vurdert fortløpande. I tillegg søker ein å finne meir effektive arbeidsformer i departementet.

Departementet har arbeidd medvete for å auke delen kvinnelege leiarar. I dag er 40 pst. av leiarane i departementet kvinner.

Ein stor og aukande del av departementet si verksemd er knytt til internasjonale avtaler og prosessar som t.d. EØS-avtalen, WTO-avtalen og internasjonalt skogpolitisk arbeid. Det er derfor nødvendig å leggje auka vekt på dei internasjonale oppgåvene. I tillegg vil departementet prioritere ei auka satsing for å møte utfordringane på miljøområdet. Samstundes vil departementet sitt auka fokus på mattryggleik, m.a. ved etablering av Mattilsynet, medføre auka ressursinnsats.

Resultatrapport 2001

Landbruksdepartementet viser til statusomtalene under programkategoriane. Mange av dei resultata som er omtalte der, er knytt til verksemd som Landbruksdepartementet har tatt initiativ til og tatt del i.

Budsjettforslag 2003

Post 01 Driftsutgifter

Landbruksdepartementet skal dekkje eit breitt forvaltningsområde gjennom sitt ansvar for mat- og landbrukspolitikken. Posten dekkjer dei ordinære driftsutgiftene til Landbruksdepartementet.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald - ordinære forvaltningsorgan

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald ved ordinære forvaltningsorgan under departementet. Løyvinga kan òg nyttast til store nyinnkjøp i departementet.

Departementet føreset at ordinært vedlikehald og mindre innkjøp blir dekt over dei ordinære løyvingane til verksemdene. Løyvinga for 2002 er nytta til opprusting av Staur gard og Sikkilsdalse-

ter og til planleggingskostnader for fase 2 av renoveringa av Fellesbygget på Ås.

Verksemdar under departementet forvaltar eigedomar og disponerer ein stor bygningsmasse. I einiske tilfelle kan det vere aktuelt å selje feste- tomter, areal til utbyggingsformål, veggrunn m.m. Ein gjer framlegg om at Landbruksdepartementet kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil 5 mill. kr, jf. forslag til vedtak V.

Departementet gjer vidare framlegg om at inntekt frå sal kan nyttast til ombygging og ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen som verksemdene disponerer. Ein gjer òg framlegg om at unytta meirinntekt frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 50 Store utstyrskjøp og vedlikehald - forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald ved forvaltningsorgana under departementet som får løyvd midlar over 50-postar. Departementet føreset at ordinært vedlikehald og mindre innkjøp blir dekt over løyvingane til verksemdene på kap. 1112, 1140, og 1142. Løyvinga for 2002 er nytta til vidareutvikling av Høgde 96-anlegget til Svanhovd miljø-senter i Sør-Varanger.

Post 70 Tilskott til drift av Staur gard

Staur gard har vore i statleg eige sidan 1960 og fram til 1995 då garden blei overført til Statkorn Holding AS. Frå 01.07.2001 blei garden ført attende til Landbruksdepartementet frå Cermaq ASA (tidlegare Statkorn Holding AS). Samtidig stifta Landbruksdepartementet eit heileigd drifts-selskap, Staur Gård AS, for å stå for driften av eigedommen. Det statlege eigarskapet skal sikre vidare bruk av garden til forskning og utvikling, møteverksemd og representasjon.

I samband med at bygningsmassen må rustast opp for å vere tenleg for kursverksemd m.m., vil det vere redusert drift dei første åra. Departementet gjer derfor framlegg om ei løyving på 300 000 kr under posten som driftstilskott til Staur Gård AS. Departementet dekker elles kostnader med opprustinga av garden over kap 1100 post 45.

Kap. 4100 Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Refusjon og gebyr	192	386	401
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 539		
17	Refusjon lærlinger	38		
18	Refusjon sjukepengar	1 905		
40	Sal av eigedom	131		
90	Innfridd panteobligasjon	19 225		
91	Salg av aksjer	9 434		
	Sum kap 4100	32 465	386	401

Post 01

Posten omfatter inntekter frå ymse refusjonar

Programkategori 15.10 Matvaretryggleik, matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse

Utgifter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)	254 380	246 483	294 800	19,6
1110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)	105 610	116 430	105 661	-9,2
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.	172 920	168 776	173 804	3,0
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)	189 283	245 644	230 776	-6,1
Sum kategori 15.10		722 193	777 333	805 041	3,6

Inntekter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
4107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)	24 598	19 902	25 678	29,0
4110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)	88 606	88 114	88 050	-0,1
4114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)	180 815	256 413	316 413	23,4
Sum kategori 15.10		294 018	364 429	430 141	18,0

Status

Arbeidet innanfor området matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse er lagt opp slik at ein sikrar kvaliteten på sluttprodukta gjennom innsats i kvar del av matvarekjeda.

I tillegg til ei særskilt omtale av Mattilsynet tek omtalen under for seg status for dei ulike hovudområda som er delt opp i produksjon, plantehelse,

plantevernmiddel, dyrevelferd, dyrehelse og mattryggleik.

Nytt mattilsyn

Regjeringa arbeider med etablering av eit nytt mattilsyn med grunnlag i Stortinget si behandling av saka i samband med revidert nasjonalbudsjett

2002, jf. St.prp. nr. 63 (2001-2002) og Innst. S. nr. 255 (2001-2002). Regjeringa vil følge opp Stortinget sin føresetnad om at det skal etablerast eit felles mattilsyn for landbasert og sjøbasert matproduksjon og i tillegg gi ei samla framstilling av hovudtrekka i den framtidige matforvaltninga i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (2002-2003) etter at spørsmål har vore på brei høyring. I framlegget vil ein gjere greie for mål og oppgåver for eit nytt felles tilsyn og andre forhold som vedrører Mattilsynet sine rammer og innhald, mellom anna ei ny matlov og ein ny vitskapskomité. Det vil òg bli orientert om arbeidet med utvikling av ny laboratoriestruktur.

Tilsyna, som etter planen skal overføre oppgåver til det nye Mattilsynet 1.1.2004, vil arbeide som eigne ansvarlege einingar i 2003. Ein legg i budsjettframlegget derfor ikkje opp til endringar i prinsippa for styring og budsjettering av tilsyna i høve til 2002, jf. kap. 1107, 1110 og 1114.

Etableringa av Mattilsynet byr på store endringar, mellom anna når det gjeld personell, infrastruktur og eigarskap. Omstillingsarbeidet vil starte opp i 2003 og gå over fleire år. Det er viktig å få til ein god prosess som sikrar tilstrekkeleg framdrift slik at målsetjingane med reformen blir nådd. Ut frå desse føresetnadene vurderer regjeringa omstillingskostnadene i 2003 til om lag 100 mill. kr. Landbruksdepartementet vil gjere greie for det samla omstillingsbehovet og framdrifta i arbeidet, samt legge fram løyvingforslag for 2003 i eit tillegg til St.prp. nr. 1 (2002-2003).

Produksjon

Landbruksdepartementet legg vekt på at kvaliteten på innsatsvarene i matproduksjonen skal vere med på å sikre forbrukarane helsemessig trygge matvarer av god kvalitet.

Organisk avfall er ein ressurs som må utnyttast slik at omsyn til så vel miljø som plante-, dyre- og folkehelse blir teke vare på. Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet har saman med ulike organisasjonar i jordbruket og avfallsbransjen etablert eit 5-årig program (2000-2004) (ORIO) for auka omsetning av produkt basert på våtorganisk avfall og slam. Programmet skal medverke til å utløyse det potensialet som finst for auka bruk av dette avfallet til eit breitt spekter av formål, som fôr, gjødsel, jordforbetningsmiddel, energi eller liknande. Det er sett av midlar til programmet over kap. 1150.

Regelverket for økologisk landbruksproduksjon er tilpassa EU sitt nye regelverk for økologisk husdyrhald. Som følgje av dei verkemidla som er sette inn for å nå målsettinga om at 10 pst. av jordbruksarealet skal drivast økologisk innan 2010, jf.

St.meld. nr. 19 (1999-2000) og Innst. S. nr. 167 (1999-2000), er det no ei sterk auke i talet på produsentar av økologiske landbruksprodukt. Tilsynet må byggjast opp og effektiviserast i takt med dette.

Plantehelse

I 1999 starta Landbruksdepartementet ei større satsing for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse, basert på førebyggjande tiltak og tilsyn med nøkkelledd i produksjonen. Med auka løyvingar fram til 2002 er satsinga no oppe i 20 mill. kr. Hovudelementet i satsinga er oppbygging av eit system for innanlands produksjonskontroll, basert på dei same hovudprinsippa som gjeld i EU. Systemet inneber at det blir stilt krav til produsentane om sikringstiltak i produksjonen og handtering av plantemateriale, og at det blir ført offentleg tilsyn med dette. Elles legg ein opp til å styrkje generell overvaking av farlege planteskadegjerarar, og å føre optimalt tilsyn med den stadig aukande importen.

Plantevernmiddel

Handlingsplan for å redusere helse- og miljørisikoen ved bruk av plantevernmiddel for perioden 1998-2002 er ført vidare med midlar avsette i dei årlege jordbruksoppgjera. For 2003 er det sett av 17 mill. kr til oppfølging av handlingsplanen.

Regjeringa arbeider med ein ny handlingsplan, jf. St.prp. nr. 65 (2001-2002). Satsinga inneber gjennomføring av ei rekkje tiltak og verkemiddel, inkludert miljøavgift på plantevernmiddel differensiert etter helse- og miljørisiko. Samla sett skal dette gi ei ønskt utvikling i retning av minst mogleg risikofylt bruk av plantevernmiddel.

I regi av Nordisk Ministerråd er det sett i gang eit nordisk utgreiingsprosjekt med sikte på å fremje forslag til samanknytting av dei nordiske landa sine handlingsplanar for redusert risiko/bruk av plantevernmiddel. Samarbeidet skal styrkje og effektivisere det nasjonale arbeidet gjennom utveksling av kunnskap, erfaring og kompetanse, og medverke til ei styrkt fellesnordisk plattform i internasjonalt arbeid.

Dyrevelferd

Rovdyr i utmark der bufe beiter opptek mange dyrevernnemnder. Dette temaet blir omhandla i ei melding til Stortinget om dyrehald og dyrevelferd som blir lagt fram hausten 2002.

Det er gjort enkelte forbetringar når det gjeld dyrevern i samband med slakteriverksemd.

Dyrevernlova er endra når det gjeld kastrering av gris. Frå 01.08.2003 skal gris svevast ned ved kastrering, og frå 2009 blir all kastrering av gris forbode. I både høve vil det vere nødvendig med auka forskingsinnsats. Det vil vere viktig å finna fram til løysingar som gjer at ein så raskt som mogleg kan slutta å kastre gris.

Dyrevern er òg regulert av internasjonale avtalar i EØS og Europarådet. Dyrehelsetilsynet tek mellom anna del i Europarådet sitt arbeid for å iverksetje standardar for dyrevern ved oppdrett av fisk. EU har vedtatt eit forbod mot hald av eggleggjande høner i tradisjonelle bur frå 2012. Den norske forskrifta som blei vedteken 12.12.2001, set strengare krav til arealet i dei nye miljøbura enn det EU har fastsett. I tillegg inneheld forskrifta krav til produksjon av slaktekylling og kalkun.

Dyrehelse

Det er ikkje påvist alvorlege smittsame sjukdommar i kommersielle dyrehald i 2001.

Overvakings- og kontrollverksemda knytt til sjukdom i husdyrhald og hos akvakulturdyr er i hovudsak ført vidare på same nivå som i fjor. Resultata syner at helsetilstanden til akvatiske dyr og landdyr er jamt over god, sjølv om einskilde sjukdomar førar til produksjonstap hos dyreeigarane. Dette er òg viktig i samband med det arbeidet som er gjennomført for å redusere bruken av antibiotika i norske dyrehald.

Når det gjeld helse hos viltlevande dyr, er truleg trusselen Gyrodactylus salaris utgjør i høve til atlantisk laks den mest alvorlege.

Arbeidet med oppfølging av internasjonale avtalar krev store ressursar.

I samband med forslaget i Dok nr. 8:61 (1998-1999) og Innst. S. nr. 36 (1999-2000) *Om erstatningsreglar etter fiskesjukdomslova* har Landbruksdepartementet sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Finansdepartementet, Fiskeridepartementet, Landbruksdepartementet og næringa. Arbeidsgruppa skal sjå nærare på ulike løysingar. Eit framlegg frå arbeidsgruppa kan ventast i 2003. Regjeringa vil kome attende til Stortinget med saka.

Mattryggleik

Hovudelementa i strategiane dei seinare åra når det gjeld å medverke til trygge matvarer for forbrukarane har blitt ført vidare. Avgjerande føresetnader for dette har vore å etablere og vedlikehalde overvakings- og kontrollprogram. Vidare er dokumentasjonen av ulike helseparametre blitt ført

vidare for å betre kontrollsystema og styrke Noreg sin handelssituasjon med omsyn til import og eksport. Den relativt gunstige situasjonen tener til å hindre uønskt import med omsyn til helse og til å fremme produksjon av norske kvalitetsvarer som kan vere konkurransedyktige. Nyskaping, mangfald og verdiskaping knytt til produksjon av matvarer er nærare omtala i kat. 15.30.

Noreg har òg arbeidd for å auke forbrukarane sin innverknad i internasjonale fora som CODEX Alimentarius og OIE (Verdas dyrehelseorganisasjon) og FAO (FNs ernærings- og jordbruksorganisasjon).

For at matvarene skal vere trygge for norske forbrukarar er det òg viktig at matvarer produserte i utlandet er tilfredsstillande med omsyn til helse. Det er tilsvarende viktig at internasjonale standardar for produksjon og handel held eit høgt nivå. Det internasjonale arbeidet frå norsk side innan EØS-samarbeidet og CODEX Alimentarius m.fl. har derfor blitt styrkt. EU kommisjonen har sett inn store ressursar i dette arbeidet, fatta ei rekkje nye vedtak og fremma forslag til nye forordningar på matområdet som har kravd store ressursar i oppfølging og gjennomføring.

I 2002 har Noreg hatt formannskapet i Nordisk ministerråd. I samband med dette har Ministerrådet slutta seg til framlegg frå Noreg i å styrke arbeidet med ei nordisk plattform for internasjonalt arbeid, ein nordisk handlingsplan for forbrukarorientering, nordisk forskning og arbeid med genressurar.

Mål og tiltak

Mål

Eit av tre hovudelement i mat- og landbrukspolitikken er å sikre forbrukarane trygge matvarer (norskproduserte og importerte) av riktig kvalitet gjennom ein sunn matproduksjon. Dei overordna måla og strategiane på dette området er omtalt i St.meld. nr. 40 (1996-97) og i St.prp. nr. 19 (1999-2000). Delmåla er omtalt i pkt. 1.3 i innleiinga.

Matproduksjonen er ein kompleks biologisk produksjon der ulike risikofaktorar kan kome inn i produksjonen langs heile matvarekjeda. Dette syner dei dramatiske hendingane i Europa dei siste åra med påvising av kugalskap, utbrot av munn- og klauvsjuka og dioksinskandale. Skal ein òg framover nå målsetjingane om trygg mat og tilitt hos forbrukarane må det satsast på tiltak som tek sikte på å auke kunnskapen om risikofaktorane og korleis desse kan kontrollerast. Det må òg satsast på forenklingar og å sikra ein open og reileg kommunikasjon med forbrukarane.

Tiltak

Landbruksdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving under programkategori 15.10 på 805 mill. kr.

Framlegget til driftsløyvingar på kap. 1107, 1110 og 1114 skal dekkje den løpande tilsynsverksemnda til SDT, SLT og SNT, som frå 2004 blir del av det nye mattilsynet. Midlar knytt til omstillingsbehov i samband med opprettinga av Mattilsynet er ikkje innarbeidd i framlegget, jf. òg omtale i kat. 15.00 og lenger fram i kat. 15.10.

Budsjettframlegget inneber ei auka innsats knytt til særskilde tiltak på matområdet med 57 mill. kr, jf. omtalen nedanfor.

Dyrehelse

Etter venta vedtak i EØS-komiteen hausten 2002 vil *Råds og parlamentsforordning 999/2001 om overvaking og nedkjemping av TSE*, med seinare endringar, bli gjort gjeldande for Noreg gjennom EØS-avtalen. Konsekvensen for Noreg er ei utviding av omfanget av overvakinga, av BSE (kugalskap) i storfe og skrapesjuke hos småfe. Det er sett av 55,3 mill. kr til dette arbeidet i 2003, dette er ei auke på 32 mill. kr i høve til budsjettet for 2002, jf. St.prp. nr. 1 (2001-2002).

Overvakings- og kontrollprogram er ein føresetnad for å kunne krevje tilleggsgarantiar og vil dermed kompensere for auka risiko i samband med auka innførsel av levande akvakulturdyr i samband med utløp av overgangsordningar. Dette medverkar til å førebygge store tapsbringande sjukdomsutbrot. I tillegg vil den norske helsestatusen kunne dokumenterast og marknadstilgangen for norsk eksport av levande fisk og kjønnsprodukt sikrast.

Det blir satsa på nye arter i oppdrett der dei mest aktuelle i dag er torsk, kveite og kråkeballar. Kompetansen på dei nye artane må byggast opp, både for å gi fagleg grunnlag for forvaltninga sine vedtak og for å hindre tapsbringande sjukdomsutbrot i næringa, jf. kap. 1107.

Frå hausten 2002, og for ein periode på inntil 4 år, vil Noreg ha ein nasjonal ekspert på dyrehelse i EU-kommisjonen. Eksperten skal arbeide med fiskehelse i EU.

Plantehelse

Landbruksdepartementet legg opp til ei føre vidare satsinga på same nivået som i 2002 for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse. Ei betra plantehelse vil gi ein miljøgevinst gjennom

lågare forbruk av plantevernmiddel, betre produktkvalitet og nye moglegheiter i marknaden.

Plantevernmiddel

Basert på resultata frå evaluering av *handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel (1998-2002)*, vil det i 2003 bli utarbeidd ein ny handlingsplan.

Merking for å spore ferskt storfekjøtt

Mat- og førsandalane i Europa har vist at det er viktig å ha gode system for å spore matvarer for å sikre at maten er trygg. Samtidig veit vi at forbrukarane i større og større grad vil ha informasjon og merking om matvarene sin risiko, opphav, eigenskapar m.m.

Vi har i dag reglar om obligatorisk merking for å spore ferskt storfekjøtt. Desse reglane gjer det mogleg å spore kjøttet tilbake til dyret og dyrehaldet det kom frå. Etter kvart vil ordninga bli utvida slik at det òg blir mogleg for ein produsent å informere om mellom anna kva slags fôr- og beiteforhold som dyret har hatt. Dette regelverket er ei implementering av EU sine reglar på dette området.

Nasjonal merkeordning

For å styrke valgmoglegheitene til forbrukarane blei det i 2002 oppretta ei offentleg merkeordning som kan gi vern til produkt som har eit spesielt opphav, tradisjon eller særpreg. Ordninga er eit svar på ønskjene til forbrukarane om kvalitetsprodukt og større produktmangfald. Merkeordninga vil òg vere med på å sikre eit reieleg frambod av produkta, jf. omtale under kat. 15.30.

Potetkvalitet

Det er nødvendig å auke fokuset på tiltak som kan betre kvaliteten på norske matpoteter. I den samanhengen vil ein sjå på utforminga av regelverket og kvalitetskontrollen gjennom heile produksjonskjeda.

Det er ein aukande etterspurnad etter nye potetsortar. Det vil derfor vere nødvendig med ein raskare oppformering av potetsortar.

IKT

Regjeringas plan for IT-politikk dei neste åra, eNoreg 2005, set krav om at IKT skal brukast for å modernisere offentleg sektor. Innan utgangen av 2004 skal alle offentlege etatar kunne motta elek-

troniske innrapportering frå næringslivet, samtidig som ein skal tilby elektroniske tenester som forenklar brukarane sin kvardag og fremmer dialogen med befolkninga.

Omorganiseringa av den offentlege matforvaltninga gir eit godt utgangspunkt for innføring av elektronisk forvaltning på matområdet. Det er viktig at denne sjansen blir nytta vel. Det skal satsast på å utvikle løysingar som kan opnast for næring og publikum gjennom Internett.

Veterinær vaktordning

Lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell føreset at det finst ordningar for klinisk veterinær beredskap. Landbruksdepartementet kom til ei semje med Den norske veterinærforening om ei avtale for 2002 innanfor ei ramme på 45,4 mill. kr under føresetnad av at ordninga skulle utvidast i

2003. Landbruksdepartementet legg opp til ei auke i løyvinga med 20 mill. kr i 2003.

Forskningsbasert kunnskapsutvikling

Det er sett av 5 mill. kr til forskningsbasert kunnskapsutvikling om trygg mat innanfor landbruksproduksjon og marin sektor, jf. kap. 1112.

Finansieringa av det offentlege arbeidet for trygg mat

Departementet gjer framlegg om inntekter frå gebyr og avgifter på 430,1 mill. kr. Dette svarar til om lag 53 pst. av utgiftene til matkontroll i budsjettframlegget. Det er budsjettert med ei auke i inntektene med om lag 70 mill. kr i høve til saldert budsjett 2002. Inntektene kjem frå gebyr og avgifter langs heile matvarekjeda.

Kap. 1107 Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	233 715	186 901	215 082
70	Tilskott til veterinær beredskap		45 416	65 000
73	Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslags- løyving</i>	20 665	14 166	14 718
	Sum kap 1107	254 380	246 483	294 800

Mål og strategiar

Dei primære oppgåvene til Statens dyrehelsetilsyn er å tryggje helsa hos tamme og ville landdyr og akvatiske dyr og å sikre god dyrevelferd. Statens dyrehelsetilsyn har følgjande overordna mål:

- Noreg skal vere fritt for alvorlege smittsame dyresjukdommar
- førekomsten av mindre alvorlege sjukdommar hos landdyr og akvatiske dyr skal vere så låg som mogleg
- råvarer frå landdyr og akvatiske dyr til matproduksjon skal vere helsemessig trygge
- landdyr og akvatiske dyr skal haldast på ein slik måte at dei ikkje lid i utrengsmål

I det strategiske arbeidet vil Statens dyrehelsetilsyn leggje særleg vekt på:

- fagleg kompetanse og god forvaltningsskikk
- kontakt med forbrukarane og næringane

- utvikling av eigen organisasjon
- ein aktiv kommunikasjon med samfunnet om verksemda

Resultatrapport 2001

Helsa hos landdyr og akvatiske dyr i Noreg er god. Bortsett frå infeksjøs laryngotrakeitt (ILT) hos hobbyfjørfe er det ikkje påvist A-sjukdomar i 2001. Det er ikkje påvist at alvorlege smittsame sjukdomar er kome inn i landet via dyr som blei innført i 2001.

Innarbeiding av nytt regelverk etter EØS-avtalen har kravd stor innsats. Dyrehelsetilsynet har vurdert 163 nye EU-rettsakter innan sine lovområde i 2001. Kontroll med regelverket for registrering og merking av dyr har blitt gitt høg prioritet. Krava er framleis ikkje tilfredsstillande oppfylde og

registra verker ikkje godt nok, sjølv om dei tok til å gjelde i 1999.

Under utbrota av munn- og klauvsjuka i Storbritannia og på kontinentet våren 2001 blei det sett i verk ei rekkje tiltak for å hindre at smitte spreidde seg til Noreg. Hendingane gav verdifull røynsle for å betra ulike rutinar i beredskapen. Det er utarbeidd dokumentasjon for ei ny internasjonal vurdering av risikoen for at BSE (kugalskap) finst i Noreg. Mistanken om BSE i Østfold i 2000, gav opphav til ein tiltaks- og kommunikasjonsplan for BSE.

Talet på nye tilfelle av infeksjøs lakseanemi (ILA) aukar. Sjukdommen blei påvist i 20 nye oppdrettsanlegg i 2001. Tilsynet med registrering av og tiltak mot lakselus har hatt høg prioritet. Forekomst av lakselus hos oppdrettslaks syner nedgang. Overvåkingsprogrammet for lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, som er eit samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning, er utvida i 2001 i høve til 2000. Dyrehelsetilsynet har prioritert arbeidet med smitteforebyggjande tiltak mot *Gyrodactylus salaris*.

Overvåkingsprogramma for ei lang rekkje smittsame sjukdommar hos landdyr og fisk er i hovudtrekk gjennomført i samsvar med planane. Programmet for overvaking av BSE blei vesentleg utvida i 2001. Sjukdomen er ikkje påvist i Noreg. Skrapesjuka blei i 2001 påvist i ein ny saueflokk. Paratuberkulose blei påvist i ein ny storfebuskap i 2001. Det blei funne salmonellabakteriar i berre to av omlag 12 000 prøver frå fjørfe, gris og storfe i 2001. Multiresistent *Salmonella typhimurium* DT104 blei for første gongen funnen hos matproduserande dyr i Noreg.

Antibiotikaforbruket hos matproduserande dyr ligg på eit lågt nivå. For matproduserande landdyr var forbruket i 2001 på 5 016 kg, medan det i oppdrettsnæringa var på 645 kg. På begge områda var det ein liten nedgang i høve til året før. Det er ikkje avdekt bruk av ulovlege vekstfremmarar i husdyrproduksjonen.

Distriktsveterinærane har ei viktig rolle i dyrevernarbeidet, og ein aukande del av tilsynsoppgåvene blir løyst av distriktsveterinærane. Arbeidet i dyrevernnemndene skjer i samsvar med føresetnadene. Talet på dyreverninspeksjonar er auka med om lag 9 pst. i høve til året før. Om lag 8 pst. av inspeksjonane førte til pålegg om utbetringar. Tap og skadar på bufe på beite årsaka av rovvilt utgjør eit stort dyrevernproblem. Tilsyn med transport av dyr har vore særleg fokusert. Avvik frå regelverket blei påvist ved om lag 7 pst. av inspeksjonane. Talet på dyreverntragediar er aukande. Dyrehelsetilsynet har vore sterkt involvert i arbeidet med ny stortingsmelding om dyrevelferd.

I samband med at den nye *Dyrehelsepersonellova* tok til å gjelde frå 01.01.02 har staten fått eit overordna ansvar for å sikre ein landsdekkjande dyrehelseteneste og sørge for klinisk vakt. Som grunnlag for vaktordninga skal staten inngå avtale med yrkesorganisasjonane etter forhandlingar om organisering og gjennomføring av vaktene samt om godtgjersle/tilskott for deltaking. Dyrehelsetilsynet og Den norske veterinærforening (DNV) arbeidde sommaren og hausten 2001 for å etablere nye vaktordningar i tråd med Stortinget sitt vedtak. Ein mellombels avtale om klinisk vakt som skal gjelde fram til 01.01.2003 blei inngått. For alle tre nivåa i Dyrehelsetilsynet blei det etablert eigen vaktordning for forvaltningsoppgåver frå 01.10.2001. På grunn av liten veterinærdekning og lange reiseavstandar blei det for Finnmark inngått ein særavtale som kopla forvaltningsvakt og klinisk vakt.

Budsjettframlegg 2003

Dyrehelsetilsynet skal prioritere arbeidet med sjukdomskontroll, sjukdomsovervaking, regelverksutvikling og tilsyn med dyr og dyreprodukt i samsvar med internasjonale avtalar samt dyrevern. Ei god dyrehelse og dyrevelferd blir i aukande grad sett i samanheng med mattryggleik.

Dyrehelsetilsynet sitt arbeid med sjukdomar og smittestoff som kan overførast frå dyr til menneske samt overvakinga av reststoff og forbodne stoff er viktig for mattryggleiken. Arbeidet med å få betre kontroll med antibiotikabruken, særleg i husdyrhaldet, skal halde fram.

Dyrehelsetilsynet vil prioritere arbeidet med merkeordningar og elektroniske register over dyr og dyrehald. Dette gjeld særleg andsynes krav om merking og registrering av storfe og svin.

Ein må intensivere beredskapsarbeidet andsynes alvorlege smittsame dyresjukdommar. Overvåkings- og kontrollprogramma må kontinuerleg evaluerast for å sjå om dei tener den funksjonen dei skal ha. Programma i høve til overførbare *spongiforme encefalopatiar* (TSE), spesielt skrapesjuka vil bli utvida for å oppfylle internasjonale krav. I 2003 vil det bli analysert prøver frå 48 500 småfe og omlag 26 500 storfe, jf. òg kap. 1114 og 1112. I arbeidet med å forebyggje spreiding av TSE vil nytt EØS-regelverk for behandling av animalske biprodukt krevje særleg merksemd.

Dyrehelsetilsynet har ei viktig oppgåve i å medverke til ein berekraftig utvikling i havbruksnæringa. Den forventa veksten i oppdrett av nye artar må ikkje føre til tilsvarande sjukdomsproblem som ein såg tidlegare i lakseoppdrettet. Utvikling av havbeite er særskild krevjande i så måte. Dyrehelsetil-

synet vil derfor arbeidet med å bygge opp kompetanse på sjukdom hos nye artar i oppdrett. Talet på nye tilfelle av *infeksjøs lakseanemi (ILA)* må ned. Viktig verkemiddel er å utvikla eit tenleg regelverk og å sikre at smitteførebyggjande tiltak blir gjennomførde. Overvakingsprogrammet for Gyrodactylus salaris og tiltak mot lakselus bør utvidast i høve til i 2002. Overgangsordninga som blei forhandla fram i samband med *Rådsdirektiv 91/67/EF* går ut 31.12.2002, jf. St.prp nr. 6 (1998-99). Når forbodet mot innførsel av levande laks blir oppheva, vil det vere nødvendig med styrkt overvaking for å sikre helsestatus i norsk lakseoppdrett.

Sterkare fokusering på ulike sider av dyrehaldet og erkjenning i samfunnet av at dyr har krav på eit verdig liv, tilpassa den enkelte art, gjer at dyrevelferd må takast på alvor. Det har vore ein auke i talet på dyretragediar som mellom anna kan ha samanheng med at fleire no bur og driv åleine. Det er derfor viktig at tilsynet fokuserer på desse problemstillingane og søker å bygge opp varslingskanalar i samarbeid med andre som har innsats retta mot husdyrbruket.

Regjeringa arbeider med ei stortingsmelding om dyrehald og dyrevern som skal leggst fram for Stortinget i 2002. Stortingsbehandlinga av meldinga vil truleg føre til vedtak som krev oppfølging. Behovet for å byggje opp nødvendig kompetanse og forskning innan etologi og dyrevelferd i dei norske fagmiljøa vil gjere seg gjeldande. På områda dyrehald og dyrevelferd er forvaltninga sin tilgang til forskingsbasert ekspertkompetanse svært mangelfull. Innanfor akvakultur får dyrevelferd stadig større merksemd.

Fleire europeiske land arbeider for å finne alternativ til dyreforsøk. Noreg har gjennom Europarådet forplikta seg til ein reduksjon og det er viktig at arbeidet kjem i gang.

Dyrehelsetilsynet skal ta del i internasjonale fora på prioriterte område for å medverka til at utviklinga går i ei retning som Noreg er tent med og at nasjonale omsyn blir ivaretekne på best mogleg måte.

Dyrehelsepersonellova instituerer eit profesjonstilsyn med heimelsgrunnlag for administrative sanksjonar overfor dyrehelsepersonell. Dyre-

helsetilsynet må auka innsatsen med å orientere om dei nye krava til forsvarleg dyrehelsepraksis og etablere tilsynsfunksjonen.

Det er tinga fram ei avtale som fastset den økonomiske ramma for kliniske vaktordningar for 2003. Ei partssamansett gruppe skal greie ut ein del prinsipielle forhold som grunnlag for ei varig ordning frå 1.1.2003. Dei økonomiske rammene for vaktordningane aukar frå 45,4 mill. kr i 2002 til 65 mill. kr for 2003.

Løyvinga dekkjer den løpande tilsynsverksemda til Dyrehelsetilsynet. I tillegg til denne verksemda skal Dyrehelsetilsynet i 2003 særleg satse på arbeid knytt til etablering av det nye mattilsynet. Midlar til denne omstillinga er ikkje innarbeidd i forslaget, jf. kat 15.10. Arbeidet med Matportalen og utviklinga av IKT-løysingar må skje i lys av det nye mattilsynet.

Merknader til dei einskilde postane

Post 70 Tilskott til veterinær beredskap

Departementet foreslår å auke tilskottet til kliniske vaktordningar og andre økonomiske tiltak knytt til veterinær beredskap med om lag 20 mill. kr til 65 mill. kr i 2003, jf. omtale ovanfor. Målet med løyvinga er å sikre at sjuke eller skadde dyr kan skaffast hjelp innan forsvarleg tid over heile landet, jf. St.prp. nr. 54 (1999-2000) og Ot.prp. nr. 52 (2000-2001).

Post 73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar

Målsetjinga med løyvinga er å halde landet fritt for alvorlege smittsame sjukdomar hos husdyr, under det familiedyr og akvatiske organismar, og førebyggje at dyr lir. Løyvinga skal dekkje utgifter i samband med nedslakting som det offentlege pålegg etter føresegner i husdyrlova, og utgifter til einskilde tiltak innanfor fiskesjukdomslova, dyrevernlova og lov om farlege hundar. Posten er ei overslagsløyving som gjer det mogleg raskt å gjennomføre tiltak ved utbrot av alvorlege smittsame sjukdommar og forpliktingar heimla i nemnde lovverk.

Kap. 4107 Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
03	Gebyr og analyseinntekter m.m.	21 534	19 902	25 678
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	15		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 417		
18	Refusjon sjukepengar	1 633		
	Sum kap 4107	24 598	19 902	25 678

Post 03 Gebyr og analyseinntekter m.m.

Posten omfattar ulike gebyr og avgifter knytt til Dyrehelsetilsynet si verksemd. Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 25,6 mill. kr som er ei auke på 5,7 mill. kr frå 2002. Auken er knytt til at avgifta på

fôr til hund og katt aukar med 15 øre pr. kg til 65 øre pr. kg. Dette skal finansiere tiltak på dyrehelseområdet. I tillegg er det budsjettert med 2,5 mill. kr i gebyr for tenester som er pålagt offentleg veterinær i samband med innførsel og utførsel.

Kap. 1110 Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	105 028	116 430	105 661
73	Tilskott til stamsædavl, <i>overslagsløyving</i>	582		
	Sum kap 1110	105 610	116 430	105 661

Mål og strategiar

Landbrukstilsynet har som oppgåve å ivareta samfunnet sine krav om berekraftig miljø og trygg mat for forbrukarane. Landbrukstilsynet har følgjande hovudmål:

- ein landbruksproduksjon med forbrukartillit
- god plantehelse
- innsatsvarer som gir trygg mat
- innsatsvarer som ikkje skadar natur- og arbeidsmiljø
- innsatsvarer som har riktig brukskvalitet

Utviklinga av rammevilkåra for norsk landbruk taler for at kriteria og krava til ein optimal produksjon vil kunne endre seg. Landbrukstilsynet må derfor ha ein fleksibel strategi og ein organisasjon som har evne til omstilling. Landbrukstilsynet skal delta i internasjonalt arbeid innanfor sitt forvaltingsområde, og påverke avgjerdsprosessar i ein tidleg fase.

Resultatrapport 2001

Internkontroll er i bruk som tilsynsprinsipp innanfor alle områda til verksemda. Kvalitetssikring av eiga verksemd har halde fram, og ein er godt i gang med revisjon av dei fleste bransjane. Revisjonane syner at mange føretak har kome langt med kvalitetssikring av produkta sine.

Arbeidet med EØS-saker i 2001 omfatta områda fôrvarer, gjødselvarer, såvarer og økologisk landbruk. Landbrukstilsynet tek del i ulike faggrupper og komitéar i den samanhengen. Plantehelseområdet er ikkje ein del av EØS-avtalen. Når det gjeld plantevernmidde, der Noreg har unntak frå EØS-avtalen, har Landbrukstilsynet observatørstatus i EU si arbeidsgruppe.

Landbrukstilsynet tek òg del i anna internasjonalt samarbeid innafor kvar av dei ulike fagområda. Dei viktigaste føra er OECD, interimkommisjonen for plantehelsetiltak under FAO, plantevernorganisasjonen for Europa og Middelhavsområdet

(EPPO), nordisk samarbeid og EU. For såvareområdet står det internasjonale arbeidet i ISTA sentralt.

Plantehelse

Innsatsen har framleis auka noko innanfor verksemdområdet plantehelse. Auken heng saman med gjennomføringa av *Prosjekt plantehelse* - ein fireårig opptrappingsplan for styrking av norsk plantehelse. På området plantehelse har det i 2001 blitt utført om lag like mange importkontrollar som året før. Ved kontrollen blei knapt 3 pst. av sendingane heilt eller delvis avviste etter funn av farlege skadegjerarar eller formelle manglar. I 2001 har det vore nye utbrot av pærebrann på Vestlandet etter at det i 2000 blei gjort nye funn for første gong sidan 1993. Det er òg funne mellom anna potetringrâte og sharkavirus på nye lokalitetar

Plantevernmidlar

Handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmidlar fører til auka ressursbruk på plantevernmidelområdet.

Ved godkjenning av plantevernmidlar legg ein vekt på at risiko for helse og miljø ved bruk av midla under norske forhold skal vera låg og akseptabel. Landbrukstilsynet har i 2001 godkjent 45 preparat, og 5 preparat har fått avslag på grunn av uønskt verknad på helse og/eller miljø. Landbrukstilsynet har og behandla 31 søknader om godkjenning av nytteorganismar til bruk i biologisk kontroll. 20 organismar er godkjent medan det er nekta godkjenning på 11.

Salet av plantevernmidlar frå importør til forhandlar er òg i 2001 prega av hamstringa i 1998 og 1999, noko som kan tilskrивast ein auke i miljøavgifta. Omsetnaden utgjorde ca. 520 tonn verksamt stoff. Det er godt under gjennomsnittet for 1998–2001 som var ca. 680 tonn.

Det er gjennomført besøk i eit representativt tal gartneri for kontroll av autorisasjonsbevis, sprøytejournal og lagertilhøve for plantevernmidlar. Dessutan er det teke ut plantepøver for kjemisk analyse. Under desse kontrollane er det avdekt fleire regelverksbrot knytt til bruk av ulovlege midlar og for høge restverdiar.

Såvarer

Det blir stilt strenge krav til såvarene for å sikre at dei er tilpassa veksevilkåra, krav til avlingsnivå og kvalitet. Såvare som ikkje held mål vil gi ein monaleg avlingsreduksjon. For korn kan det dreie seg om verdiar på 30–60 mill. kr pr. år. Gjennom god-

kjenning av nye sortar kan kornsortar som er motakelege for soppsjukdommar bli erstatta med meir resistente sortar som treng mindre plantevernmidlar. Landbrukstilsynet gjennomfører obligatoriske beisebehovsanalysar for bygg, havre og kveite. Behovsprøvinga har i gjennomsnitt redusert kostnadene for korndyrkarane med om lag 6 mill. kr pr. år. Vidare blir miljøet spart for om lag 8 tonn kjemikalium årleg i forhold til om alt såkornet blir beisa.

Økologisk landbruk

Landbrukstilsynet fører kontroll med verksemda til DEBIO som er godkjent som utøvande kontrollorgan for primærproduksjon. I 2001 var 2 125 bruk kontrollerte for økologisk produksjon eller dei var under omlegging, mot 1 840 i 2000. Det økologiske arealet er no 2,3 pst. av det totale jordbruksarealet.

Gjødselvarer

Omsetnaden av gjødsel- og jordforbetningsprodukt, basert på resirkulert organisk og uorganisk avfall aukar. Kvalitetskrava er strenge, men resirkuleringsverksemdene har etterkvart tilpassa seg desse.

Stikkprøvekontrollen i 2001 har omfatta kjemisk/fysisk undersøking av kalk og mineralgjødsel for å kontrollere om vareopplysningane er i samsvar med innhaldet i produkta. Kvaliteten er jamt over god, men ein del avvik er funne og påtala.

Fôr

Kontrollen med produksjonen av fôr skjer ved revisjon av internkontrollen ved dei ulike verksemdene, og ved besøk som ikkje er varsla på førehand. Utekne prøvar blir analyserte for ulike næringsemne og uønskt stoff som det er sett øvre grenser for i forskrifta.

Kontrollen av uønskt stoff har omfatta ulike tungmetall, plantevernmidlar, dioksin og PCB, muggsopp og mykotoksiner, koliforme bakteriar, salmonella, kjøttbeinmjøl og genmodifisert materiale. Det har vore få avvik. Påvising av salmonella skjer i dei fleste tilfella før varmebehandling, på "urein" side av produksjonsprosessen. Vidare er det i einiske tilfella funne kjøttbeinmjøl i fôrblendingar til produksjonsdyr. Analysar for genmodifisert materiale har vist spor i nokre få prøvar. Konklusjonen er at kvaliteten på fôret styrkjer kravet til mattryggleik på ein god og tilfredsstillande måte. Fleire av matskandalane i EU har hatt sitt utspring i fôr. Dei rapporteringssystema som er etablert, er derfor viktige for å avgrense slike skandalar.

Sinkbacitracin er det einaste fôrantibiotikum som er godkjent til visse dyrearter, men det har ikkje vore brukt på fleire år. Koksidiostatika, som også har ein antibiotisk verknad, er brukt mindre enn i dei føregåande åra.

Tekniske innretningar

Arbeidet med tekniske innretningar skal mellom anna redusere risikoen for lekkasje og avrenning frå landbruket, og sikre eit godt miljø for husdyra. Typegodkjenningsordningar for m.a. siloar, gjødselportar og innreiingar for husdyr er verkemiddel på desse områda.

Budsjettframlegg 2003

Landbrukstilsynet vil innafor tilgjengelege budsjettmidlar arbeide for å auke innsatsen på fleire prioriterte område framover.

For å unngå forureiningar seinare i matkjeda er det viktig å hindre uønskt stoff som til dømes GMO, antibiotikaresistensgener og dioxin i dei ulike innsatsvarene. Med bakgrunn i risikovurderingar må ein definere dei stoffa ein ikkje ønskjer skal inngå i innsatsvarene, det må utviklast sikre og effektive analysemetodar og det må gjennomførast overvakingsprogram.

Målsettinga om eit heilskapleg og risikobasert tilsyn med all behandling av plantevernmiddel gjer det òg nødvendig å følgje betre opp korleis desse midla blir nytta i praksis på det einskilde gardsbruk. Dette kan gjelde både tillaging, sjølv sprøytearbeidet, vasking av utstyr med vidare. Ein vil sjå på om det er mogleg å gjennomføre ein slik kontroll i samarbeid med næringa sin eigenkontroll som blir bygd opp innanfor *Kvalitetssystem i landbruket (KSL)*.

Aktiviteten når det gjeld overvaking og kartlegging av karanteneskadegjerarar på planter må halde fram og helst aukast. Aktuelle skadegjerarar

er til dømes pærebrann, sør-amerikansk minérfluge og sharka. Tiltaka er viktige både for å halde bruken av plantevernmidlar på et så lågt nivå som mogleg, og for å trygge internasjonal handel og Noregs eksport av planter.

Som følge av mellom anna endringane i produksjonsform og bruksstruktur er det i aukande grad nødvendig å sette nye krav til bygningar og innreiing for produksjonsdyra.

Regelverket for økologisk landbruk, som er samordna med EU-regelverket gjennom EØS-avtalen, krev at alle gardsbruk med økologisk produksjon blir kontrollerte minst ein gong årleg. Målsettinga om at 10 pst. av produksjonsarealet skal drivast økologisk gir ei utfordring om å finne eit opplegg for tilsynet som gir ein tilfredsstillande kontroll samtidig som ressursbruken blir halden på eit akseptabelt nivå.

I samband med etablering av det nye mattilsynet vil såvarelaboratoria få endra organisasjonsform. Det er viktig å gjere såvarelaboratoria tevlingsføre gjennom samarbeid med andre laboratorieføretak. Oppgåvene som blir utført ved såvarelaboratoria må vidareførast og den kompetansen som finst her må takast vare på. Utfordringa blir å finne den organisasjonsstrukturen og det eigarskapet som best kan sikre dette samstundes som verksemda skal drivast på ein slik måte at det er kostnadseffektivt for næringa og for samfunnet.

Departementet legg til grunn at såvarelaboratoria blir organisert uavhengig av Landbrukstilsynet i 2003. Driftsbudsjettet til Landbrukstilsynet er derfor redusert med om lag 8 mill. kr i framlegget.

Løyvinga dekkjer den løpande tilsynsverksemda til Landbruksilsynet. I tillegg til denne verksemda skal Landbrukstilsynet i 2003 særleg satse på arbeid knytt til etablering at det nye mattilsynet. Midlar til denne omstillinga er ikkje innarbeidd i forslaget, jf. kat. 15.10. Arbeidet med Matportalen og utviklinga av IKT-løysingar må skje i lys av det nye mattilsynet.

Kap. 4110 Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	86 880	88 114	88 050
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	728		
18	Refusjon sjukepengar	997		
	Sum kap 4110	88 606	88 114	88 050

Post 01 Gebyr og analyseinntekter m.m.

Posten omfattar alle gebyr og analyseinntekter under Landbrukstilsynet. Inntekta på posten er

reduisert med 3,5 mill. kr i framlegget som følge av at det er lagt opp til at såvarelaboratoria skal organiserast uavhengig av Landbrukstilsynet.

Kap. 1112 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
40	Kjøp av lokaler	11 334		
50	Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, Veterinærinstituttet	106 278	106 848	113 765
51	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	42 712	49 107	46 988
52	Støtte til fagsentra, Planteforsk	12 596	12 821	13 051
	Sum kap 1112	172 920	168 776	173 804

Post 50 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling, Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og tilpassa finansieringsstrukturen med basisfinansiering frå NFR, jf. kap. 1137 post 51.

Mål og strategiar

Veterinærinstituttet er ei forvaltningsstøtteverksomd som skal vere leiande og konkurransedyktig innan forskning, overvaking og rådgjeving med framsynt beredskap innan mattryggleik, fôrhygiene, landdyr-, fiske- og skjelhelse i Noreg.

Veterinærinstituttet sin samla kompetanse skal medverke til:

- trygge matvarer til forbrukarane gjennom førebygging og nedkjemping av zoonoser og antibiotikaresistens i næringskjeda
- sunne landdyr, fisk og skjel gjennom effektiv førebygging og nedkjemping av alvorlege smittsame sjukdomar og tapsbringande tilstandar
- å redusere førekomsten av framandstoff og biotoksin i næringskjeda
- rask varsling om mattryggleiksfarer og tapsbringande dyre-, fiske-, og skjelsjukdomar med forslag om førebyggjande og skadereduserande tiltak.

For å nå desse måla må Veterinærinstituttet m.a. leggje følgjande strategiar til grunn:

- auke relevant forskning innan kjerneområda til instituttet
- styrke arbeidet med referansefunksjonar og vere kompetansesenter for laboratoriediagnostikk og analysar på fiske-, skjel- og landdyrehelseområdet og på næringsmiddel-, fôr- og miljøområdet
- styrke den ståande beredskapen for diagnostikk av alvorlege sjukdomar hos landdyr og fisk
- ta ansvar for å samle, analysere og presentere epidemiologiske data for zoonoser i heile næringskjeda i Noreg gjennom Norsk zoonosesenter
- medverke til berekraftig og miljøforsvarleg husdyr- og akvakulturproduksjon der dyrevern blir teke vare på, på ein god måte
- styrke overvaking av antibiotikaresistens hos bakteriar frå landdyr, fisk, fôr og næringsmiddel
- styrke arbeidet med risikovurderingar
- styrke arbeidet med å formidle kunnskap innan instituttet sine fagområde og arbeide for at forskingsresultata kjem styresmakter, næringsliv og allmenta til gode

Resultatrapport 2001

Veterinærinstituttet har i 2001 vidareutvikla sin kompetanse innan risikovurderingar til å vere på godt internasjonalt nivå, og denne kompetansen er stadig meir etterspurt på fôr- og matområdet og på fiske- og landdyrehelseområdet.

Påvisinga av BSE i stadig nye land i Europa i 2000/2001 skapte stort press på Veterinærinstituttet for å skaffe fram risikovurderingar og kapasitet for å iverksette undersøking av risikopopulasjonar i Noreg. Etablering av ny laboratoriediagnostikk og innreiking av høvelege lokale til analysene var også sentralt i dette arbeidet. Omfattande risikovurderingar er lagt fram for tilsyna med omsyn til eventuell førekomst av BSE-smitte i levande storfe, i småfepopulasjonen, i avfall ved alternativ behandling av slakteavfall, i kjøtt og kjøttvarer i Noreg. Risikovurderingane er m.a. lagt til grunn i styresmaktene si fastsetjing av regelverk på områda.

Munn- og klauvsjukeepidemien i Europa var eit anna hovudarbeidsområde i 2001 m.a. når det gjaldt å skaffe fram faglege vurderingar og risikovurderingar for innføring av sjukdomen til Noreg. Vinteren og våren 2001 var store delar av instituttet si ekspertise innretta på spørsmål og vurderingar i forhold til munn- og klauvsjue. I store delar av 2001 hadde Veterinærinstituttet utvida beredskap med omsyn til mistanke om munn- og klauvsjue i Noreg.

I samband med miltbrannterroraksjonane i USA, har Veterinærinstituttet ytt rådgeving til ulike instansar og det er etablert spesielle laboratorier for undersøking av miltbrann i mistenkjeleg materiale. Veterinærinstituttet og Nasjonalt folkehelseinstitutt samarbeider om undersøking av slike prøver.

Veterinærinstituttet har levert omfattande tenester knytt til overvåkings-, kartleggings- og kontrollprogram som er etablert m.a. gjennom EØS-avtalen. Med omsyn til funn knytt til desse programma blir det vist til kap. 1107 og 1114.

Det har vore stor interesse for vidareutvikling av kvantitative metodar for påvising av GMO i mat og fôr og framgangen i prosjektet har gått etter planen. Prosjektet er del av eit omfattande EU-prosjekt som Veterinærinstituttet leier.

Prosjektet med utvikling av ein kjemisk metode for påvising av algetoksin i skjel, har hatt gjennombrøt i 2001. Metoden skal erstatte bruk av mus for testing av visse toksin i skjel.

Det har vore stor interesse for risikovurderingar omkring dioxin og PCB i fisk og sjøpattedyr i 2001.

Opparbeiding av spesialkompetanse og etablering av ein nasjonal funksjon for testing av allergen i mat, har kome langt. Testoppsett for fleire allergen i mat er etablert. Det er berekna at om lag 4 pst. av befolkningen har matallergi i ein eller annan form.

Arbeidet ved Norsk zoonosesenter skjer i nært samarbeid med Nasjonalt folkehelseinstitutt. Zoonosesenteret har medverka til at nasjonalt overva-

kingsprogram for *Campylobacter* er etablert. Denne bakterien er no viktigare enn salmonella som årsak til tarminfeksjonar hos menneske i Noreg. Zoonoserapporten for 2000 har blitt godt motteke i EU, og Noreg sitt arbeid på området er godt synleg i samlerapporten om zoonoser frå EU. Det er i samarbeid med folkehelseorgan utarbeidd ein felles rapport om antibiotikaresistens i Noreg.

Veterinærinstituttet sitt arbeid i internasjonale komitear er omfattande. Veterinærinstituttet er representert m.a. i EU sine komitear for *Toxikologi* og *Veterinary matters related to public health* og i arbeidsgrupper under EU sin faste veterinærkomite. Ein ekspert frå Veterinærinstituttet er President i OIE (Verdas dyrehelseorganisasjon) sin *Fish Diseases Commission*. Vidare deltek ekspertar frå Veterinærinstituttet i ulike internasjonale komitear.

Utvikling av nettverk og etablering av samarbeid med FoU institusjonar nasjonalt og internasjonalt er ei prioritert oppgåve, jf. kat. 15.20. Dei viktigaste samarbeidspartnarar innan forskning er Noregs veterinærhøgskole, Nasjonalt folkehelseinstitutt, Planteforsk, Matforsk, Havforskningsinstituttet og Ernæringsinstituttet. I 2001 har arbeidet med ein allianse mellom Veterinærinstituttet og Noregs veterinærhøgskole på områda mattryggleik og akvamedisin hatt god framgang. Instituttet samarbeider med eit 20-tals internasjonale forskingsinstitusjonar i forskingsprosjekt og diagnostiske problemstillingar.

Budsjettforslag 2003

Veterinærinstituttet skal vere ein hovudleverandør av forskingsbasert kunnskap til tilsyna langs matvarekjeda i Noreg.

Ein legg vekt på at Veterinærinstituttet utviklar seg vidare som forskingsbasert forvaltningsstøtteverksemd på område fôr- og mattryggleik, landdyr-, fiske- og skjelhelse, m.a. ved at det diagnostiske og analytiske apparat blir utvikla i samsvar med ny kunnskap. Det må utviklast kvalitetsikra laboratorium i tråd med internasjonal standard. Veterinærinstituttet må halde internasjonal standard på risikovurderingsområde.

Ein legg opp til ein auke i arbeidet med analyseverksemd knytt til overvåkingsprogramma for BSE og skrapesjue. EU sin nye forordning med undersøking av sauepopulasjonen for mogleg førekomst av BSE, vil bli særleg krevjande. For nærare omtale av tiltaka, sjå kap. 1107.

Det er sett av 5 mill. kr til forskingsbasert kunnskapsutvikling på mattryggleik innanfor landbruksproduksjon og marin sektor. Kunnskaputviklinga skal skje i samarbeid mellom Veterinærinstituttet, Planteforsk og NORSØK.

Veterinærinstituttet må føre vidare arbeidet med å oppdatere beredskapen for diagnostikk av eksotiske sjukdomar m.a. med nødvendige avtaler med dei internasjonale referanselaboratoria.

Veterinærinstituttet sitt arbeid med helseproblem hos menneske og/eller dyr med årsak i smitte med lang inkubasjonstid, sopptoksin, plantetoksin og algetoksin skal halde fram. Likeins skal arbeidet med GMO halde fram. Veterinærinstituttet skal vidareutvikle kompetansen innan matallergi og tilby analysar på området.

Løyving til arbeidet i Norsk zoonosesenter blir ført vidare frå 2002. Dette gjeld òg løyvinga som blir fordelt via Helsedepartementet. Arbeid med overvåkingsprogram for campylobacter skal vidareførast.

For å møte behovet i samband med veksten som er venta i havbruksnæringa, skal Veterinærinstituttet prioritere arbeid med dei mest alvorlege sjukdomane slik som ILA, Gyrodactylus og lakselus. Arbeid med å bygge opp ny kunnskap om nye parasittar hos oppdrettsfisk og sjukdom hos nye artar i oppdrett skal òg prioriterast.

Arbeidet med overvåkings- og kontrollprogram skal halde fram med analysar av produksjonsdyr på land, og hos fisk og skjel.

Veterinærinstituttet si sterke satsing på internasjonalt arbeid skal halde fram.

Post 51 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling, Planteforsk

Planteforsk er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og tilpassa finansieringsstrukturen med basisfinansiering frå NFR, jf. kap. 1137 post 51.

Mål og strategiar

Planteforsk skal vere leiande i bruksretta forskning og utvikling innan planteproduksjon, og eit nasjonal kompetansesenter i plantefaglege spørsmål. Planteforsk har som mål å utvikle kunnskap og metodar som medverkar til:

- effektiv og konkurransedyktig planteproduksjon i heile landet
- miljøforsvarlege produksjonsformer, inkludert økologiske
- god plantehelse
- rasjonell og forsvarleg bruk av naturgrunnlaget
- trygg mat fri for plantevernmiddel
- redusert avrenning frå jordbruksareala

Strategiane for å nå desse måla er:

- rett kompetanse
- kvalifiserte og dyktige medarbeidarar
- tilpassa organisasjon og leiding

- nært samarbeid med Forsøksringane og andre FoU-organisasjonar
- nært samarbeid med næringslivet gjennom brukarstyrt forskning og utvikling
- regional forankring

Resultatrapport 2001

Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling har eit langsiktig perspektiv der fleire aktørar medverkar. Det er derfor vanskeleg å talfeste den einskilde aktøren sitt bidrag til dei endringane som kan målast. Nedanfor er det omtalt nokre døme på praktiske resultat på område der Planteforsk har vore ein vesentleg leverandør av kunnskapsgrunnlaget.

Arbeidet med å redusere kostnadene i planteproduksjonen har gitt resultat. Dei variable kostnadene i korn- og grovfôrproduksjonen er redusert med 70 mill. kr årleg sidan 1994.

Det blir heile tida arbeidd med å utvikle nye rådgjerder mot planteskadegjerarar. Fleire av desse metodane nyttar ikkje kjemiske plantevernmiddel. Arbeidet skjer både på eit praktisk plan og i nokon grad ved hjelp av bioteknologiske metodar.

Forskinga på miljøkonsekvensar frå plantevernmiddel har sett Planteforsk i stand til å utvikle nedkjempingsstrategiar som reduserer risikoen for utvasking.

Planteforsk har stor innsats retta mot å gjere plantene meir motstandsdyktige gjennom tradisjonell planteforedling, og for dei nye norske sortane innan gras og kløver er ikkje sjukdomsangrep noko stort problem. Nye sortar av frukt og bær, som no blir sende ut på marknaden, er meir resistente enn dei gamle sortane. I 2001 blei tre nye plantesortar frå Planteforsk godkjende og marknadsførte. Sortane som Planteforsk eig har høge marknadsdelar i Noreg.

Planteforsk arbeider med å utvikle metodar for lønsam økologisk planteproduksjon i heile landet. Ein av dei viktigaste oppgåvene er å utvikle dyrkingsmetodar for ein lønsam og berekraftig økologisk kornproduksjon, noko som er nødvendig for å auke farta i omlegginga til økologisk produksjon.

Beitebruken er på veg oppover etter ein nedgang fram til 1992. Beite sin del av det totale fôr-opptaket i mjølkeproduksjonen er på vel 17 pst.

Det blei i 2001 vedteke å opprette eit *Nordnorsk kompetansesenter* for landbruk og innlandsfisk i regi av Planteforsk med lokalisering ved Holt forskingssenter. Det blei avsett 2 mill. kr over statsbudsjettet til prosjektering av senteret. Prosjekt-leiar er tilsett og ei brukarorientert referansegruppe er oppnemnd. Senteret skal bli ei koplings-

arena og ikkje byggje opp konkurrerende kompetanse med dei andre fagmiljøa i landsdelen.

Planteforsk har sekretariatsoppgåva for *Genressursutval for planter* i Noreg som starta sitt arbeid 01.07. 2001. Det første halvåret har utvalet arbeidd med å leggja planer for eit nasjonalt program for bevaring og bruk av plantegenetiske ressursar. Av resultatet det første halvåret kan nemnast at det er etablert god kontakt til eit breitt nettverk av institusjonar, organisasjonar og privatpersonar som syner eit breitt engasjement og stor kompetanse på området.

Budsjettframlegg 2003

Framlegget omfattar finansiering av vitskapeleg basert forvaltningsstøtte til Landbruksdepartementet og underliggjande etatar, m.a. SNT. Framlegget omfattar òg oppgåver Planteforsk skal utføre innan utvikling og kunnskapsformidling.

For å gi fagleg grunnlag for verksemda til forvaltninga skal Planteforsk utføre desse oppgåvene:

- gi effektiv diagnostisering av planteskadegjerarar. Planteforsk skaffar oversikt over plante-helsa i Noreg
- vere kunnskapsbase for forvaltning på plante-helseområdet
- skaffe data om ulike plantesortar som grunnlag for godkjenning/rettsvern av norske og utan-landske plantesortar
- skaffe kvalitetssikra data som grunnlag for godkjenning av plantevernmiddel til bruk i norsk planteproduksjon
- ha data og modellar som grunnlag for betre tilpassa gjødsling i heile landet. Dette skal gi grunnlag for betre utnytting av gjødsla og redusert næringsavrenning
- skaffe sikre måle- og analysedata for nærings-salt og plantevernmiddel i avrenningsvatn til jordsmonnovervakingsprogrammet
- gjennomføre effektive og kvalitetssikra analy-sar av restar av plantevernmiddel i norske og importerte vegetabil som grunnlag for effektiv matvarekontroll
- gjennomføre langvarige gjødsel-/referansefor-søk for å dokumentere langtidsverknaden av ulike tiltak i jordbruket
- utvikle automatiske rettleiingstenester

Viktige oppgåver knytt til utviklingsarbeid og kunnskapsformidling er:

- skaffe dyrkarane plantemateriale av godkjende sortar som er fritt for skadegjerarar
- drive utprøving for å medverke til redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel

- skaffe kunnskap for å redusere kostnadene i grovfôrproduksjonen
- medverke til aktivt landbruk i dei nordlegaste delane av landet
- gjere forskingsresultat tilgjengelege for bruka-rane
- ha kunnskap om kulturmark, beiting, biologisk mangfald m.m. utifrå eit kulturlandskaps- og dyrkingssynspunkt
- skaffe fram meteorologiske data for varslingsste-neste og forskning
- fremje kunnskap om effektive dyrkingssystem som reduserer faren for avrenning av nærings-stoff
- gi presise råd til dyrkarane om bruk av plante-vernmiddel og gjødsel

Tenestene innafor desse områda blir delfinansierte av brukarane, anten ved avgift/gebyr eller ved direkte betaling for tenestene.

Med utgangspunkt i handlingsplanen for redu-sert risiko ved bruk av plantevernmiddel, har Plan-teforsk oppgåver med å skaffe fram kunnskap for integrert plantevern, miljøkonsekvensar av plante-vernmiddel, skadetersklar, prognosar og varslings m.m.

Det er sett av 3 mill. kr til *Nordnorsk kompetan-sesenter*, Planteforsk. Kompetansesenteret skal vere ein koplingsarena som skapar, tar i mot, formar og realiserar idear om nyskaping gjennom å utnytte naturgevegne moglegheiter og ressursar i den nordlege landsdelen. Senteret skal ha kunn-skap om dei ulike fagmiljø for å kunne kople desse saman i ei heilskapstenking. Senteret skal ikkje byggje opp kompetanse i konkurranse med dei ulike nordnorske miljøa. Det skal leggjast vekt på at brukarane sine interesser skal kome til uttrykk i kompetansesenteret sin organisering, innhald og funksjon. Næringsutvikling, kompetanseheving, informasjon og formidling der den personlege kon-takt går hand i hand med moderne informasjons-teknologi, blir viktige oppgåver for det nye sente-ret. I tillegg til å ivareta det tradisjonelle landbruks-området skal *Nordnorsk kompetansesenter* ha eit nasjonalt ansvar for innlandsfisk.

Planteforsk, NORSØK og Jordforsk arbeider vidare med sikte på ei samordning til ein organisa-sjon frå 01.01.2004. Ei slik samordning er venta å gi faglege synergieffektar og skape ein viktig objektiv kunnskapsleverandør innanfor miljø og landbruk.

Viktige oppgåver i programmet for *Genressurs-utval for Planter i Noreg* er å kartleggje genetiske ressursar i kulturvekstane i Noreg, samt syte for at verdifullt plantemateriale blir teke vare på, enten som frø i lagra til *Nordisk Genbank* eller i plante-samlingar forskjellige stader i landet. I 2003 vil ein

etablere eit informasjonssystem der opplysningar om materialet er samla og kan nyttast for å få auka bruk av genressursane våre. Samstundes skal aktivt informasjonsarbeid skape ei meir bevisst haldning i befolkninga til verdien av det biologiske mangfaldet.

Planteforsk si verksemd på Ås skal samlokalisert i Fellesbygget på Ås etter at bygget er bygd om og rehabilitert, jf. St.prp. nr. 67 (1998-1999) og St.prp. nr. 1 (2001-2002), kap. 1112 og kat 15.30. Byggjearbeidet er delt i to fasar. Fase I er kostnadsrekna til 133 mill. kr pr. 01.07.2002. Arbeidet skjer i samsvar med framdriftsplan og vil bli avslutta hausten 2003. Fase II av arbeidet har eit mindre omfang og Landbruksdepartementet vil kome tilbake med oppfølging av dette arbeidet seinare.

I samband med at departementet legg opp til endringar i finansieringa av planteforedling og oppformering, jf. nærare omtale under kap. 1150 post 77 og kap. 5651 post 80, vil òg midlane til føremålet under denne posten bli kanalisert annleis. Etter som omlegginga krev omstilling ved Planteforsk og i måten midlane blir fordelte, legg departementet til grunn at utviklingsmidlane i først halvår 2003 blir tildelt Planteforsk.

Post 52 Støtte til fagsentra

Fagsentra i Planteforsk blei etablerte i 1995. Dei fire fagsentra er Sæter i Hedmark, Fureneset i Sogn og Fjordane, Tjøtta i Nordland og Svanhovd miljøsenter i Finnmark.

Fagsentra har som føremål å medverke til lokal og regional næringsutvikling innan landbruk og miljø. Dei tilbyr òg tenester innan kunnskapsformidling og service. Fagsentra tek òg forskingsoppdrag, men då styrt av forskingssentra i Planteforsk.

Sæter er engasjert i saueneringa med fokus på næringsutvikling. Fureneset har som mål å bli eit senter for næringsutvikling og utprøving innan

landbruk, naturbruk og miljøspørsmål i kystregionar. Med nye driftsbygningar, store jordvidder og beiteland har Tjøtta gode vilkår for si utviklingsverksemd innan økologisk landbruk, driftssystem og næringsutvikling, særleg for sau og ammekyr. Svanhovd er eit senter innan forskning, utvikling og miljøinformasjon om natur-, landbruks- og ressursforvaltning i Barentsregionen. Miljøsentret har òg oppdrag frå lokale, regionale og nasjonale oppdragsgjevarar. Den nye konferanseavdelinga gjer at miljøsentret no har eit komplett anlegg for førmålet. Miljøsentret etablerte sommaren 2001 eit nasjonalparksenter for Øvre Pasvik nasjonalpark.

Resultatrapport 2001

Omorganiseringa frå forskingsstasjonar til fagsenter har så langt vore vellukka. Overgangen frå landbruksforskning til utviklingsarbeid og service har kome langt. Investeringsane i bygningar på Tjøtta og Svanhovd gjer desse fagsentra til attraktive medspelarar. Sæter og Fureneset er ikkje like godt utrusta, men også dei dreg fordel av å vere med i nettverket i Planteforsk. Tilgangen på oppdrag er ein god indikator på kor vellukka ordninga er. Fram til no har tala på oppdrag auka mykje, og oppdragsinntektene har òg auka. Fagsentra har mange, men oftast små oppdrag. Dette set store krav til effektiv administrasjon for å få god nok lønsemd. Oppdragsinntektene ved fagsentra auka frå 11,7 mill. kr i 2000 til 13,0 mill. kr i 2001.

Budsjettframlegg 2003

Samarbeidet mellom fagsentra og landbruksavdelinga hos fylkesmannen må utviklast vidare for å skape større breidde i produktspekteret til Planteforsk og for å gjere resten av kompetansen i Planteforsk tilgjengeleg. Om lag halvparten av løyvinga blir styrt av dei aktuelle fylkesmennene.

Kap. 1114 Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	189 283	245 644	230 776
	Sum kap 1114	189 283	245 644	230 776

Mål og strategier

Statens næringsmiddeltilsyn (SNT) forvaltar regelverket på næringsmiddelområdet, som er heimla i lovgjeving under Landbruksdepartementet, Helse-

departementet og Fiskeridepartementet. Det utøvande tilsynet med næringsmiddel blir utført lokalt av kommunale og interkommunale næringsmiddeltilsyn (KNT). SNT er oppretta som sentralt

organ for å samordne næringsmiddelforvaltninga, og ei viktig oppgåve for SNT er å vere nasjonal samordnar av verksemda i KNT. SNT har òg forvaltningsansvaret for kosmetikk underlagt Helsedepartementet.

Den overordna målsetjinga for SNT er at maten skal vere trygg og bli boden fram på reieleg vis, og at kvaliteten skal vere slik forbrukarane ventar. Matvarer skal ikkje innehalde smittestoff og framandstoff i mengder som kan vere helseskadelege. Mesteparten av tilsynsaktiviteten skal setjast inn på område som er viktige for folkehelsa.

SNT har desse hovudmåla:

- Produksjon, import, lagring, transport og frambod av mat og drikke skal gå føre seg på ein måte som sikrar at produkta er helsemessig trygge.
- Mat, drikke og kosmetikk skal ikkje innehalde stoff som kan føre til helsefare, og skal ha heiderleg frambod og rett kvalitet.
- Det offentlege næringsmiddeltilsynet skal ta omsyn til og involvere forbrukarane og andre viktige interessegrupper.
- Det offentlege næringsmiddeltilsynet skal vere fagleg sterkt, samordna, effektivt og truverdig.

SNT forvaltar eit fagområde som er blitt meir og meir komplekst i dei siste åra. Det krev open, fagleg og balansert kommunikasjon frå styresmaktene på matområdet, mellom anna for å kunne halde ved lag den store tilliten som forbrukarane har til SNT.

I det strategiske arbeidet legg SNT vekt på å :

- drive internasjonalt arbeid for å påverke utviklinga av regelverket på matområdet
- vidareutvikle kompetansen i næringsmiddeltilsynet og ha tilgang til kompetanse i forskingsmiljø for å kunne handtere nye og vanskelege problemstillingar på ein god måte
- kommunisere aktivt med forbrukarane, næringslivet og andre aktuelle interessentar

Resultatrapport for 2001

Generelt er mat og drikke som blir bydd fram i Noreg helsemessig trygg og næringsmiddelassosiert sjukdom har halde seg på om lag same nivå dei siste åra.

Det blei sett i verk utvida testing av storfe for moglege førekomst av BSE (kugalskap) i 2001, men det er ikkje påvist noko tilfelle av BSE i Noreg.

Talet på meldingar om næringsmiddel som har vore årsak til sjukdom, er på same nivå som før. Den gode Salmonella-statusen i Noreg står ved lag. Når det gjeld *Campylobacter*, som er den mest

utbreidde matborne sjukdomen i Noreg, aukar talet på smitta personar. Ein handlingsplan for *Campylobacter* i slaktekylling blei derfor sett ut i livet i 2001.

Det er funne plantevernmiddelrestar over grenseverdiane i om lag 4 pst. av alle analyserte prøver, ei auke på 1,5 pst. i høve til 2000. Det blei innført omsetjingsforbod for olivenrestoljar, då det blei gjort funn av PAH (tjærestoff).

Verksemdene i matkjeda har hovudansvar for at maten som blir budd fram for forbrukar er trygg. Ein godt fungerande internkontroll i verksemdene er svært viktig for å sikre dette. Av verksemdar som kjem inn under statleg delegert tilsyn, har 76 pst. internkontrollsystemet IK-MAT på plass. Dette er same nivået som året før. Av verksemdar som kjem inn under kommunalt tilsyn, har 52 pst. IK-MAT på plass, ein auke frå 48 pst. Det er ikkje tilfredsstillande at så mange verksemdar framleis ikkje har innført IK-MAT og det er derfor nødvendig å ha auka fokus på dette.

Innarbeiding av nytt regelverk etter EØS-avtalen krev stor innsats. Dette gjeld særleg andsynes arbeidet med å følgje opp EU sitt utkast til forordning til ny matlov og opprettinga av *European Food Safety Authority*.

I 2001 gjennomførte SNT eit prosjekt i samarbeid med kjøttbransjen for å få betre oversikt over dei totale utgiftene til kjøttkontroll og for å sjå nærare på systemet for innkrevjing av avgift.

I samband med arbeidet med forbrukarorientering av mat- og landbrukspolitikken og oppfølging av handlingsplanen som blei vedtatt i 2001, har SNT inngått ei avtale med Forbrukerrådet om etablering av drift av sju regionale forbrukarpanel. Dette arbeidet vil komme i gang i 2002 og vil bli ført vidare som eit viktig verktøy for det nye mattilsynet.

SNT har i 2001 hatt fire ESA-inspeksjonar som har teke for seg regelverket for kjøttprodukt, fjørfekjøtt, vilt og oppdrettsvilt, og dessutan grensekontrollstasjonane.

I ein tilsynskampanje som fokuserte på temperaturen i kjølediskar i daglegvarebutikkar, viste det seg at berre 38 pst. av kjølediskane fylte krava i forskrifta om at næringsmiddel som lett blir skjemde, skal lagrast og byast fram ved ein temperatur på 4° C eller lågare. Bransjen blei derfor utfordra til å lage ein handlingsplan både for utbetring av dårleg kjøleutstyr og for å etablere styringsrutinar som hindrar slike feil.

SNT har i samarbeid med Statens dyrehelsetilsyn arbeidd med eit prosjekt som har greidd ut framtidsutsikter og utfordringar for slaktning og kjøttforedling i liten skala. I 2001 har SNT òg arbeidd med ein rapport om konsekvensar av å

endre forvaltninga av helsepåstandar og tillate at slike påstandar blir nytta på matvarer. For helsekostprodukt, særleg dei som blir selde via postordre og Internett, har det vore ei rekkje brot på regelverket med tanke på legemiddelpåstandar og udokumenterte helsepåstandar.

Budsjettframlegg for 2003

Statens næringsmiddeltilsyn vil innafor tilgjengelege budsjettmidlar arbeide for å auke innsatsen på fleire prioriterte område framover.

For å dokumentere at matvarer på den norske marknaden er trygg i forhold til framandstoff, smittestoff og næringsstoff, blir det gjennomført ressurskrevjande kartleggingsprosjekt og overvåkingsprogram. Ein god del av dei ressursane som årleg blir sett av til kartlegging og overvaking er knytt til dei forpliktingar Noreg har i samsvar med EØS-avtalen.

Tilsynet med at regelverket blir overhalde blir først og fremst utført av kommunale og interkommunale næringsmiddeltilsyn. Arbeidet med tilsyn i næringsmiddelverksemder, kontroll og overvaking av framandstoff og smittestoff i mat, og regelverksutvikling i samsvar med internasjonale avtaler skal prioriterast.

Arbeidet med forbrukarorientering skal halde fram. Av tiltaka omtala i *Handlingsplan for forbrukarorientering av mat- og landbrukspolitikken* er det særleg arbeidet med dei matpolitiske forbrukarpanela som skal prioriterast.

SNT skal ta del i internasjonale fora på prioriterte område, t.d. innanfor EU og i Codex, for å medverka til at utviklinga går i ei retning som Noreg er tent med, og at nasjonale omsyn blir ivaretekne på best mogleg måte. Oppfølginga av EUs nye organisering på matområdet må prioriterast,

medrekna kontakten mot EFSA (European Food Safety Authority). Arbeidet med oppfølging av den nye matlova og den internasjonale utviklinga på området må òg prioriterast.

Det er sett av 1 mill. kr til arbeidet med å følge opp tiltak i samband med implementering av EU sitt barnematdirektiv i Noreg, og sikre oversikt over samansetning av barnematprodukt på den norske marknaden, mellom anna gjennom utvikling og drift av system for meldeplikt for produkt til SNT.

Løyvinga dekkjer den løpande tilsynsverksemda til SNT. I tillegg til denne verksemda skal SNT i 2003 særleg satse på arbeid knytt til etablering at det nye mattilsynet. Midlar til denne omstillinga er ikkje innarbeidd i forslaget, jf. kat 15.10. Arbeidet med Matportalen og utviklinga av IKT-løysingar må skje i lys av det nye mattilsynet. I samband med etablering av det nye mattilsyn vil ein fase ut arbeidet med SNT sitt regionaliseringsprosjekt. Dette vil gi ei innsparing på omlag 7 mill. kr i 2003.

Kjøttkontroll

Inntekter og utgifter til kjøttkontrollen blir førte i fondet for kjøttkontroll. I 2003 er det budsjettert med om lag 125 mill. kr i utgifter til kjøttkontroll, fordelt med 110 mill. kr til oppgåver i KNT og 15 mill. kr til oppgåver i SNT. Det er budsjettert med 1,3 mill. kr til administrasjon, medan resten av dei sentrale midlane går til mellom anna opplæring og overvåkingsprogram. For å dekkje dei lokale og sentrale utgiftene til kjøttkontroll gjer departementet framlegg om å auke dagsverksatsen med 3 pst., til 3 400 kr. Satsar som blir avleidde av denne satsen, må då aukast tilsvarande.

Kap. 4114 Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	178 672	256 413	316 413
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 230		
18	Refusjon sjukepengar	913		
	Sum kap 4114	180 815	256 413	316 413

Post 01 Gebyr og analyseinntekter

Inntektene til SNT skriv seg frå næringsmiddelavgift på norskproduserte og importerte råvarer og importerte ferdigvarer, kosmetikkavgift, gebyr ved import frå tredjeland, sal av publikasjonar og overføringar frå Fondet for kjøttkontroll.

Ein legg i budsjettframlegget opp til ei auke i avgiftene knytt til næringsmiddel for å finansiere ein større del av kontrollen med mat. Nye satsar vil bli 1,52 pst. for norske og importerte råvarer og 1,20 pst. for importerte ferdigvarer.

Det blei for budsjettåret 2002 gjort framlegg om ei særavgift på norskproduserte varer, jf. Ot.prp. nr. 85 (2000-2001). Avgifta skulle finansiere utgiftene knytt til arbeidet med ein nasjonal merkeordning som gir vern til produkt som har eit spesielt geografisk opphav, tradisjon eller særpreg. Avgifta blei ikkje kravd inn for 2002, men vil tre i kraft frå 01.01.2003. Satsen vil vere på 0,05 pst. for norskproduserte varer.

Avgifta på norskprodusert kjøtt blir ført vidare med 8,5 øre pr. kg slakt.

Programkategori 15.20 Forsking og utvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
1137	Forsking og utvikling	267 620	281 737	298 173	5,8
	Sum kategori 15.20	267 620	281 737	298 173	5,8

Innleiing

Forsking er eit viktig verkemiddel for å oppfylle mat- og landbrukspolitiske målsetjingar. Landbruksdepartementet finansierer forsking og utvikling retta mot næringa, forvaltninga og allmenta sine kunnskapsbehov. Hovudtyngda av forskingsmidlane blir kanalisert gjennom Noregs forskingsråd.

Landbruksforskinga medverkar til gjennomføringa av den nasjonale forskingspolitikken, jf. St.meld. nr. 39 (1998-1999) *Forskning ved et tidskille og Utdanning- og forskingsdepartementet (UFD) sin budsjettproposisjon for 2003*. Departementet viser til St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*, St.meld. nr. 17 (1998-1999) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren*, St.meld. nr. 40 (1996-1997) *Matkvalitet og forbrukartrygghet*, St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Biologisk mangfold*, St.prp. nr. 65 (2001-2002) *Om Jordbruksoppgjøret 2002* og St.prp. nr. 58 (2001-2002) *Om reindriftsavtalen 2002-2003*, og Stortinget si behandling av desse, når det gjeld føringar for departementet sin FoU-politikk i 2003. Ein viser og til fagkapitla i denne proposisjonen for prioriteringar som gir føringar for departementet si satsing på forsking, og til budsjettproposisjonen for 2002 for Landbruksdepartementet for omtale av *Handlingsplanen; "Prioritering innan mat- og landbruksforsking"*.

Forskingsinstitutta Akvaforsk, Bygdeforskning, Jordforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking, NORSØK, Planteforsk, Skogforsk og Veterinærinstituttet (sjå kap. 1137 post 51), har eit særskilt ansvar for å drive forsking relatert til landbruk og matproduksjon. Matforsk er eit sjølvsten-

dig institutt som driv næringsmiddelforsking, og mottar basisløyving over fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, jf. *Lov om forskingsavgift på landbruksprodukt* av 26.06.1970. Noregs landbruks-høgskole (NLH) og Noregs veterinærhøgskole (NVH) er sentrale aktørar i landbruksforskinga med hovudansvar for kompetanseoppbygging og strategisk grunnforsking (jf. UFD sin St.prp. nr. 1 (2002-2003), kapitla 278 og 279). Samarbeidet mellom høgskolane og landbruksforskinsinstitutta er særskilt viktig.

UFD har i samarbeid med Landbruksdepartementet sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere korleis ein på eigna måte kan etablere tilfredsstillande fasilitetar for stasjonær undervisning i klinisk veterinærmedisin på produksjonsdyr i Noreg. Gruppa skal og vurdere eigna framtidig organisering av NVH og NLH for å skape fagmiljø og institusjonar som kan hevde seg internasjonalt og drive framtidretta forsking og næringsutvikling. Det blir lagt vekt på ein brei og open prosess. Arbeidsgruppa skal leggje fram sin endelege rapport i mai 2003, jf. òg St.prp. nr. 1 (2002-2003) frå UFD.

Dei framtidige utfordringane som forskings- og utdanningsinstitusjonane blir stilt overfor har gjort det nødvendig å etablere samarbeidsavtaler og alliansar. Innanfor landbrukssektoren har det kome i stand ei rekke avtaler dei siste åra. Eksempel her er samarbeidsavtale mellom NVH og Veterinærinstituttet, og mellom AKVAFORSK og NLH. Akvaalliansen mellom AKVAFORSK, NLH og NVH, samt Matalliansen mellom NLH og MATFORSK er etablert. I tillegg pågår alliansearbeid mellom NLH, NVH og Universitetet i Oslo.

NVH, NLH og AKVAFORSK har, som eitt av 13 miljø, fått midlar frå Noregs forskingsråd til å eta-

blere eit *Senter for fremragende forskning* (SFF) der visjonen er å sikre vidare vekst innan oppdrettsnæringa. Senteret skal medverke til å utvikle grunnleggjande ernærings-, fysiologisk- og teknologisk kunnskap som er nødvendig for optimal bruk av protein i fôr til fisk. Vidare skal senteret yte bidrag til ein etisk og trygg akvakulturproduksjon med fokus på fisken si helse og velferd.

Regjeringa fører vidare den offentlege satsinga på funksjonell genomforskning (FUGE), jf. UFD sin budsjettproposisjon for 2003. Gjennom denne satsinga ønskjer regjeringa å styrke norsk biologisk grunnforskning, og særleg marin og medisinsk forskning. Landbruksforskinga har i stor grad vore aktiv i høve til utviklinga innanfor m.a. akvakultur, og inngår derfor som ein naturleg og integrert del i regjeringa si satsing på FUGE. Landbruksforskinga har fått midlar over satsinga på FUGE for 2002 innafor akvakultur og husdyravl.

Arbeidet med utviklingstiltak i landbruket er i stor grad forskingsbasert. Forskinga blir finansiert med midlar frå både offentlege og private aktørar. Departementet legg vekt på å styrke koplinga mellom forskning og utvikling for å nå mat- og landbrukspolitiske mål, t.d. i arbeidet med dei tre verdiskapingsprogramma innan mat, rein og trevirke, jf. kat. 15.30. Programma vektlegg samarbeid mellom produsentar og forskings- og utdanningsinstitusjonar for å få til nyskaping, mangfald og verdiskaping gjennom nettverk, rådgjeving og kompetanseheving. Eit verkemiddel her er regionale innovasjonspilotar for næringsutvikling som omfattar både produkt- og prosessutvikling. Dei viktigaste aktørane er vareproduserande og tenes- teytande bedrifter, FoU- og kompetansemiljøa samt verkemiddelaktørar og regionale myndigheiter. FoU er her eit særskild viktig verkemiddel, både for teknologisk endring, for ny utnytting av råvarer og nye marknader samt for nye former for organisering og samhandling. Særleg viktig er verksemdene sine evner til å bruke kunnskap og finne fram til nettverksløysingar for samarbeide med andre innoverande verksemdar. Samarbeidsavtala mellom Noregs forskingsråd og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) har ført til samarbeid om bruken av ressursar og verkemiddel.

Status

Kategorien omfattar departementet sine løyvingar over kap. 1137. I tillegg til dei åtte forskingsinstitutta med basisløyving over kap. 1137 post 51, er NLH, NVH og Matforsk viktige forskingsinstitusjonar innan landbrukssektoren.

Den private finansieringa av forskinga innan sektoren skjer i dag hovudsakleg gjennom indus-

trien. Departementet reknar den avgiftsfinansierte forskinga som brukarfinansiering av kollektiv art. Her inngår avgifta på skogsverke frå 01.07.2000 til fremme av fellestiltak i skogbruket og lov av 26.06.1970 nr. 74 om forskingsavgift på landbruksprodukt, som er endra ved at lovas formål og avgiftsgrunnlag er utvida, jf. budsjettproposisjonen for 2002. Vidare blir ein del av næringsmiddelavgifta brukt til forvaltningsretta kunnskapstiltak, og ein del av omsetningsavgifta blir brukt til FoU-relaterte tiltak.

Departementet har og løyvingar til forskning over jordbruksavtala, kap. 1150 (postane 77.13 og 77.16), og reindriftsavtala, kap. 1151, samt kap. 1114. I tillegg har departementet monaleg innsats knytt til utvikling i tradisjonelle og nye næringar basert på landbruk, og til utvikling av kunnskap til bruk i forvaltninga. Departementet har løyvingar til næringsretta utviklingstiltak over jordbruksavtala, kap. 1150, og reindriftsavtala, kap. 1151, til forvaltningsretta oppgåver over kapitla 1110, 1112, 1140, 1142 og 1147 og til kunnskapsutvikling over kap. 1114.

Handlingsplan med prioriteringar for mat- og landbruksforskinga, blir saman med *Langtidsplan for landbruksforskinga (1998-2005)* lagt til grunn for planlegging og prioritering for landbruksforskinga. Oppfølging av evaluering av forskning og relevant høgre utdanning på landbruksområdet i Noreg (Carlsson-komiteen) blir omtalt i eit eige punkt.

Strategiar og mål for forskning på mat og landbruk

Departementet legg *Langtidsplan for landbruksforskinga (1998-2005)* til grunn for strategiske prioriteringar, og hovudmålet i planen er: Landbruksforskinga skal, innanfor ei etisk forsvarleg ramme, og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på krav frå forbrukarane, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø, helse og livskvalitet.

Langtidsplanen er delt opp i fem innsatsområde:

- Forbruk, matvarekvalitet og –tryggleik
- Drifts- og eigeformer, produksjonssystem og arealbruk
- Verdiskaping basert på skog
- Ny næringsutvikling
- Livskraftige distrikt

Langtidsplanen er overordna og langsiktig, medan handlingsplanen, som Landbruksdepartementet og Forskningsrådet utarbeida i 2001, er meir operativ og har fokus på forskingsbehov for dei kom-

mande åra. Landbruksforskinga spenner vidt, og den nye handlingsplanen bind saman satsingane i *Langtidsplan for landbruksforsking* og satsingsområda i St.meld. nr. 39 (1998-99) *Forskingsmeldinga*.

Tiltak og verkemiddel

Handlingsplanen peikar ut sju område som dannar grunnlaget for prioriteringar innanfor departementet si forskingssatsing for 2003 og framover, og gjeld m.a. dei ulike verkemidla under kap.1137. I tillegg vil ein leggje til grunn dei meir overordna prioriteringane i *Langtidsplanen for landbruksforsking*.

Dei sju innsatsområda i handlingsplanen er:

1. Trygge matvarer
2. Spesialiserte landbruksprodukt
3. Kollektive gode
4. Biologisk mangfald
5. Klima og energi
6. Økologisk landbruk
7. Kunnskapsgrunnlag for utforming av politikk

Handlingsplanen omtaler utfordringane under innsatsområda og prioriterer viktige forskingsbehov. Planen har effektivisert og konkretisert dialogen mellom Landbruksdepartementet, Forskinsrådet og forskingsmiljøa. St.prp. nr. 1 (2001-2002) gir ein meir detaljert presentasjon av handlingsplan for mat- og landbruksforskinga. Departementet legg vekt på at den grunnleggjande forskinga, særleg den strategiske grunnforskinga, blir styrkt, jf. *Forskingsmeldinga*.

På stadig fleire område blir mat- og landbrukspolitikken utforma gjennom internasjonalt samarbeid, jf. EØS- og WTO-avtalen m.m. Derfor er det viktig at ein nyttar forskning og utvikling aktivt i høve til spørsmål som er sentrale for politiske prioriteringar og utforming av tiltak.

Innan internasjonalt forskningssamarbeid prioriterer departementet europeisk samarbeid gjennom det nye 6. rammeprogrammet i EU. I den samanheng vil fagområda bioteknologi, mattryggleik og helserisiko samt berekraftig utvikling bli sentrale område for landbruksforskinga. Det er lagt opp til eit sett med nye verkemiddel i det 6. rammeprogrammet, som blir utfordrande både for Noregs forskingsråd og forskingsmiljøa med tanke på koordinering. Departementet legg og vekt på kunnskapsbehov knytt til internasjonale konvensjonar og styrking av landbruksforskinga si rolle som premissgjevar for utviklingsforsking.

Som ein oppfølging av eit utgreiingsarbeid leia av Landbruksdepartementet i 2002 har Nordisk Ministerråd vedtatt å setje ned ei ad hoc-gruppe som i løpet av 2003 skal vurdere moglegheita for å

danne *Eit nordisk forskings- og utdanningsrom for fisk, jord og skogbruk og næringsmiddelsspørsmål*. Gruppa skal og fremme forslag til korleis dette eventuelt skal bli implementert.

Oppfølging av evaluering av landbruksforskinga (Carlsson-komiteen)

Landbruksdepartementet orienterte i budsjettproposisjonen for 2002 om forslaga frå evalueringa av landbruksforskinga, og varsla då at ein ville kome attende til Stortinget for å følge opp saka.

Landbruksdepartementet har, i dialog med UFD, Forskinsrådet og forskingsinstitusjonane vurdert forslaga og sett i verk fleire tiltak.

Departementet tek sikte på å gjere om Skogforsk til eit aksjeselskap frå 01.01.2004 der staten i første omgang eig alle aksjane. Ein føreset at instituttet framleis ivaretek eit samfunnsmessig heilskapsperspektiv samtidig som ein legg til rette for organisatorisk fridom til alliansebygging for å auke eksternt fagleg engasjement. Ein tek sikte på å komme attende til Stortinget med saka jf. kap. 1137.

Dei nære forvaltningsrelaterte bindingane mellom departementet, NILF og Veterinærinstituttet gjer at desse institutta bør halde fram som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Planteforsk si framtidige tilknytingsform må sjåast i samanheng med den pågåande prosessen med samordning mellom Planteforsk, Jordforsk og NORSØK. Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 (2001-2002) blei det sett i gong eit utgreiingsarbeid for samordning av verksemda i dei tre institutta. Basert på dette arbeidet og føringar gitt av Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet, har styra i institutta vedteke å arbeide vidare med sikte på samordning i ein organisasjon ut frå nærare gitte føresetnader.

Samordning av Jordforsk, NORSØK og Planteforsk i ein organisasjon er venta å gi faglege synergieffektar og skape ein viktig objektiv kunnskapsleverandør innanfor miljø og landbruk. Regjeringa foreslår derfor at dei tre institutta held fram arbeidet med samordning til ein organisasjon frå 01.01.2004. Ein kjem attende til denne saka i budsjettproposisjonen for 2004.

Det leggjast opp til at også den nye organisasjonen har ein desentralisert struktur.

Det skal leggjast vekt på at forskings- og kompetansesenterfunksjonen innan økologisk landbruk framstår einsarta med ansvar for å sikre utøvarane i næringa tilstrekkeleg kompetanse til å leggje om drifta. Senteret på Tingvoll vil ha ein sentral plass i arbeidet.

Den jordfaglege miljøforskinga skal vere ein viktig del av verksemda og profilen i den nye organisasjonen, som vil motta grunnløyving frå Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet.

Arbeidet med framtidig organisering av NLH og NVH inngår som ein del av oppfølging av evalueringa, jf. innleiinga.

Forskinsinstitutta innanfor Landbruksdepartementet sitt sektoransvar har avgjerande kompetanse for utvikling av havbruksnæringa, og departementet legg stor vekt på at dei har eit nært samarbeid. Av den grunn har dei aktuelle institutta, saman med Noregs landbrukshøgskole og Noregs

veterinærhøgskole, i 2002 utarbeid ein felles strategi innan havbruk og innlandsfiske. Denne vil utgjere eit grunnlag for departementet sitt vidare engasjement innan sektoren og for eit utvida samarbeid med Fiskeridepartementet om arbeids- og ansvarsdeling i høve til deira instituttsektor.

Komiteen sitt forslag om å utvikle forpliktande regionale nettverk mellom forskings- og utdanningsinstitusjonar, privat og offentleg rådgjevingsteneste og brukarar, blir følgt opp gjennom eit pilotprosjekt i Midt-Noreg som startar hausten 2002.

Kap. 1137 Forsking og utvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
50	Forskinsaktivitet	120 283	131 214	142 683
51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.	147 337	150 523	155 490
	Sum kap 1137	267 620	281 737	298 173

Innleiing

Kap. 1137 omfattar løyvingar til forskingsaktivitet, hovudsakleg i regi av Forskingsrådet (post 50), og basisløyvingar til forskingsinstitutta innan Landbruksdepartementet sitt sektoransvar (post 51). Basisløyvingane omfattar grunnløyving og strategiske instituttprogram. I tillegg omfattar kapitlet løyvingar til nasjonale oppgåver og støtte til investeringar, samt utviklings- og evalueringstiltak.

Forskingsrådet skal gi råd i forskingspolitiske spørsmål og initiere, koordinere, finansiere og evaluere formålstenleg forskingsinnsats ut frå sektormåla til Landbruksdepartementet. UFD sin budsjettproposisjon for 2003 gir nærare omtale av regjeringa si oppfølging av evalueringa av Forskingsrådet.

Departementet legg til grunn at *Handlingsplanen for landbruksforskinga* synleggjer den kunnskapen som mat- og landbruksforskingstiljøa kan medverke med i høve til prioriteringane i *Forskingsmeldinga*.

Departementet legg vekt på at Forskingsrådet er pådrivar for auka samarbeid mellom forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt, mellom anna gjennom det nye 6. rammeprogrammet til EU.

Det er viktig å styrke formidling av forskingsresultat til brukarar og verkemiddelapparat. I den

samanheng er det nødvendig å styrke samhandlinga mellom forskingsinstitutta og dei regionale høgskolane for å auke kunnskap og utvikling i distrikta. Betre kopling mellom forskning og næringsutvikling gjennom regionale innovasjonspilotar i regi av SND og Forskingsrådet er viktig, jf. kat. 15.20.

Landbruksinstitutta har ei sentral rolle i oppfølginga av forskingspolitikken innan landbrukssektoren og gir viktig kunnskapsgrunnlag for utforming av landbrukspolitikken. Forskingsrådet har ei strategisk oppgåve overfor alle forskingsinstitutta i sektoren, slik at institutta kan byggje opp den kompetansen som blir etterspurt og bidra med forskning og andre kunnskapsbaserte tenester av høg kvalitet. Forskingsrådet har starta arbeidet med å etablere ei ny finansieringsordning for landbruksforskinsinstitutta.

Post 50 Forskinsaktivitet

Resultatrapport 2001

Løyvingane frå Landbruksdepartementet har i hovudsak blitt brukt til forskingsprogram, strategiske program og andre forskingsaktivitetar. Forskingsrådet har prioritert strategiske program ved å nytte ein større del av løyvinga under post 50 til

dette verkemidlet. Likevel blir framleis hovudtyngda av dei strategiske programma finansiert med midlar under post 51.

Midla frå Landbruksdepartementet blei brukt til finansiering av i alt 14 forskingsprogram. 12 av desse hadde og finansiering frå andre departement.

Rapporteringa under er gjort i høve til prioriteringane i *Langtidsplan for landbruksforskning. Handlingsplanen* vil bli lagt til grunn f.o.m. resultatrapport 2002.

Nærare omtale av aktiviteten finn ein i årsrapport 2001 frå Forskningsrådet på følgjande nettstad: <http://www.forskningsradet.no/bibliotek/publikasjoner/arsrapport01>

Forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik

Hovuddelen av forskinga retta mot forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik har blitt gjennomført innanfor forskingsprogramma Bioteknologi, Havbruk – oppdrett av akvatiske organismar, Jord, planter og husdyr, Marknad og samfunn og Næringsmiddel.

Forsking knytt til risikofaktorar langs matvarekjeda frå jord til bord er prioritert. Forsking om GMO i matvarer er vidareført. Programmet Næringsmiddel har forvalta 6,9 mill. kr til forvaltningsrelatert forskning på matvaretryggleik.

Innan havbruk er forskning knytt til laks, marine artar og skjel prioritert. Satsinga på forskning om scrapie og paratuberkulose er ført vidare. Innan dyrevelferd og etisk husdyrhald er det forskingsprosjekt innan både storfe- og svinproduksjon. Forsking innan ernæring, føring og helse hos familiedyr har vore prioritert med ei ramme på omlag 2 mill. kr.

Forsking retta mot ulike aspekt av auka globalisering har mellom anna omfatta ei konsekvensundersøking av moglege utfall av WTO-forhandlingane. Ein har sett søkjelys på forbrukarane sine preferansar og haldningar gjennom fleire prosjekt.

Bioteknologi har vore eit høgt prioritert forskingsområde. Etiske konsekvensar ved bruk av bioteknologi er sett i fokus gjennom planlegginga av ei eiga satsing *Etikk, samfunn og bioteknologi*.

Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk

Hovuddelen av forskinga retta mot drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk har blitt gjennomført innanfor forskingsprogrammet Jord, planter og husdyr. Men og innanfor programma Biologisk mangfald, Bioteknologi, Berekraftig produksjon og forbruk, Forureining: Kjelder, spreining,

effektar og tiltak, Landskap i endring og Marknad og samfunn har det vore aktivitetar retta mot slike problemstillingar.

Forsking om arealplanlegging og -forvaltning og areal- og fleirbrukskonfliktar har vore prioritert. Av sentrale problemstillingar kan nemnast studium av omdisponering av dyrka og dyrkbar mark ved arealplanlegging, kva slags krefter som har medverka til å realisere den arealutnyttinga som har skjedd og korleis omsynet til naturbasert næringsutøving og naturverdiar er teke vare på. Ein har og studert korleis ulike forvaltningsregime tek hand om nærings- og verneinteressene og konfliktar mellom allmenningsrettar og fellesressursar ved utvikling av utmarksbaserte næringer.

Forsking om ulike sider av landbruket sin produksjon av fellesgode har mellom anna omhandla samspel mellom offentleg forvaltning og næringsverksemd og tilpassing til nye marknadstilhøve og handelspolitiske utfordringar.

Auka forskning om økologisk landbruk er sett i gang etter ei eiga utlysing av midlar til slike prosjekt. Blant anna har ein prioritert risikovurdering innan primærproduksjon.

Forsking om reindrift er vidareført og det er blant anna sett i gang arbeid for å vurdere effektar av klimavariasjon, tettheten av rein og demografi på produksjonen i Finnmark.

Verdiskaping basert på skog

Forskinga retta mot auka verdiskaping basert på skog har i hovudsak vore organisert i programmet Skogressursar og verdiskaping. I tillegg har fleire prosjekt under programma Biologisk mangfald, Landskap i endring og Marknad og samfunn vore retta mot problemstillingar innanfor resultatområdet.

FoU-prioriteringar innan området er basert på *Skogmeldinga*, jf. St.meld. nr. 17 (1998-99). Kunnskapsoppbygging for berekraftig forvaltning av skog og forskning om skogens samfunnsmessige verdiar har vore prioritert. Forsking om skogressursane si rolle i klimasamanheng har omfatta auka kunnskap om skogen sin verdi for lagring av karbon, som alternativ til andre produkt og som alternativ energikjelde. Forsking på samfunnsmessige forhold kring bioenergi er i gang.

Fleire prosjekt vurderer trevirket si konkurranseevne i forhold til andre materialar. Det har vore arbeidd med å utvikle kunnskapsgrunnlaget for skogbruket sitt miljøkrav og tilpassing til desse i praktisk skogbehandling. Forsking i skjeringspunktet mellom reiseliv, utmarksforvaltning og skogbruk har og stått sentralt.

Ny næringsutvikling

Satsinga på forskning for ny, alternativ landbruksbasert næringsutvikling har vore gjennomført innanfor dei fleste av forskingsprogramma, men særleg lagt vekt på innanfor programma *Levekår, utvikling og omstilling i landbruket, Marknad og samfunn, Næringsmiddel, Regional utvikling og Reiseliv*.

Forskning som kan medvirke til å styrke landbruket si konkurranseevne og auke verdiskapinga både innan tradisjonelle og nye bruksområde er prioritert. Arbeidet med ei ny levekårsundersøking i landbruket er sett i gang frå 2002.

I Næringsmiddelprogrammet har ein gjennom ei rekke prosjekt sett nærare på marknadsbasert produktutvikling kopla til matvarekvalitet. Her kan ein nemne eit større brukarstyrt prosjekt der heile mjølbransjen og det meste av bakebransjen i Noreg deltek.

Forskringsrådet har arbeidd aktivt med å stimulere nærings- og bransjeorganisasjonane til større FoU-aktivitet særleg retta mot SMB-sektoren. Samarbeidet med SND har stått i fokus. Hovudkontoret og det regionale apparatet til SND blir brukt som ein ressurs i søknadsvurderinga i Forskringsrådet og til samfinansiering av interessante prosjekt som inkluderer både forskning, utvikling og implementering. Programmet Næringsutvikling for marine artar i oppdrett (NUMARIO) er vidareført.

Livskraftige distrikt

Hovuddelen av forskinga retta mot satsingsområdet livskraftige distrikt har vore gjennomført innanfor forskingsprogramma *Berekraftig produksjon og forbruk, Levekår, utvikling og omstilling i landbruket, Marknad og samfunn, Regional utvikling og Reiseliv*.

Forskringsrådet har lagt vekt på at forskinga innan dette området skal ivareta kunnskapsbehov innan samfunnsforskning som følgje av landbrukspolitikken og dei landbrukspolitiske problemstillingane. Gjennom fleire prosjekt er det fokusert på næringspolitikken og konsekvensane av ulike reguleringar for næringsaktørane og for samfunnet. Forsking knytt til vilkåra for innovasjon, nyskaping og næringsutvikling har vore prioritert.

Det er starta opp prosjekt som tar opp ulike sider av landbruket sin produksjon av fellesgode. Det er blant anna gjennomført prosjekt om strukturendringar innanfor mottak og foredling av landbruksvarer innanfor tema om strukturutvikling i næringsmiddel.

Internasjonalt forskingssamarbeid

Forskringsrådet har arbeidd aktivt for å få dei norske FoU-miljøa og næringslivet til å delta i EUs 5. rammeprogram for forskning og teknologisk utvikling. Forskringsmiljøa innan landbrukssektoren har vore aktive deltakarar i det internasjonale forskarnettverket som blir organisert av COST.

Det nordiske samarbeidet har i særleg grad vore ivareteken gjennom Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ). Formannskap og sekretariat for NKJ blei i 2001 overført frå Sverige til Noreg.

SamNordisk Skogsforskning (SNS) har vurdert føresetnadene for auka nordisk samarbeid om forskarutdanning innanfor skogsektoren, og det er initiert ei utgreiing om nordisk treforskning. Formannskap og sekretariat for SNS er overført frå Sverige til Noreg for ein fireårsperiode frå 01.01.2002.

Forskarrekruttering

Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU) har utarbeidd rapporten *Forskarrekruttering til bioproduksjon og foredling*. Situasjonsbeskrivelse og behovsanslag mot 2015 (Rapport 8/2000). Resultata frå rekrutteringsanalysen syner at det er ein stor mangel på forskarrekruttar og at det trengst ei ekstraordinær opptrapping dei næraste åra.

Forskarrekrutteringa retta mot landbrukssektoren har i 2001 i hovudsak skjedd innan rammene av forskingsprogramma eller innanfor dei strategiske programma. Det blei finansiert i alt 88 årsverk knytt til doktorgradsstipend innan landbrukssektoren. Kvinnedelen var 58 pst. I tillegg til midlar frå Landbruksdepartementet, blei det brukt generelle midlar frå UFD til forskarrekruttering retta mot landbrukssektoren. Det blei avlagt 25 doktorgrader innan sektoren i 2001. 10 av dei blei avlagt av kvinner.

Budsjettforslag 2003

Landbruksdepartementet sitt forskingsbudsjett er auka med 7 mill. i 2003. Auken i budsjettet skal støtte opp under dei tematiske satsingane i *Forskringsmeldinga* og *Handlingsplanen* for landbruksforskninga med særleg vekt på forskning innan trygge matvarer og klima og energi. Samstundes blir den forskingsbaserte kunnskapsutviklinga innan matområdet styrkt med 5 mill. kr, jf. kap. 1112.

Forskinga skal støtte opp under Landbruksdepartementet sine prioriteringar innan miljø-, nærings- og matpolitikken, jf. dei ulike fagkapitla.

Departementet legg framleis vekt på å halde oppe innsatsen innanfor forskarrekuttering og då spesielt innanfor veterinærmedisin.

Nasjonalt samarbeid og arbeidsdeling mellom dei landbruksvitskaplege forskingsinstitusjonane er ein føresetnad for rasjonell utnytting av ressursane. Ut over dei prosessane som konkret er nemnde, føreset derfor departementet at institusjonane legg stor vekt på auka samarbeid seg imellom.

Internasjonalt forskningssamarbeid vil hovudsakleg skje gjennom EØS-avtalen der Noreg skal ta del i EU sitt 6. rammeprogram. Departementet legg vekt på at Forskingsrådet oppmodar og lagar strategiar for å få auka deltaking frå landbruksforskingsmiljøa i EU sitt rammeprogram for forskning. Rapportar syner at deltaking frå desse miljøa har vore varierende, og det er derfor behov for ei aktiv medverking og pådrivarrolle frå Forskingsrådet. Frå 2001 og fram til 2003 er det finansiert ein nasjonal ekspert til EU-kommisjonen sitt forskingsdirektorat.

Nettverksbygging internasjonalt gjennom COST og EUREKA vil framleis vere viktig.

Det nordiske forskningssamarbeidet skal styrkast gjennom å sjå nærare på korleis ei sterkare nordisk samordning av forskning knytt til sentrale område i jordbruk, skogbruk og matvaretryggleik kan gjennomførast.

Dei sju innsatsområda i *Handlingsplanen* for mat- og landbruksforskning utgjer grunnlaget for

prioriteringane i 2003 og framover. Desse områda er utvikla mellom anna på bakgrunn av dei tematiske satsingane i *Forskingsmeldinga* der medisin og helse, marin forskning, informasjonsteknologi, samt skjeringsfeltet mellom miljø og energi er prioriterte område.

Viktige satsingsområde i *Handlingsplanen* er trygg mat og økologisk landbruk, som begge inngår i temaområdet medisin og helse i *Forskingsmeldinga*. På dette området er det mellom anna behov for forskning på biologiske og helsemessige effektar av ulike stoff i mat. Innanfor satsingsområdet marin forskning i *Forskingsmeldinga* inngår den delen av området trygge matvarer i *Handlingsplanen* som gjeld arbeid mot sjukdomar og fôr til fisk. Under satsingsområdet miljø og energi i *Forskingsmeldinga* vil forskingsområda biologisk mangfald og klima og energi i *Handlingsplanen* vere sentrale. Dette gjeld spesielt forskning på skog- og jordbruket sitt klimagassutslepp og –opptak, samt bruk av biomasse frå landbruket til energiformål. Dessutan vil kunnskap om viktige drivkrefter for utvikling av landbruket stå sentralt, mellom anna fleirbruksinteresser knytt til arealbruk og arealforvaltning. Ein syner til St.prp. nr.1 (2001-2002) for ein meir detaljert framstilling av områda i *Handlingsplanen*.

Styrkinga av budsjettet for 2003 skal særleg støtte opp under dei to områda trygge matvarer og klima og energi i *Handlingsplanen*, som er utvikla i tråd med dei tematiske satsingane i *Forskingsmeldinga* og i *Langtidsplanen for landbruksforskning*.

Post 51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
51.11	Grunnløyvingar til forskingsinstitutt	87 925	88 384	91 420
51.12	Strategiske instituttprogram	50 793	52 020	53 617
51.13	Nasjonale oppgåver	6 619	8 119	8 387
51.14	Investeringsstøtte	2 000	2 000	2 066
Sum post 51		147 337	150 523	155 490

Noregs forskingsråd har ansvar for tildeling av basisløyvingar over post 51 til åtte forskingsinstitutt som Landbruksdepartementet har sektoransvar for; Akvaforsk, Bygdeforskning, Jordforsk,

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), NORSØK, Planteforsk, Skogforsk og Veterinærinstituttet. Nokre av institutta har oppgåver som ikkje er forskning. Dei er til dels store og

omfattar m.a. oppdrag frå Landbruksdepartementet og andre forvaltningsorgan. Løyvingane til desse oppgåvene som utgjer forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling, er ført opp under kap. 1112, 1140 og 1142.

Evalueringar

Ein internasjonal komité (Carlsson-komiteen) evaluerte i 2001 forskning og relevant høgre utdanning på landbrukssektoren. Eit sentralt spørsmål i eval-

lueringa var framtidig tilknytingsform for dei fire institutta som no er forvaltningsorgan med særskilte fullmakter. Som omtalt i kat. 15.20, foreslår Landbruksdepartementet at NILF og Veterinærinstituttet held fram som forvaltningsorgan, medan ein tek sikte på å gjere om Skogforsk til eit aksjeselskap frå 2004, der staten i første omgang eig alle aksjane. Planteforsk si framtidige tilknytingsform vil bli vurdert i den pågåande samordningsprosessen med NORSØK og Jordforsk. Denne prosessen er og nærare omtalt i kat. 15.20.

Hovudtrekk i utviklinga

Tabell 2.2 Økonomiske nøkkeltal for landbruksforskinsinstitutta 2001. Kjelde: Noregs Forskingsråd

	Driftsinntekter ¹⁾	Driftsresultat ¹⁾	Grunnløyving	Løyving til strategiske program	Basisløv. Pr. forskarårsverk	Basisløv. i % av driftsinntektene
	Mill. kr	1 000 kr	Mill. kr	Mill. kr	1 000 kr	Prosent
AKVAFORSK	55,8	-1 871	10,2	7,5	477	32 %
Bygdeforskning	13,9	845	2,0	2,4	276	31 %
Jordforsk	55,1	1 376	5,9	4,1	251	18 %
NILF	38,0	865	4,6	4,6	354	24 %
NORSØK	12,9	-412	3,3	4,2	831	58 %
Planteforsk	218,7	4 709	34,8	12,3	318	22 %
Skogforsk	71,6	1 302	19,9	11,4	598	44 %
Veterinærinstituttet	171,8	1 565	7,0	3,0	142	6 %
SUM	637,8	8 379	87,7	49,5		
<i>Gjennomsnitt</i>					343	22 %

¹⁾ ekskl. finansinntekter og ekstraordinære inntekter

Tabell 2.3 Personale, publisering og formidling ved landbruksforskningsinstitutta 2001. Kjelde: Noregs Forskingsråd

	Totale års- verk	Forskar- årsv. i % av totalt antall årsverk)	Tilsette med dr.grad pr. forskar- årsv.	Vit.arti- klar m/ referee pr. forskar- årsv.	Faglege rapportar pr. forskar- årsv. ¹⁾	Annan for- midling pr. forskar- årsv. ²⁾
	Antall	Prosent	Forh.tall	Forh.tall	Forh.tall	Forh.tall
AKVAFORSK	76	49 %	0,67	0,73	2,0	2,4
Bygdeforskning	20	79 %	0,51	0,13	1,6	5,8
Jordforsk	75	53 %	0,35	0,28	2,9	4,3
NILF	67	39 %	0,31	0,19	2,1	6,2
NORSØK	25	36 %	0,33	0,67	0,2	14,1
Planteforsk	355	42 %	0,64	0,36	0,7	3,6
Skogforsk	108	49 %	0,69	0,63	1,1	3,3
Veterinærinstituttet	264	27 %	0,81	1,09	0,6	2,7
<i>Gjennomsnitt</i>	<i>124</i>	<i>40 %</i>	<i>0,61</i>	<i>0,54</i>	<i>1,2</i>	<i>3,9</i>

¹⁾ Omfattar rapportar i eigen rapportserie, i ekstern rapportserie og rapportar til oppdragsgjevarer.

²⁾ Omfattar fagbøker, lærebøker, kapitlar/artiklar i bøker, foredrag/framlagde paper/poster, populærvitsk. Artiklar og foredrag.

Landbruksforskningsinstitutta som gruppe har hatt ei tilfredsstillande økonomisk utvikling dei siste åra. Total omsetning har auka frå 557 mill. kr i 1997 til 638 mill. kr i 2001 (ekskl. finansinntekter og ekstraordinære inntekter). Bortsett frå AKVAFORSK og NORSØK har institutta hatt positive driftsresultat.

Forskingsrådet kanaliserte i 2001 183 mill. kr til institutta, fordelt med vel 137 mill. kr som basisløyvingar (grunnløyving + strategiske program) og 46 mill. kr som ordinære prosjektmidlar og andre løyvingar. Basisfinansieringa har vore stabil i perioden 1997 til 2001 og har kvart år utgjort om lag 20 pst. av dei totale inntektene. Grunnløyvinga er redusert med 18 mill. kr frå 1997 til 2001, medan løyvingane til strategiske program er auka med 28 mill. kr. Målsettinga om eit høvetal på 2:1 for grunnløyving i høve til strategiske program er oppnådd for landbruksforskningsinstitutta samla, sjølv om einskilde institutt kan avvike noko frå dette høvetalet.

Institutta har i 2001 hatt oppdragsinntekter frå offentleg forvaltning og næringsliv på 190 mill. kr fordelt med 56 pst. frå offentleg forvaltning og 44

pst. frå næringslivet. Inntektene frå forvaltninga viser ein auke på 18 pst. frå 1997 til 2001, medan inntektene frå næringslivet i same perioden auka med heile 45 pst.

Personalressursane utgjorde i 2001 989 årsverk, ein nedgang på om lag 8 pst. frå 1997. 40 pst. av desse årsverka er klassifisert som forskarårsverk. Dette er ein auke på 3 pst. i høve til 1997. Talet på tilsette forskarar med doktorgrad ved institutta viser og ei positiv utvikling i perioden 1997-2001. I alt 78 doktorgradsstipendiatar hadde arbeidsplass ved institutta, av desse var 63 pst. kvinner. I tillegg kjem 32 andre tilsette som arbeider med doktorgrad, slik at samla tal på tilsette som arbeidde med doktorgrad i 2001 var 110.

Talet på vitenskaplege artiklar publisert i tidskrift med refereeordning gjekk ned frå 1997 (272) til 1999 (177). Talet viste ein auke igjen i 2000 (239). I 2001 visar talet diverre igjen ein nedgang til 214 artiklar. Utrekna som artiklar pr. forskarårsverk er utviklinga den same. Gjennomsnittstalet var 0,69 artiklar pr. forskarårsverk i 1997 medan det i 2001 var på 0,54. Forskingsrådet vil fokusere på dette i dialogen med institutta framover.

Budsjettforslag 2003

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 155 mill. kr som basisløyvingar til forskingsinstitutt, fordelt på grunnløyving, strategiske instituttprogram, nasjonale oppgåver og investeringsstøtte til AKVAFORSK.

Institutt for akvakulturforskning AS (AKVAFORSK)

AKVAFORSK skal vere eit leiande forskingsinstitutt innan akvakultur på fagfelte avl/genetikk, ernæring og produktkvalitet. Den tverrfaglege kompetansen ved instituttet blir nytta til å skape betre lønnsemd, ressursutnytting, helsetilstand og kvalitet i akvakulturproduksjonen, og til å fremje oppdrett av nye artar.

AKVAFORSK er eit aksjeselskap eigd av NLH, Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO), NVH, kommunane Sunndal og Averøy, Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet. Instituttet har 2/3 av sin verksemd i Møre og Romsdal, medan hovudkontoret ligg på Ås.

Rapport 2001

AKVAFORSK har hatt driftsunderskott dei siste fire åra, og den økonomiske situasjonen knytt til likvide midlar er alvorleg. Basisfinansieringa frå Forskringsrådet var på 17,7 mill. kr i 2001, som er ein auke på 2,5 mill. kr frå 2000. Basisfinansieringa har i perioden 1997-2001 vore mellom 30 og 34 pst. av dei totale driftsinntektene til instituttet. Talet på årsverk ved instituttet har i perioden 1997-2001 variert mellom 73 og 77, mens talet på forskarar som del av totale årsverk, har auka frå 44 pst. i 1997 til 49 pst. i 2001. Aktiviteten har i 2001 vore konsentrert om dei tre hovudinnsatsområda ernæring, avl/genetikk, og kvalitet. AKVAFORSK har hatt tre strategiske program som del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd.

Målsetjing 2003

AKVAFORSK skal vere leiande innan sine spesialfelt avl/genetikk, ernæring og produktkvalitet. Arbeidet med nasjonal allianseskaping med mange ulike aktørar innan havbruk skal vidareførast. Instituttet skal produsere tverrfagleg kunnskap til privat og offentleg sektor for å skape ei lønnsam akvakulturnæring innan rammene av ei berekraftig utvikling. Laks og aure er framleis hovudartar, men arbeidet for å overføre kunnskap frå dei etablerte til nye artar skal halde fram. Forskinga skal konsentrerast om hovudutfordringane: Avl med sikte på tilpassing av artar til oppdrett, god pro-

duktkvalitet, etisk produksjon og godt oppdrettsmiljø. Det skal spesielt satsast meir på å få til effektiv utnytting av fôr og forskning på nye fôrmidlar. Målsetjinga er at totalkompetansen ved AKVAFORSK skal vere eit viktig verkemiddel for ei vidare utvikling og eit større overskott for havbruksnæringa. Den breie kompetansen må nyttast i undervisninga AKVAFORSK utfører.

Departementet legg til grunn at AKVAFORSK i 2003 arbeider aktivt med å forbetre det økonomiske resultatet. Landbruksdepartementet vil som aksjonær følgje den vidare utviklinga i selskapet nøye, og vil saman med andre eigarar vurdere aktuelle tiltak om situasjonen krev det.

Norsk senter for bygdeforskning (Bygdeforskning)

Bygdeforskning blei frå 01.01.2001 ei eiga stifting. Bygdeforskning er eit nasjonalt senter som gjennom forskning og utviklingsarbeid skal gi fakta, analysar, idear og ny kunnskap som kan vere med å løyse problem og skape ei positiv utvikling i bygde-Noreg. Bygdeforskning har eit nasjonalt ansvar for å utvikle og ta vare på ein teoretisk og metodisk grunnleggjande forskingskompetanse innan bygdesosiologi.

Rapport 2001

I samband med endra organisasjonsform 01.01.2001 blei alle tilsette og prosjekt overført frå Senter for bygdeforskning, som var ei avdeling i Allforsk, til den nye stiftinga. Bygdeforskning har hatt eit positivt driftsresultat i heile perioden 1997-2001. I denne perioden har senteret vokse frå 15 årsverk i 1997 til 20 årsverk i 2001, av dei 13 og 16 årsverk forskarar. I same periode har basisfinansieringa auka frå 2,3 mill. kr i 1997 til 4,4 mill. kr i 2001. Bygdeforskning har i 2001 arbeidd med samfunnsvitskapleg forskning innan seks område; næringar i lokalsamfunn, forbrukarhaldningar og etikk, bedrift og produksjonskjeder, lokal utvikling, kultur og levekår og ressursforvaltning og miljø.

Bygdeforskning har hatt tre strategiske program som del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd.

Målsetjing 2003

Bygdeforskning skal framleis leggje vekt på kunnskapsutvikling og formidling innan felta:

- næringsutvikling og sosiale endringsprosessar knytt til bygder og landbruk i omstilling
- berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar i kyst- og bygdesamfunn
- næringsmiddelindustrien og lokal foredling av matvarer frå naturbaserte næringar

- matproduksjon, forbrukarspørsmål og miljø i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv
- bygdeutvikling med fokus på rekruttering og kjønsspørsmål

Bygdeforskning må oppretthalde og vidareutvikle sitt omfattande samarbeid med nasjonale og internasjonale forskingsinstitusjonar, t.d. ved forskaropphald i utlandet, og med deltaking i komparative prosjekt i t.d. Norden og Europa.

Senter for jordfaglig miljøforskning (Jordforsk)

Stiftelsen Jordforsk er eit nasjonalt kompetansesenter innanfor jordfaglege og tilgrensande fagområde med hovudvekt på miljø og ressursspørsmål. Jordforsk har si faglege verksemd innan biologisk avfallshandtering, spesialavfall og miljøgifter, jordressursar og miljøinformasjon, hydrogeologi, økologisk renseteknologi og vann- og stoffbalanse i kulturlandskapet. Jordforsk har eige laboratorium, Jordforsk Lab, som leverar rutineanalysar til landbruket, miljøforvaltninga og forskinga.

Rapport 2001

Etter fleire år med driftsunderskott, hadde Jordforsk i 2001 eit solid, positivt driftsresultat. Instituttet sin basisfinansiering var i 2001 10,0 mill. kr og utgjorde 18 pst. av dei totale inntektene. Basisfinansieringa frå Forskingsrådet har vore stabil på dette nivået i heile perioden 1997-2001. Talet på årsverk ved instituttet er i perioden 1997-2001 redusert frå 87 til 75, mens talet på forskarar som del av totale årsverk har auka frå 50 pst. i 1997 til 53 pst. i 2001.

For å styrkje og samordne miljøforskinga danna Jordforsk saman med dei fire andre nasjonale miljøforskinsinstitutta i 2001 selskapet Miljøalliansen AS. Denne alliansen skal føre til ei enda sterkare verdiskaping og kunnskapsproduksjon i samfunnet. Jordforsk har hatt fire strategiske program som del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd.

Målsetjing 2003, jf. òg kap. 1140 post 77

Jordforsk skal styrkje forskingsaktiviteten gjennom spesielt å satse på fem sentrale kjerneområde der instituttet skal ligge på eit høgt internasjonalt forskingsnivå:

- Berekraftig landbruk med fokus på ressursutnytting, jordkvalitet og miljøvirkningar
- Naturbasert renseteknologi
- Miljøgifter i jord, grunnvatn og avfall
- Behandling og utnytting av organisk avfall

- Hydrologiske endringar som følge av naturinngrep og miljøkonsekvensar av disse.

Instituttet må auke den vitskapelege publiseringa og delta aktivt i internasjonale forskingsnettverk, m.a. gjennom EU-prosjekt. Jordforsk skal vere marknadsorientert og knytte sin aktivitet opp til kunnskapsutvikling for forvaltning og næringsliv.

Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 (2001-2002) blei det sett i gong eit utredningsarbeid for samordning av verksemda i Planteforsk og stiftingane Jordforsk og NORSØK. Basert på dette arbeidet og føringar gitt av Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet, har styra i dei tre institutta vedteke å arbeide vidare med sikte på samordning i ein organisasjon ut frå nærare gitte føresetnader.

Ei slik samordning er venta å gje faglege synergieffektar og skape ein viktig objektiv kunnskapsleverandør innanfor miljø og landbruk. Regjeringa foreslår derfor at dei tre institutta held fram arbeidet med samordning til ein organisasjon frå 01.01.2004.

Den jordfaglege miljøforskinga skal vere ein viktig del av verksemda og profilen i den nye organisasjonen, som vil motta grunnløyving frå Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet.

Denne prosessen er nærare omtalt i kat. 15.20.

Ein kjem attende til denne saka i budsjettproposisjonen for 2004.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)

NILF er eit forskings-, utgreiings- og dokumentasjonsmiljø som skal medverke til høgt kunnskapsnivå i samfunnet og til eit solid grunnlag for økonomiske og landbrukspolitiske avgjerder knytt til produksjon, foredling og omsetning av landbruksprodukt. Instituttet skal vere leiande innanfor næringsøkonomi og føretaksøkonomi i landbruket og landbruksbasert industri.

NILF er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Landbruksdepartementet.

Rapport 2001

NILF har hatt driftsoverskott kvart år i perioden 1998-2001, og instituttet sin økonomi er god. Basisløyvinga frå Forskingsrådet var i 2001 på 9,2 mill. kr som er ein auke på 0,9 mill. kr frå 2000. I perioden 1997 til 2001 har basisløyvinga i pst. av totale inntekter variert mellom 22 og 26 pst. I 2001 er det lagt stor vekt på å byggje opp og vidareutvikle instituttet sin forskingskompetanse gjennom målretta bruk av grunnløyvinga og dei strategiske pro-

gramma til kompetanseheving, forskarutdanning, utanlandsopphald, auka kontakt med universitet og forskingsinstitutt nasjonalt og internasjonalt, og meritterande forskning. Resultata i form av tal på artiklar publisert i internasjonale tidsskrift med refereeordning er betra dei siste åra.

NILF har hatt to strategiske program som del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd.

Målsetjing 2003, jf. kap. 1140 post 50

Forskningsverksemda til NILF skal ta utgangspunkt i strategisk plan 2001-2003. Dette inneber at verksemda skal byggje på kjerneområda føretaksøkonomi, verdikjedefanalyse og nasjonal og internasjonal landbrukspolitikk. Instituttet må på same tid arbeide aktivt for å sikre tilgang på nye oppdrag. NILF skal auke brukarnytta av sine produkt t.d. ved å tilby forskingsbasert kunnskap om god driftsleiing og økonomistyring av landbruksføretak. Det vil vere viktig for instituttet å orientere seg etter marknaden og styrke kompetansen innanfor felt der ein kan rekne med at forskning og utgreiing vil bli etterspurd. Departementet legg til grunn at FoU relatert til matvareindustri og matvarehandel vil vere eit sentralt fagområde for NILF dei kommande åra. Både offentlege og private aktørar vil etterspørje arbeid på dette området. Departementet vil framleis ha stort behov for forskning og utgreiing om norske og internasjonale landbrukspolitiske spørsmål.

Dei nære forvaltningsrelaterte bindingane mellom departementet og NILF gjer at instituttet bør halde fram som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)

Stiftelsen NORSØK er eit nasjonalt kompetansesenter med formål å fremme utviklinga av økologisk landbruk. Instituttet samarbeider nært med dei andre landbruksfaglege FoU institusjonane, og har sekretariatsfunksjonen for Forskningsutvalet for økologisk landbruk.

Rapport 2001

Etter to år med balanse i drifta, hadde NORSØK eit lite underskott på drifta både i 2000 og 2001. Instituttet si basisfinansiering har auka frå 4,8 mill. kr i 1997 til 7,5 mill. kr i 2001. Basisfinansieringa utgjorde i 2001 58 pst. av dei totale driftsinntektene. Basisløyvinga til NORSØK rekna pr. forskarsårverk er heller høg samanlikna med dei andre landbruksinstitutta. Dette vil endre seg i 2002 som følgje av overføring av 1,3 mill. kr frå grunnløy-

vinga til løyving over post 51.13 Nasjonale oppgaver, noko som er i samsvar med korleis desse midlane blir brukt.

Instituttet har lagt vekt på å auke den vitenskaplege publiseringa. Forskinga har vore konsentrert om følgjande område : Analyse og utvikling av driftssystem, jordressursar, næringsstoff og organisk materiale både på gardsnivå og i verdikjeder, produksjonsmetodar og -strategiar for effektiv ressursutnytting i økologisk planteproduksjon, samt dyrevelferd og sjukdomsførebyggjande arbeid innan husdyrhaldet.

NORSØK har hatt tre strategiske program som del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd.

Målsetjing 2003

NORSØK skal vere eit leiande fagmiljø innan økologisk landbruk der FoU, formidling, næringsutvikling og opplæring skal vere hovudaktivitetane. Instituttet må arbeide vidare med å styrkje den forskingsfaglege kompetansen og auke samarbeidet med andre FoU- institusjonar både nasjonalt og internasjonalt for gjensidig utnytting av spesialkompetanse.

NORSØK må ta aktivt del i arbeidet med å nå målsettinga som Stortinget har sett om 10 pst. av arealet som økologisk innan 2010. Som eit ledd i dette må instituttet styrke arbeidet med formidling og informasjon om økologisk landbruk. Omlegging til økologisk produksjon stiller store krav til økt kompetanse hos primærprodusentar, og her skal NORSØK ha ein sentral rolle (jf. Inst. S. nr. 345 (2000-2001)). NORSØK har i denne samanhengen særleg satsa på å tilby kurs og opplæring til aktørar i verdikjeda, m.a. gjennom ei satsing på IKT. Dette arbeidet må førast vidare.

Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 (2001-2002) vart det sett i gong eit utgreiingsarbeid for samordning av verksemda i Planteforsk og stiftingane Jordforsk og NORSØK. Basert på dette arbeidet og føringar gitt av Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet, har styra i dei tre institutta vedteke å arbeide vidare med sikte på samordning i ein organisasjon ut frå nærare gitte føresetnader.

Ei slik samordning er venta å gje faglege synergieffektar og skape ein viktig objektiv kunnskapsleverandør innanfor miljø og landbruk. Regjeringa foreslår derfor at dei tre institutta held fram arbeidet med samordning til ein organisasjon frå 01.01.2004.

Det skal leggjast vekt på at forskings- og kompetansesenterfunksjonen innan økologisk landbruk framstår einsarta med ansvar for å sikre utøvarane i næringa tilstrekkeleg kompetanse til å leg-

gje om drifta. Senteret på Tingvoll vil ha ein sentral plass i arbeidet.

Denne prosessen er nærare omtalt i kat 15.20.

Ein kjem attende til denne saka i budsjettproposisjonen for 2004.

Norsk institutt for planteforskning (Planteforsk)

Planteforsk skal utvikle kunnskap som grunnlag for ein konkurransekraftig, verdiskapande produksjon og ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Kunnskapen skal styrkje grunnlaget for verksemd i distrikta, sikre miljøet og ivareta etiske og estetiske verdiar i samfunnet. Planteforsk skal vere leiande i bruksretta forsking og utvikling i planteproduksjon, eit nasjonalt kompetansesenter i plantefaglege spørsmål og skaffe fram kunnskap som medverkar til konkurransedyktig planteproduksjon, miljøforsvarlege produksjonsformer og forvarleg bruk av naturgrunnlaget.

Planteforsk er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Landbruksdepartementet.

Rapport 2001

Planteforsk har hatt driftsoverskott i heile perioden 1997-2001, og økonomien til instituttet er god. Planteforsk er eit stort institutt. Talet på årsverk ved instituttet er i perioden 1997-2001 redusert frå 407 til 355, medan talet på forskarar i høve til totale årsverk har auka frå 36 pst. i 1997 til 42 pst. i 2001. Basisfinansieringa var i 2001 på 47,1 mill. kr og utgjorde 22 pst. av dei totale inntektene, same prosentdel som i 2000. Planteforsk har laga ei strategisk utgreiing av kva som vil bli etterspurt av kunnskap dei næraste åra framover, og prioritert område som ein vil vurdere med omsyn til finansiering av FoU. Døme på dette er: faglege og økonomiske samanhengar mellom innsatsfaktorane i primærproduksjonen, trygge og sunne matvarer, lagring og transport av vegetabilia, presisjonsjordbruk, økologisk produksjon, grøntanlegg og våtorganisk avfall. Instituttet har sett av midlar til utgreiingar, planlegging og søknadsarbeid på desse områda.

Planteforsk har hatt sju strategiske program som del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd.

Målsetjing 2003, jf. òg kap. 1112 postane 51 og 52

Planteforsk er engasjert i *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel*, og skal framleis spele ei nøkkelrolle i å skaffe fram kunnskap og i formidling. Planteforsk skal og ha viktige oppgåver i satsinga på plantehelse. Økologisk land-

bruk er eit satsingsområde som skal utviklast vidare i samarbeid med NORSØK.

Instituttet skal satse på auka samarbeid med næringslivet gjennom brukarstyrt forsking. Instituttet må halde fram arbeidet med dei nye satsingsområda, jamfør omtale i rapport 2001, med finansiering og iverksetting som dei viktigaste oppgåvene. Planteforsk må og halde fram arbeidet med å styrkje den vitskapelege kompetansen på prioriterte område og auke publiseringsraten i internasjonale tidsskrift.

Med utgangspunkt i St.prp. nr. 1 (2001-2002) blei det sett i gong eit utredningsarbeid for samordning av verksemda i Planteforsk og stiftingane Jordforsk og NORSØK. Basert på dette arbeidet og føringar gitt av Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet, har styra i dei tre institutta vedteke å arbeide vidare med sikte på samordning i ein organisasjon ut frå nærare gitte føresetnader.

Ei slik samordning er venta å gje faglege synergieffektar og skape ein viktig objektiv kunnskapsleverandør innanfor miljø og landbruk. Regjeringa foreslår derfor at dei tre institutta held fram arbeidet med samordning til ein organisasjon frå 01.01.2004.

Det leggjast opp til at også den nye organisasjonen har ein desentralisert struktur.

Denne prosessen er nærare omtalt i kat. 15.20.

Ein kjem attende til denne saka i budsjettproposisjonen for 2004.

Oppbygging av Nordnorsk kompetansesenter for landbruk og innlandsfisk skal halde fram, samt arbeidet med Genressursutvalet for planter i Noreg. Det visast til meir omtale av desse prosessane i kap. 1112 post 51.

Norsk institutt for skogforskning (Skogforsk)

Skogforsk skal vere ein leiande forskingsinstitusjon innan fagområde knytt til skog. Instituttet skal styrkje det vitskapelege grunnlaget for ei berekraftig forvaltning av skogressursane, verdiskaping basert på skog og miljøinnsats i skog. Innan utvalde område skal Skogforsk vere på eit høgt internasjonalt nivå.

Skogforsk er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Landbruksdepartementet.

Rapport 2001

Skogforsk har vore i ein vanskeleg økonomisk situasjon dei siste åra, men hadde i 2001 eit driftsoverskot. For å oppnå betre samsvar mellom utgifter og inntekter ved instituttet er det mellom anna gjennomført ein reduksjon i talet på tilsette frå 159 års-

verk totalt i 1997 til 108 i 2001, ei reduksjon frå 72 til 52 forskarårsverk. Instituttet hadde ei basisfinansiering på 31,3 mill. kr frå Forskingsrådet i 2001, som svarar til 44 pst. av totale inntekter. I 1997 utgjorde basisfinansieringa 38 pst. Skogforsk har hatt seks strategiske program som del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd.

Målsetjing 2003, jf. òg kap. 1142 post 50

Forskinga ved Skogforsk skal ta utgangspunkt i Strategisk plan 2001-2004. Instituttet må halde oppe høg kompetanse innan ressursforvaltning, der den tradisjonelle skogforskinga står sterkt. Miljøinnsats i skogbruket er og eit viktig område som er nært knytt til god ressursforvaltning. Instituttet må vidareutvikle sin kompetanse når det gjeld verdiskaping og nye måtar å nytte trevirke og andre skogprodukt på. Dei faglege prioriteringane må tilpassast inntektsmoglegheiter, og samhandling med nye, potensielle kundar bør utviklast vidare.

Departementet tek sikte på å gjere om Skogforsk til eit aksjeselskap frå 01.01.2004 der staten i første omgang eig alle aksjane. Ein føreset at instituttet framleis ivaretek eit samfunnsmessig heilskapsperspektiv, samtidig som ein legg til rette for organisatorisk fridom til alliansebygging for å auke eksternt fagleg engasjement. Ein tek sikte på å komme tilbake til Stortinget med saka, jf. kat.15.20.

Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet er ei forvaltningsstøtteverksemd som skal vere leiande og konkurransedyktig innan forskning, overvaking og rådgjeving med framsynt beredskap innan mattryggleik, fôrhygiene, landdyr-, fiske-, og skjelhelse i Noreg.

Veterinærinstituttet er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Landbruksdepartementet.

Rapport 2001

Veterinærinstituttet har hatt driftsoverskott kvart år i perioden 1997-2001. Instituttet si basisfinansiering har auka frå 5,4 mill. kr i 1997 til 10,0 mill. kr i 2001, men dette utgjør likevel ein liten del (6 pst.) av dei totale inntektene. Veterinærinstituttet gjer forvaltningsretta forskning og strategisk grunnforskning for å fylle oppgåva som kompetanseinstitusjon og forvaltningsstøtteinstitusjon. Forskinga omfattar landdyrhelse, fiske- og skjelhelse samt fôr- og næringsmiddelhygiene. I tillegg utfører

Veterinærinstituttet eksternt finansierte forskingsoppdrag for m.a. industrien og EU.

Veterinærinstituttet har hatt fire strategiske program som del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd.

Målsetjing 2003, jf. òg kap. 1112 post 50

Det er eit overordna mål at forskingsverksemda ved Veterinærinstituttet skal aukast. I tråd med evalueringane som er gjort av verksemda, legg ein til grunn at Veterinærinstituttet særleg skal leggje vekt på forvaltningsretta forskning innan instituttet sine kjerneområde patologi, mikrobiologi, immunologi, kjemi, toksikologi og epidemiologi.

Endringane i rammevilkåra for internasjonal handel med dyr og dyreprodukt kan føre til auka risiko for innførsel av smittestoff og framandstoff. Veterinærinstituttet må i denne perioden prioritere forskning på diagnostiske, analytiske og epidemiologiske metodar, med sikte på å gi forvaltninga betre grunnlag for å kunne ta rette avgjerder. Vidare må Veterinærinstituttet legge stor vekt på internasjonalt samarbeid og deltaking i internasjonale forskingsprosjekt.

Dei nære forvaltningsrelaterte bindingane mellom departementet og Veterinærinstituttet gjer at instituttet bør halde fram som forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Underpost 51.11 Grunnløyvingar til forskingsinstitutt

Grunnløyvingane skal gå til formål som er sentrale for forkinga ved institutta, slik som langsiktig kompetanseutvikling, fagleg fornying, rekruttering, forskning innan institutta sine kjerneområde, vitenskapleg utstyr, kvalitetssikring, nettverksbygging, publisering og formidling.

Underpost 51.12 Strategiske instituttprogram

Noregs forskingsråd tildeler strategiske program til institutt og forskingsmiljø ved universitet og vitenskaplege høgskolar innan Landbruksdepartementet sitt sektoransvar. Formålet er å skape forskingsmiljø av høg kvalitet gjennom målretta grunnleggjande forskning, brukarretta forskning og kompetanseoppbygging, slik at dei kan utvikle seg til gode reiskap for forskning, forvaltning og næringsliv innan sektoren. Programma skal føre til fagleg styrking og spesialisering av sentrale forskingsmiljø innanfor område som er aktuelle for næringsutvikling. Forskarutdanning skal vere eit sentralt element innan programma. Gjennom strategiske program kan ein medverke til ei god

arbeidsdeling og eit godt samarbeid mellom FoU-miljøa med sikte på arbeid på tvers av ulike fag- og institusjonsgrenser og betre utnytting av den samla spisskompetansen innan mat- og landbruksforskinga.

Dei strategiske programma skal brukast til å utvikle kompetanse innanfor prioriterte forskingsfelt og felt der det er behov for rekruttering og til å etablere og vidareutvikle faglege tyngdepunkt. Programma skal vere retta inn mot satsingsområda i Langtidsplanen for landbruksforskinga og dei sju innsatsområda som er peikt ut for dei næraste åra.

Underpost 51.13 Nasjonale oppgåver

Løyvinga skal dekkje utgifter knytt til Skogforsk, Planteforsk, NORSØK og Jordforsk som gjeld bibliotek, referansesamlingar, deltaking i interna-

sjonale organisasjonar og utgreiings- og informasjonsoppgåver.

Det er sett av midlar til medlemskap i Nordiske jordbruksforskarars foreining (NJF). NJF er eit forum for personar som er knytt til landbruksvitenskapleg forskning, undervisning og rettleiing i Norden. Målet er å fremje jordbruksforskinga og formidle resultata gjennom utvikling av samarbeid mellom jordbruksforskarar i Norden.

Underpost 51.14 Investeringsstøtte

Forsøksstasjonen på Averøy blei kjøpt tilbake i 1996 basert på ein avtale mellom Noregs forskingsråd og AKVAFORSK AS og finansiert med tilskott frå Forskingsrådet i 10 år. Løyvinga skal dekkje Forskingsrådet sitt tilskott. Det er sett av 2 mill. kr til dette i budsjettforslaget for 2003.

Programkategori 15.30 Miljø, areal og næring

Utgifter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	53 705	53 914	54 848	1,7
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	149 355	122 475	74 138	-39,5
1143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)	217 495	161 918	164 736	1,7
1145	Jordskifterettane (jf. kap. 4145)	137 267	135 811	142 967	5,3
1146	Norsk institutt for jord- og skogkart- legging (jf. kap. 4146)	69 144	61 167	65 634	7,3
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)	36 793	33 831	41 834	23,7
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	90 206	61 497	90 356	46,9
1150	Til gjennomføring av jordbruksavta- len m.m. (jf. kap. 4150)	11 991 967	12 170 289	11 789 165	-3,1
1151	Til gjennomføring av reindriftsavta- len	122 500	103 000	100 900	-2,0
1161	Statskog SF – forvaltningsdrift	23 163	26 255	23 377	-11,0
2411	Statens nærings- og distriktsutvi- klingsfond (jf. kap. 5311)	32 100			
Sum kategori 15.30		12 923 696	12 930 157	12 547 955	-3,0

Inntekter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
4140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	1 415			
4143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)	46 472	22 999	23 896	3,9
4145	Jordskifterettane (jf. kap. 1145)	10 482	12 687	13 182	3,9
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)	27 815	16 749	17 402	3,9
4147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)	3 591	1 500	28	-98,1
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)	133 007	122 000	122 000	0,0
4164	Avvikling av Statens Landbruksbank	90 305			
5311	Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 2411)	4 345 086			
5545	Miljøavgifter i landbruket	34 875	40 000	40 000	0,0
5571	Totalisatoravgift	96 660	98 000	92 500	-5,6
	Sum kategori 15.30	4 789 708	313 935	309 008	-1,6

Omtala under kategorien er delt mellom verkeområda *miljø, areal og næring*. Løyvingane under kategorien siktar mot å ta vare på og nytte ressursgrunnlaget i landbruket og i bygdene. Hovudmålsetjingane er utforma i tråd med prinsipp for berekraftig utvikling og langsiktig ressursforvaltning og dei tre hovudmåla er nært knytte saman.

Måla er:

- eit berekraftig og utviklingsdyktig landbruk som gir grunnlag for lønnsemd, sysselsetting, busetting og verdiskaping
- sikre areal og ressursar som varig grunnlag for alt frå landbruksproduksjon til produksjon av fellesgode
- leggje til rette for at landbruket kan bidra til å løyse viktige miljøoppgåver

1. Miljø

Landbrukspolitikken femner om ei rekke tiltak som legg til rette for produksjon av ulike miljøgode som har stor verdi for samfunnet. Mange miljøtiltak er dessutan retta inn mot å førebyggje miljøskader som følgje av næringsverksemda. Gjennom ulike landbrukspolitiske verkemiddel og i dialog

med miljøvernstyresmaktene arbeider departementet òg med vern og forvaltning av areal og ressursar i eit langsiktig perspektiv.

Miljøprofilen i landbrukspolitikken er styrkt dei siste åra. I tilknytning til budsjettet for 2001 la departementet fram ein handlingsplan om miljø. Denne inngår som ein del av oppfølginga av St.meld. nr. 58 (1996-97) *Miljøpolitikk for en bærekraftig utvikling*. Miljøhandlingsplanen er eit bindeledd mellom regjeringa sin landbrukspolitikk og miljøvernpolitikk og skal medverke til å gjere landbruket sitt sektoransvar for miljø tydelegare. Miljøhandlingsplanen gir ei samla framstilling og konkretisering av miljøtiltaka i landbrukspolitikken mellom anna med utgangspunkt i meldingar til Stortinget, jordbruksoppgjeret og statsbudsjettet. Planen har ein fireårig horisont.

Landbruksdepartementet si miljøatsing går føre seg på mange ulike område og er knytt til næringsutøving innan jordbruk, skogbruk og rein drift.

Departementet vil i 2003 ha særskilt fokus på områda som er nemnd nedanfor. Nokre av desse blir omtalt nærare under punktet om arealforvaltning og punktet om næringspolitikk og verdiska-

ping, og nokre tema blir omtalt i samband med miljøprofilen innanfor jordbruk, skogbruk og rein-drift:

- *Biologisk mangfald*: Landbruket byggjer på ein aktiv bruk av dei biologiske ressursane. Mangfaldet er utvikla gjennom dei livsvilkår som er skapt ved samvirke av mange faktorar over ein lang tidsperiode. Dei genetiske ressursane i landbruket bevarast både ved at dei inngår i produksjon så vel som i gen- og sædbankar og klonarkiv. Ei berekraftig forvaltning av desse verdiane i eit langsiktig perspektiv er avgjerande både for bevaring av biologisk mangfald og for eit framleis livskraftig landbruk. Alle land er gjensidig avhengig av tilgang til genetiske ressursar over landegrensene. Den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar vil vere eit viktig reiskap for å sikra slik tilgang. I 2003 vil departementet delta i arbeidet med å gjennomføra traktaten både nasjonalt, i internasjonale fora og i det nordiske samarbeidet. God kunnskap om miljø og biologiske verdiar er nødvendig for å kunne drive eit miljøforsvarleg landbruk. Landbruksdepartementet legg derfor stor vekt på t.d. miljøregistrering i skog og kartlegging av viktige miljøkvalitetar i tilknytning til landbruksareale. Landbruksdepartementet tek del i arbeidet med å utvikle eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald og etablering av ein artsdatabank.
- *Kulturlandskap*: Landbruket sitt kulturlandskap medverkar til å fremje miljøgode til samfunnet som landskapsbiletet, biologisk mangfald, kulturminner og rekreasjon. Produksjonen av desse miljøgoda er direkte knytt til ein aktiv landbruksproduksjon der ein tek miljøomsyn og tek vare på særlege miljøverdiar. Attgroing av utmarka i heile landet er ei særleg stor utfordring. Kulturlandskapet er òg eit viktig grunnlag for andre næringar og medverkar til verdiskaping, til dømes innan turist- og utmarksnæringar, og satsing på lokal matkultur.
- *Jordvern*: Jordressursen er saman med luft og vatn blant dei viktigaste og mest grunnleggjande faktorar for biologisk produksjon og mangfald. I Noreg har vi knapt med areal med høgt biologisk produksjonspotensial og i tillegg er det lite dyrkingsreservar igjen i dei beste klimasonene. Jordressursen er ikkje fornybar, og i eit langsiktig perspektiv må ein derfor vere førevar og verne om jordsmonnet som ressurs. Miljøvern dreier seg om å sikre livsgrunnlaget for framtidige generasjonar og gjere det mogleg å tilfredsstille grunnleggjande menneskelege behov på kort og lang sikt. Langsiktige bevaring av jordressursane er derfor ein del av den nasjonale miljøvernpolitikken og ein sentral del av miljøarbeidet i landbrukspolitikken.
- *Barskogvern*: I 2002 blei det gjennomført ei evaluering av barskogvernet. Evalueringa, som blei gjennomført av Norsk institutt for naturforskning og Skogforsk, konkluderer med at barskogvernet bør utvidast. Miljøverndepartementet vil gi råd om oppfølging av denne evalueringa. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2002 samarbeidde Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet om ei tilleggsføring til barskogvern over Jordfondet fordi dette kan gi raske og fleksible løysingar knytt til utbetaling av erstatning og til ulike kompenserande tiltak. Stortinget slutta seg til ei tilleggsføring på 25 mill. kr til Jordfondet. I tillegg kan midlar frå Jordfondet nyttast til barskogføremål slik at ein i 2002 har om lag 35 mill. kr ekstra for auka satsing på gjennomføring av det vedtekne barskogvernet. For ytterlegare å styrkje skogvernet arbeider Landbruksdepartementet med sal av Kjeller gard slik føresetnaden var i revidert nasjonalbudsjett for 2002, og at salsinntektene blir ført over til Jordfondet, jf. St.prp. nr. 63 (2001-2002). Departementet legg vidare opp til at ein på lenger sikt kan nytte om lag halvparten av Jordfondet sin kapital til skogvern. Landbruksdepartementet legg stor vekt på at auka vern av skog bør bli eit viktig element i den samla forvaltninga av skogressursane, og at eit auka skogvern må baserast på erstatning til skogeigarane i samsvar med gjeldande reglar.
- *Økologisk jordbruk*: Gjennom å gjere det norske landbruket meir miljøforsvarleg og å auka mangfaldet og valmoglegheitene i matvaresektoren, medverkar økologisk jordbruk til å nå fleire landbrukspolitiske målsetjingar. Landbruksdepartementet satsar tungt for å nå målet om at 10 pst. av jordbruksarealet skal drivast økologisk innan 2010. Sjå nærare omtale under kap. 1150.
- *Bioenergi*: Auka bruk av bioenergi skal medverke til å nå miljømessige mål om å minske klimagassutslepp og framtidig oppdekking av landet sitt energibehov og kan samtidig fremje verdiskapinga i landbruket. Det er ønskeleg med ei sterkare satsing på dette området. I samband med jordbruksforhandlingane i 2002 blei derfor løyvingane til bioenergitiltak auka til 15 mill. kr, jf. pkt. 3, *Skogbruk, Verkemiddel* og kap. 1142 post 71.
- *Ressursgrunnlaget i reindrifta*: I januar 2002 fastsette Reindrifststyret høgste talet på rein til 63 700 rein for Vest-Finnmark reinbeiteområde. Vedtaket inneber at det må leggjast til rette for

at fleire reindriftsutøvere må ut av næringa. I revidert nasjonalbudsjett 2002 blei det gitt ei tilleggsøyving over Reindriftsforvaltninga sitt budsjett for oppfølging av vedtaket. I samband med dette blei det hausten 2002 etablert eit prosjektkontor ved Reindriftsforvaltninga i Vest-Finnmark. Prosjektkontoret har ansvaret for å gjennomføre ein prosess mot kvart enkelt reinbeitedistrikt der ein på bakgrunn av drøftingar vil utarbeide tiltak som dekkjer behova til dei ulike distrikta. Vidare har Reindriftsforvaltninga som prioritert oppgåve å få fastsett øvre talet på rein også for sommarbeitedistrikta i Aust-Finnmark reinbeiteområde. Landbruksdepartementet legg stor vekt på å få fastsett desse rammevilkåra, som er nødvendige for å styrke berekrafta i reindrifta i Finnmark. Ein viser til nærare omtale under kap. 1151.

Miljøprofilen i jordbruket

Gjennom miljøpolitikken i jordbruket arbeider ein for å innarbeide miljøomsyn i næringa i tråd med prinsippa om berekraftig utvikling og langsiktig ressursforvaltning. Det er nødvendig å sikre at økosystem som jordsmonn, vatn og luft ikkje blir skadd samstundes som produksjonsevna med omsyn til både mengde og kvalitet oppretthaldast eller forbetrast over tid. Landbruket skaper og tek vare på viktige fellesskapsverdiar og ein legg stor vekt på å utvikle og skjotte kulturlandskapet og forsterke omlegginga til miljøforsvarlege driftsformer som t.d. økologisk produksjon. Mange av verkemidla over jordbruksavtalen er retta inn mot miljøarbeidet i næringa. Verkemidla som blir nytta har eit breitt verkeområde og skal sikre ei god oppfølging av både nasjonale og internasjonale miljøforpliktingar slik som føresett i stortingsmeldingar og internasjonale avtalar. Miljøarbeidet i jordbruket er nærare omtalt i kap. 1140.

Alle jordbruksføretak skal i 2003 utarbeide ein miljøplan med registrering av miljøutfordringar og gjennomføring av tiltak. Sjå nærare omtale under kap. 1140 og kap. 1150.

Miljøprofilen i skogpolitikken

Departementet legg vekt på å utnytte skogsektoren sine moglegheiter for å løyse viktige miljøoppgåver. Skogen er ein fornybar ressurs som kan medverke til utvikling av meir berekraftig produksjon og forbruk fordi trevirket gir meir miljøvenlege produkt. Skogen sin innverknad på klimaet er til dels teken omsyn til i Kyotoprotokollen, men dei positive effektane av det langsiktige skogbruket i boreale strøk er ikkje tilstrekkeleg reflektert. Sko-

gen si potensielle rolle i klimagassrekneskapen er seinast omtala i St. meld. nr. 54 (2000-2001) og St. meld. nr. 15 (2001-2002) *Tilleggsmelding til St. meld. nr. 54* (2000-2001).

Bruk av bioenergi skal medverke til å nå mål om å minske klimagassutslepp og om framtidig oppdekking av landet sitt energibehov.

Miljøprofilen i det næringsretta skogbruket er styrkt gjennom dei siste åra. Dette har skapt auka miljømedvit i heile skogsektoren. Prosjektet Miljøregistrering i skog (MiS) blir følgt opp i samband med skogbruksplanlegging, vegbygging og skogdrift og gjennom tilskott til miljøomsyn i skogbruket. Det aller meste av tømmeret som blir selt i Noreg er no sertifisert.

Ein ønskjer i framtida å styrke satsinga på bevaring av skogstrea sine genetiske ressursar, særleg i samband med arbeidet med frø- og planteforsyninga. Dette arbeidet vil m.a. skje som eit ledd i det nordiske samarbeidet.

Miljøarbeidet i skogpolitikken er nærare omtalt under *pkt. 3 og i kap. 1142*.

2. Arealforvaltning

Samfunnsplanlegging

Sjølv om landbruks- og reindriftsforvaltninga no er i betre inngrep enn tidlegare med dei viktigaste planprosessane, blir det i mange tilfelle ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til desse interessene i fylkesplanar, kommuneplanar og konsekvensutgreiingar. Kommunane sitt ønske om vekst og utvikling og sentralisering av befolkning og næringsliv gir eit sterkt press for å ta landbruksareal i bruk til anna formål.

Kommunane har hand om samfunnsutviklinga gjennom kommuneplanlegginga. Arealplanlegginga er ein viktig del av dette, og dei fleste vedtaka om nedbygging av landbruksareal blir fatta av kommunane etter plan- og bygningslova. Det er kommunen sjølv, som landbruksstyresmakt, som då skal sjå til at ressursgrunnlaget for landbruket ikkje blir øydelagd. Det er eit mål at det blir lagd meir vekt på jordvernet i kommunane, for å sikre eit langsiktig ressursgrunnlag og ein varig verdiskaping i landbruket.

Ein landbruksplan kan vere eit sektorinnspeil til kommuneplanprosessen. Planen kan verke til å sette landbruket på dagsorden i kommunen, vise arealverdiar og interesser i næringa og medverke til dialog internt i kommunen. Landbruksdepartementet tilrår derfor kommunane å utarbeide ein landbruksplan, der fylkesmannen kan rettleie og formidle røynsler kommunane i mellom.

Stortinget har vedtatt at 13 pst. av Noreg sitt landareal skal vernast etter naturvernlova. Dette

får konsekvensar for landbruksnæringa. Landbruksdepartementet har som mål å samordne arealvern med bruk av naturressursane. Gode planprosessar kan leggje til rette for god lokal forvaltning av dei områda som blir verna, og dempe motsetningar mellom overordna formål med vernet og lokale ønskjer om arealbruk.

Jordvernpolitikken

Ein langsiktig politikk for å sikre matforsyning i Noreg inneber eit sterkt jordvern. Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggjande ressurs for å tilfredsstille menneskelege behov på kort og lang sikt, og vern om jordsmonnet er derfor ein viktig del av miljøvernpolitikken. I det langsiktige perspektivet er det viktig å verne om areal som ein kan dyrka matkorn på, og samstundes syner røynslene frå Tsjernobyl ulykka at det òg er viktig å kunne produsere mat på eit spreitt geografisk område for å vere mindre sårbar ved kriser. Vern om jordressursen mot nedbygging er derfor ei viktig nasjonal interesse.

Kvart år blir nærare 20 000 daa jord bygd ned, tross i ein styrkt jordvernpolitikk. Dersom nedbygginga held fram vil dette få alvorlege følgjer for framtidig matforsyning i Noreg. Departementet er bekymra over utviklinga, og det er ei stor utfordring å redusere nedbygginga av dei mest produktive areala. Departementet vil i 2003 arbeide med å sette eit konkret mål for reduksjonen i areal nedbygd dyrka og dyrkbar mark, og vil prioritere oppfølging av kommunar og fylke for å få dei til å ta eit større ansvar og sikre at jordvernet faktisk blir lagd til grunn i arealplanlegginga. Det er ei stor utfordring for kommune- og fylkespolitikarar å sikre viktige nasjonale ressursar samstundes som tiltak for vidare samfunnsutvikling må finne gode løysingar. Med ein god lokaliseringsprosess der vurdering av ulike alternativ og deira konsekvensar inngår i planlegginga, er det ofte mogleg å kombinere vekst og vern. Det er viktig at dei regionale landbruksstyremaktene følgjer opp den nasjonale jordvernpolitikken og fremmer motsegn der politikken ikkje er følgt opp.

Mange golfbaner har hittil blitt etablert på dyrka mark av god kvalitet. Det er ei utfordring å sjå til at rundskriv T-2/2001 om arealplanlegging og golfbanar blir følgt opp i arealplanlegginga i kommunane. Departementet vil derfor styrke dialogen med landbruksavdelingane hos Fylkesmannen og fylkeslandbruksstyra i høve til planbehandlinga i golfbanesaker.

Ein treng gode arealdata for å arbeide målretta med jordvernet og sikre dei beste landbruksare-

ala. Landbruksdepartementet vil derfor m.a. utvikle jordressurskart som syner produksjonsevna til areala. Ein vil òg betre registreringa av avgang av landbruksareal gjennom å hente tall frå kommunane ved hjelp av Kostra-systemet. Den sektorvise rapporteringa vil bli avvikla i tråd med føringane i St.prp. nr. 82 (2000-2001). Kommunane skal og få tilgang til digitale kart over Internett (jf. kap. 1146) til hjelp for saksbehandling og rapportering. Landbruksdepartementet samarbeider òg med Statistisk sentralbyrå om å utvikle registerbaserte metodar for å overvake vekst i tettstader og byar som går ut over landbruksareal.

Areal- og jordvernpolitikken er tydeleggjort dei siste åra, og departementet meiner det er i utøvinga av arealforvaltinga i kommunane at jordvernet ikkje blir nok lagt vekt på. Landbruksdepartementet vil derfor i tida framover leggje meir vekt på formidling og dialog omkring areal- og jordvernpolitikken. Som eit ledd i dette vil departementet arrangere ein konferanse om jordvern i 2003, med mål om betre opplysing og forståing av innhaldet i jordvernpolitikken.

Reindrift

Reindrift er ein svært arealkrevjande næring med marginale beiteområde, behov for ulike sesongbeiter og flytteveier mellom dei. Inngrep og forstyring innafor beiteområda og fragmentering av beiteland har vore, og er truleg, ein av dei alvorlegaste truslane mot reindrifra sitt arealgrunnlag og dermed det materielle grunnlaget for sameenes kultur. På denne bakgrunn er det behov for å styrke vernet av reindrifra sine areal, - særleg dei areala som er avgjerande for ein berekraftig reindrift. Reindriftsforvaltninga vil utarbeide ein metode for å lokalisere desse areala, og utarbeide ein verdiklassifisering på arealbrukskart. Eit anna sentralt verktøy i samhandlinga mellom reindrifra og offentleg forvaltning er reindrifra sine distriktsplanar.

Motsegn kan vere eit nødvendig verkemiddel for staten dersom viktige nasjonale interesser står på spill. Det enkelte områdestyre har gjennom forskrift fastsett av Landbruksdepartementet fått kompetanse til å vere motsegnsstyresmakt i saker etter plan- og bygningsloven. Der reindrifra ikkje blir teken omsyn til i planlegginga, nyttast motsegn i stor utstrekning. For å redusere bruken av motsegner er det viktig at reindrifra sine forvaltnings- og styringsorgan blir meir delaktige på eit tidleg stadium i planprosessane.

Naturressursdata

Gode data om areal- og skogressursane er viktig for ein lønnsam og miljøtilpassa næringsverksemd og for at ein skal ta omsyn til samfunnets mål om forvaltning av kulturlandskapet. Resultatkontroll for oppfølging av landbrukspolitikken krev òg eit oppdatert datagrunnlag.

Departementet har sikra mykje av den statlege landbruksforvaltninga og dei næringsdrivande i jord- og skogbruk rett til data gjennom Geovekst-samarbeidet, slik at ein kan nytte komplette digitale grunnkart til alle forvaltningsoppgåver. Digitale kartdata (data om jordmonn, skog, markslag, vegetasjon og beitebruk) blir lagt ut på Internett og blir betre tilgjengeleg for ålmenta, næringslivet og forvaltninga. Dette er eit tiltak for å modernisere forvaltninga og betre vilkåra for dei næringsdrivande. Det er og ein viktig del av landbruket sitt bidrag til auka elektronisk innhald på internett, jf. kap. 1146.

Digitale markslagskart (DMK) er grunnstamma i landbruket sine data om arealressursane. DMK ligg føre for store område og blir i aukande grad nytta i kommunane. Ein vil bruke auka ressursar på ajourhald, mellom anna ved hjelp av flyfoto, for å betre kvaliteten på karta slik at dei kan nyttast i forvaltning av dei arealbaserte tilskotsmidlane i jordbruket. Kontroll ved hjelp av kart har t.d. synt at jordbruksareala er mindre enn det som kjem fram av tall i landbruksregisteret. Jordsmonnkart gir data om eigenskapar ved jordsmonnet. Desse karta vil bli brukt meir ettersom det blir krav om miljøplan og dokumentasjon av kvalitet i jordbruket, jf. kap. 1140 og kap. 1146.

Ein reknar med at reindrifta sine arealbrukskart får auka betydning i offentleg planlegging. Dette er distriktstvis digitale kart som dekkjer alle reinbeitedistrikta i Noreg. Det er viktig at materialet blir halde ved like og at ein sikrar god elektronisk tilgang for brukarane.

Juridiske verkemiddel

Dei juridiske verkemidla i jord- og konsesjonslovgivinga er viktige for bruksstrukturen, for bruken av arealressursane og dermed også for den samla næringsverksemda i landbruket.

Ei særskild utfordring framover er å arbeide for modernisering og forenkling av lover og regelverk. Regelverket bør bli lettare å forstå for borgarane, og reglane bør vere dimensjonerte i høve til føremålet med reguleringa.

Ei anna viktig utfordring er å sikre effektiv forvaltning og stor grad av måloppnåing samstundes som ein sørgjer for å sikre borgarane sine behov

for rettsvern. Ønskje om å sikre busettinga i distrikta på ein balansert og framtidsretta måte er eit mål som det er semje om. Vidare vil ein òg framover stimulere til kostnadsreduksjonar gjennom strukturendringar på eigarsida.

Konsesjonslova (lov 31. mai 1974 nr. 19) og odelslova (lov 28. juni 1974 nr. 56) blei endra i mai 2001. Staten og kommunane sin forkjopsrett blei oppheva og arealgrensa i konsesjonslova ved konsesjonsfri overtaking av eigedom som det er bygd på blei heva frå 5 til 20 dekar. I tillegg til dette blei innhaldet i den lovfaste buplikta etter konsesjonslova og odelslova nærare fastsett i lova, samstundes som omsynet til busettinga blei styrkt i saker som gjaldt søknad om fritak frå buplikta. Endringane i forkjopsretten blei sett i kraft 04.05.2001. Dei andre endringane blei sett i kraft 01.09.2001. I samband med endringane blei det utarbeidd nye rundskriv om praktiseringa i saker som gjeld konsesjon og bu- og driveplikt. Som oppfølging av *Skogmeldinga* og *Landbruksmeldinga* blei rundskrivet om prisvurdering ved overtaking av landbrukseigedom revidert i 2002.

I eit høyringsnotat mai 2002 har departementet fremma forslag om fleire og viktige endringar i omfanget av konsesjonsplikta. Endringane inneber at borgarane må søke konsesjon i færre høve enn i dag. Eit av forslaga går ut på at det skal vere konsesjonsfritt å overta eigedom ikkje større enn 100 daa som det er bygd på dersom ikkje meir enn 20 daa av arealet er fulldyrka. Det er ein føresetnad at overtakaren ikkje gjer bruksendring i strid med plan. Det er òg fremma forslag om at overtaking av eigedom utan bygningar i mange høve skal vere konsesjonsfritt. Konsesjonsfridomen er knytt til plansituasjonen.

I 1999 blei det sett i gang ei prøveordning der kommunane i Sogn og Fjordane, Nordland og Oppland fekk fullmakt til å avgjere alle saker som gjaldt konsesjon og om bruk av staten sin forkjopsrett. Ordninga skulle vare fram til 31.12.2001. Departementet har evaluert kommunane sin praksis i denne perioden. Kommunane har i det store og heile behandla sakene i tråd med retningslinjene. Det er likevel nokre svake sider ved behandlinga, mellom anna når det gjeld reglane i forvaltningsloven.

I St.meld. nr. 19 (2001-2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*, er det lagt til grunn at kommunane i framtida skal ta avgjerd i saker som gjeld konsesjon etter konsesjonslova og deling etter jordlova. Det er lagt til grunn at denne endringa skal gjennomførast frå 01.01.2004. Prøveordninga i Sogn og Fjordane, Nordland og Oppland er derfor forlenga fram til dette tidspunktet.

Når avgjerda i saker som gjeld konsesjon og deling blir lagt til kommunane, fører dette til at avgjerda blir teken nærare dei det gjeld. Endringa får ikkje verknad for borgarane i denne budsjettperioden, men det er grunn til å ruste opp fylkesmannsembeta slik at dei betre kan møte dei rettleiingsoppgåvene dei blir stilt ovanfor ved delegasjonen.

Det er nødvendig å førebu fylkesmennene og Statens landbruksforvaltning på at dei får ei ny rolle når konsesjons- og delingssakene blir delegerte. I desse organa må ein tidleg rette auka merksemd mot den rolla organa har for å sikre borgarane sitt rettsvern og ruste dei til å bli gode hjelparar for kommunane.

Der det blir søkt om fritak frå bu- og driveplikt er det særskild viktig å oppretthalde ei balansert utøving av mynde bygd på langsiktige strategiar. Slike strategiar er nedfelt i praktiseringsrundskriva. Praksis i samsvar med rundskriva verkar til å sikre tryggleik og gjere det mogleg å vite kva slags behandling sakene vil få i framtida.

I medhald av jordlova §6, jf. §1 skal det offentlege leggje til rette for strukturrasjonalisering i landbruket. Det er lagt til grunn mellom anna i St.meld. nr. 19 (1999-2000) at denne aktiviteten bør knytast til å stimulere den frivillige rasjonaliseringa. Ein forutset at fylkeslandbruksstyra som før prøver å kjøpe eigedom med tanke på sal som tilleggsgjord. Jordfondet må i denne samanhengen brukast som mellomfinansiering i framtida og. Der det ligg til rette for det bør og verkemidla i konsesjonslova nyttast for å oppnå betre løysingar for bruksstrukturen.

Jordfondet har til nå blitt brukt for å forskottere utgifter som staten har hatt når staten har kjøpt eigedom med sikte på å selje den vidare som tilleggssareal til gardsbruk og til forskottering av eigedomskjøp i samband ved samferdslejordskifte. I 2002 blei Jordfondet sin kapital utvida slik at fondet og kan brukast til erstatning i samband med barskogvern, jf. tidlegare omtale av miljø. Vedtekene til Jordfondet må i samanheng med dette endrast slik at fondet i framtida kan brukast både til forskottering av kjøp av tilleggsgjord og til erstatning for barskogvern.

Jordskifte – jordskifterettane

Jordskifterettane er særdomstolar som arbeider med oppgåver heimla i jordskiftelova. Om lag alle krava om jordskifte kjem frå privatpersonar som eig areal eller har bruksrett. Dei juridiske verkemidla i jordskiftelova blir brukte til å skape betre eigedomsstruktur, klarare rettstilhøve for fast eigedom, samarbeid på tvers av eigedomsgrensene og

auka bruk av grunnareal som erstatning ved ekspropriasjon. I praksis medverker verkemidla til konfliktløysing og samarbeid på tvers av eigedomsgrensene, noko som både medverkar til eit betre miljø og samarbeidsklima samtidig som ein får utnytta naturressursane på ein betre og meir rasjonell måte. Jordskiftelova er endra slik at jordskifterettane no har dei nødvendige verkemidla til å gjennomføre makeskifte og knytt til barskogvern.

Mange jordskifterettar har store restansar. Det er derfor eit viktig mål å få redusert ventetid og saksbehandlingstid ved jordskifterettane for å ivareta rettstryggleiken til partane på ein betre måte. Jordskifterettane blir omorganiserte og moderniserte, og gjennom denne prosessen legg ein stor vekt på at tidsbruken skal gå ned slik at jordskifterettane kan stå fram som ein aktuell særdomstol for grunneigarane og samfunnet.

Eit regjeringsoppnemnt utval (Løken-utvalet) har greidd ut jordskifterettane si stilling og funksjonar. Innstillinga blei lagt fram 03.06.2002. Den er trykt som NOU 2002: 9, og sendt på brei høyring med frist 15.10.2002.

3. Næringspolitikk og verdiskaping

Innleiing

Innan dette verksemdområdet er siktemålet å få til ei heilskapleg landbruksbasert verdiskaping der ein ser dei tradisjonelle landbruksnæringane i samanheng med nye næringstiltak.

I Semerklæringa er følgjende mål lagt til grunn for dette verkeområdet

- “sikre rammevilkår som gir ny optimisme i landbruket. Økt forbrukerretting kan kombineres med fortsatt desentralisert landbruk med variert bruksstruktur. For å legge til rette for økte inntektsmuligheter for aktive utøvere og for å sikre den fremtidige rekrutteringen til landbruket skal det tas større hensyn til bruk hvor jordbruksproduksjonen utgjør et viktig bidrag til inntekten. Dette oppnås blant annet ved å sikre at også heiltdsbonden får inntekter gjennom mer produksjonsnøytrale støtteordninger.
- sikre gode inntektsmuligheter fordi dette er avgjørende for å sikre matvaresikkerhet og tilstrekkelig produksjon av trygg mat med høy kvalitet.
- legge til rette for at aktive utøvere skal få en inntektsutvikling på linje med andre grupper i samfunnet.
- gi næringsutøverne i landbruket en mer selvstendig rolle.

- at importvernet fortsatt må sikre norsk landbruksproduksjon på viktige områder.
- opprinnelsesmerke matvarer og fremme tiltak for at økologiske produkter skal stå sentralt.
- forenkle dagens omfattende virkemiddelsystem for å få et mer fleksibelt og mindre detaljert regelverk.
- forbedre vilkårene for samdrift i landbruket. Reglene må sikre at utøverne er aktive brukere.
- videreføre målene og de grunnleggende prinsippene for pris- og markedsregulering for jordbruksvarer. Dette innebærer at landbrukssamvirket fortsatt skal ha en sentral rolle i gjennomføringen av landbrukspolitikken. Samtidig må uavhengige aktører sikres rettferdige rammebetingelser. Sentrale konkurransevilkår må fastsettes av Statens landbrukstilsyn eller et annet uavhengig organ.
- vurdere konsesjonsgrensene i svin-, egg- og kyllingproduksjon som er direkte relatert til størrelse med sikte på å bedre inntektsmuligheter og reduserte kostnader.
- videreføre forhandlingsinstituttet, men forenklinger i forhandlingsopplegget vurderes.
- gi næringsutøverne i landbruket en mer selvstendig rolle.
- forenkle dagens omfattende virkemiddelsystem for å få et mer fleksibelt og mindre detaljert regelverk”

Regjeringa legg vekt på at dei tre verdiskapingsprogramma som er etablert for høvesvis norsk matproduksjon, reindrift samt skog og trevirke skal utnytte det potensial som ligg i ei aktiv satsing på både kvinner og menn i næringa.

Jordbruk

Hovudtrekk i jordbrukspolitikken

I Sem-erklæringa visar ein til at desentralisert landbruk med variert bruksstruktur er viktig både av beredskapsomsyn og av omsyn til behovet for trygg mat. Landbruket spelar òg ein vesentleg rolle for å sikre levende bygder og spreidd busetting. Ressursane må vidare forvaltast på ein berekraftig måte slik at det biologiske grunnlaget og miljøkvalitetar i kulturlandskapet sikrast.

Regjeringa vil vidare arbeide for eit livskraftig landbruk som utnyttar ny teknologi og nye marknadsmoglegheiter og gir forbrukarane kvalitetsprodukt til konkurransedyktige priser. Både ut frå nasjonale omsyn og framtidige utfordringar som følgje av auka konkurranse, er det nødvendig å gjennomføre endringar i jordbrukspolitikken som

kan medverke til omstilling og effektivisering i næringa.

Regjeringa legg auka vekt på at det må bli tatt større omsyn til bruk kor jordbruksproduksjonen utgjer et viktig bidrag til inntekta. Jordbruksavtalen for 2002-2003 skal medverke til omstilling og effektivisering og at aktive utøvarar skal få ein inntektsutvikling på linje med andre grupper i samfunnet, kombinert med eit desentralisert landbruk med variert bruksstruktur. Regjeringa legg til grunn at betre utnytting av moglegheitene i marknaden, auka mangfald, ein balansert marknad, strukturelle endringar og fornuftige tilpassingar av kostnader i aukande grad vil vere viktig for å nå ei rimeleg inntektsutvikling i jordbruket.

For avtaleperioden 2002-2003 er det gjort ein moderat omfordeling av økonomiske verkemidlar i retning av bruk som har ressursgrunnlag til å vere ein hovudinntektskilde for brukarfamilien. Det er gjennomført enkelte strukturelle tilpassingar som skal stimulere til auka effektivitet, konkurransekraft og redusert overføringsbehov over tid bl.a. ved å forbedre rammevilkåra for brukarar som vel å gå inn i samarbeidsforetak. Vidare blir meir av overføringane flytta over til skatteordningar. Dette medverkar til at overføringane i noe større grad blir retta inn mot foretak som driv med sikte på næringsinntekt av eit visst omfang over tid. Verkemidla blir derfor i sterkare grad knytt til verksemd som er næringsmessig viktig.

Med dei utfordringane det norske jordbruket står ovanfor er effektivisering og kostnadsreduksjon i vareproduksjonen nødvendig for at jordbruket over tid framleis skal vere i stand til å produsere dei fellesgoda samfunnet spør etter. Mjølkeproduksjonen er viktig både i omfang og for bidraget til inntektsmoglegheiter i mange distrikt. Store delar av overføringane over jordbruksavtalen går til mjølkeproduksjonen kor strukturen har vore tilnærma låst sidan innføringa av kvoteordninga i 1983. Regjeringa meiner det er nødvendig å auke mjølkeprodusentane sitt handlingsrom for å medverke til ein meir effektiv produksjon gjennom ein friare omsetning av mjølkekvotar. I *Jordbruksavtalen for 2002-2003* er det innført endringar i kvoteordninga for mjølk som inneber ein friare omsetning av kvotar.

Det er ei viktig målsetjing for regjeringa å sikre grunnlaget for gode levekår i alle delar av landet. Ei stabil busetting er ein viktig føresetnad for å kunne realisere viktige samfunns mål knytt til ressursutnytting, miljø, velferd og trivsel. Som basisnæringar for busettinga i distrikta må ein gi primærnæringane økonomiske og sosiale rammevilkår som kan sikre rekruttering og utnytting av lokale ressursar. Det blir vidare lagt til rette for

utviklinga av alternative arbeidsplassar i tilknytning til landbruket, særleg for kvinner.

Den samla næringspolitikken for bygdene må styrke og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for busetjingsmønsteret. Det blir lagt vekt på ein utviklingsretta bruk av verkemidla der det er eit strategisk mål å mobilisere ressursane gjennom lokale prosessar.

Bygdeutviklingsmidlane er det sentrale verke-middelet for å fremme lønnsam næringsutvikling innan og i tilknytning til landbruket. Næringa si interesse for ordninga er stor i alle delar av landet, og satsinga syner gode resultat i form av arbeidsplassar og positive ringverknader i distrikta. For rapportering på bruk av BU-midlar i 2001 blir det vist til St.prp. nr. 65 (2001-2002) *Om jordbruksopp-gjøret 2002*. BU-midlane er nærare omtalt under kap. 1150.

Ein meir open konkurransesituasjon krev ei offensiv utnytting av dei moglegheitene som ligg føre. Det gjeld å nytte marknadssignal og tilpasse produksjonen til marknaden, med særleg vekt på auka utvikling av nye produkt og tenester det er etterspørsel etter. Departementet vil gjennom *verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon* medverke til høgare verdiskaping både innan primærproduksjon og foredling gjennom betre utnytting av marknadsmoglegheitene. Satsinga på økologisk landbruk er òg sentral i denne samanhengen.

Norsk landbruk og næringsmiddelindustri møter aukande internasjonal konkurranse på heimemarknaden både som følgje av internasjonale handelsavtar og gjennom den aukande grensehandelen. Det har særleg vore auke i importen av bearbeida landbruksvarer dei seinare åra.

Det pågår fleire internasjonale forhandlingsprosessar som er viktige for importen av landbruksvarer til Noreg. Både i dei pågåande WTO-forhandlingane og forhandlingar med EU om artikkel 19 og protokoll 3 i EØS-avtalen er marknadsgang for landbruksvarer tema. Forbrukarane stiller auka krav til produktmangfald og variasjon. Dette påverkar òg etterspurnaden etter utanlandske produkt. Den aukande internasjonale konkurransen stiller norsk landbruk og næringsmiddelindustri ovanfor monalege utfordringar om ein skal kunne behalde sin del av marknaden.

Mat

Regjeringa sin matpolitikk er bygd opp kring tre hovudelement:

- trygg mat av riktig kvalitet
- ei langsiktig matforsyning

- nyskaping, mangfald, og verdiskaping knytt til produksjon av matvarer.

Det er ein grunnleggjande føresetnad at all mat som blir bydd ut for sal skal vere trygg. Dette elementet i matpolitikken er det gjort nærare greie for i kat. 15.10.

Matpolitikken legg til grunn ei langsiktig nasjonal matforsyning, der alle menneske til ei kvar tid har tilgang til mat og fullgodt kosthald som grunnlag for eit aktivt liv med god helse. Forbruket av mat i Noreg blir dekt både gjennom nasjonal produksjon og ved import av matvarer frå andre land.

Gjennom politikken for matvareberedskap ønskjer ein å avdekkje risiko og gjere matforsyninga mindre sårbar, og å setje i verk tiltak for å gjere ho meir robust dersom det er nødvendig. Landbruksdepartementet samarbeider nært med Nærings- og handelsdepartementet på dette feltet. Matvareberedskapspolitikken tek utgangspunkt i den løpande innanlandske matproduksjonen, og vesentlege produksjonsendringar vil endre føresetnadene for matvareberedskapen. Det er samtidig avgjerande med gode handelsrelasjonar for å redusere forstyrringar og gjere den innanlandske matforsyninga mindre sårbar, jf. omtale under kap. 1143.

Med dei gjeldande planføresetnadene for samfunnstryggleik og beredskap, finn ein det ikkje nødvendig å oppretthalde dagens beredskapslager av råvarer, som korn og mjøl.

Regjeringa vil i sin politikk leggje føresetnadene til grunn for å utvikle vidare eit jordbruk som produserer eit auka mangfald av mat gjennom eit fokus på nyskaping og verdiskaping. Ein matmarknad med mangfald, nyskaping og variasjon i utbodet av produkt er sær s viktig for å møte etterspørselen frå stadig meir kvalitetsbevisste og marknadssegmenterte forbrukarar. I arbeidet med dette må politikken på området leggje til rette for auka nyskaping, mangfald, verdiskaping og marknadsorientering i både primærproduksjonen og næringsmiddelindustrien. Dette arbeidet skal føre til auka verdiskaping i heile næringa, samstundes som det skal påverke moglegheita for å hente ein aukande del inntekter til næringa frå marknaden. Det første leddet i dette arbeidet er å differensiere næringssatsinga i forhold til produksjon av tradisjonelle standardprodukt og produksjon av meir spesialiserte og foredla produkt. For meir spesialiserte produkt må kvalitetselement som påverkar forbrukarane si oppleving av maten blir prioritert. Det kan vere forhold som direkte gjer seg gjeldande gjennom opplevinga av maten som til dømes, smak, lukt og konsistens, men der forhold knytt til høve kring produksjon som til dømes etisk

dyrehald, økologiske driftsformer, og produkta sine historiske og kulturelle opphav også er viktige kvalitetsdimensjonar.

I arbeidet med nyskaping, mangfald og verdiskaping på matmarknaden er *Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon sentralt*. Programmet har som hovudmål å auke mangfaldet av spesialiserte produkt av høg kvalitet i tråd med marknaden sine krav, samstundes som det skal auke det økonomiske potensialet i næringa ved ei satsing på produkt for sal til betalingsvillige segment i marknaden. Som ledd i styrkinga kring formålet med *Verdiskapingsprogrammet* er *Eksportprogrammet* overført frå *Konkurransestrategiar for norsk mat* og til *Verdiskapingsprogrammet*. Det vil auke moglegheitene for eksport av norske spesialiserte matprodukt til marknader i utlandet, samstundes som det gir ein betre koordinering av arbeidet i SND og Noregs Eksportråd. *Verdiskapingsprogrammet* legg òg til rette for auka kompetanse blant entreprenørar på matvaremarknaden gjennom etableringa av kompetansenettverk. Det er gitt ei nærare omtale av *Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon* i St.prp. nr. 65 (2001-2002).

For å fremme utviklinga av mangfaldet på matmarknaden gjennom lokale produksjonar vil det vere viktig med ein politikk som tek særskilt vare på dei lokale tilhøva. Mange spesialiserte matprodukt har sine kvalitative føresetnader i historiske og kulturelle tilhøve. For at desse ikkje skal bli øydelagde må verkemidla tilpassast lokalt tilhøve og i tillegg byggje på anna næringsutvikling knytt til landbruksnæringa, til dømes bygdeturisme. Dei lokale tilhøva for produksjon av spesielle kvalitetsprodukt er òg det viktigaste grunnlaget for den nyetablerte offentlege merkeordninga som gir vern til produkt som har eit spesielt geografisk opphav, tradisjon eller særpreg, jf. Ot.prp. nr. 85 (2000-2001), *Om lov om endringer i lov 17. juni 1932 nr. 6 om kvalitetskontroll med landbruksvarer m.v.* og omtale i kat. 15.10.

Ei utvikling av mangfaldet på matmarknaden vil krevje eit større fokus på nyskaping, mangfald og verdiskaping knytt til produktutvikling, marknadsutvikling og organisasjonsutvikling. Forhold kring nyskaping, mangfald og verdiskaping på matvaresektoren er nærare omtalt i kat. 15.20. Også satsinga på å utvikle økologisk jordbruk vil vere med på å auke mangfaldet i matvaremarknaden. Sjø nærare omtale under omtalen av miljø og omtalen i kap. 1150.

Modernisering

Regjeringa legg vekt på å vurdere den samla effekten av alle verkemidla som påverkar mat- og land-

brukssektoren: importvernet, dei økonomiske verkemidla over jordbruksavtalen, administrative og juridiske verkemiddel og skatte- og avgiftstiltak. Samtidig må det gjerast kontinuerlege politiske vurderingar om bruken av verkemiddel i forhold til målkonfliktar.

Verkemidla skal utformast med sikte på auka forbrukarretting og auka konkurranse i verdikjeda og det er ei hovudutfordring å utforme dei økonomiske verkemidla slik at ein kan nå samfunnsmåla mest mogleg effektivt.

Det er gjennomført ein teknisk omgruppering og tydeleggjering av verkemidla over kap. 1150 i forhold til måla for politikken.

- Utrekninga av tilskottet til innmarksbeite er forenkla
- Utrekninga av tilskotta til organisert beitebruk er forenkla
- Katastrofefondet er omgjort til "Skadefondet for landbruksproduksjon"
- Tiltaksfondet for småfe og fjørfe er avvikla
- Det er gjort justeringar i satsane for AK-tilskottet slik at det kan etablerast eit særskilt kulturlandskapstilskott som betaling for produksjon av kollektive gode på kr 200,- pr. dekar til alt jordbruksareal som har rett til tilskott
- Forvaltninga av distrikts- og kvalitetstilskott til frukt, bær og veksthusgrønsakar samt distrikts-tilskott til poteter i Nord-Noreg er samordna med forvaltninga av produksjonstilskott og avløysartilskott frå søknadsomgangen 20.01.2003. Mellombels ordning med frakttilskott til konservesblomkål er avvikla.
- Forvaltninga av tilskott til økologisk produksjon er samordna med forvaltninga av produksjonstilskott og avløysartilskott frå søknadsomgangen 20.08.2002.

Departementet fastsette den 22.03.2002 ny forskrift om produksjonstilskott i jordbruket, som blei fastsett 01.07.2002. Den nye forskrifta er et resultat av ein revisjon og samordning av tolv forskrifter om produksjonstilskott.

I prinsippet inneber den nye forskrifta at alle typar føretak som driv landbruksproduksjon kan bli gitt tilskott. For å forhindre at danning av selskap skjer for å utnytte den økonomiske strukturprofilen i tilskottssystemet, er det likevel innført visse avgrensingar. Forvaltninga må vurdere konkret om det føreligg uformelle driftsfellesskap mellom fleire føretak som får innverknad på tilskottsutrekninga.

Statens landbruksforvaltning er Landbruksdepartementets viktigaste reiskap for å sette landbrukspolitikken ut i livet. Statens landbruksforvaltning har utarbeidd ein IKT-strategi for verksemda

for perioden 2002-2004. På bakgrunn av dette er det i *Jordbruksavtalen for 2002-2003* sett av 20 mill. kr til ein slik satsing på IKT i SLF, jf. omtale under kap. 1143.

Som eit ledd i moderniseringa av offentleg sektor har SND på oppdrag frå Landbruksdepartementet starta eit arbeid med ein handlingsplan som skal identifisere flaskehalsar som hindrar oppstart og drift av mindre næringsmiddelverksemdar. Handlingsplanen skal òg medverke til å utvikle samarbeidskonstellasjonar mellom offentlege instansar og mindre næringsmiddelverksemdar for å leggje til rette for at ny verksemdar på matområdet blir etablert. Arbeidet blir gjort innanfor *Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon*, og vil vere klart til jordbruksoppgjeret i 2003.

Skogbruk

Mål

Måla i skogpolitikken er at:

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast og
- skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver.

Ei aktiv og langsiktig ressursforvaltning er nødvendig for å nå desse måla. Det er ein føresetnad at dei som eig eller har råderett over skogressursane er medvitne om dette og om forvaltaransvaret dei har.

Status

Utnytting av skogressursane har hatt mykje å seie for inntekt og sysselsetting i distrikta. Skogsektoren er ei av dei viktigaste eksportnæringane i Noreg.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for den skogbaserte næringsverksemda, og lønnsmda har vore fallande. Det er lite som tyder på at forholda skal betre seg dei næraste åra. Industrien har gått gjennom ei omfattande strukturrasjonalisering, noe som har ført med seg færre bedrifter og nedgang i den samla sysselsettinga.

For å medverke til å motvirke den negative utviklinga innan skogsektoren blei *Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke* starta opp i 2000. Gjennom ei satsing på nyskaping og marknadstilpassing i heile verdikjeda marknadsskog ønskjer regjeringa å medverke til å betre lønnsmda innan sektoren, og såleis sikre verdifulle arbeidsplassar i distrikta.

Aktiviteten i skogbruket

Nedgangen i aktiviteten i skogbruket held fram. Avverkinga til sal og industriell produksjon har dei siste åra vore mindre enn 8 mill. m³ pr. år, og dei årlege investeringane meir enn halvert sidan slutten på 1980-talet. Redusert lønnsemd har medverka til at om lag 25 pst. av det produktive skogarealet ikkje lenger er økonomisk drivverdig. Det er samstundes ei aukande interesse for annan næringsaktivitet i utmarka, særleg knytt til jakt, fiske og utmarksturisme.

Skal skogen i framtida vere ei viktig kjelde til inntekt og sysselsetting, krev det eit relativt høgt nivå på dei langsiktige investeringane samtidig som det blir sett inn tiltak i dei ulike ledda i heile verdikjeda. Det er eit potensial for utvikling av konkurranseevna i skogindustrien og betring av produktiviteten i alle ledd samtidig som produktutvikling og betre marknadstilpassing kan gi grunnlag for auka og betra utnytting av ressursane. Auka verdiskaping er òg avhengig av at avverkinga blir auka. Ei lønnsam utnytting av den hogstmogne skogen krev betre vegdekning. Samtidig kan vegbygging gi negative miljøeffektar. Derfor har Landbruksdepartementet i samarbeid med Miljøverndepartementet utarbeidd retningslinjer for korleis slike saker skal behandlast. Ytterlegare restriksjonar vil innebære at hogstkvantumet dei næraste tiåra må reduserast.

Bioenergi

Landbruket kan som produsent, brukar og leverandør av bioenergi, bidra til å auke bruk av ny fornybar energi. Innan rammene for langsiktig berekraftig forvaltning er det potensial for å auke utnyttinga av biomasseressursane frå landbruket til energiformål. Auka bruk av bioenergi vil bidra til å styrke og oppretthalde verdiskapinga i landbruket. I jordbruksforhandlingane i 2002 blei det sett av 15 mill. kr til bioenergi innanfor ramma på 158 mill. kr til skog og bioenergi. Satsinga har som mål å auke tilbodet og bruken av bioenergi frå jord- og skogbruket. Samtidig blir det forutsett at satsinga legg grunnlaget for utvikling av landbruket som ein totalleverandør av bioenergiløysingar. Arbeidet i Landbruksdepartementet må sjåast i samanheng med Olje- og energidepartementet si satsing på omlegging av energibruk og -produksjon.

Utmark

Landbruket forvaltar største delen av skogen og utmarka i Noreg. I tillegg til tradisjonell skogsdrift gir desse areala òg andre kommersielle mogleg-

heiter t.d. i form av sal av jakt og fiske, hausting/oppdrett og vidareforedling av ferskvassfisk, hytteutbygging, grus/mineralar og hausting av urter og bær for sal. Det ligg òg moglegheiter i å kombinere slike bruksformer med ulike former for turisme. Forvaltninga av desse ressursane er til no ikkje optimalisert i forhold til å hente størst mogleg avkastning av ressursen. I 2002 blei det utarbeidd ein strategisk plan for næringsutvikling i utmark. Planen var initiert av jordbruksavtalepartane og utarbeidd av ei arbeidsgruppe sett ned av SND. Landbruksdepartementet tek sikte på å bygge vidare på dette grunnlaget og utforme ein handlingsplan for utnytting av utmarkressursane.

Skog og skogareal kan gi grunnlag for ulik distriktbasert næringsverksemd. Å leggje til rette for slik næringsutvikling er ei viktig oppgåve for Landbruksdepartementet i samarbeid med andre departement og med sentrale institusjonar som Statens nærings- og distriktsutviklingsfond og Norges Forskingsråd. Fylkesmannen er òg med i dette arbeidet gjennom m.a. regionale næringsutviklingsprosjekt.

Miljøprofilen i skogpolitikken

Miljøarbeidet i skogpolitikken er bygd opp kring to hovudtema:

- Skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver og
- Skogsektoren har viktige miljøutfordringar knytt til eigen næringsverksemd

Miljøarbeidet og den næringsretta verksemda er sterkt integrert med kvarandre og knytt direkte til einskilte skogbrukstiltak. Miljøtiltaka er begrunna i begge punkta ovanfor, men i mange høve er også miljøtiltaka i seg sjølv eit viktig grunnlag for å få til gode næringsmessige løysingar. Næringsverksemda i skogbruket er for tida nede i ein bølgedal med redusert aktivitet og svekt lønnsemd. Desse tilhøva gjer det ekstra utfordrande å finne gode og balanserte løysingar som både sikrar ein god miljøprofil og legg eit godt fundament for næringsverksemda.

Miljøarbeidet i skogpolitikken er nærare omtalt under kap. 1142.

Internasjonale oppgåver

Skogpolitikken er nært knytt til ei rekkje internasjonale prosessar. Det internasjonale skogpolitiske arbeidet har direkte verknad for skogbruket og skogindustrien i Noreg og for utforminga av den nasjonale skogpolitikken. Departementet legg derfor opp til at Noreg skal delta aktivt i internasjonale

skogpolitikk. Noreg skal bidra konstruktivt til utvikling av berekraftig skogbruk globalt. Det er vidare viktig å sikre at internasjonale avtalar ivaretek norske interesser.

Dei viktigaste prosessane for Noreg er Skogforumet i FN, dei pan-europeiske ministerkonferansane for trygging av Europas skogar, FN-konvensjonen om biologisk mangfald, FN-konvensjonen om klimaendringar og Kyotoprotokollen og det nordiske samarbeidet.

Verkemiddel

Skogbrukslova med tilhøyrande føresegner gir den juridiske ramma for skogbruket og er det grunnleggjande verkemidlet for å sikre berekraftig bruk av skogen. Lova legg til rette for å sikre produksjonsgrunnlaget og set krav om at det skal takast miljøomsyn. Departementet arbeider no med ei revisjon av lova, og ein tek sikte på at ei ny lov skal tre i kraft i 2004.

Ei hovudutfordring i skogbruket framover er å auke lønnsmda i næringa m.a. gjennom auka foredling og ein meir differensiert utnytting av trevirket. Ramma til *Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke* blir derfor auka med 19 mill. kr til 39 mill. kr for 2003.

Regjeringa legg opp til ein omlegging av skogpolitikken med sikte på at dei økonomiske rammevilkåra for skogsektoren blir meir robuste. Ordninga med skogavgift står sentralt i arbeidet for å sikre nødvendige investeringar. Ordninga sikrar det finansielle grunnlaget for investeringane samtidig som ho aukar investeringsvilja hos skogeigarane ved at det er knytt skattefordel til bruken av skogavgifta til langsiktige investeringar i skogkultur og skogsvegar. Regjeringa legg opp til at skogavgiftsordninga skal betrast ved at skattefordelsatsen ved investeringar med skogavgift blir auka frå 35 pst med avtrapping i dag og til 60 pst. utan avtrapping. Samtidig blir det ikkje lenger mogleg å investere i nye skogsvegar med skattefordel. Med investeringar i skogkultur på dagens nivå vil dette gi skogeigarane ein skattereduksjon på om lag 9 mill. kr.

Regjeringa foreslår vidare å avvikle ordningane med tilskott til skogkultur og transport over kap. 1142.

Budsjettframlegget for 2003 inneber ei løyving til miljø- og næringstiltak i skogbruket på om lag 74 mill. kr. I tillegg er det sett av 143 mill. kr til ordinære skogbrukstiltak og 15 mill. kr til auka satsing på bioenergi over LUF.

I miljøarbeidet byggjer departementet på alle dei verkemidla som er til rådvelde for gjennomføring av skogpolitikken. Departementet går inn for

at auka vern av skog blir eit viktig element i skogpolitikken.

Resultatoppnåinga framover set høge krav til økologisk kunnskap og krev brei informasjonsinnsats og sterk vekt på kompetansebyggjande tiltak.

Skogforskinga nasjonalt og deltaking i internasjonal skogforsking står sentralt i den samla verkemiddelbruken i skogpolitikken. Forskingsinnsats er avgjerande for å sikre vidare utvikling av kunnskapsgrunnlaget for skogbruket.

I St.meld. nr. 19 (2001-2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*, er det lagt til grunn at kommunane i framtida skal ta avgjerd i saker som gjeld tilskott til skogbrukstiltak og i saker etter skoglova. Det er lagt til grunn at denne endringa skal gjennomførast frå 01.01.2004. Samtidig som vedtak i enkeltsaker førast over til kommunane har fylkesmannen ei viktig rolle når det gjeld formidling av skogpolitikken, som regional kompetanse- og pådrivarmiljø og når det gjeld kontroll og kvalitetssikring av aktiviteten.

Reindrift

Mål

Mål og retningslinjer for reindriftspolitikken er trekt opp i St.meld. nr. 28 (1991-92) og Stortinget si behandling av denne, jf. Innst. S. nr. 167 (1991-92). I innstillinga er *En bærekraftig reindrift* konkretisert nærare til å vere økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. For nærmare omtale av måla i reindriftspolitikken syner ein til kap. 1147 og 1151, samt St.prp. nr. 58 (2001-2002).

Status og verkemiddel

Stabile vilkår for reindriftsnæringa er ein nødvendig føresetnad for å kunne skape tryggleik i næringa. Reindriftsutøvarar som utøvar si reindrift i områder der vilkåra er fastsett har ei betre lønsemd enn utøvarar der slike fundamentale spørsmål ikkje er avklart. I dag er situasjonen for store deler av reindriften i Finnmark bekymringsfull med lav produksjon, nedslitte lavbeite, store rovdyrta og stadige inngrep som medfører auka fragmentering av reindriften sine areal. For å styrke berekrafta i reindriften i Finnmark må ein få på plass sentrale

vilkår for reinbeiteområda og sikre at disse blir etterlevd. Dette gjeld distrikts- og siidainndeling, fastsetting av beitetider og fastsetting av høgste talet på rein for reinbeitedistrikta. Den største utfordringa er å knytte tilpassinga av beitebelastninga til ressurstilgangen for å betre vilkåra i næringa. 30.01.2002 fastsette Reindriftstyret eit øvre tal på rein for sommardistrikta i Vest-Finnmark reinbeiteområde. Vedtaket inneber at det må leggjast til rette for at fleire reindriftsutøvarar må ut av næringa. I samband med dette ble det hausten 2002 etablert eit prosjektkontor ved Reindriftsforvaltninga i Vest-Finnmark. Prosjektkontoret har ansvaret for å kjøre ein prosess mot kvart enkelt reinbeitedistrikt kor ein på bakgrunn av drøftingar vil utarbeide tiltak som tilfredstillar dei ulike distrikta sine behov. For Aust-Finnmark reinbeiteområde er arbeidet med nye distriktsinndelingar på vår/haust/vinterbeita i gang. Det er vidare sett i verk eit utgreiingsarbeid med sikte på å få fastsett høgste talet på rein pr distrikt og nye beitetider som etter planen skal samordnast med distriktsinndelingsarbeidet.

Det er òg viktig å få til auka verdiskaping for reindriftsutøvarane blant anna gjennom kartlegging av suksessfaktorar for produktutvikling og produksjon av tradisjonelle matrettar, duoddji og turisme basert på rein. I den samanheng er det viktig at verkemidla frå høvesvis *Reindriften sitt utviklingsfond* og *Verdiskapingsprogrammet for reindrift* blir sett i ein samanheng slik at effekten av dei to ordningane blir størst mogleg. Det er sentralt at tilhøva blir lagt slik til rette at næringa kan nytte sin tradisjonelle kunnskap og auke mangfaldet av produkt på ein måte som sikrar ei positiv utvikling. Dette er særleg viktig for kvinnene og for å ta vare på heilskapen i reindriftskulturen.

For at reindriften skal ha ei framtid som næring er det viktig at ein får etablert tilskottsordningar som motiverer til auka produksjon og auka verdiskaping. I den samanheng visar ein til omtalen under kap. 1147 og kap. 1151 når det gjeld NILF sitt oppdrag med å foreslå endringar av dagens tilskottsordning til driftseiningar og tamreinlag.

For nærare omtale av status og verkemidlar i reindriftspolitikken visar ein til omtalen under kap. 1147 og kap. 1151, samt St.prp. nr. 58 (2001-2002).

Kap. 1140 Miljø- og næringstiltak i jordbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
50	Næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse	18 150	18 633	18 967
77	Miljøretta prosjektarbeid m.m., <i>kan overførast</i>	35 555	35 281	35 881
	Sum kap 1140	53 705	53 914	54 848

Post 50 Næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse

Ein stor del av verksemda til Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) er oppgåver til støtte for forvaltninga på oppdrag frå Landbruksdepartementet. Ein kan dele den forvaltningsretta verksemda til NILF inn i verksemdområda sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket, annan dokumentasjon av næringsøkonomi og matmarknad, føretaksøkonomisk rettleiing og styring og driftsøkonomiske data og analysar. NILF har òg andre særskilde utgreiingsprosjekt der Landbruksdepartementet er direkte brukar.

Gjennom arbeidet med driftsgranskingane, analysebruk og økonomiforsøk blir det utarbeidd føretaksøkonomisk statistikk og analysar som grunnlag for forvaltning, forskning, undervisning, rådgiving og næringsverksemd, jf. kap. 1137. Materialet blir m.a. brukt som grunnlag for jordbruksforhandlingane og som grunnlag for utforming av ulike verkemiddel i landbrukspolitikken. Vidare medverker NILF til å dokumentere sentrale utviklingstrekk i landbruk, matvareindustri og matvaremarknader og til å overvake internasjonale handelsavtalar og internasjonale marknader. NILF skal òg medverke til betre organisering og leiing av landbruksføretak.

Resultatrapport 2001

Driftsgranskingane for 2000 omfatta 957 rekneskap frå yrkesmessig drevne bruk. Hausten 2001 blei det vedteke å samordne analysebruka og økonomiforsøka til eitt arbeidsområde som blir koordinert av distriktskontoret i Bergen.

Som sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket har NILF revidert referansebruksberekningane slik at dei er meir direkte basert på driftsgranskingane.

I 2001 har NILF òg arbeidd med forenkling og målretting av landbrukspolitikken, pris- og marginanalysar for matvarer og prisutjamningsordninga for mjølk.

Mål og resultatkrav i 2003

NILF skal i 2003 føre vidare dei faste oppgåvene som dei har for forvaltninga.

Generelt legg departementet til grunn ei vidare utvikling av datamateriale som kan nyttast i samband med utforminga av landbrukspolitikken. Departementet legg vekt på at NILF har god kompetanse i spørsmål om internasjonale marknader og internasjonal handelspolitikk. Ei anna sentral oppgåve for NILF, i samarbeid med andre relevante kompetansemiljø, er å gjennomføre analysar og utvikle dokumentasjonsverktøy knytt til tilhøva i matvaremarknaden.

God økonomistyring i føretak innanfor landbruket er vesentleg for inntektene. NILF har ei sentral oppgåve i å utvikle kompetanse og hjelpemiddel for driftsøkonomisk rettleiing og styring. Departementet legg til grunn at meir av dette arbeidet blir finansiert gjennom brukarane si betaling for produkta.

Post 77 Miljøretta prosjektarbeid m.m.**Mål**

Måla for det miljøretta prosjektarbeidet er:

- registrere og dokumentere miljøtilstand og miljøtilpassingar med omsyn til erosjon, tap av næringssalt, miljøgifter og spreing av plantevernmidlar
- implementere miljøomsyn i næringa i tråd med prinsippa om berekraftig utvikling og langsiktig ressursforvaltning
- følge opp nasjonale og internasjonale miljøforpliktingar slik som føresett i Stortingsmeldingar og internasjonale avtaler
- medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet
- auke kunnskapen om miljø i forvaltninga og næringa for å fremme ei sikker og rask omstilling til meir miljøforsvarleg drift
- utvikle tiltak som gjer kommunane og dei regionale styresmaktene betre i stand til å sikre arealressursane og dokumentere landbruket sine

interesser i arealplanprosessane og i arbeidet med verneplanar

- gi støtte til Nordisk genbank for husdyr, som skal være eit nordisk senter for dokumentasjon og bevaring av variasjonen i det dyregenetiske materialet i dei nordiske land.

I tillegg blir det over posten løyvd midlar til ideelle organisasjonar som driv arbeid innan landbruk, mat og nye og tradisjonelle næringar, jf. omtale under "Budsjettframlegg 2003".

Resultatrapport 2001

Resultatkontrollen viser at miljøtiltaka i hovudsak går som planlagt. Miljøarbeidet må likevel halde fram og styrkjast for å nå måla.

Arbeidet med resultatkontroll, overvaking, herunder Jordsmonnsovervåkingsprogrammet, vart vidareført i 2001. I 2001 blei det og gjennomført ei tiltaksanalyse for forureining. Resultata har i 2001 mellom anna blitt nytta i rapporteringa til den 5. Nordsjøkonferansen i Bergen.

Medverking i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet er mellom anna gjort gjennom arbeid innanfor OECD og WTO. I samband med WTO-forhandlingane er det sett fokus på miljøspørsmål og det er gjennomført utgreiingar, bilaterale møter og konferansar knytt til dette.

Det er lagt vekt på å følgje opp internasjonale forpliktingar mellom anna frå Nordsjøplanen og Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining. Vidare er det gjennomført tiltak for å lette innarbeidinga av EU sine forordningar for økologisk plante og husdyrproduksjon. Ein har også støtta gjennomføringa av tiltak innanfor Handlingsplanen for plantegenetiske ressursar.

Det er gjennomført fleire prosjekt og tiltak når det gjeld overgang til meir miljøvennlege driftsmåtar, t.d. finansiering av nokre tiltak i Handlingsplan for redusert bruk av plantevernmidde og planleggingssystem for næringsbalansebereknningar.

Det er gitt støtte til prosjekt som bidreg til å auke kunnskapen om landbruket og synleggjere landbruket sine interesser og verdiar i arealplanprosessar. Det har i 2001 vore fokus på prosjekt i tilknytning til tettstader og pressområde, samt prosjekt med auka planlegging og samhandling som mål, både på regionalt og lokalt nivå.

I tråd med måla for posten blei Nordisk genbank for husdyr (NGH) støtta med 1,0 mill. kr.

I regi av Fylkesmannsembeta er det gjennomført prosjekt regionalt og lokalt mellom anna knytt til satsing på Geovekst og GIS-kompetaseutvikling,

ulike faglege prosjekt og oppfølging av kommunane.

Det blei i 2001 gitt støtte til enkelte organisasjonar for å halde oppe nærings- og miljøarbeidet i desse organisasjonane.

Budsjettforslag 2003

For 2003 gjer ein framlegg om ei samla løyving under post 77 på 35,88 mill. kr.

Midlane vil bli nytta til gjennomføring av prosjekt og tiltak i tråd med måla for posten, sjå målsetjingar innleiingsvis. I tillegg er det sett av midlar til å støtte ideelle organisasjonar som driv arbeid retta mot landbruk, mat og nye og tradisjonelle næringar, jf. omtale nedanfor.

Miljøretta prosjektarbeid

Departementet vil òg i 2003 legge vekt på å få til ei effektiv samordning av miljøarbeidet sentralt, regionalt og lokalt. Dette vil vere spesielt viktig framover, m.a. sett i forhold til oppfølginga av St.meld. nr. 19 (2001-2002) som legg opp til auka regionalisering og kommunalisering av miljøarbeidet.

Miljøvernforvaltninga har trekt seg frå deltaking og delfinansiering av Jordsmonnsovervåkingsprogrammet. Samtidig er krava til overvaking og rapportering aukande. Departementet vektlegg derfor satsinga på Jordsmonnsovervaking og rapportering over posten. Det kan òg vere aktuelt for departementet å løyve midlar til eit nasjonalt program for overvaking av biologisk mangfald.

Dei internasjonale forpliktingane, mellom anna knytt til Konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar, Kyoto-protokollen m.fl, krev auka innsats frå landbruket. Departementet tek derfor sikte på å følgje opp MILDRI-programmet. MILDRI-programmet såg på miljøeffektane og dei bedriftsøkonomiske effektane av ulike miljøverkemiddel i landbruket. Det nye programmet skal vidareutvikle MILDRI-modellen slik at den kan fungere som eit overvåkings- og rapporteringsverktøy for luftforureining (ammoniakk), klimautslipp frå landbruket og avrenning av næringssaltar, og vere eit hjelpemiddel i samband med internasjonale forpliktingar. Det er òg lagt opp til å vidareutvikle modellen til eit planleggingsverktøy for redusert erosjon og bruk av plantevernmidde. Planleggingsverktøyet er tenkt retta mot forvaltninga og rettleiingstenesta i jordbruket.

Departementet gjer framlegg om å halde oppe Noreg sitt bidrag til Nordisk Genbank for Husdyr på same nivå som i 2002.

Tilskott til organisasjonar

Innanfor løyvinga vil departementet tildele i alt 13,6 mill. kr i støtte til ideelle organisasjonar som driv arbeid retta mot landbruk, mat og nye og tradisjonelle næringar.

Det er sett av 1,4 mill. kr i støtte til organisasjonar over kap. 1142 post 76 slik at det samla er sett av 15 mill. kr til føremålet.

Nytt av året er at midlane vil bli fordelte etter ein open prosess basert på offentlig kunngjering. Før har det av proposisjonen framgått kva for organisasjonar som blir tildelt tilskott og kva for beløp dei får. Landbruksdepartementet vil arbeide med å fastsette kriterium for fordeling og oppfølging av tilskott ut frå føremålet det er gjort greie for ovanfor. Departementet legg opp til at tildeling av midlar skal skje tidleg i 2003.

Kap. 1142 Miljø- og næringstiltak i skogbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
50	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket, Skogforsk	12 057	12 740	12 968
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 319	3 381	3 442
52	Omstillingstiltak NISK	2 000		
71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	110 781	87 939	39 000
76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	21 198	18 415	18 728
	Sum kap 1142	149 355	122 475	74 138

Det er knytt store verdiar til skogen. Gjennom det siste hundreåret er det bygd opp store tømmerressursar som kan nyttast meir aktivt enn i dag, og skogen har òg stor verdi i høve til viktige miljøspørsmål.

Gjennom behandlinga av St.meld. nr. 17 (1998-99) – *Skogmeldinga* – vedtok Stortinget at hovudmåla i skogpolitikken framover er at:

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast
- skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver

Aktiv og langsiktig ressursforvaltning er nødvendig for å nå desse måla. Det er ein føresetnad at dei som eig eller har råderett over skogressursane er medvitne om dette og om forvaltaransvaret dei har.

Utviklinga dei seinare åra gjer at det kan bli vanskeleg å nå desse måla:

- Marknadstilhøva for skognæringa har ført til fallande lønnsemd og mindre hogst.
- Det har vore ei markert nedgang i investeringane i dei langsiktige tiltaka som skogkultur og skogsvegar

- Stadig færre menneske har tilknytning til skognæringa. Dette inneber mindre engasjement omkring næringa si verdi og vidare utvikling.

Desse forholda, saman med utviklinga innan skogsektoren med ein stadig sterkare internasjonal konkurranse og aukande vekt på miljøomsyn, gjer at rammevilkåra for skogpolitikken er i endring.

Regjeringa legg opp til ein omlegging i skogpolitikken med sikte på at dei økonomiske rammevilkåra for skogsektoren blir meir robuste. Den største utfordringa i skogbruket framover er å betre lønnsemda og auke verdiskapinga i sektoren. Regjeringa vil derfor prioritere verdiskapingstiltak innanfor skogsektoren og gjer framlegg om at løyvinga til *Verdiskapingsprogrammet* for bruk og foredling av trevirke blir auka med 19 mill. kr til 39 mill. kr. Hovudmålet med programmet er høgare foredling og auka marknadsorientering i heile verdikjeda for med det å auke lønnsemda i skogsektoren. Regjeringa går vidare inn for å avvikle ordningane med tilskott til skogkultur og transport over kap. 1142. Samtidig legg regjeringa opp til at skogavgiftsordninga skal betrast ved at skattefordelsatsen ved investeringar med skogavgift blir auka

frå 35 pst. med avtrapping i dag til 60 pst utan avtrapping. Samtidig blir det ikkje lenger mogleg å oppnå skattefordel ved investering i nye skogsvegar. Med investeringar i skogkultur på dagens nivå vil dette gi skogeigarane ein skattereduksjon på om lag 9 mill. kr.

Ein god miljøprofil i skogbruket er nødvendig både av omsyn til skogmiljøet og for at næringa skal ha aksept i samfunnet og marknaden. Miljøprofilen i skogpolitikken er basert på samhandling mellom einskilte skogeigarar, næringa og styresmaktene. Skogpolitikken legg stor vekt på at næringa skal drivast i tråd med prinsippet om fri-dom under ansvar, og dette prinsippet ligg òg til grunn på miljøområdet. Miljøarbeidet er derfor ei viktig utfordring for næringa sjølve. Landbruksdepartementet legg vekt på innarbeiding av miljøomsyn i regelverket, satsing på kompetanse, informasjon og resultatkontroll som dei mest sentrale tiltaka. Landbruksdepartementet legg vidare stor vekt på at auka vern av skog blir eit viktig element i den samla forvaltninga av skogressursane og at eit auka skogvern skal baserast på erstatning til skogeigarane i samsvar med gjeldande lovverk.

Skognæringa legg stor vekt på konkrete miljøomsyn og kvalitetssikring av miljøarbeidet gjennom sertifiseringsordningar. Så godt som alt tømmer som blir omsett i Noreg er no sertifisert. Sertifiseringa bygger i all hovudsak på dei standardane som prosjektet Levande Skog arbeidde fram i 1998. Den gjennomførte sertifiseringa av norsk skogbruk har stilt store krav til dei som forhandla fram standardane, men har òg stilt den einskilte skogeigar overfor mange store utfordringar. Partane som deltok i prosjektet står no overfor eit viktig arbeid i samband med at standardane snart skal reviderast. Det er viktig at partane no finn fram til gode felles løysingar som kan sikre ei fortsett berekraftig utnytting av dei fornybare skogressursane. Landbruksdepartementet tek sikte på å delta i dette revisjonsarbeidet.

Skogressursane og skogbruket er òg eit viktig element i klimapolitikken, jf. St.meld. nr. 54 (2000-2001) Norsk klimapolitikk og St.meld. nr. 15 (2001-2002) Tilleggsmelding til St.meld. nr. 54 (2000-2001). Skog og treprodukt bind store mengder karbon. I tillegg kan auka bruk av varige treprodukt gi forlenga karbonbinding, samtidig som treprodukt kan erstatte andre produkt med større klimagassutslepp i produksjon eller bruk. Med framleis aktiv forvaltning av dei fornybare skogressursane kan ein nå målet om meir berekraftig produksjons- og forbruksmønster i Noreg.

Resultatrapport 2001

Langsiktige investeringar

Aktiviteten i skogbruket har vist negativ utvikling sidan tidleg på 1990-talet med redusert avverking og lågare innsats på dei langsiktige investeringane. Mindre hogst og reduksjonar i tilskottsrammene dei siste åra har ført til nedgang i investeringane i skogkultur. Det blei til saman investert 238 mill. kr i skogkultur i 2001, noko som er ein reduksjon på 7 pst. frå året før, og nærare 20 pst. lågare enn i 1998. Totalt blei det planta til eit areal på 186 000 dekar og utført ungskogpleie på 324 000 dekar. Det blei gjennomført stammekvisting på 8 032 dekar. Markberøing har dei siste åra ligge på eit rimeleg høgt nivå, men fekk ein markant nedgang med 12 pst. til 66 843 daa i 2001.

Aktiviteten knytt til vegbygging i skogbruket held seg i 2001 på same nivå som den har vore dei siste åra. Det blei bygd 176 km med nye skogsbilvegar og 471 km nye traktorvegar. Nybygginga er redusert til 1/4 samanlikna med det nivået ein hadde for 10 år sidan. Det er gjennomført analysar som syner at hovuddelen av den hogstmodne skogen framover står i område med lågare vegdekning. I 2001 blei det rusta opp 434 km gamle vegar til moderne skogsbilvegar. Med det har ombygginga halde seg om lag på same nivå dei siste 5 åra. Ombygging utgjør nå hovudaktiviteten på skogsvegsida. Dei totale investeringane i skogsvegar i 2001 blei på 148 mill. kr. Resultatkontrollen som er gjennomført i fylka i høve til vegar som var ferdige i 2000, syner at miljøomsyn blir godt innarbeidd i tiltaka.

Verdiskapingsprogrammet

I samband med *Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke – Treprogrammet* – er det starta opp ei rekke aktivitetar og tiltak under leiing av *Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND)*, og ei styringsgruppe samansett av representantar frå verdikjeda marknad – skog.

Programmet er retta inn mot verksemdar og andre aktørar i verdikjeda. Målet er at prosjekt og tiltak innanfor verkeområdet til programmet vil resultere i auka verdiskaping.

Totalt har det i programmet for 2001 blitt sett i gang om lag 50 prosjekt. Sentrale aktivitetar har mellom anna vore utviklingsprogram ved høgare lærestader, forprosjekt knytt til eit felles treinformasjonsorgan, samt fleire prosjekt knytt til utvikling av trevirket sine bruksområde, t.d. bruk av massivtreelement, utnytting av furua sin kjerneved, nytt samanføringssystem for reisverk og overflatebehandling av trevirke. Det er gjennom pro-

grammet utvikla samarbeid mellom Fylkesmannen, Noregs Forskingsråd og SND for å utnytte og styrke alle sin kompetanse innanfor fagfeltet. Vidare er det utvikla faste møter for å samkjøre dei ulike verkemidla næringa har med offentlege midlar til skogtiltak.

Omstillingstiltak ved Norsk institutt for skogforskning (Skogforsk)

Omstillingstiltaka ved Skogforsk som blei sett i verk i 2000 er følgt opp i 2001. Hovudsaka har vore å tilpasse bemanninga til inntekt. Etter gjeldande reglar må Skogforsk dekkje ventelønnskostnadane fram til tilsetjing i ny stilling eller oppnådd pensjonsalder for den einskilde. Dersom dette får vesentlege budsjettmessige konsekvensar, vil departementet leggje dette fram for Stortinget.

Areal- og ressursforvaltning, frø- og planteforsyning

Skogbruksplanlegginga, der statstilskottet blir dekt med LUF-midlar, blei gjennomført i tråd med planane for 2001. Det blei taksert om lag 2,9 mill. dekar, og utarbeidd planar for 1,9 mill. dekar. Dette resulterte i 2 000 planar, og om lag 750 skogeigarar deltok på kurs i bruk av skogbruksplanen. Det blei utarbeidd færre planar i 2001, noko som hovudsakleg skuldast sterk auka satsing på miljøregistreringar. Denne ekstrasatsinga har i tillegg ført til at nyare skogbruksplanar er supplerte med miljøregistreringar, noko som tyder at det totalt blei registrert miljøverdiar på om lag 5,5 mill. dekar.

Ei viktig utfordring for skogbruksplanlegginga framover er mellom anna å redusere kostnader og tilpasse kvaliteten på arbeidet betre til behova.

Resultat frå skogovervakinga (OPS) syner at helsetilstanden i dei norske skogane var relativt stabil i 2001 i forhold til året før. Resultata frå dei siste åra syner at den negative utviklinga som blei registrert i perioden 1989-1997 har snudd. Programmet blei etablert med bakgrunn i skader av sur nedbør. Forsuringsproblema er mindre no enn ved starten av overvakinga, og tildelinga til programmet blei derfor redusert med om lag 20 pst. i 2001.

Strategisk plan for skogfrøforsyning, planteforedling og bevaring av genetiske ressursar ligg til grunn for aktiviteten ved Det norske Skogfrøverk. Det er ei målsetjing at mest mogleg av frøforbruket i skogbruket i framtida skal ha sitt opphav i frøplantasjar.

Miljøtiltak

Prosjektet *Miljøregistreringer i skog – biologisk mangfald* står framleis sentralt i miljøarbeidet i skogbruket. Faglege resultat frå prosjektet blei lagt fram i ein hovudrapport frå Skogforsk våren 2002. Meir enn 5 mill. dekar blei miljøregistrert etter MiS-metodikk i 2001, og MiS-registreringar inngår no som ein ordinær del av all skogbruksplantaksering.

Arbeidet i *Treprogrammet* er òg viktig i samband med miljøsatsinga fordi auka bruk av trevirke gir miljøgevinst samanlikna med bruk av materiale som stål, aluminium, betong m.m.

Kurs- og opplæring

Oppslutninga om hovudtiltaka i regi av Skogbrukets kursinstitutt (SKI) har vore tilfredsstillande. Det blei i 2001 gjennomført 555 kurs og andre arrangement med til saman 2 931 deltakarar i kursserien *Aktivt skogbruk*. Blant kursdeltakarane var 12 pst. kvinner, noko som er ein svak oppgang frå førre år.

Det er òg arrangert korte distriktkurs for skogsarbeidarar og yrkesaktive skogeigarar i kystfylka.

Resultatkontroll

Resultatkontrollen, som starta i 1994, blir ført vidare. Det blei registrert at over 20 pst. av foryngingsarealet ikkje var tilrettelagt for forynging to vekstsesongar etter avverking, noko som gir grunn til uro. Kontrollen omfattar alle skogeigarar, og er eit nyttig hjelpemiddel i skogforvaltninga. NIJOS er gitt i oppdrag å utarbeide eit prosjektmandat for ein gjennomgang av resultatkontrollen i tråd med m.a. det som blei sagt i Skogmeldinga. Dette arbeidet er sett i verk i samarbeid mellom NIJOS og Statens landbruksforvaltning (SLF).

Budsjettforslag 2003

Dei to største utfordringane for skogbruket framover er betre lønnsemd og auka verdiskaping i sektoren. Gjennom forslaga til løyvingar over dette kapitlet og LUF og endringane i skogavgiftsordninga vil ein prioritere desse oppgåvene:

- Satsing på betre lønnsemd og verdiskaping i skogsektoren m.a. gjennom tiltak som *verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke (Treprogrammet)* og gjennom løyvingar og moderniseringstiltak retta mot FoU-sektoren.
- Det er eit mål å halde oppe dei langsiktige investeringane i oppbygging av ny skog på eit til-

- fredsstillande nivå, og å legge til rette for betre og meir lønnsam tilgang til skogressursane og -areala. Skogavgifta er den viktigaste finansieringskjelda for å sikre dei langsiktige investeringane i skogbruket. Regjeringa vil betre skogavgiftsordninga ved å heve skattefordelssatsen frå 35 pst. til 60 pst. og fjerne avtrappinga av skattefordelssatsen etter investeringsnivået. Samtidig blir det ikkje lenger mogleg å oppnå skattefordel ved å investere i nye skogsvegar. Desse endringane vil gi skogbruket ein skattereduksjon på om lag 9 mill. kr om skogbruket held oppe investeringane i skogkultur på same nivå som no. På den måten kan skogeigarane sjølve ta eit større ansvar for desse investeringane.
- Auka vekt på rekruttering til skogsektoren i vid forstand og på kunnskaps- og kompetanseoppbygging i skogsektoren. Det er eit viktig mål å betre tilbodet til skogeigarar, skogsarbeidarar og entreprenørar i heile landet. Landbruksdepartementet har engasjert seg når det gjeld yrkesfaglege studieretningar i vidaregåande skule og kompetanse- og arbeidskraftbehovet i skogbruket, og samarbeider m.a. med Skogbrukets Landsforening (SL), Skogbrukets kursinstitutt (SKI) og Kjelle vidaregåande skole i Akershus. SKI er ein sentral aktør i gjennomføringa av denne aktiviteten som blir delfinansiert over LUF (kap. 1150). Departementet tek sikte på å føre vidare samarbeidet med dei ulike aktørane i samsvar med tilrådingane i *Skogmeldinga* og dei vurderingane som departementet la fram i budsjettframlegget for 2001. Eit av måla er å utvikle felles haldningar og prioriteringar når det gjeld ulike spørsmål knytt til saksfeltet. Det er òg viktig å leggje betre til rette for auka engasjement og deltaking når det gjeld den vidare utviklinga av sektoren. Departementet legg derfor vekt på tiltak retta mot ungdom og vil ta opp dette med organisasjonar og instansar i skogbruket. Kvinner si deltaking i skogsektoren er framleis låg, og det er eit mål å auke denne. Dette er ei utfordring både for styresmakter og næringa.
 - Høg miljøstandard er ein konkurransefordel som må nyttast og gjerast betre. Skogbruksplanlegging og god skogbruks- og miljøkunnskap skal vere ei hovudplattform for eit langsiktig og miljøvenleg skogbruk. Miljøprofilen i skogpolitikken femnar om mange ulike tiltak knytt til opplæring og informasjon, registrering av miljøkvalitetar, kontrolltiltak og ulike samarbeidsprosjekt. Oppfølging og evaluering av bar-

skogvernet med sikte på auka barskogvern blir ei viktig utfordring for næringa.

- Skogen sin verknad for klimaet har kome meir i fokus dei seinare åra. Binding av CO₂ i ståande skog og i treprodukt, samt skogprodukta sine miljøfordelar framfor andre produkt er framheva i ulike samanhengar. Departementet følgjer Kyotoprosessen med sikte på integrering av skog i det internasjonale klimaarbeidet slik Stortinget bad om ved behandling av *Skogmeldinga*.
- Auka vekt på nye og andre lønnsame næringstiltak knytt til bioenergi og utmark. Dette er prioriterte tiltak som departementet vil arbeide vidare med i nær kontakt med kompetansemiljø og relevante organisasjonar og instansar.

Ny skogbrukslov

Arbeidet med ny skogbrukslov blei starta opp i 2000, og departementet tok opphavleg sikte på å sende eit utkast med merknader og lovframlegg på høyring kring årsskiftet 2001-2002. På grunn av regjeringsskiftet hausten 2001 blei framdriftsplanen endra og høyringsutkastet blir derfor sendt ut vinteren 2002-2003. Departementet legg opp til forenkling i høve til gjeldande lov, og at lova ikkje i for stor grad må ha for detaljerte reglar eller legge opp til for tidkrevjande prosessar. Lova skal gi rammer og retningslinjer for eit næringsretta skogbruk med vekt på økonomisk avkastning og ein god miljøprofil.

Resultatmål og resultatindikatorar

Midlane til dei ordinære tilskottsordningane over statsbudsjettet og LUF blir gitt som ei rammeløyving til fylka, og er omtalt ved tidlegare høve, seinast i St.prp. nr. 1 (1998-99). Det er utarbeidd særskilde tilskottsreglar for desse ordningane. For å følgje opp økonomireglementet og tidlegare gjennomførte evalueringar, er regelverket for nokre av ordningane blitt revidert.

Departementet hadde i 2002 tatt sikte på å revidere reglane og retningslinjene for planlegging og bygging av skogsvegar. Arbeidet blei utsett i påvente av ei avklaring om framtidig oppgåvefordeling.

For å sikre god måloppnåing styrer departementet verksemda m.a. etter resultatmål og -indikatorar knytt til oppbygging av kvalitetsskog, infrastrukturen i skogbruket, miljøtilpassingar i skogbruket og auka og breiare utnytting av skogressursane.

Merknader til dei einskilde postane**Post 50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket**

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 13 mill. kr til forvaltningsstøtte og andre oppdrag for det offentlege i 2003.

Fleire forskingsinstitusjonar utfører viktige oppgåver for Landbruksdepartementet innanfor institusjonane sine fagområde. Institusjonane gir råd og gjer utgreiingar som ligg til grunn for politiske og forvaltningsprega tiltak både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Behovet for medverknad frå institusjonane i samband med internasjonale prosessar som gjeld skog og skogbruk er aukande.

Skogforsk er spesielt engasjert i kartlegging av miljøaspekt ved skogbehandling og genetikk knytt til skog. Skogforsk har ei mengd feltforsøk som har stor skogpolitisk verdi, og som det er viktig å oppretthalde både vitenskapleg og som grunnlag for framtidig politikkutforming og forvaltning.

Overvåkingsprogrammet for skogskadar (OPS) er Noreg sitt bidrag i eit internasjonalt opplegg for skogovervaking som gir grunnlag for internasjonale vedtak og tiltak mot moglege skadeverknader av luftforureiningar. Ein ventar at i framtida vil klimaendringar ha ein større verknad på skogen sin helsetilstand enn sur nedbør. Det er derfor eit ønskje frå departementet å vri noko fokus over mot klimaskadar. Erfaringar frå 2001 vil gi grunnlag for å vurdere nivået på tildelingane framover.

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,4 mill. kr for 2003. Vedtektene for *Utviklingsfondet for skogbruket* blei fastsette ved Kgl. res. datert 25.2.1977.

Post 71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 39 mill. kr på denne posten i 2003. Framlegget inneber at tilskott til skogkultur fell bort. Det same gjeld transportstøtteordninga over denne posten. Løyvinga til *Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke* er auka til 39 mill. kr som er 19 mill. kr meir enn i 2002. I tillegg kjem løyvinga til skogbruk og bioenergi over LUF (kap. 1150) på 158 mill. kr. Av løyvinga over LUF er 15 mill. kr sett av til satsing på bioenergi.

Fordeling av tilskottsrammer på dei einskilde tiltaka går fram av tabell 2.4. Til samanlikning er tala frå rekneskapen i 2001 og avsette rammer for 2002 tekne med. (alle tal i mill. kr)

Skogkultur

Avviklinga av ordninga med tilskott til skogkultur inneber at oppbygging av ny kvalitetsskog må finansierast av skogeigarane sjølve ved bruk av skogavgift og andre private midlar. Endringane i skogavgiftsordninga vil i nokon grad motverke effekten av budsjettreduksjonen.

Løyvingane til skogbrukstiltak over LUF inneheld ei løyving til skogkulturformål, og regjeringa legg opp til at desse midla bør gå til prosjekt og andre tiltak som legg til rette for at skogeigarane tek ansvar for langsiktig oppbygging av ny skog. Departementet tek sikte på å sende utkast til ny lov om skogbruk ut på høyring vinteren 2002-2003, og legg opp til klarare reglar om skogeigarane sitt ansvar for å bygge opp ny skog etter hogst.

Det er i tabell 2.5 sett opp tal for nyplanting og ungsogpleie (rydding, avstandsregulering og kjemisk behandling) og samla investeringar i skogkultur dei seinaste åra og venta tal for 2002. Uvisse knytt til den kortsiktige effekten av budsjettframlegget gjer at ein ikkje har anslag over aktiviteten for 2003.

Tabell 2.4 Fordeling av tilskottsramme på tiltak

Tiltak	Rekneskap		
	2001	Løyving 2002	Forslag 2003
Skogkultur	82	63	0
Transport	3	5	0
Verdiskapingstiltak	26	20	39
Sum	111	88	39

Tabell 2.5 Oversikt over nyplantning, ungskogpleie og investeringar i skogkultur

Skogkultur	1998	1999	2000	2001	2002
Nyplantning, 1000 daa	209	196	190	186	185
Ungskogpleie, 1000daa	407	420	386	324	302
Investeringar i alt, mill. kr	278	254	255	238	225

Skogsvegar

Tilskott til bygging av skogsvegar vil bli gitt over løyvinga frå LUF. I samband med jordbruksoppgje-
ret i 2001 blei det bestemt at tilskott til bygging av
skogsvegar ikkje lenger skal gjevast til vegar som
vil redusere dei områda som ligg meir enn 5 km frå
eksisterande tekniske inngrep, såkalla "*villmarks-
prega område*". Dette er innarbeidd i reglane for til-

skott til bygging av skogsvegar frå og med 2002.
Av St.prp. nr. 65 (2001-2002) framgår det at ombyg-
ging av gamle og dårlege skogsvegar bør aukast,
mens løyvinga til nybygging bør reduserast. Det
framgår vidare at dei samla utbetalingane til skogs-
vegbygging skal reduserast. Det vil ikkje lenger
vere mogleg å oppnå skattefordel ved investerin-
gar i nye skogsvegar.

Tabell 2.6 Tabellen viser m.a. vegbyggingsaktiviteten dei seinare åra og venta aktivitet i 2002 og 2003

Skogsvegar	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Nybygging bilvegar, km	290	219	166	176	150	120
Ombygging bilvegar, km	503	432	436	434	400	400
Bilvegar i alt, km	793	651	602	610	550	520
Nybygging trakorvegar, km	707	573	573	471	500	400
Investeringar i alt, mill. kr	178	164	164	148	150	120

Transport

Regjeringa gjer framlegg om at ordninga med
transportstøtte fell bort frå 2003.

Verdiskapingstiltak

Departementet ønskjer gjennom *Verdiskapingspro-
grammet for bruk og foredling av trevirke* å legge til
rette for heilskapleg utvikling av verdikjeda mark-
nad – skog. Programmet har som mål å auke bru-
ken og foredlingsgraden av trevirke og såleis auke
skogsektoren sitt bidrag til meir berekraftig pro-
duksjon og forbruk.

Programmet vil arbeide vidare med å utvikle
vekstområde for auka bruk av trevirke og profile-
ring av skog og tre. For å realisere utvikling innan-
for moglege vekstområde vil det vere nødvendig å
sjå satsinga i samband med forskning- og utviklings-
aktiviteten innanfor næringa. Departementet ser
dette arbeidet som viktig og gjer framlegg om auke
i rammene til verdiskapingstiltak til 39 mill. kr.

Post 76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket

Ein gjer framlegg om ei løyving på 18,7 mill. kr på
post 76 for 2003. Løyvinga blir nytta til ulike res-
surs- og miljøtiltak, som tiltak for å betre miljøtil-
passingane og frø- og planteforsyninga i skogbru-
ket, til ressursregistreringar og til ulike opplæ-
rings- og informasjonstiltak. Det er aktuelt for
departementet å løyve midlar til utviklinga av eit
nasjonalt program for kartlegging og overvaking
av biologisk mangfald og etablering av ein artsda-
tabank innanfor rammene av posten.

Miljøregistrering i skog

Landbruksdepartementet har lagt stor vekt på
arbeidet med utvikling av eit vitskapleg dokumen-
terbart miljøregistreringsopplegg knytt til biolo-
giske miljøverdiar.

Miljøregistreringar i skog er eit viktig grunnlag
for miljøinnsatsen i skogbruket. Resultata frå MiS-
prosjektet og dei praktiske røynslene i samband

med prosjektet vil føre til at registreringsmetodikken utviklast og forbedrast vidare fram mot sesongen 2003 både når det gjeld kvalitet, arealeffektivitet, kostnader o.a. Gjennom det vidare arbeidet i MiS-prosjektet kan ein vente ny kunnskap som vil ha verdi for dei miljøtilpassingar skogbruket gjennomfører etter offentleg skogpolitikk og i høve til *Levende Skog* sine standardar. Arbeidet er relevant for utviklinga av eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald.

Hovudoppgåvene for prosjektet er mellom anna følgjande :

- publisering av resultat frå prosjektet i internasjonale vitskaplege tidsskrift
- metodeutvikling med utgangspunkt i kunnskap om artar sin spreingsevne
- utvikling av nødvendige kompetansetiltak for å følgje opp dei ulike elementa i det nye miljøregistreringsopplegget
- arbeidet med nasjonal raudliste for trua artar for å gjere ho meir brukbar for dei som skal drive praktisk skogbruk. Arbeidet er blitt utsett men er no i gang i regi av Skogforsk og Norsk institutt for naturforskning (NINA) som samarbeidspartnar. Prosjektet starta i 2002 og vil krevje ressursar i 2003.

Dette vil krevje ei oppfølging av prosjektet i alle fall ut 2004 i samsvar med omtalen i tidlegare års budsjettproposisjonar.

I samband med fastsetjing av rammene til dei einskilte tiltaka over LUF for 2001, blei det vedtatt å etablere ei ordning med tilskott til særleg tynngjande miljøomsyn i skogbruket over dette budsjettet. Ordninga har ei løyving på omlag 15 mill. kr i 2002, og den vil bli ført vidare på om lag same nivå i 2003.

Departementet held fram arbeidet knytt til registrering av kulturminne i skog. Dette miljøregistreringsprosjektet er lagt til NIJOS. Arbeidet i 2002 er særleg knytt til rapportering og bearbeiding av innsamla materiale. I 2003 blir hovudoppgåvene publisering og formidling av kunnskap. Kompetansen i prosjektet kan nyttast innan både jord- og skogbruk, og er og relevant i høve til arbeidet med m.a. miljøplanar på einskilte bruk. Departementet arbeider derfor for å klarleggje framtidig innsats på dette området. Arbeidet i dette delprosjektet vil derfor bli ført vidare i alle fall ut 2004.

Frø- og planteforsyning og bevaring av genetiske ressursar

Det vil innanfor posten bli gitt støtte til Det norske Skogfrøverk for å sikre dei langsiktige oppgåvene innan frøforsyninga. Det vil for 2003 bli prioritert midlar til frø- og konglesanking frå klimautsette område, samt til frøavl og arbeid for å sikre dei genetiske ressursane i skogen. Innanfor ramma vil ein òg gi løyving til nødvendige forvaltningsoppgåver innan frø- og planteforsyninga. Det har vore gode tilhøve for granblomstring i høgareliggande strøk på Austlandet og i Sør-Trøndelag. Det er derfor mogleg at det kan bli konglesanking på gran i 2002. Dette kan medføre ekstra kostnader i 2003.

Det blei i 1998 og 1999 gjennomført ei større kartlegging av DDT-deponiar ved dei norske skogplanteskulane. Resultata frå denne kartlegginga syner at ein må inn med tiltak på 43 planteskular. Tiltaka er planlagt gjennomført i 2002 og 2003. Delar av tiltaka vil bli finansierte av staten.

For å følgje opp tidlegare vedtak og planer vil ein i 2003 gi støtte over denne posten til Skogforsk for det arbeid dei gjer som sekretariat for genressursutvalet for skog.

Informasjonstiltak og kunnskapsoppbygging

Under posten vil ein bruke midlar for kunnskapsinnsamling og informasjonstiltak knytt til eit berekraftig skogbruk. Informasjonstiltaka rettar seg både mot samfunnet generelt, mot rådgjevarane i skogbruket og mot den einskilte skogeigar gjennom produksjon av infomateriell og gjennom samlingar, seminarar o.l.

Tilskott til organisasjonar

Innanfor løyvinga på posten vil ein tildele i alt 1,4 mill. kr i støtte til ideelle organisasjonar som driv arbeid retta mot skogforvaltning og ny næringsverksemd i skog.

Det er sett av 13,6 mill. kr i støtte til organisasjonar over kap. 1140 post 77 slik at det samla er sett av 15 mill. kr til føremålet.

Nytt av året er at midlane vil bli fordelt etter ein open prosess basert på offentleg kunngjering, jf. nærare omtale under kap. 1140 post 77.

Kap. 1143 Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	159 647	139 673	145 267
50	Avslutning av Statens landbruksbank	14 254		
70	Tilskott til beredskap i kornsektoren, <i>kan overførast</i>	16 430	13 045	13 267
71	Omstillingsstøtte til slakteri, <i>kan overførast</i>	20 490	9 100	6 100
72	Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	6 674	100	102
	Sum kap 1143	217 495	161 918	164 736

Mål og strategiar

Statens landbruksforvaltning (SLF) er eit utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for departementet. SLF har ei sentral rolle i samband med gjennomføringa av mat- og landbrukspolitikken, og det er lagt opp til at SLF i tillegg til å administrere dei ulike ordningane òg skal ha ei rådgjevande rolle. Det er føresett at SLF skal medverke til administrativ forenkling og å utvikle eksisterande regelverk med sikte på auka måloppnåing.

Hovudmål for verksemda:

SLF skal innanfor dei landbrukspolitiske rammene medverke til å:

- sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder
- sikre matproduksjon og ei stabil matforsyning
- sikre ein stabil marknad og ein godt fungerande næringsmiddelindustri
- sikre eit godt fungerande importvern og oppfyl-ling av internasjonale plikter.

SLF skal vere ei velfungerande verksemd med initiativrike, endringsdyktige og serviceinnstilte medarbeidarar som gjennom forvaltning og rådgjeving skal sikre brukarane effektive tenester.

SLF har utarbeidd ein strategisk plan for perioden 2002-2006. Det er peika ut tre strategisk viktige områder som SLF spesielt må leggja vekt på i perioden:

- heilskapleg forvaltning og rådgjeving
- samarbeid med andre
- effektivisering av forvaltinga

Presentasjon av resultatområde

SLF har 5 resultatområde. For å nå måla på dei ulike resultatområda er det viktig med god samhandling mellom avdelingane i SLF. Dei ulike resultatområda er:

Areal- og ressursforvaltning

SLF skal medverke til å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder. Dei viktigaste ansvarsområda er knytt til klagebehandling, forvaltning og utvikling av tiltak innan areal- og ressursforvaltning etter m.a. jord-, konsesjons- og odelslova, samt miljø og kulturlandskap. SLF har òg ansvar for ein del av BU-midlane og ordningar for skadeerstatning.

Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

SLF skal medverke til å sikre ein stabil matproduksjon og stabil matforsyning. SLF forvaltar inntekts- og velferdsordningar med primærprodusentar som målgruppe. Dei viktigaste ansvarsområda er knytt til utvikling og forvaltning av verkemidla innan areal- og kulturlandskapstilskott, husdyrtilskott, pristilskott, kompetanse, rekruttering og velferdsordningar, kvoteordningar for mjølk og husdyrkonsesjon.

Omsetning og marknadstiltak

SLF skal medverke til å sikre ein stabil marknad og ein godt fungerande næringsmiddelindustri. Dei viktigaste ansvarsområda er marknadsregulerings-tiltak og marknadsordningar for mjølk, kjøtt, egg, grønt, potet og korn samt utvikling av økologisk landbruk. Formålet med ordningane er å sikre

avsetning for norske jordbruksråvarer. Omsetningsledd og annan næringsmiddelindustri er målgruppa.

Handel og industri

SLF skal medverke til å sikre eit godt fungerande importvern og oppfylling av internasjonale rettar og plikter. Dei viktigaste ansvarsområda er importvern, tollnedsetjingar, importkvotar, ordninga med råvarepriskompensasjon, eksportstøtteordningar, marknadsovervaking og prisinnhenting. Felles for ordningane er at importørar og næringsmiddelindustri er viktige målgrupper, og at ordningane er knytt til internasjonale avtaler.

SLF skal arbeide målretta for ein effektiv kontroll av økonomiske verkemiddel innafor SLF sitt totale ansvarsområde.

Administrasjon

SLF skal vere ei velfungerande verksemd som utnyttar sine ressursar på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgjeving sikrar brukarane effektive tenester. Dei viktigaste ansvarsområda er knytt til utvikling av personal- og lønnspolitikk, kompetanseutvikling, organisasjonsutvikling, økonomistyring, leiarutvikling, dokumentasjon og informasjon, interne driftsoppgåver og IKT.

Resultatrapport 2001

SLF blei oppretta 01.07.2000. Verksemda har i 2001 halde fram med omstillingsprosessen som følgje av samordninga av fleire tidlegare institusjonar. Det har blitt sett i gang eit langsiktig og systematisk arbeid for å tilpasse verksemda til nye krav. Dette arbeidet har hatt høg prioritet i 2001. Strategisk plan og IKT-strategi for verksemda er utarbeidd. IKT-strategien er eit ledd i å utvikle SLF til å kunne tilby elektroniske sjølvbetjeningsløysingar i forvaltning. SLFs arbeid med og innspel til jordbruksoppgjeret 2001 har vore sentralt. I tillegg til konkrete innspel, gjennomførte og deltok SLF i fleire utgreiingar før og etter jordbruksoppgjeret. Samarbeid med andre aktørar er gjennomført med høg prioritet i 2001. Det gjeld m.a. faglaga, næringsmiddelindustrien og deira organisasjonar og regional landbruksforvaltning.

SLF har i 2001 halde fram arbeidet med systemutvikling og forenkling av dei økonomiske verkemidla over jordbruksavtalen. Marknadsordninga for korn (ny ordning sett i verk 01.07.2001) og prisutjamningsordninga for mjølk har hatt spesielt stor merksemd. Arbeid med marknadstiltak

innan økologisk landbruk blei sett i gang. I løpet av 2001 fekk SLF tildelt forvaltningsansvaret for ei rekkje andre oppgåver knytt til økologisk landbruk. SLF har delteke i arbeidet med forhandlingar om protokoll 3 (foredla landbruksvarer) i EØS-avtalen. SLF har ført ein målretta kontroll med dei økonomiske verkemidla som institusjonen forvaltar. SLF overtok i 2001 sekretariatet for styret for *Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt*.

Budsjettforslag 2003

I 2003 vil det vere viktig å utvikle organisasjonen vidare slik at SLF kan nå dei måla og gjennomføre dei strategiane som er lagt til grunn for verksemda, jf. St.prp. nr. 65 (2001-2002) om jordbruksoppgjeret, kat. 15.30 og kap. 1150.

Ein viktig del av arbeidet med å utvikle SLF vidare er knytt til gjennomføringa av IKT-strategien for perioden 2002-2004. Satsinga på IKT er heilt nødvendig for å møte dei utfordringane som SLF vil stå overfor i tilskottsforvaltninga dei næraste åra. SLF blir stilt overfor krav om auka brukarfokus og betre service enn tidlegare. Viktige brukergrupper som bønder og næringsmiddelindustri ønskjer at det skal vere mogleg å kommunisere med SLF elektronisk og når dei måtte ønskje det (elektroniske sjølvbetjeningsløysingar). Arbeidet med IKT-strategien vil medverke til dette.

For å få gjennomført IKT-strategien i det nødvendige og framtidsretta omfanget og innanfor ein akseptabel tidshorisont, krevjast det ein auka innsats dei næraste 3 åra. For å få til dette er ein avhengig av ein kombinasjon av jordbruksavtalemidler og midlar over SLF sitt eige budsjett. For 2002 er det nødvendig å finansiere ein monaleg del av SLF sine utviklingskostnader innanfor IKT med jordbruksavtalemidler. Det blei derfor i 2002-2003 sett av totalt 20 mill. kr til IKT-strategien i SLF, jf. St.prp. nr. 65 (2001-2002) kap. 8.1.4, i tillegg til 10 mill. kr frå kap. 1143 i 2002. I 2003 tek ein sikte på ein auka avsetning til IKT-strategien innafor kap. 1143.

Under følgjer ei nærare omtale av dei einskilde resultatområda:

Areal- og ressursforvaltning

I 2003 må SLF arbeide vidare med å leggje til rette for ein meir heilskapleg verkemiddelbruk på miljøområdet som er betre tilpassa dei lokale utfordringane, m.a. gjennom utvikling av miljøprogram.

SLF vil arbeide med å følgje opp St.meld. nr. 19 (2001-2002) *Om nye oppgåver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*, slik at endringane i oppgåvedeling kan gjennomførast som føresett.

SLF skal forvalte det nye *Skadefondet for landbruksproduksjon*, jf. kap. 1150. SLF vil arbeide med opprettinga av fondet og utgreie endring/omlegging i erstatningsordningane med sikte på effektive løysingar.

Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

I år 2003 vil SLF slutføre arbeidet med innføring av nytt regelverk for produksjonstilskott. SLF vil følge opp ny kvoteordning for mjølk, samt følge opp ny kvoteordning for geitemjøl. Innspel til forenklingar i dei økonomiske verkemidla over jordbruksavtalen er viktig i 2003 og arbeidet å redusere oppgavebyrdene til næringslivet skal førast vidare.

Omsetning og marknadstiltak

I 2003 må SLF leggje vekt på arbeidet med å sikre god iverksetjing av komande revidering av prisutjamningsordninga for mjølk frå 01.07.2003 og den foreståande gjennomgangen av alle marknadsordningane for å sjå på rammevilkår for dei uavhengige aktørane. Økologisk landbruk og styrking av beredskapsarbeidet vil òg vere viktige satsingsområde.

Handel og industri

I 2003 må SLF leggje vekt på arbeidet med utarbeiding av regelverk for bearbeiding av norske råvarer i utlandet for reimport til Noreg, samt førebuing til internasjonale forhandlingar.

SLF må framleis ha fokus på arbeidet med ekstern kontroll av økonomiske verkemiddel innafor sitt totale ansvarsområde.

Administrasjon

SLF må i 2003 ha fokus på gjennomføringa av IKT-strategien for perioden 2002-2004 der utvikling av SLF til elektronisk forvaltning står sentralt. SLF må i 2003 styrkje kompetansen innan økonomistyring og arbeide vidare med effektivisering av verksemda.

Merknader til dei einskilde postane

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om ei løyving på kap. 1143 post 01 på vel 145 mill. kr for 2003.

Posten skal dekkje SLFs driftsutgifter. For å kunne oppretthalde nødvendig fleksibilitet vil det

framleis vere aktuelt å belaste tilskottsordningane med visse utgifter, særleg av utviklings- og utgreiingskarakter og ved evalueringar, jf. omtale av Økonomiregelverket i staten i kat. 15.00.

Post 70 Tilskott til beredskap i kornsektoren

Beredskapstiltaka i kornsektoren er ein del av forsyningsberedskapen i Totalforsvaret. Prosjektet *"Risiko- og sårbarhetsanalyse av daglegvareforsyninga i Nord-Noreg"* la i 2002 fram forslag til endringar i forsyningsberedskapen i Nord-Noreg for Nærings- og handelsdepartementet og Landbruksdepartementet. Endringane inneber ei tilpassing av departementa sine tiltak til dei gjeldande trusselvurderingane innafor sivilt beredskap og samfunnstryggleik. Endringane er også i tråd med St.meld. nr. 17 (2001-2002) *Samfunnssikkerhet – Veien til et mindre sårbart samfunn*. Forslaga inneber ei utfasing av dagens ordning med korn- og mjølberedskap i Nord-Noreg, og at ein frå 2004 tek sikte på å etablere ei sterkt redusert ordning for lager av mjøl til bakeribransjen nord for Ofoten. Utgreiinga har vore på høyring og det har ikkje kome innspel som endrar dei føresetnadene som er lagt til grunn i utgreiinga.

Landbruksdepartementet vil legge ned beredskapsordninga for korn og mjøl i Nord-Noreg, samt 3 kornlager i Sør-Noreg i løpet av 2003. Dette vil medføre eit meirbehov på ordninga samanlikna med tidlegare grunna eingongskostnader knytt til avvikling av ordninga.

Det blir gjort framlegg om ei løyving på posten på vel 13 mill. kr i 2003. Dei budsjettmessige konsekvensane knytt til opphør av ordninga vil ein kome attende til i Revidert nasjonalbudsjett våren 2003.

Post 71 Omstillingsstøtte til slakteri

Etter at finansieringa av kjøttkontrollen blei lagt om frå 01.01.1999, har enkelte verksemdar fått større kostnader til kjøttkontroll. Omstillingsstøtta skal medverke til å jamne ut kostnadene som slakteria har til kjøttkontroll, og er særleg retta inn mot at små slakteri over tid kan tilpasse seg den nye finansieringsmodellen.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6,1 mill. kr i 2003 som er ein nedgang på 3 mill. kr frå 2002. Reduksjonen vil føre til at støtta til enkelte slakteri vil falle bort og enkelte vil få redusert støtte. Reduksjonen vil ikkje omfatte reinslakteri. Departementet legg opp til at små slakteri vil bli prioritert innafor løyvinga.

Post 72 Erstatningar

Ein gjer framlegg om ei løyving på 0,1 mill. kr som skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen.

Kap. 4143 Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsinntekter m.m.	39 763	22 999	23 896
18	Refusjon sjukepengar	3 565		
80	Renteinntekter	3 144		
	Sum kap 4143	46 472	22 999	23 896

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga gjeld driftsinntekter som Statens landbruksforvaltning har knytt til m.a. sekretariatet for Omsetningsrådet og styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, administrasjon

av ulike fond og prisutjanningsordninga og kvoteordninga for mjølk og sal av tenester. Inntekter frå gebyr blir òg ført på posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på knapt 23,9 mill. kr for 2003.

Kap. 1145 Jordskifterettane (jf. kap. 4145)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	137 267	135 811	142 967
	Sum kap 1145	137 267	135 811	142 967

Mål og strategiar

Jordskifterettane er særdomstolar som arbeider med oppgåver som er heimla i jordskiftelova. Særdomstolen er uavhengig i den dømmande verksemda. Administrativt ligg han til Landbruksdepartementet.

Formålet med jordskifte er å gjere eigedomar betre skikka for utnytting. Jordskifteretten gjennomfører jordskifte ved m.a. å løyse opp sameige, utforme eigedomar på nytt gjennom å byte grunn og rettar, gi reglar om bruken i områder på tvers av eigedomsgrensene, og klarleggje og fastsetje eigedomsforhold og grenser. Jordskiftelova slår fast at ingen part i ei jordskiftesak kan påførast tap.

Gjennomføringa av jordskifte, skjønn og grensegang er organisert i domstolsform for å ivareta

rettstryggleiken til dei som blir berørt av jordskifte.

Til forskjell frå dei ordinære domstolane, syter jordskifterettane for avmerking, innmåling og kartfesting av eigedomsgrenser som ein integrert del av jordskiftesakene. På denne måten sikrar jordskifterettane effektiv utnytting av dei ressursane samfunnet set inn.

Hovudmåla for Jordskifterettane er:

- sikre god oppgåveløysing
- sikre rettstryggleiken til partane
- yte god service til brukarane
- ha ei god leing og ein effektiv administrasjon

Eit heilt sentralt delmål er å arbeide for at vente- og saksbehandlingstida kan reduserast til eit aksept-

belt nivå. Gjennomsnittleg saksavviklingstid for sivile saker ved tingrettane er 6,5 månader. Ved jordskifterettane er no saksavviklingstida 30 månader. Ein må akseptere noko lenger saksbehandlingstid ved jordskifterettane enn ved tingrettane. Grunnane til dette er m.a. at ein som regel er avhengig av synfaring på barmark og ein god del teknisk arbeid. Det er likevel eit viktig mål å korte ned ventetida ved jordskifterettane. I 2003 er det eit mål å redusere gjennomsnittleg ventetid til 15 månader, og gjennomsnittleg saksbehandlingstid til 13 månader. På lengre sikt vil det vere eit mål å redusere ventetida ned mot nivået ved dei ordinære domstolane.

Resultatrapport 2001

Overslag og erfaring tyder på at løyvingar til Jordskifterettane gir ei verdiskaping på minst det dobbelte av løyvinga i form av auka produktivitet og sysselsetjing i distrikta.

Statistikken viser at det blei avslutta totalt 987 saker i 2001, fordelt med 930 saker ved jordskifterettane og 57 saker ved jordskifteoverrettane. Dette er ein nedgang på 97 saker i høve til 2000. Nedgangen var om lag lik for alle sakstypene. 777 tvistar blei behandla og avgjort enten gjennom dom eller rettsforlik. 8 389 partar fikk løyst problem knytt til eigedomane deira i sakene som blei avslutta. I dei avslutta sakene blei det pålagt felles investeringar for om lag 33 mill. kr. Det blei vedtatt bygd 192 km skogsvegar og det blei merka og koordinatfesta 1497 km grenser. Desse resultatmåla viser at dei sakene som blei slutta i 2001 gjennomgåande var større enn dei sakene som blei slutta i 2000. Ein må likevel konstatere ein viss produktivitetssvikt, noko som blei førespørgja i St.prp. nr. 1 (2001-2002) som følgje av den omorganiseringa ein er midt inne i. Gjennomsnittsalderen på avslutta saker minka med 2 månader frå 2000 til 2001 til 30 månader. Gjennomsnittleg ventetid før sakene kom opp til behandling var 16 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 14 månader.

Ved lovendring våren 2001 fekk jordskifteretten to nye oppgåver. Jordskifteretten kan no gjennomføre arealbyte/makeskifte mellom jordskiftefeltet og eigedomar som ligg utanfor feltet, t.d. i ein annan kommune. Sakstypen høver godt for grunnerverv gjennom arealbyte for store tiltak, som Regionfelt Østlandet, men også ved ulike miljøverntiltak som t.d. barskogvern. Jordskifteretten fekk òg heimel til å halde grensegang for grenser som gjeld offentlegrettsleg råderettsinnkrenking, t.d. for barskogvernområda. Erfaringar frå dei fleste landa i Europa og evalueringsrapportar i Noreg i samband med viktige offentlege utbyg-

gingstiltak har vist at jordskifte er eit egna verkemiddel.

I samsvar med endringane i organiseringa av jordskifterettane som blei lagt fram i St.prp. nr. 1 er 18 fylkesjordskiftekontor og fem jordskifterettar lagde ned med verknad frå 31.12. 2001. Ein jordskifteoverrett blir lagt ned og to blir flytta innan 28.02. 2005. I St.prp. nr. 1 (2000-2001) blei det lagt opp til å vurdere nedlegging av to jordskifterettar og flytting av to jordskifterettar. Desse spørsmåla har vore på høyring. Etter ei samla vurdering er Østfold jordskifterett flytta frå Moss til Sarpsborg medan Finnmark jordskifterett blir verande i Vadsø. Vestoppland jordskifterett og Ofoten jordskifterett blir nedlagde frå 31.12.2002. Samordninga av økonomiforvaltninga i jordskifterettane er gjennomført med verknad frå 01.01.2002.

Alle jordskifterettane har utarbeidd serviceerklæringar.

Budsjettforslag 2003

Jordskifteretten arbeider etter jordskiftelova. Retten må treffe avgjerd i alle saker som fell under lova.

Rett fordeling av tilgjengelege ressursar er avgjerande for å få ned restansane ved dei enkelte jordskifterettane og for at tilbodet til publikum skal bli det same over heile landet. Departementet vurderer kontinuerleg ressursfordelinga med bakgrunn i dette.

Departementet har i 2002 arbeidd med omorganiseringsprosessen. Omorganiseringa vil i all hovudsak vere gjennomført ved utgangen av 2003, men nokre overgangsordningar vil strekke seg fram til 2005.

I sum reknar ein med at omorganiseringa og bruk av ny teknologi på sikt vil gi ei effektivisering på opp mot 10 pst. Omstillinga vil gjere det mogleg å få meir kostnadseffektivt arbeid internt på kontora. I ein omstillingsperiode må ein likevel rekne med ein viss produktivitetssvikt som følgje av overgang til ny kontorstruktur og flytting av personell. Dette vil slå mest ut i 2003 og 2004.

Eit regjeringsoppnemnd utval (Løken-utvalet) har greidd ut om jordskiftearbeidet i framtida framleis skal gjerast i ein særdomstol, eller gå over til å bli forvaltning. Utvalet la fram innstillinga si 03.06.2002 (NOU 2002: 9 Jordskifterettenes stilling og funksjoner).

Hovudkonklusjonar er m. a. at jordskifteoppgåvene ikkje kan leggjast til eit forvaltningsorgan som kan instruerast av overordna utøvande myndigheit. Det er heller ikkje mogleg å inkorporere oppgåvene i verksemda til dei alminnelege domstolane då dei ikkje har den særlege kunnskapen og

kompetansen som blir kravd i dette arbeidet. Eit fleirtal på 10 går inn for at oppgåvene framleis skal løysast av jordskifteretten som særdomstol då dei meiner dette er mest rasjonelt for samfunnet. Eit mindretal på eitt medlem ønskjer at oppgåvene skal løysast av eit frittståande forvaltningsorgan.

MMI gjennomførte ei gransking for utvalet for å kartleggje brukarane sine haldningar til jordskifterettane. Granskinga viser at grunneigarane har ein grunnfesta tillit til jordskifterettane. 74 pst. av dei spurde meiner at jordskifteretten i svært stor eller stor grad sikrar rettstryggleiken for grunneigarane medan talet for dei alminnelege domstolane er 54 pst., landbruksstyresmaktene 49 pst. og kommunestyra 28 pst. for å ta med nokre andre aktuelle institusjonar.

Heile utvalet peikar på at behandlinga av jordskiftesakene tar for lang tid, og at dette har samanheng med manglande ressurstilgang.

NOU 2002: 9 er sendt på brei høyring med frist 15.10.2002. Dersom høyringa ikkje tilseier noko anna, vil fleire av framlegga til utvalet bli følgt opp vinteren 2003. Ein vil ta opp framlegget om å gjere jordskiftedommarane til embetsmenn og endre ordninga med allment løyve, og ein vil starte arbeidet med revisjon og modernisering av jordskiftelova. Landbruksdepartementet kjem attende med forslag til oppfølging av utvalet si innstilling etter at høyringsutsegnene er vurderte.

Departementet har sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på det arbeidet NIJOS gjer for Jordskifte-

rettane, og kjem attende med framlegg om korleis dette kan utviklast i budsjettframlegget for 2004.

Regionfelt Østlandet er no kravd inn for jordskifteretten som jordskiftesak. Dette er den største saka i utstrekning jordskifterettane nokon gong har hatt til behandling. Det er også kravd fleire andre uvanleg omfattande jordskiftesaker siste året, mellom anna ei sak med om lag 1500 grunneigarar som partar.

Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet gav i 2001 ut rapporten *"Virkemidler for betre arealutnytting i byar og tettstader"*. Rapporten peikar på urbant jordskifte som eit egna verkemiddel i by- og tettstadsutviklinga. Etter høyring av delinnstilling 1 har planlovutvalet kontakta departementet med sikte på å få endra jordskiftelova slik at jordskifteverkemidla blir tilgjengelege også i byar og tettstader. Departementet har sett ned eit utval som skal leggje fram innstillinga si innan 01.01.2003 når det gjeld lovendringsarbeid på dette grunnlaget.

Dei siste åra har ein satsa ekstra på investering i GPS-utstyr og IKT for å effektivisere mark- og kontorarbeidet i Jordskifterettane. Denne satsinga blir ført vidare i 2003.

Det tekniske samarbeidet med fylkesmennene om geodata (GIS) vil også halde fram i 2003. GIS blir brukt til å framstille jordskifte- og temakart og for å gjere nødvendige utrekningar, utarbeide skifteplaner m.m.

Kap. 4145 Jordskifterettane (jf. kap. 1145)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Saks- og gebyrinntekter	8 304	12 687	13 182
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	231		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 065		
18	Refusjon sjukepengar	881		
	Sum kap 4145	10 482	12 687	13 182

Post 01 Saks- og gebyrinntekter

Posten omfattar inntekter ved innkrevjing av gebyr frå partane. Det er ikkje lagt opp til endringar i gebyrreglane i høve til 2002. Budsjettframlegget er på omlag same nivå som for 2002.

Partane har store utgifter med sakene som ikkje går fram av budsjettframlegget. Dette er t.d.

godtgjersle til meddommarar, målearbeid, grensemerke og eigeninnsats ved førebuing til rettsforhandlingar. Desse utgiftene som er førte i eigne saksrekneskap, har auka monaleg dei seinare åra, m.a. fordi satsane for godtgjersle til meddommarane er auka med 400 pst.

Kap. 1146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 4146)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	69 144	61 167	65 634
	Sum kap 1146	69 144	61 167	65 634

Mål og strategiar

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) skal produsere standardisert informasjon av høg kvalitet om naturressursar, areal og miljø. Målet er at instituttet skal bli ein leiande leverandør av slik informasjon og slik sett dekkje dei behova samfunnet har for grunnleggjande data om jord, skog, vegetasjon og landskap.

Informasjonen frå NIJOS må vere av ein slik kvalitet at den kan nyttast i samband med:

- utforming, gjennomføring og etterprøving av mat-, og landbrukspolitikken
- verdiskaping og berekraftig utnytting av natur- og landskapsressursane
- ein meir målretta samfunnsplanlegging og modernisering av offentleg forvaltning
- ein meir målretta internasjonal bistand
- utvikling og rapportering knytt til internasjonale prosessar og avtaler

NIJOS skal bidra til dette ved å:

- gjennomføre landsdekkjande utvalsundersøkingar av skogressursar og landbrukets kulturlandskap
- byggje opp og vedlikehalde system for samordna arealinformasjon for heile landet
- dokumentere og samordne ressurs- og miljødata, formidle data til brukarane og yte kompetansenester innanfor skogbruksplanlegging, geodata og jordskifte

Organisatoriske forhold

NIJOS si verksemd er organisert med eit hovudkontor på Ås og fire distriktskontor i Andselv, Steinkjer, Hamar og Bø. For å oppnå ein meir effektiv utnytting av ressursane vil kontoret på Hamar bli lagt ned. Oppgåvene som kontoret har hatt vil bli ivaretekne frå hovudkontoret. Det blir ikkje gjort andre organisatoriske endringar no. Kontoret i Bø vil bli oppretthalde inntil vidare for å sikre kapasitet i samband med produksjon av digitale markslagskart.

Landbruksdepartementet legg stor vekt på at informasjonen frå NIJOS må utformast slik at andre sektorar òg kan nytte den, og departementet legg derfor stor vekt på at NIJOS må ha god kontakt med fleire målgrupper. NIJOS skal satse vidare på distribusjon av informasjonen ved hjelp av Internett. Dette skal mellom anna gi borgarane enklare tilgang til informasjon om miljøet, medverke til modernisering av forvaltninga og utvikle innhald til den elektroniske infrastrukturen som ledd i eNoreg-strategien.

Resultatrapport 2001*Landsskogstaksering og skogovervaking*

Landsskogstakseringa og arbeidet med fylkesvise takstar er ført vidare med registrering på 1/5 av dei landsdekkjande prøveflatene. Registreringar innanfor overvaksingsprogrammet for skogskader er gjort i tråd med den nasjonale satsinga og etter internasjonale avtaler. Data frå Landsskogstakseringa er viktig for regionale skogpolitiske strategiarbeid og brukast saman med data frå skogovervaksingsprogrammet som grunnlag for skog- og miljøpolitiske analysar og i internasjonal rapportering.

Overvaking av kulturlandskap

Programmet Overvaking av jordbruket sitt kulturlandskap er ført vidare med flyfotografering i åtte fylke i Sør Noreg. Overvakinga viser utviklinga i kulturlandskapet for indikatorar innan arealstruktur, biologisk mangfald, kulturminne og ferdelsmoglegheiter. Programmet vil inngå i landbruksstyresmaktene si forvaltning av arealtilskott og gir grunnlag for nasjonal og internasjonal rapportering.

Digitale markslagskart (DMK)

I 2001 ble det produsert DMK for om lag like store areal som året før (om lag 16 000 km²) og DMK ligg no føre for 248 kommunar og dekkjer om lag 114 000 km². NIJOS arbeider med fleire tiltak med sikte på betre ajourhald og kvalitet på markslags-

karta. DMK er det viktigaste bidraget frå landbruket i den nasjonale infrastrukturen av digitale kartdata. Når det digitale kartet er ferdig for heile fylke, kan ein lage arealressurskart i ein meir oversiktleg målestokk.

Jordsmonnkartlegging

NIJOS har gjennomført jordsmonnkartlegging av 169 km² i 2001. Totalt føreligg det jordsmonnkart for om lag 4 300 km². Det er auka etterspurnad og bruk av jordsmonnkart og ulike temakart blant kommunane i høve til arbeid med næringsutvikling, arealplanlegging og miljøtiltak.

Vegetasjon

I 2001 er det gjort vegetasjonskartlegging av 530 km². Karta nyttast innan arealplanlegging, beitebruk og anna næringsutvikling i utmark og etterspurnaden etter vegetasjonskart har auka.

Kompetansetenester

NIJOS yter kompetansetenester innanfor skogbruksplanlegging, geodata og jordskifte. LGIS er eit eige GIS system for landbruket. Dette har NIJOS utvikla vidare, og ein har ytt tenester til dei kommunane som tek dette i bruk.

Anna

NIJOS har opna ei Internettside som gjer at ålmenta kan sjå på og laste ned DMK og arealressurskart i liten målestokk. Det er laga arealressurskart for til saman om lag 45 000 km², noko som utgjer 14 pst. av landarealet. Det er under utvikling eit kart der ein kombinerer jordsmonn-, klima- og plantedata. Dette vil vere ein god reiskap for arealforvaltning og miljøarbeid. Bruk av klima- og jorddata, saman med plantevekstmodellar, vil medvirke til betre kvalitet og betre lønsemd i planteproduksjonen, m.a. som grunnlag for val av rett plantesort og forbetring av dyrkingssystema.

Budsjettforslag 2003

NIJOS vil føre vidare dei langsiktige programma innan kartlegging og klassifisering av data om skog, jord, vegetasjon og landskap. Dette er kjerneverksemda ved instituttet og nye oppgåver skal byggje på desse. NIJOS skal òg utvikle nye produkt, yte kompetansetenester og føre vidare satsing på formidling av data og informasjon over Internett. Dette vil få auka vekt ettersom fleire opp-

gåver innan landbruk og miljø blir lagt til kommunane og er ein viktig del av arbeidet med modernisering av forvaltninga innan landbrukssektoren og av satsinga på betre elektronisk innhald for Internett. Landbruksdepartementet tek òg del i arbeidet med å utvikle eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald. Verksemda ved NIJOS gir viktige bidrag til dette.

Landsdekkjande utvalskartlegging

I 2003 skal NIJOS føre vidare og effektivisere noverande program.

Måla for 2003 er å:

- føre vidare den 8. landsskogtakst med 5-årig omdrev,
- føre vidare arbeidet med resultatkontroll skog og vidareutvikle dette i tråd med særskilt oppdrag frå Landbruksdepartementet,
- forvalte dei innsamla data, produsere og formidle dei nasjonale standardrapportane for tilstand og endringar i ressursar og miljø og standardrapportane for internasjonalt samarbeid,
- arbeide vidare med eit opplegg for landsdekkjande samordna utvalskartlegging - "1000 stader", som kan dekkje behova for overvaking innan fleire sektorar. Ein skal arbeide for å få finansiering frå fleire sektorar.

Landsdekkjande samordna arealressurskartlegging

NIJOS skal føre vidare og effektivisere eksisterande program. Med grunnlag i desse skal NIJOS byggje opp samordna arealinformasjon for heile landet og meir detaljert informasjon om dei viktigaste områda for næringsverksemd.

Måla for 2003 er at NIJOS skal:

- etablere om lag 16 000 km² og ajourføre 6 000 km² DMK. Ajourføring av DMK er styrkt med midlar frå jordbruksavtalen og vil mellom anna gå til flyfotografering av jordbruksareal for å få betre kvalitet på karta,
- kartleggje om lag 150 km² jordsmonn,
- produsere arealressurskart basert på data om markslag, jord og klima og andre data kombinert med data frå satellittbilete. NIJOS skal arbeide for å få delfinansiering av karta frå brukarane,
- utvikle informasjon basert på jord-, klima-, vegetasjonsdata som grunnlag for jordvern, verdsetjing, betre ressursbruk i jordbruket og for ivaretaking av landbruket sitt sektoransvar for miljø,
- føre vidare informasjonssystem for beitebruk i utmark og vegetasjonskartlegging i utmark,

- forvalte dei innsamla data og produsere og formidle informasjon til bruk i samfunnsplanlegging, arealforvaltning og næringsutvikling.

Kompetansesenter m.m.

NIJOS er landbruket sitt kompetansesenter innanfor geodata, i høve til skogbruksplanlegging og yter tenester for jordskifterettane. NIJOS har òg kompetanse som nyttast innan norsk bistand og tek oppdrag i høve til dette.

Måla for 2003 er å:

- yte tenester til sentrale og regionale landbruksstyresmakter for å effektivisere geografisk informasjonshandsaming,
- yte tenester til Jordskifterettane for omlag 3,8 mill. kr i året. I NOU 2002:9 Jordskifterettane si stilling og funksjonar blir det trekt opp nokre prinsipielle liner for Jordskifterettane sitt samspel med andre institusjonar. Departementet har sett ned ei arbeidsgruppe for å sjå på arbeidet som NIJOS gjer for Jordskifterettane og kjem attende med framlegg om korleis dette kan utviklast i budsjettproposisjonen for 2004,
- forbetre regelverk, utvikle metodar og forvalte innsamla data innan skogbruksplanlegging. Arbeidet i kompetansesenteret for skogbruksplanlegging drøftast årleg mellom instituttet og Landbruksdepartementet. Sidan 1997 har NIJOS arbeidd med å utvikle metodar for regis-

trering av kulturminne i skog i samband med skogbruksplanlegging. Denne kompetansen er òg relevant i høve til arbeidet med m.a. miljøplanar på gardsbruk. Departementet vil saman med NIJOS, SLF og kulturminnestyresmaktene klargjere om NIJOS bør få fleire oppgåver her,

- utvikle Landbruket sitt geografiske informasjonssystem (LGIS) for å bli tilpassa Internett og for å løyse nye oppgåver.

NIJOS skal styrke arbeidet knytt til produksjon og formidling av digitale kart- og registerdata til m.a. fylkesmannen og kommunane og leggje til rette data for bruk på Internett. Avsetjinga til dette arbeidet er auka med 2 mill. kr i budsjettframlegget. Ein skal gjere produkt som gardskart, jordsmonnsdata, beiteinformasjon og skogstatistikk tilgjengeleg på Internett.

I tillegg er det sett av midlar frå jordbruksavtalen til DMK og for å finansiere NIJOS sitt arbeid med overvaking av jordbruket sitt kulturlandskap. Dette programmet får òg midlar frå Miljøverndepartementet. Det er òg sett av midlar på kap. 1142 for overvåkingsprogrammet for skogskader og frå skogordningane over LUF og kap. 1142 til kompetansesenter for skogbruksplanar. Arbeidet med utvikling og rapportering knytt til internasjonale avtalar og prosessar får midlar over kap. 1140 post 77.

Kap. 4146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
02	Driftsinntekter	26 640	16 749	17 402
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	340		
18	Refusjon sjukepengar	835		
	Sum kap 4146	27 815	16 749	17 402

Det er under kap. 4146 post 02 budsjettert med inntekter frå NIJOS si oppdragsverksemd.

NIJOS skaffar inntekter i marknaden ved delfinansiering av produkt, oppdragsverksemd ogprising av nokre produkt og tenester. Dei økono-

miske vilkåra kring dette skal vera opne og NIJOS skal berre delfinansiere oppdrag innanfor forskning og utgreiing eller landsdekkjande kartleggingsprogram.

Kap. 1147 Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Driftsutgifter	31 660	28 036	35 940
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 280	3 061	3 113
70	Tilskott til fjellstover	628	625	636
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	2 224	2 109	2 145
	Sum kap 1147	36 793	33 831	41 834

Mål og strategiar*Innleiing*

Reindriftsforvaltninga skal leggje til rette for at måla i reindriftspolitikken blir nådde. Reindriftsforvaltninga forvaltar reindriftslova og verkemidla under reindriftsavtalen. Reindriftsforvaltninga er òg sekretariat og utøvande organ for Reindriftsstyret og Områdestyra og har ein rådgjevande funksjon i høve til næringa.

Overordna mål

Reindriftspolitikken byggjer på to sjølvstendige verdigrunnlag - ein næringspolitisk produksjonsverdi og ein samepolitisk kulturverdi. Dei reindriftspolitiske måla er samanfatta i omgrepet "*Ei berekraftig reindrift*". Med dette meiner ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Desse tre måla står i innbyrdes samanheng. Økologisk berekraft gir grunnlag for økonomisk berekraft, og saman gir økologisk og økonomisk berekraft grunnlag for å utvikle kulturell berekraft.

Departementet har trekt opp seks resultatområde som Reindriftsforvaltninga arbeider etter:

1. Ressursforvaltning

Reindriftsforvaltninga skal på bakgrunn av grunnlagsdata om utviklinga i lavbeita, slaktevektar, klimatiske og driftsmessige forhold medverke til nødvendige tiltak som gir ein tilpassa reinbestand, samt kontrollere at rammene for bruk av beiteresursane blir haldne.

2. Arealforvaltning

Reindriftsforvaltninga skal fortsette arbeide for å få dokumentert reindrifta si arealbruk og rettar,

samt arbeide for auka forståing av reindrifta si bruk av areal, og da særleg blant arealplanleggjarar i kommunar og fylkeskommunar. Vidare er det viktig å få bevisstgjort planleggjarane sitt ansvar på alle nivå i høve til den plikta som dei òg har etter Grunnloven §110 a og folkeretten sine reglar om urbefolkning og minoritetar.

3. Reindriftsbasert næringsutvikling

Reindriftsforvaltninga skal medverke til utnytting og utvikling av reindrifta basert på prinsippet om ei berekraftig reindrift, under det etablering av tilleggsnæringar i samanheng med dei inntekts- og velferdspolitiske tiltaka retta mot reindrifta.

4. Tilskottsforvaltning

Reindriftsforvaltninga skal medverke til eit enklare og betre regelverk for tilskottsordningane, og betre forståing av innhaldet i verkemidla.

5. Samhandling – informasjon

Reindriftsforvaltninga skal vidareutvikle samarbeidet med andre offentlege institusjonar, særleg i høve til miljøforvaltninga og Sametinget. Vidare er det stilt krav om nær kontakt mellom Reindriftsforvaltninga og næringa sine representantar for å opparbeide tillit og forståing for samarbeid som avgjerande grunnlag for å nå målet om ein berekraftig reindrift.

6. Internadministrasjon

Reindriftsforvaltninga skal vere omstillingsdyktig og føremålseffektiv, og ha eit kostnadseffektivt rettleiings- og styringsapparat internt og overfor den enkelte reindriftsutøvar.

Resultatrapport 2001

1. Ressursforvaltning

Våren 2001 blei utgreiinga om høgste talet på rein for distrikta i Vest-Finnmark reinbeiteområde sendt på høyring. Utgreiinga saman med høyringa, danna grunnlaget for behandling og fastsetjing av høgste talet på rein for distrikta i Vest-Finnmark reinbeiteområde. Med bakgrunn i dei store konsekvensane forslaget hadde for distrikta og den enkelte reindriftsutøvar, var saka oppe til behandling og drøfting i Reindriftsstyret tre gonger. I januar 2002 fastsette Reindriftsstyret høgste talet på rein til 63 700 for Vest-Finnmark reinbeiteområde. Arbeidet med denne prosessen har vore krevjande både ressursmessig og i tid.

For Vest-Finnmark reinbeiteområde er det i løpet av hausten 2001 og tidleg vinteren 2002, gjennomført omfattande offentlege teljingar av rein. Resultatet av teljingane dannar eit viktig statusgrunnlag for arbeidet vidare med gjennomføring av vedtaket om høgste talet på rein.

Behandlinga av søknader om rovdyrerstatning har vore svært arbeidskrevjande grunna store rovdyr tap. Tapa er i enkelte distrikt så store at grunnlaget for ei berekraftig reindrift er i fare. Omfanget av reineigarane sine oppgitte tap av rein til rovdyr har auka vesentleg dei siste åra. I driftsåret 2000/01 var dei oppgitte tapa 72 350 dyr, der 49 600 var kalv mens 22 750 var vaksne dyr. Av desse tapa blei 28% erstatta. Arbeidet med dei reindriftsfaglege vurderingane for rovdyrerstatningsordninga er effektivisert gjennom auka bruk av datateknologi, men er framleis arbeidskrevjande.

2. Arealforvaltning

Reindriftsforvaltninga har eit ansvar for å ivareta reindrifta sine arealinteresser i den allmenne arealforvaltninga. Ein vesentleg del av ressursane ved forvaltninga går med til denne type saker. Utfordringa er at talet på enkeltsaker er aukande.

Reindriftsforvaltninga har no ferdigstilt arbeidet med digitale arealbrukskart for alle reinbeitedistrikta i Noreg. Karta er oppgradert til SOSI nivå 3.0, slik at ein lett kan utveksle digitale data med andre etatar og institusjonar. Desse karta er særskild viktige for å få synleggjort reindrifta si arealbruk og med det sikre næringa si plass i kommuneplanane. Reindriftsforvaltninga har arbeidd for å auke reindrifta sin innverknad gjennom dei verkemidla som styrer arealbruken. Ved endringar av lover og forskrifter som styrer arealbruken, har ein gitt innspel og tatt del i styrings- og referansegrupper med sikte på å fremme reindrifta sine interesser. Vidare har Reindriftsforvaltninga freista gjen-

nom sekretariatfunksjonen for RUF å prioritere forskningssøknader som tar sikte på å dokumentere reindrifta sine arealbruksinteresser og å utvikle metodar.

3. Reindriftsbasert næringsutvikling

Frå Reindrifta sitt utviklingsfond er det overført 2 mill. kr til Samisk utviklingsfond. Midlane er nytta til binæringar knytt til reindrift.

Arbeidet for å styrkje kvinne- og familieretta tiltak kom i gang i 1999. Formålet var å fokusere spesielt på stillinga til kvinner og familiar i reindriftsnæringa og kvinna si verdi for samisk kultur. Det blei i år 2001 utarbeidd eit notat om rettsstillinga til reindriftskvinner.

4. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Beiting utanfor eige beiteområde eller til feil tid er ofte konfliktskapande i reindrifta. Forvaltninga har ein del av sin verksemd knytt til slike problemstillingar. Ein ventar at arbeidet i Finnmark med beitefordeling slik at reindriftsgruppene er sikra alle årstidsbeiter, vil gi meir påregnelege driftsforhold. For Vest-Finnmark reinbeiteområde er fordelinga av fellesbeita vedtatt. Arbeidet skal følgjast opp for å sikre at det ved fordelinga ikkje er gjort feil i fordelinga av rettar. For Aust-Finnmark reinbeiteområde er saka oversendt frå områdestyret til vidare behandling.

Ordninga med konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift er administrert av SND i Troms. Forvaltninga har iverksett ulike tiltak for å hindre konflikter og skape respekt og dialog over interessegrensene.

5. Samordning - informasjon

Gjennom kontaktmøte på fylkesplan har forvaltninga informert om reindrift både på politisk og administrativt plan. Særleg har det vore stor aktivitet innan områda arealplanlegging og rovdyrforvaltning.

I forhold til næringa er det sendt ut forskrifter både på norsk og samisk. Vidare har reindriftsagronomane heldt orienteringsmøter for utøvarane om reindriftsavtalen for 2000-2001. Dei daglege samtalane med utøvarane, enten på fjellet eller på kontora, er ein viktig arena for kommunisering av gjeldande politikk. Vidare er det utarbeidd ein minifoldar som presenterer næringa og forvaltninga på ein kort og oversiktleg måte.

Reindriftsforvaltninga har fått utarbeidd ein nasjonal strategisk plan for forskning og formidling i reindrifta for perioden 2002-2005. Planen skal gi

grunnlag for målretta forskning om rein og reindrift der formålet er å skaffe kunnskap som kan medverke til at måla om ei berekraftig reindrift blir nådde.

Reindriftsforvaltninga har fått lagt ut si eiga web-side på internett. Reindriftnytt blir utarbeidd og gitt ut av Medianorge AS etter avtale med Reindriftsforvaltninga.

6. Rettleiing og internadministrasjon

Reindriftsforvaltninga har hatt som prioritert oppgåve å auke kompetansen innanfor samisk språk og kultur. I samband med dette har to tilsette i forvaltninga gjennomført kompetansegivande opplæring. Det er framleis behov for å få meir skriftleg materiale oversett til samisk. Reindriftsforvaltninga gjer noko saksbehandling på samisk og ser til at sentrale dokument ligg føre på både samisk og norsk.

Budsjettforslag 2003

Budsjettforslaget nedanfor er delt inn i dei seks resultatområda som reindriftsforvaltninga arbeider etter.

1. Ressursforvaltning

For å tilpasse talet på rein til beiteressursen og ved det styrkje berekrafta i reindrifta i Finnmark, skal reindriftsforvaltninga prioritere arbeidet med å få fastsett øvre talet på rein for distrikta i Aust-Finnmark reinbeiteområde, samt følgje opp Reindriftsstyret sitt vedtak om øvre talet på rein for sommarbeitedistrikta i Vest-Finnmark reinbeiteområde. Vidare skal forvaltninga arbeide for å få fastsett dei endelege distriktinndelingane/siidainndelingane, samt beitetidene for reinbeiteområda i Finnmark. Prosjektkontoret for gjennomføring av vedtaket blei etablert hausten 2002. Forvaltninga skal sjå til at arbeidet med første generasjons distriktplaner blir fullført.

2. Arealforvaltning

Reindriftsforvaltninga skal halde fram å etablere nettverk og alliansar til andre offentlege organ og gjere disse kjent med reindrifta sitt behov for samanhengande areal, samt konsekvensane for reindrifta av ulike tiltak innanfor reinbeiteland. Vidare skal forvaltninga arbeide for å dokumentere reindrifta sin arealbruk og gjere dette kjent for kommunar og fylke.

Reindriftsforvaltninga skal vere ein aktiv pådriver i høve til endringar av lover og forskrifter som

styrer arealbruken. Vidare skal forvaltninga satse på auka kompetanse i høve til regelverket både blant egne tilsette og blant reindriftsutøvarane.

Reindriftsforvaltninga skal arbeide for at dei digitale arealbrukskarta skal kunne gjerast tilgjengeleg på WEB.

3. Reindriftsbasert næringsutvikling

Reindriftsforvaltninga skal vere ein bidragsytar for auka verdiskaping i reindrifta. I samband med næringa sine organ og andre aktørar skal forvaltninga medverke til at dei økonomiske ressursane over reindriftsavtalen blir nytta på ein føremålstenleg måte som gir størst effekt og verdiskaping. I samband med dette skal forvaltninga arbeide for at verkemidla frå høvesvis Reindrifta sitt utviklingsfond og Verdiskapingsprogrammet for reindrift blir sett i ein samanheng slik at effekten av dei to ordningane blir størst mogleg. Vidare skal forvaltninga arbeide for å leggje til rette for ei positiv samhandling mellom reindriftnæringa, SND og eiga forvaltning i gjennomføringa av verdiskapingsprogrammet.

Arbeidet for å styrkje kvinne- og familieretta tiltak kom i gang i 1999. Reindriftsforvaltninga skal i løpet av 2003 evaluere dette arbeidet. Ut frå den gjeldande politikken skal forvaltninga framleis arbeide aktivt med kvinne- og familieretta tiltak. Arbeidet skal integrerast i forvaltninga sin organisasjon og andre område som forvaltninga arbeidar med.

4. Tilskottsforvaltning

I 2003 skal Reindriftsforvaltninga sørgje for å føre vidare arbeidet med å leggje til rette for elektroniske sjølvbetjeningsløysingar i forvaltninga, drive systemutvikling og gi innspel til forenklingar i dei økonomiske verkemidla over reindriftsavtalen. Vidare skal forvaltninga arbeide for å sikre rask og lik behandling av dei enkelte utøvarane i dei ulike reinbeiteområda. Som ein del av kontrollarbeidet skal forvaltninga halde fram å telje rein i dei ulike reinbeiteområda, og då prioritere reinbeiteområda i Finnmark. Ved større avvik mellom teljing og utøvarane si eige rapportering skal det setjast inn tiltak.

Reindriftsforvaltninga skal delta aktivt i arbeidet med å utvikle konfliktførebyggjande tiltak i høve til andre næringsinteresser. Ein må t.d. sørgje for at konfliktane blir reduserte mest mogleg gjennom vilkår og rettleiing i dei tilfella der gjerdebygging og bruk av motoriserte hjelpemiddel er nødvendig.

5. Samhandling – rettleiing og informasjon

Reindriftsforvaltninga må drive aktiv informasjonsverksemd om sine ansvarsområde overfor eit større publikum, og formidle informasjon om utviklinga i reindrifta og dei sentrale verdiane som reindrifta tar vare på.

Dokumentasjon av reindrifta sin arealbruk og sine rettar er avgjerande for næringa si framtid. Nettverk og alliansar til andre offentlege organ skal gjerast kjent og auke aksepten for reindrifta sitt nærvær. Vidare er det stilt krav om nær kontakt mellom næringa sine representantar og Reindriftsforvaltninga for å opparbeide tillit og forståing for samarbeid som avgjerande grunnlag for å nå målet om ei berekraftig utvikling.

Reindriftsforvaltninga skal bidra til at resten av reinbeitedistrikta utarbeider eigne distriktsplanar.

Det er viktig å sikre gode koplingar mellom forskingsmidlane og midlar til utviklingstiltak over reindriftsavtalen, jf. kap. 1137 post 50 og kap. 1151 post 51.

I samsvar med *"Strategisk plan for forskning og formidling i reindrifta for perioden 2002-2005"* skal forskingsinnsatsen rettes mot følgjande fem område:

- Arealinngrep og ytre verknad
- Beite og produksjon
- Verdiskaping
- Styring og organisering
- Likestilling

6. Internadministrasjon

Reindriftsforvaltninga skal vere ei verksemd som utnyttar sine ressursar på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgeving sikrar brukarane effektive tenester.

I 2001 nedsette Landbruksdepartementet ei arbeidsgruppe med oppgåve å vurdere forvaltninga med tanke på ei betre oppnåing av gjevne politiske mål innanfor fastsette økonomiske rammer. Arbeidsgruppa leverte sin rapport i juli 2001, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2001-2002). Reindriftsforvaltninga skal i løpet av 2003 ferdigstille arbeidet med oppfølging av arbeidsgruppa sine anbefalningar og rette innsatsen mot utvikling av personal- og lønnspolitikk, utvikling av kompetanseplan, organisasjonsutvikling, økonomistyring, leiarutvikling, einsarta forvaltning, interne driftsoppgåver samt IKT.

For å sikre ein mest mogleg lik behandling av utøvarane og betre tilgangen på opplysningar og saker som er behandla eller er under behandling, skal forvaltninga etablere eit einsarta journal- og arkivsystem.

Post 01 Driftsutgifter

Posten er auka med totalt 6,6 mill. kr høve til 2002. 0,6 mill. kr av denne auka er utgifter knytt til forskarformidlarstillinga som er overført frå kap. 1151, jf. kap. 1151 og St.prp. nr. 58 (2001-2002).

6 mill. kr av auka er til vidare drift av prosjektkontoret i Vest-Finnmark reinbeiteområde og intensivering av teljingane av rein. Bakgrunnen for denne auka ligg i at Reindriftstyret har fastsett eit øvre tal på rein for sommardistrikta i Vest-Finnmark reinbeiteområde. Vedtaket inneber at det må leggjast til rette for at fleire reindriftsutøvarar må ut av næringa. Dette vil innebere auka aktivitet i dei styrande organa. I samband med dette blei det hausten 2002 etablert eit prosjektkontor ved Reindriftsforvaltninga i Vest-Finnmark. Prosjektkontoret har ansvaret for å gjennomføre ein prosess mot kvart enkelt reinbeitedistrikt der ein på bakgrunn av drøftingar vil utarbeide tiltak som tilfredsstiller dei ulike distrikta sine behov.

Ordninga med kvinne- og familieretta tiltak i reindriftsnæringa vil bli ført vidare.

Landbruksdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under posten med inntil 0,5 mill. kr ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. forslag til vedtak III.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 3,1 mill. kr til vedlikehald av konvensjonsgjerda.

Post 70 Tilskott til fjellstover

Formålet med tilskottet er å halde oppe tryggleiken i veglaust terreng til m.a. reingjetarane. Ein har i dag tre statseigde fjellstover og i tillegg kontrakt med fire private om fjellstovehald. Ein foreslår ei løyving på vel 0,6 mill. kr.

Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark

Formålet med tiltaket er å redusere talet på rein og kanalisere ei oversysselsetjing over i andre yrke.

Det har vist seg svært vanskeleg å få omstillarar over 55 år i anna arbeid. For denne gruppa var det ikkje sett krav om aktiv omstilling. For å medverke til å gi denne gruppa ei verdig avslutning på arbeidslivet og for å hindre at dei tek opp att reindrifta, vil dei kunne søkje om forlenga omstillingslønn fram til den til ei kvar tid gjeldande ordinære pensjonsalder etter lovgivinga i folketrygd. Føresetnaden for å kome inn under ordninga er at vedkomande si driftseining blei avvikla. Ordninga vil bli finansiert innanfor løyvinga til omstillingstiltak.

For å dekkje behovet for omstillingslønn i 2002 gjer ein framlegg om ei løyving på vel 2,1 mill. kr.

Kap. 4147 Reindrifftsforvaltninga (jf. kap. 1147)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
01	Refusjonar m.m.	3 140	1 500	28
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	86		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	60		
18	Refusjon sjukepengar	305		
	Sum kap 4147	3 591	1 500	28

Post 01

Posten omfatter inntekter frå ymse refusjoner

Kap. 1148 Naturskade - erstatningar og sikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
70	Tilskott til sikringstiltak m.m., <i>kan overførast</i>	12 214	20 016	20 356
71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	77 991	41 481	70 000
	Sum kap 1148	90 206	61 497	90 356

Mål og strategiar

Statens naturskadeordning gir erstatning for naturskadar som det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning. Statens naturskadeordning skal òg fremme sikring mot naturskadar m.a. gjennom å gi tilskott til sikrings-tiltak og ved samhandling med andre aktørar inn-anfor sikringsområdet.

Statens naturskadeordning er organisert med eit styre, ei ankenemnd og eit sekretariat. Statens landbruksforvaltning (SLF) er sekretariat for styret. SLF førebur sakene for styret og ankenemnda og gjer etterarbeidet som følgjer av vedtaka i styret og ankenemnda. SLF har òg det administrative ansvaret for ordninga.

Styret og SLF skal syte for at krav om erstatning for naturskadar og søknader om tilskott til

sikringstiltak får ei rask og forsvarleg behandling. SLF skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats når naturkatastrofar oppstår.

Budsjettforslag 2003

Post 70 Tilskott til sikringstiltak m.m.

Statens naturskadeordning skal medverke til å fremme sikring mot naturskader gjennom økonomiske tilskott til sikringstiltak og økonomisk bistand til kommunane i samband med sikringstiltak og fareregistrering. Det skal prioriterast å gi tilskott til kommunar med spesielt vanskeleg økonomi og stort sikringsbehov.

I 2003 gjer ein framlegg om ei løyving på 20 mill. kr. Ein gjer framlegg om ei tilsegnfullmakt

for 2003 på 2 mill. kr, jf. tabell 2.7 og forslag til vedtak IV. Dette vil gjøre det mogleg å gi nye tilsegn for 22 mill. kr. Departementet vil i 2003 vurdere endringar i regelverket for naturskader når det gjeld forholdet mellom bruk av sikringstiltak og erstatningar.

Tabell 2.7 Tilsegnfullmakt sikringstiltak (mill.kr)

Ansvar pr. 1.1.2002	11,8
Tilsegn 2002	19,9
Sum	31,7
-(løyving 2002+overførte midlar)	31,7
Ansvar pr. 31.12.2002	0
Nye tilsegn 2003	22,0
Sum	22,0
Forslag til løyving 2003	20,0
Tilsegnfullmakt 2003	2,0

Post 71 Naturskadeerstatningar

Løyvinga til naturskadeerstatningar er tilpassa år med gjennomsnittleg skadeomfang. Erstatningane blir utbetalt etter at skaden er utbetra. Fristen for utbetring er 3 år og dette verkar inn på den årlege utbetalinga. Styret skal gi ei rask og forsvarleg behandling av krav om erstatning som er heimla i naturskadelova. Landbruksdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av rapportar om økonomi og saksbehandling og i styringsdialogen.

Dei som blir råka av naturskade, har på visse vilkår rett til erstatning etter lova. Posten dekkjer erstatningar i samsvar med lova. I tillegg blir det dekt rettferdsvederlag, utgifter til taksering, m.a. av skader, samt nødvendige utgifter til ekstrahjelp og utvikling av IKT-system for verksemda.

Styret kan totalt gi tilsegn for inntil 2 mill. kr til forskingsprosjekt, informasjonstiltak og andre akti-

vitetar som medverkar til å redusere skadeverkna-dene av framtidige naturulykker, eller å auke effekten av dei ressursar som nyttast på naturskadeområdet.

Etter naturskadelova kan det setjast som vilkår for utbetaling av erstatning, at skaden blir utbetra på ein slik måte at faren for naturskade minkar. Dette gjeld både utbetringar på skadeobjektet og gjennomføring av mindre sikringstiltak som er knytt til skadeutbetringa. For slike sikringstiltak kan ein òg over denne posten gi tilskott på maksimalt kr 25 000 pr. sak til den skadelidne til dekning av desse meirkostnadene.

Frå og med 2002 er løyvinga på post 71 gitt som overslagsløyving og frå og med 2003 kan det ikkje overførast unytta midlar frå året før. Overføring av midlar tidlegare år har hatt samanheng med erstatningstilsegner som ikkje er innfridde. Den nye løyvingsmåten inneber at løyvinga i 2003 òg skal dekkje innfriing av uteståande tilsegner frå tidlegare år. Ut frå dette gjer ein framlegg om ei løyving på 70 mill. kr og ei tilsegnfullmakt på 50 mill. kr, jf. tabell 2.8 og forslag til vedtak IV.

Tabell 2.8 Tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar (mill.kr)

Ansvar pr. 1.1.2002	46,4
Tilsegn 2002	107,4
Sum	153,8
-(løyving 2002+overførte midlar)	104,3
Ansvar pr 31.12.2002	49,5
FoU-tilskott, takseringskostnader mv.	6,5
Nye tilsegn 2003	64,0
Sum	120,0
Forslag til løyving 2003	70,0
Tilsegnfullmakt 2003	50,0

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. (jf. kap. 4150)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
50	Fondsavsetningar, <i>overslagsløyving</i>	1 604 610	784 960	620 300
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	210 183	222 500	246 500
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 656 206	2 156 417	2 241 066
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	6 483 739	6 873 558	6 744 385
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	233 061	359 000	363 060
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 804 168	1 773 854	1 573 854
	Sum kap 1150	11 991 967	12 170 289	11 789 165

Mål og strategiar

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av jordbrukavtalen. Jordbrukavtalen og tilskottsordningane under han er dei viktigaste verkemidla for å følgje opp måla og retningslinene i landbrukspolitikken. For ei nærare omtale av mål og strategiar i jordbrukspolitikken for komande budsjettperiode viser ein til programkategori 15.30 og kap. 6 i St.prp. nr. 65 (2001-2002).

Som ei oppfølging av NILF sin rapport om forenkling av landbrukspolitikken (FOLA) blei det i sluttprotokollen frå jordbruksforhandlingane i 2002 lagt til grunn at Landbruksdepartementet i samråd med organisasjonane skulle arbeide fram til St.prp. nr. 1 (2002-2003) med ei teknisk omgruppering og tydeleggjering av dei økonomiske verkemidla over kap. 1150 i høve til hovudmåla for næringspolitikken i jordbruket.

Dei langsiktige måla for jordbrukspolitikken blei sist fastlagt av Stortinget i samband med behandlinga av St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*. I tillegg til produksjon av helsemessig trygg mat og andre varer og tenester med bakgrunn i forbrukarane sine behov, har hovudmåla i stor grad karakter av kollektive goder for samfunnet. Landbruksdepartementet har tatt utgangspunkt i måla slik dei er formulerte i St.meld. nr. 19 (1999-2000). Inndelingar skil seg noko frå forslaget i NILF sin rapport. Målstrukturen frå St.meld. nr. 19 er skissert i figur 2.1 nedanfor.


Dei kollektive goda er avhengig av at det foregår produksjon i Noreg. Mellom anna med bak-

grunn i det norske kostnadsnivået er derfor ein del av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å sikre denne produksjonen og måten produksjonen skjer på. Mange av tilskottsordningane må ein kategorisere som horisontale fordi dei verkar inn på fleire av dei kollektive goda samstundes. Det gjeld mellom anna tilskottsordningar som skal sikre det økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. I tillegg vil òg verkemiddel som ein kan kategorisere som målspesifikke òg kunne påverke andre mål.


Av både budsjettekniske omsyn og av omsyn til virkemåten til dei ulike økonomiske verkemidla, kan ein derfor ikkje sortere post for post på budsjettkapitlet i høve til hovudmåla.

Samtidig omfattar grupperinga i figur 2.2 berre dei økonomiske verkemidla over næringsavtalen med jordbruket. Grupperinga gir såleis ikkje eit samla oversyn over alle verkemidla i næringspolitikken.

Matpolitikken er omtala under kat. 15.10 og kat. 15.30 i budsjettforslaget og ligg i stor grad utanfor jordbruksavtalen. Til dømes er verkemidla for mattryggleik m.m. dels finansiert gjennom løyvingar over programkategori 15.10 i budsjettforslaget, dels ved avgifter. Det siste gjeld for kjøttkontrollen. Produksjon av trygg mat er grunnleggjande også i næringspolitikken i jordbruket, men dei spesifikke verkemidla er i stor grad av ikkje-økonomisk karakter og dei matpolitiske verkemidla ligg som nemnt utanfor avtalen.



Figur 2.1 Hovudmål og verkemidlar for næringspolitikken i jordbruket. Matpolitikken er omtala i kat. 15.10



Figur 2.2 Fordeling av dei økonomiske verkemidla over kap. 1150 "Til gjennomføring av jordbruksavtalen," fordelt etter hovudmål for jordbrukspolitikken. (verkemidla for mattryggleik er omtalt under kat. 15.10)

Resultatrapport 2001

Budsjettnemnda har budsjetttert med marknadsbalanse i 2002. For kjøtt er det til dels budsjetttert med marknadsunderskott i 2002. Etter ein lengre periode med overproduksjon er ein nå i ferd med å oppnå balanse i mjølkemarknaden. I 2001 blei det kjøpt 55,4 mill. liter kumjølkkvote gjennom ordninga med kjøp og sal av mjølkekvote. 34,1 mill. liter blei selt ut igjen til mjølkeprodusentar.

Den regionale fordelinga av produksjonen er i hovudtrekk som føresett. Distrikta held oppe sin del av den samla produksjonen. Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i sysselsetjinga i jordbruket. Bruk av ny teknologi og nye arbeidsmåtar er ein vesentleg årsak til dette. Talet på bruk i drift har òg gått jamt ned.

For ein detaljert statusrapport pr. 2001 for jordbrukspolitikken viser ein til kap. 3 i St.prp. nr. 65 (2001-2002).

Jordbruksoppgjøret 2002

Ved jordbruksoppgjøret i 2002 kom Staten og Noregs Bondelag 16.5.02 fram til ei forhandlingsløyning for ein jordbruksavtale med verknad frå 1.7.02. Norsk Bonde- og Småbrukarlag braut forhandlingane same dag. Avtalen har ei auka varig ramme på 340 mill. kr. Avtalen inneber ein reduksjon i løyvingane over statsbudsjettet (kap. 1150) på 135 mill. kr. Avtaleprisane blir auka med 475 mill. kr. I tillegg vil eingongsbeløp av frie midlar på 40 mill. kr bli disponert over avtalen i 2002 og 2003, og det vil bli omdisponert 70 mill. kr innanfor *Landbrukets Utviklingsfond*.

Jordbruksavtalen for avtaleåret 2002-2003 legg til grunn føresetnadene om dei økonomiske rammevilkåra og fordelingsprofilen for jordbruket i Innst. S. nr. 167 (1999-2000) og Sem-erklæringa. Ein større del av midlane blir kanaliserte mot bruk der jordbruksproduksjonen er viktig for inntekt og sysselsetting. Den geografiske differensieringa blir halden oppe.

Avtalen inneber ein del forenklingar. Det blir innført eit generelt kulturlandskapstilskott på 200 kr pr. dekar, og talet på tilskottssatsar blir redusert. Regelverket for tilskott til innmarksbeite blir endra. *Tiltaksfondet for småfe og fjørfe* blir avvikla. Erstatningsordningane blir samordna i det nye *Landbrukets Skadefond*.

Merknader til dei einskilde postane**Post 50 Fondsavsetningar, overslagsløyving**

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
50.11	Tilskott til LUF	754 000	736 000	619 550
50.12	Tilskott til Landbrukets Skadefond	13 950	12 900	750
50.13	Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m.	38 060	36 060	
50.14	Tilskott til kornfondet	798 600		
	Sum post 50	1 604 610	784 960	620 300

Underpost 50.11 Tilskott til Landbrukets Utviklingsfond (LUF)

Etter LUF sine vedtekter kan fondsmidlane nyttast til tiltak som tar sikte på å styrkje og bygge ut næringsgrunnlaget på det einskilde bruket. Utgifter til administrasjon av LUF blir dekt over fondet.

Det blir innført ei rentestøtteordning innanfor *Landbrukets Utviklingsfond*, og ordninga med investeringslån blir avvikla. Ramma for tilskott til økologisk landbruk blir ført vidare. Det blir krav om miljøplan på gardsbruk frå 2003.

Importvernet er ikkje forhandlingstema i jordbruksoppgjøret. Ramma for jordbruksavtalen 2002-2003, og fordelinga av ho, er utforma innanfor WTO-pliktene våre.

Fase II-drøftingane blei avslutta 26.6.2002. Sluttprotokollen frå fase II følgjer proposisjonen som trykt vedlegg.

Jordbruksoppgjøret og endringane i statsbudsjettet for 2002 er lagt fram for Stortinget i St.prp. nr. 65 (2001-2002).

Budsjettframlegg 2003

Budsjettforslaget for 2003 inneber at løyvinga på kap. 1150 blir redusert med om lag 381 mill. kr i høve til saldert budsjett 2002, frå 12,170 mrd. kr til 11,789 mrd. kr. Reduksjonen på 381 mill. kr er ein følgje av reduksjonen på 135 mill. kr i jordbruksavtalen for 2002-2003 i høve til avtalen for perioden før, kvantumsjusteringar på 46 mill. kr og framskunding av utbetalingar frå 2003 til 2002 på 200 mill. kr, jf. omtale under underpost 50.12 og 78.11. Inntektene på kap. 4150 er uendra på 122 mill. kr.

LUF hadde pr 31.12.2001 ein kapital på 2 545 mill. kr. Av kapitalen var 1 018 mill. kr inntåande i statskassa og 1 527 mill. kr var lånt ut. For detaljar kring LUF blir det vist til St.prp. nr. 65 (2001-2002).

Tabell 2.9 viser forslaget til deling av innvilgingsramma frå fondet i 2003 slik det blei vedteke i

jordbruksoppgjeret i 2002, jf. St.prp. nr. 65 (2001-2002).

Det blei ved jordbruksoppgjeret 2002 vedteke å avvike ordninga med rentefrie investeringslån frå

og med 2003. Frå same tid blei det innført ei rentestøtteordning under BU-ordninga, jf. St.prp. nr. 65 (2001-2002).

Tabell 2.9 Oversikt over LUF (mill. kr)

Nemning	Fordeling 2001	Budsjett 2002	Framlegg 2003
Verdiskapingsprogrammet for matproduksjon	50,0	90,0	95,0
Konkurransestrategiar for norsk mat (jf. tab. 2.12)	69,0	60,0	50,0
Kompetansetiltak	5,0	8,0	8,0
BU: sentrale (SND)	30,0	35,0	39,0
BU: Fylkesvise (SND + FMLA)	535,0	518,0	286,0
Rentestøtte			12,5
Miljøtiltak	143,5	142,0	139,0
Organisert beitebruk ¹⁾			14,55
Skogbruk og bioenergi	153,0	158,0	158,0
Overføring til SUF	2,0	2,0	2,0
Sum løyvingssamme	987,0	1 013,0	804,05

¹⁾ Overført frå post 50.13 Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m

Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon blei starta opp i januar 2001. Det overordna målet for verdiskapingsprogrammet er høgare verdiskaping gjennom å stimulere til auka utnytting av marknadsmogelegheitene både innan primærproduksjon og foredling. Ramma for verdi-

skapingsprogrammet blir auka med 5 mill. kr til 95 mill. kr i 2003.

Konkurransestrategiane for norsk mat er frå 2001 ein del av verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon. Midlane er foreslått fordelt som vist i tabell 2.10.

Tabell 2.10 Konkurransestrategiar for norsk mat (mill. kr)

Tiltak	Saldert budsjett 2002	Framlegg 2003
Kvalitetssystemet i landbruket	22,0	22,5
Produkt- og bedriftsutvikling/SPIN	9,0	9,0
Matmerk	18,0	16,0
Eksportprogram (flytta til VSP mat fom. 2003)	8,0	-
Offentlege strategiar/Fellesutgifter/informasjon	3,0	2,5
SUM	60,0	50,0

Formålet med BU-midlane til utviklingstiltak er å etablere ny lønnsam næringsverksemd i og knytt til landbruket. Hovudmålgruppa er personar knytt til gardsbruk. Det kan gis støtte til småskalaprega tiltak som fører til auka verdiskaping frå landbruket og verksemd knytt til landbruket. Ramma for utviklingstiltak skal såleis nyttast m.a. til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, etablerartiltak, bedriftsutvikling og investeringar utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk (tilleggsnæringar). Det skal leggjast særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir arbeidsplassar for kvinner og ungdom. Departementet legg derfor vekt på å styrkje innsatsen i næringsutviklingsarbeidet retta mot desse gruppene.

Dei sentrale BU-midlane er i stor grad øyremerkte gjennom jordbruksoppgjeret, jf. St.prp. nr. 65 (2001-2002). Ein viser til post 77 for ei omtale av dei statlege løyvingane til planteforedling og verksemda i selskapet *Graminor AS*.

Tilskott til investeringar i tradisjonelt jord- og hagebruk innanfor BU-ordninga er eit viktig infrastrukturtiltak med omsyn til dei nye utfordringane som landbruket møter i ein meir konkurranseutsett situasjon. Støtte til bygging av driftsbygningar m.m., kjøp av landbruksareal og etableringstilskott er sentrale element i ordninga. Ordninga skal òg medverke til omstilling i husdyrproduksjonane, m.a. for å møte krava som er fastsette i dei nye husdyrforskriftene.

Dei fylkesvise BU-midlane til utgreiing og tilrettelegging må knyttast opp til ei regional utvikling på nasjonale satsingsområde, til dømes økologisk landbruk, verdiskaping i utmark, arbeid med verdiskapingsprogramma, praktikantordninga, lokal mobilisering osv. Dei bedriftsretta BU-midlane blir framleis forvalta av *Statens nærings- og distriktutviklingsfond (SND)*. Av den samla ramma for fylkesvise BU-midlar øyremerkast ei ramme til utvikling og tilrettelegging på 55 mill. kr i 2003. Rammen blir forvalta av fylkesmannen.

Formålet med dei spesielle miljøtiltaka er å ta vare på kulturlandskaps- og bygningsressursar og å hindre erosjon, arealavrenning og forureining frå jordbruket. Ordninga omfattar òg midlar til heilskaplege fellestiltak i større område, informasjonsarbeid, tilstandsovervaking og resultatkontroll. Midlar til forskning innanfor kulturlandskap på 3 mill. kr er overført til underpost 77.13 frå 2003.

Formålet med tilskottet til organisert beitebruk er å leggje tilhøva til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark og redusere tap av dyr på utmarksbeite gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområde. Frå 2003 er ordningane med tilskott til

beitelag, tilskott til investeringar og tilskott til ekstraordinære tiltak overført frå *Tiltaksfondet for småfe og fjørfe* til *Landbrukets Utviklingsfond*. Det er i samband med dette overført 14,55 mill. kr frå underpost 50.13 til underpost 50.11.

Avsetninga til skogbruk omfattar tilskott til skogbruksplanlegging, drift i område med vanskelege driftstilhøve, tilskott til å ta vare på viktige miljøkvalitetar, kurs, opplæring, tiltak for auka skogkultursatsing, organisering av virkesomsetning på Vestlandet og i Nord-Noreg, skogsvegar og nokre meir kortsiktige tiltak.

Overføringa til *Samisk utviklingsfond (SUF)* for å betre rammevilkåra for næringskombinasjonar i samiske område blir ført vidare med 2 mill. kr.

Ein gjer framlegg om ei løyving til LUF på 619,55 mill. kr i 2003.

Underpost 50.12 Tilskott til Landbrukets Skadefond

Katastrofefondet får eit utvida verkeområde og nytt namn: *Landbrukets Skadefond* frå 1.1.03.

Formålet med fondet er å gi økonomisk erstatning til foretak i jordbruket som har lidd tap som kjem av tilhøve som foretaket ikkje rår over. Fondet omfattar følgjande ordningar:

- erstatning for avlingssvikt og svikt i honningproduksjon,
- tilskott etter vinterskadar på eng,
- erstatning etter offentlege pålegg som ein følgje av planteskadegjerarar
- erstatning for frivillig nedslakting av sau i samband med sjukdommane scrapie og mædi
- tilskott til tiltak mot radioaktivitet.

Fondskapitalen frå *Tiltaksfondet* på om lag 12 mill. kr vil bli overført til *Skadefondet* i 2003 når rekneskapen i *Tiltaksfondet* er gjort opp.

Ein legg opp til ei anna fordeling av løyvinga mellom år enn det som blei føresett i St.prp. nr. 65 (2002-2003). Ein gjer framlegg om ei løyving på 0,75 mill. kr i 2003. Det vil i samband med nysalderinga av statsbudsjettet for 2002 bli gjort framlegg om ei auke av løyvinga med 20 mill. kr slik at føresetnadene i jordbruksavtalen for 2002-2003 blir følgd opp.

Ordninga med tilskott til tiltak mot radioaktivitet er overført til underposten frå 2003, og det er i samband med dette overført 10 mill. kr frå underpost 74.19. Ordninga med erstatning for frivillig nedslakting av sau i samband med sjukdommane scrapie og mædi er overført frå *Tiltaksfondet* med ei løyving på 0,75 mill. kr.

Underpost 50.13 Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m.

Fondet blir avvikla frå 1.1.2003. Løyvinga blir overført til andre ordningar innanfor jordbruksavtalen, og 0,2 mill. kr blir overført til kap. 1143 post 01. Ein gjer derfor ikkje framlegg om løyving på underposten i 2003.

Underpost 50.14 Tilskott til Kornfondet, overslagsløyving

I samband med at marknadsordninga for korn blei lagt om frå 1.7.2001 blei *Kornfondet* avvikla frå 1.1.2002. Derfor gjer ein ikkje framlegg om løyving på underposten i 2003. Ordningane under posten er overført til post 73 Pristilskott på kap. 1150, jf. omtale under post 73.

Tabell 2.11 Overføringar frå tiltaksfondet

Kap/post	Beløp
1150/50.11	14 550 000
1150/50.12	750 000
1143/01	200 000
1150/77.11	14 560 000
1150/77.13	4 000 000

Post 70 Marknadsregulering, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
70.11	Marknadstiltak	66 635	48 400	48 400
70.12	Tilskott til råvareprisordninga	117 460	148 100	173 100
70.13	Eksportrestitusjon	18 249	26 000	25 000
70.15	Radioaktivitet	7 839		
	Sum post 70	210 183	222 500	246 500

Underpost 70.11 Marknadstiltak

Formålet med marknadstiltaka er å medverke til at ein kan nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukta, og jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetjing for produsert vare og medverke til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. Kostnadene ved marknadsregulering blir dekte av løyvinga til marknadstiltak over jordbruksavtalen og gjennom omsetningsavgifta.

Prisnedskriving for potetsprit, kollektiv dekning av omsetningsavgift for grønsaker, frukt og jordbær, skolemjølfordninga, avsetningstiltak i hagebrukssektoren, tilskott til produsentsamanlutningar og kadaverhandtering blir finansierte over underposten.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 48,4 mill. kr i 2003.

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisordninga

Formålet med råvareprisordninga (RÅK-ordninga) er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og å gjere norske eksportprodukt under ordninga konkurransedyktige på verdsmarknaden.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 173,1 mill. kr til RÅK-ordninga i 2003. Av dette blir det sett av 136,7 mill. kr til prisnedskriving og 36,4 mill. kr til eksportrestitusjon.

Underpost 70.13 Eksportrestitusjon

Underposten omfattar ordninga med eksportrestitusjon til foredla kjøttprodukt (XRK-ordninga) og Catering-ordninga. Formålet med XRK-ordninga er å gjere det mogleg for norsk næringsmiddelindustri å levere foredla kjøttvarer til eksportmarknader.

Formålet med Cateringordninga er at norske cateringsselskap som leverer menyar til fly i utanriksfart, skal kunne konkurrere med utanlandske selskap når dei nyttar norsk råvare.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 25 mill. kr i 2003.

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
73.11	Tilskott til norsk ull	126 690	167 840	165 696
73.13	Pristilskott, mjølk	484 859	534 286	451 500
73.15	Pristilskott, kjøtt	908 959	864 461	780 800
73.16	Distriktstilskott egg	2 983	4 960	4 800
73.17	Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grøn- saker og potet	43 198	54 770	54 770
73.18	Fraktilskott	89 517	229 700	237 300
73.19	Prisnedskriving korn		434 400	432 900
73.20	Tilskott matkorn		166 000	113 300
73.21	Ufordelt beløp		-300 000	
	Sum post 73	1 656 206	2 156 417	2 241 066

Posten er ei overslagsløyving. Budsjettforslaget er utrekna på grunnlag av prognosar for kvantum i 2003 (ull, mjølk, kjøtt og korn) og prisar/satsar for avtaleperioden 2002/2003.

Underpost 73.11 Tilskott til norsk ull

Tilskottet skal medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg medverke til ei betring av kvaliteten på norsk ull, samt sikre avsetning i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 165,7 mill. kr for 2003.

Underpost 73.13 Pristilskott mjølk

Løyvinga omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt og tilskott til små konsummjølkmeieri.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare mjølk og mjølkeprodukt til forbrukaren. Satsar for grunntilskott er 0 for kumjølk og 184 øre pr. liter for geitemjølk.

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverkar til å oppretthalde busetjing og sysselsetjing i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Distriktstilskottet blir gitt med ulike satsar for mjølk produsert i vanskelegstilte område i Sør-Noreg og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskott varierer frå 0 til 168 øre pr. liter.

Formålet med tilskott til små konsummjølkmeieri er å lage rammevilkår som gir eit reelt grunnlag for konkurranse i denne sektoren. Ordninga er førebels og gjeld berre for allereie etablerte meieri med egne leverandørar. Satsane er 75 øre pr. liter

behandla mjølk inntil 5 mill. liter og 80 øre pr. liter mellom 5 og 10 mill. liter.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 451,5 mill. kr til ordninga med pristilskott til mjølk for 2003. Av dette utgjer grunntilskottet 36,3 mill. kr, distriktstilskottet utgjer 403,2 mill. kr og tilskottet til små konsummjølkmeieri utgjer 12 mill. kr.

Underpost 73.15 Pristilskott kjøtt

Underposten omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt samt distriktstilskott for fjørfe.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare kjøtt og forredla kjøttprodukt til forbrukaren. Grunntilskottet for kjøtt blir gitt til slakt av storfe, kalv, sau/lam og geit/kje. Det blir ikkje gitt grunntilskott til slakt av svin og fjørfe.

Formålet med distriktstilskotta er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som medverkar til å oppretthalde busetjing og sysselsetjing i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Satsen for distriktstilskott for kylling og kalkun i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag er på 20 øre pr. kg. Satsane for distriktstilskottet på anna kjøtt varierer frå 0 til 13 kr pr. kg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 780,8 mill. kr til ordninga med pristilskott til kjøtt for 2003. Av dette utgjer grunntilskottet 251 mill. kr, medan 529,8 mill. kr er distriktstilskott.

Underpost 73.16 Distriktstilskott egg

Formålet med ordninga er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i eggproduksjonen som medverkar til å oppretthalde busetjing og sysselsetjing i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Satsen for distriktstilskott for egg er 40 øre pr. kg og gjeld for Vestlandet (unntatt Rogaland), Trøndelag og Nord-Noreg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 4,8 mill. kr til ordninga i 2003.

Underpost 73.17 Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grønsaker og potet

Underposten omfattar distrikts- og kvalitetstilskott til frukt, bær og veksthusgrønsaker, og distriktstilskott for potetproduksjon i Nord-Noreg.

Formålet med ordningane er å betre inntekta for yrkesprodusentane innan grøntsektoren og sikre ein geografisk spreidd produksjon. Tilskottet skal stimulere til kvalitetsproduksjon og ordna omsetningsforhold.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 54,77 mill. kr til ordninga med distrikts- og kvalitetstilskott for frukt, bær, grønsaker og potet i 2003.

Underpost 73.18 Frakttilskott

Underposten omfattar frakttilskott til slakt, egg, korn, kraftfôrråvarer og kraftfôr.

Frakttilskotta skal medverke til å jamne ut prisar til produsent og forbrukar.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 237,3 mill. kr til frakttilskott for 2003.

Underpost 73.19 Prisnedskrivingstilskott til norsk korn

Formålet med prisnedskrivingstilskottet er å sikre avsetning av norsk korn gjennom marknadsordninga og å skrive ned prisen på råvarer til matmjøl og kraftfôr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 432,9 mill. kr for 2003.

Underpost 73.20 Tilskott til matkorn

Formålet med tilskottet til matkorn er å skrive ned prisen på matkorn.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 113,3 mill. kr for 2003.

Post 74 Direkte tilskott, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
74.11	Driftstilskott, mjølkeproduksjon	1 175 588	1 334 600	1 243 500
74.14	Tilskott til husdyr	2 220 963	2 263 757	2 271 025
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 076 909	3 042 301	2 991 959
74.18	Andre arealbaserte tilskottsordninger	10 279	222 900	237 901
74.19	Tilskott til tiltak mot radioaktivitet		10 000	
	Sum post 74	6 483 739	6 873 558	6 744 385

For nærare oversyn over satsar for dei ulike ordningane viser departementet til St.prp. nr. 65 (2001-2002).

Underpost 74.11 Driftstilskott, mjølkeproduksjon og kjøttfeproduksjon

Formålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverkar til å jamne ut skilnader i lønnsemd mellom bruk av ulike storleik generelt og mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg. Formålet med driftstilskottet i spesialisert kjøttfeproduksjon er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i produksjonen som medverkar til å jamne ut skilnader i lønnsemd mellom bruk av ulike storleik.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1 243,5 mill. kr for 2003. Av dette utgjer tilskottet til spesialisert kjøttfeproduksjon 31 mill. kr.

Underpost 74.14 Tilskott til husdyr

Tilskottet skal medverke til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar og storleiker på bruk i husdyrhaldet.

Tilskottet blir gitt pr. dyr, og blir avgrensa oppover med ei beløpsgrense. Denne grensa blei auka frå kr 125 000 til kr 140 000 pr. føretak ved jordbruksoppgjæret 2002, jf. St. prp. nr. 65 (2001-2002).

Det er overført 0,25 mill. kr til kap. 1143 post 01 for å dekke kostnader med individregisteret i samband med forvaltninga av tilskott til husdyr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på om lag 2,27 mrd. kr i 2003.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskapstilskott

I samband med jordbruksoppgjæret 2002 blei det innført eit særskilt kulturlandskapstilskott med same tilskottssats for alt tilskottsberettiga jordbruksareal. Kulturlandskapstilskottet med flat sats på 200 kr. pr. dekar skal medverke til å skjømte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å oppretthalde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål. Arealtilskotta til grovfôr, korn, potet, frukt, bær og grønsaker skal medverke til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, storleiker på bruk og distrikt innanfor planteproduksjon og husdyrproduksjon basert på grovfôr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på om lag 2,99 mrd. kr for 2003.

Underpost 74.18 Andre arealbaserte tilskottsordningar

Underposten omfattar ordningane tilskott til dyrking av fôr i fjellet, tilskott til endra jordarbeiding, tilskott til brattlendte bruk og tilskott til seterdrift med mjølkeproduksjon.

Formålet med tilskottet til dyrking av fôr i fjellet er å kompensere for auka arbeids- og transportkostnader i samband med dyrking av fôr i fjellet. Tilskottet til endra jordarbeiding har som mål å redusere omfanget av jordarbeiding om hausten og stimulere til å så til med vegetasjon for å redusere erosjon og arealavrenning. Formålet med driftsvansketilskottet for brattlendte bruk er å kompensere for høgare kostnader ved jordbruksdrift i bratt terreng. Formålet med tilskottet til seterdrift med mjølkeproduksjon er å medverke til å oppretthalde og ta opp att tradisjonell seterdrift med mjølkeproduksjon og å halde ved like det tra-

disjonelle kulturlandskapet i seterområder gjennom beiting med husdyr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 237,9 mill. kr for 2003.

Underpost 74.19 Tilskott til tiltak mot radioaktivitet

Tiltaka går ut på å berge radioaktivt kjøtt slik at det kan nyttast til humant konsum. Dette inneber blant anna nedføring og kjøp av Berlinerblått.

Tilskott til tiltak mot radioaktivitet blir overført til underpost 50.12 *Landbrukets skadefond* frå 2003. Ein gjer derfor ikkje framlegg om løyving på underpost 74.19 i 2003.

Post 77 Utviklingstiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
77.11	Tilskott til dyreavl m.m.	66 653	69 800	82 860
77.12	Tilskott til planteavl m.m.	6 911	7 000	7 000
77.13	Tilskott til forsøksringar og forskning	60 435	59 700	73 100
77.14	Tilskott til pelsdyrførlag	34 892	36 200	33 200
77.15	Tilskott til kvalitetstiltak	65 650	57 700	51 300
77.16	Tilskott til økologisk jordbruk	51 036	100 500	107 500
77.17	Tilskott til fruktlager	8 100	8 100	8 100
77.18	Oppkjøp av mjølkekvoter	-60 616	20 000	
	Sum post 77	233 061	359 000	363 060

Foredling og oppformering innanfor plantesektoren

Posten omfattar deler av dei statlege løyvingane som nyttast til sortsforedling og oppformering m.v. i plantesektoren. Underpost 50.11 *Landbrukets utviklingsfond* inneheld og løyvingar til dette arbeidet. Ein del av løyvingane er dessutan budsjettert på kap. 1112 post 51.

Eit utval har i 2001 på oppdrag frå Landbruksdepartementet gjennomført ei utgreiing av den samla aktiviteten i jordbruket når det gjeld sortsforedling og oppformering av sjukdomsfritt plantemateriale m.m. På grunnlag av utgreiinga blei *Norsk Kornforedling AS* omdanna til *Graminor AS*, jf. kap. 5651 post 80. *Graminor AS* er frå 2003 eit sentralt selskap i verksemda innanfor planteforedling m.m.

Departementet legg til grunn at omstillinga av verksemda innanfor planteforedling m.m. blir gjen-

nomført i fleire trinn. *Graminor AS* er frå hausten 2002 eigar og brukar av ei rekke sortar. Selskapet forpaktar sortsrettane til staten og utanlandske foredlarar. *Graminor AS* har kjøpt alle staten sine forsøkslinjer som er i prøving. Frå 2002 skal selskapet krevje inn royalties knytt til alle sortane basert på ei meir marknadsretta prising. I 1. halvår 2003 blir statlege løyvingar til planteforedling m.m. tildelt som før, men slik at *Graminor AS* i praksis skal leggje premissane for bruken av dei statlege midlane til foredlingsarbeid. På lengre sikt tek ein sikte på at *Graminor AS* skal tilby prosjekt innanfor den samla verksemda med planteforedling. Departementet tek sikte på ei omlegging frå 1.7.2003 slik at staten kan gi tilskott til prosjekt. Ein tek sikte på å kome attende til Stortinget med nødvendige budsjettendringar i proposisjonen om jordbruksoppgjeret i 2003.

Underpost 77.11 Tilskott til dyreavl m.m.

Løyvinga skal medverke til at kostnadene med inseminering av ku og svin kan haldast på same nivå i heile landet. Løyvinga skal òg medverke til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

Frå 1.1.2003 er ordningar med tilskott til avlsorganisasjonar overført frå underpost 50.13 til underpost 77.11 i samband med at tiltaksfondet for småfe og fjørfe blir avvikla.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 82,86 mill. kr for 2003.

Underpost 77.12 Tilskott til planteavl m.m.

Formålet med tilskottet er å fremje dyrking og frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grøn-saker med klimatilpassa sortar. Det kan nyttast tre ulike typar tilskott under ordninga; pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 7 mill. kr for 2003.

Underpost 77.13 Tilskott til forsøksringar og forskning

Underposten skal dekkje tilskott til forsøksringar og midlar til forskning over jordbruksavtalen. Tilskottsordninga skal medverke til kunnskapsoppbygging hos bøndene ved å leggje eit økonomisk grunnlag for drift i forsøksringane, slik at desse ved hjelp av tilskottet og eigenfinansiering kan drive rådgjeving som er lønnsam for medlemmane. Arbeidet i forsøksringane er viktig for medlemmane og for heile landbruksnæringa. Endringar i rammevilkåra for landbruket og marknadssituasjonen krev ikkje berre næringspolitiske tilpassingar, men òg produksjonsmessige og faglege tilpassingar. Midlane over jordbruksavtalen er med på å sikre likeverdig rådgjevingstilbod over heile landet.

Frå 2003 er det overført 0,4 mill. kr frå underpost 77.15 til forsøksringane.

Forskingsmidlane blir forvalta av eit eige styre. Det er etablert eit nært samarbeid med Noregs forskingsråd.

Frå 1.1.2003 er det til underposten overført 8 mill. kr frå underpost 77.16 til forskning innanfor økologisk landbruk, 3 mill. kr frå underpost 50.11 til kulturlandskapsforskning, 3 mill. kr frå underpost 77.15 til forskingsprogram innanfor handlingsplan for plantevernmidlar og 4 mill. kr i FoU-midlar som tidlegare blei budsjettert på *Tiltaksfondet for småfe og fjørfe*.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 73,1 mill. kr for 2003. Tilskottet til forsøksringane utgjer 35,1 mill. kr og ramma for forskning er 38 mill. kr.

Underpost 77.14 Tilskott til pelsdyrfôr

Underposten omfattar tilskott til pelsdyrfôrlag og tilskott til pelsdyrfôr (fôrrefusjon). Formålet med tilskott til pelsdyrfôrlag er å medverke til utjamning av fraktkostnadene ved innfrakt av råstoff og utfrakt av ferdig fôr frå fôrkjækken for produksjon av pelsdyrfôr i Noreg. Ordninga skal fremme ei rasjonell omsetning av fôr til pelsdyr.

Tilskott til pelsdyrfôr er ein refusjon av fôrkostnader. Ordninga skal medverke til at norsk pelsdyrnæring er konkurransedyktig på verdsmarknaden. Refusjonsordninga skal medverke til at fôrkostnadene i næringa, som følgje av det høge prisnivået på korn og kraftfôr i Noreg, blir likestilt med fôrkostnadene på verdsmarknaden.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 33,2 mill. kr på underposten. Tilskottet til pelsdyrfôrlag utgjer 21,8 mill. kr og tilskottet til pelsdyrfôr utgjer 11,4 mill. kr.

Underpost 77.15 Tilskott til kvalitetstiltak

Underposten inneheld fleire ordningar som skal medverke til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Framlegget til løyving til kvalitets- og salsfremjande tiltak for 2003 er på 51,3 mill. kr.

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette er å skaffe norsk hagebruk plantemateriale som er kontrollert for bestemte skadegjerarar og med definerte eigenskapar tilpassa norske forhold. Formålet med å gi tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet gjennom den statskontrollerte settepotetavlen. Formålet med tilskottet til opplysningsarbeidet om frukt og grønnsaker er å stimulere til auka totalforbruk av frukt, bær og grønnsaker. Bruk av midlar over jordbruksavtalen og frå omsetningsavgift skal styrkje omsetning og forbruk av norske produkt. For å fremme omsetninga av norskproduserte poteter kan det gis tilskott til tiltak for å betre potetkvaliteten og til produsentretta informasjon om marknadstilhøva.

Det er sett av 1 mill. kr til foredlingsarbeid i kornsektoren.

Frå 2003 blir ordninga med produsentretta rådgjeving i potetsektoren avvikla, og det blir overført 0,4 mill. kr til forsøksringane på underpost 77.13. Frå 2003 blir det òg overført 3 mill. kr til forskings-

program innanfor handlingsplanen for plantevernmidlar til underpost 77.13.

Underpost 77.16 Tilskott til økologisk jordbruk

Underposten dekkjer m.a. ordningane omleggings- og arealtilskott, husdyrtilskott, tilskott til regional forankring, rettleiing og informasjon, tilskott til organisasjonar, marknadsstrategiar og kontroll.

Ein viser til nærare omtale av økologisk landbruk i kap. 7.5 i St.prp. nr. 65 (2001-2002). Det er overført 8 mill. kr til forskning innanfor økologisk jordbruk til underpost 77.13. Ein gjer framlegg om ei løyving på 107,5 mill. kr på underpost 77.16 i 2003.

Underpost 77.17 Tilskott til fruktlager

Formålet med tilskottet til fruktlager er å fremme eit forpliktande samarbeid om felles lagring, sorte-

ring, pakking og omsetning av frukt, som medverkar til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 8,1 mill. kr til ordninga i 2003.

Underpost 77.18 Oppkjøp av mjølkekvoter

Ordninga med kjøp og sal av mjølkekvoter skal medverke til å auke fleksibiliteten i kvoteordninga for mjølk, sikre ei betre utnytting av kapasiteten i driftsbygningar til aktive produsentar og tilpasse produksjonen til marknaden.

Ein gjer ikkje framlegg om løyving til oppkjøp av mjølkekvoter i 2003. Utbetalinga i 2003 for kjøp av mjølkekvoter hausten 2002 blir finansiert med overført beløp frå 2002.

Post 78 Velferdsordningar, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
78.11	Tilskott til avløyning for ferie/fritid	1 213 799	1 231 319	989 819
78.12	Tilskott til avløyning for sjukdom m.m.	186 066	194 800	206 800
78.13	Medlemsavgift til folketrygda	130 800	130 800	130 800
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	88 000	88 000	88 000
78.15	Andre velferdstiltak	99 699	54 000	50 500
78.16	Tidlegpensjonsordning for jordbrukarar	85 804	74 935	107 935
	Sum post 78	1 804 168	1 773 854	1 573 854

Underpost 78.11 Tilskott til avløyning for ferie/fritid

Formålet med ordninga er å legge til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onna gjennom å medverke til finansiering av innleie av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar pr. dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag og dyretal på bruket, og er avgrensa til 48 500 kr pr. bruk. For å ha krav på refusjon må utrekna refusjonsbeløp vere minst 5 000 kr. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyning etter rekneskap og

lønns- og trekkoppgåver. I 2003 er behovet vurdert til 1,17 mrd. kr. For å betre landbruksføretaka sin likviditet kan dei få 75 pst. av kostnadene som forskott same året. Løyvinga på posten har avgrensa kor mykje som kan forskotterast. I samband med nysalderinga av 2002-budsjettet vil Landbruksdepartementet legge opp til at forskottsløyvinga blir auka frå 58 pst. til 75 pst. som heimla i forskriftene. Dette inneber ei auka løyving på 180 mill. kr i 2002 og ein gjer derfor framlegg om ei løyving på om lag 989,8 mill. kr i 2003.

Underpost 78.12 Tilskott til avløyising for sjukdom m.m.

Formålet med ordninga er å medverke til å finansiere avløyising på bruk med husdyrproduksjon eller heilårs veksthusproduksjon når brukaren av særlege grunnar og for eit kortare tidsrom ikkje kan ta del i arbeidet på bruket. Ordninga medverkar og til å finansiere avløyising på driftseiningar med planteproduksjon eller honningproduksjon når brukaren som følgje av sjukdom ikkje kan ta del i arbeidet på driftseininga i onnetida.

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå utrekna maksimalt tilskott i ordninga med tilskott til avløyisarutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette grunnlaget blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskottet. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyising, opp til maksimal dagsats for det einskilde bruk.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 206,8 mill. kr for 2003.

Underpost 78.13 Medlemsavgift til folketrygda

Av den pensjonsgjevande inntekta innanfor jordbruk, husdyrhald, hagebruk, gartneri og skogbruk skal den einskilde brukaren betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta som lønnsinntakarar betaler. Skilnaden mellom avgifta som er fastsett for sjølvstendig næringsdrivande (10,7 pst.) og avgifta som skal betalast av den einskilde brukaren (7,8 pst.) blir finansiert over jordbruksavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i pensjonsgjevande inntekt i jord- og skogbruk. Midlane blir førte over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 130,8 mill. kr for 2003.

Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket

Den kollektive innbetalinga over jordbruksavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir ytt med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Ordninga er rekna som kollektiv forsikring som ikkje gir rett til frådrag ved likninga. Løyvinga blir rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei jordbrukarane som går inn under ordninga. Midlane blir førte over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 88 mill. kr til ordninga for 2003.

Underpost 78.15 Andre velferdstiltak

Underposten omfattar tilskott til landbruksvikarordninga, administrasjonstilskott til avløyisarlag og tilskott til landbrukshelsa.

Landbruksvikarordninga skal medverke til at kommunane tilset landbruksvikarar for å betre brukaren sin tilgang til avløyisar først og fremst ved akutte krisesituasjonar. Det blir sett av 18 mill. kr til ordninga i 2003.

Godkjende avløyisarlag kan gjennom ordninga med administrasjonstilskott til avløyisarlag få tilskott til dekning av administrasjonsutgifter etter ein fast sats pr. medlem. Tilskottsordninga skal leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onna gjennom å medverke til finansiering av drifta av avløyisarlag. Avløyisarlag har som formål å kartlegge, organisere og administrere all avløyising innanfor eit område der det ligg til rette for eit slikt samarbeid. Avløyisarlaget kan overfor medlemmane òg yte andre tenester i tilknytning til den daglege drifta av garden viss det er naturleg for laget å gjere dette. Det blir sett av 17 mill. kr i tilskott til avløyisarlag i 2003.

Landbrukshelsa er ein ideell stiftelse oppretta av Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Den har som formål å organisere eit effektivt og godt helse- og arbeidsmiljø i landbruket. Verksemda skal gi eit førebyggjande tilbod til alle gardbrukarane og tilsette i landbruket. Landbrukshelsa skal medverke til at gardbrukarane sjølve tek ansvar for å betre arbeidsmiljøet sitt, og til å skape ein sikker og triveleg arbeidsplass og eit trygt oppvekstmiljø for barna. Det blir sett av 15,5 mill. kr til tilskottet i 2002.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 50,5 mill. kr for 2003.

Underpost 78.16 Tidlegpensjonsordning for jordbrukarar

Formålet med ordninga er å medverke til lettare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 107,9 mill. kr for 2003.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
50	Refusjon frå Kornfondet	112 007		
70	Tilbakebetaling av tilskott til reguleringsanlegg	8 000		
80	Marknadsordninga for korn		122 000	122 000
81	Refusjon frå Lager- og tørkefondet	13 000		
	Sum kap 4150	133 007	122 000	122 000

Post 80 Marknadsordninga for korn

Underposten budsjetterer inntektene frå prisutjamningsbeløp på kraftfôrråvarer. Formålet med å påleggje prisutjamning på proteinråvarer og karbohydratfôr som ikkje er importert med toll, er å

sikre tilnærma like vilkår mellom korn og andre råvarer til kraftfôr til husdyr. Pelsdyrfôr har fritak frå ordninga.

Ut frå dei prisar som gjeld på verdsmarknaden for m.a. sildemjøl og norsk korn gjer ein framlegg om ei løyving på 122 mill. kr.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	41 700	49 700	45 300
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	5 050	5 300	5 600
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	50 112	46 200	48 200
76	Ekstraordinærstøtte og produksjonssvikt i reindriften	20 289		
79	Velferdsordningar	1 800	1 800	1 800
82	Kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i rein	3 550		
	Sum kap 1151	122 500	103 000	100 900

Mål og strategiar

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindriftsavtalen og ordninga med kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i rein-kjøtt.

Dei mål og retningslinjer som ligg til grunn for reindriftspolitikken er trekt opp i St.meld. nr. 28 (1991-92) *En bærekraftig reindrift*, og Innst. S. nr. 167 (1991-92). Hovudstrategien er å skape ei meir berekraftig reindrift. Med dette forstås ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell

berekraft. Desse tre måla står i ein innbyrdes samanheng: Økologisk berekraft gir grunnlag for økonomisk berekraft, og saman gjer økologisk og økonomisk berekraft det mogleg å utvikle kulturell berekraft.

Reindrifta er ei lita næring i nasjonal målestokk, men både i samisk og lokal samanheng har den stor verdi når det gjeld økonomi, sysselsetting og kultur. Reindrifta er derfor ein viktig del av det materielle grunnlag for samisk kultur.

Reindrifftsavtalen er, ved sida av reindrifftslova, det viktigaste verkemidlet for å følgje opp måla og retningslinene i reindrifftspolitikken.

For nærare omtale av mål og strategiar i reindrifftspolitikken viser ein til omtale under kat. 15.30 og til St.prp. nr. 58 (2001-2002) og Innst. S. nr. 233 (2001-2002). Nærare omtale av målsetjingane for dei enkelte ordningane på kapitlet går fram av budsjettforslaget for 2003

Resultatrapport 2001

Det økonomiske resultatet for næringa samla sett må framleis reknast som svakt, men det er store regionale skilnader. I dei sentrale reindrifftsområda i Finnmark er den økonomiske situasjonen for reineigarane framleis vanskeleg. "*Totalregnskapet for reindrifften 2000*" visar at gjennomsnittleg inntektsnivå for næringa samla sett er kvar for seg på 71 000 og 117 000 kr pr. årsverk og driftseining. I alle reinbeiteområda i Nord-Noreg med unntak for Polmak/Varanger, er kostnadene større enn produksjonsinntektene. Støtta til næringa over statsbudsjettet utgjorde i 2001 om lag 2/3 av dei samla inntektene i næringa. Særleg i dei sentrale reindrifftsområda i Finnmark er det få alternative inntekts- og sysselsettingsmoglegheiter, noko som forverrar situasjonen i regionen og skaper risiko for ytterlegare overetablering i næringa.

Årsaka bak produksjonsnedgangen er samansett og slår ulikt ut for reinbeiteområda, men generelt er det vanskelege klimaforhold, arealinngrep og store rovdyrtaap som gjer seg sterkast gjeldande i områda sør for Finnmark. Produksjonssvikten i Finnmark har samanheng med dei desse forholda, men må òg sjåast i samanheng med eit for høgt tal på rein i høve til beiteressursen innan haust-, vinter- og vårbeita (lavbeita). Store deler av lavbeita er nedslitne og det vil ta tid før beitekapasiteten igjen er optimal. Dei nemnde forholda medverker til at målet om ei berekraftig reindrifft ikkje er nådd.

Radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986 skaper framleis ekstra kostnader for reindrifftsnæringa. Ei tiltakspakke blei derfor finansiert av staten for å halde næringsutøvarane i reindriffta økonomisk skadeslause.

Reindrifftsavtalen for 2002-2003

Avtalen legg vekt på å følgje opp dei føresetnadene som ligg i St.meld. nr. 28 (1991-92) og Innst. S. nr. 167 (1991-92). Reindrifftsavtalen for 2002-2003 har ei ordinær ramme på 103 mill. kr som er uendra i høve til avtalen for 2001-2002. Under forhandlingane blei partane samde om at forvaltninga sine utgifter til administrasjon av avtalen, samt utgifter

til ein forskarformidlarstilling skal dekkjast over driftsbudsjettet til Reindrifftsforvaltninga med vernad frå 01.01.03. I budsjettforslaget er derfor kap. 1151 redusert med 2,1 mill. kr til 100,9 mill. kr. I tillegg er det sett av ei disposisjonsløyving på 3,5 mill. kr til dekking av kostnader knytt til radioaktivitet. Avtalen sine viktigaste mål er stimulere til størst mogleg verdiskaping innanfor gitte rammer, tilpasse talet på driftseiningar til ressursgrunnlaget og medverke til inntektsutjamning.

Målprisen for reinkjøtt er oppheva for avtaleåret 2002-2003. Det inneber fri prisdanning for reinkjøtt innanfor det vernet importvernet gir.

Det er sett av midlar over *Reindriffta sitt utviklingsfond* til refusjon av utgifter i samanheng med den nyetablerte fagbrevordninga i reindrifft. Det er viktig for næringa sin utvikling at reindrifft er godkjent som lærarfag. Dette gir ein større fleksibilitet i reindrifftsutdanninga, samtidig som opplæring i bedrift kan gi ei meir allsidig utdanning. Dette er spesielt viktig no som reindrifftsnæringa står overfor nye omstillingsprosessar.

Innanfor ramme er det sett av 7,7 mill. kr for vidareføring av *Verdiskapingsprogrammet for reindrifft*. Verdiskapingsprogrammet skal medverke til auka verdiskaping for næringstøvarane m.a. gjennom auka lokal foredling.

Vidare er det sett av 12 mill. kr over *RUF* til innløyising av driftseiningar og andre strukturtiltak i distrikt med behov for tiltak for tilpassing av tal på driftseiningar og rein. Innløyising av driftseiningar i område med for lite beiteressursar i høve til talet på rein i dag, er eit effektivt tiltak for å betre vilkåra i næringa. Tiltaket skal brukast målretta mot område med slike problem.

I tillegg til sjølve avtalen er partane i sluttprotokollen til avtalen samde om finansiering av tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt. Avtalepartane har gitt Reindrifftsforvaltninga i oppdrag å gjennomgå denne ordninga og komme med forslag til endringar av regelverket.

Vidare har avtalepartane protokollført semje om at tilskotta over reindrifftsavtalen retta mot driftseiningar og tamreinlag bør utformast på ein måte som stimulerer til reell marknadsretta produksjon og verdiskaping. I samband med dette har avtalepartane gitt Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) i oppdrag å gå gjennom disse ordningane og komme med forslag til omleggingar som gjer at ordningane i størst mogleg grad stimulerer til ei reindrifft som har marknadsretta produksjon og verdiskaping som mål, samtidig som grunnleggjande krav til forsvarleg inntektsfordeling blir ivareteitt. NILF har overlevert ein førebels rapport. Avtalepartane drøfta rapporten under forskriftsmøte i juni 2002 og dei ble samde om at

prosjektet skal først vidare. Hovudrapporten frå NILF er føresett framlagt for avtalepartane før forhandlingane om reindrifftsavtalen 2003-2004 starter opp.

Budsjettforslag 2003

Departementet gjer framlegg om løyvingar under kap. 1151 for 2003 i samsvar med reindrifftsavtalen for 2002-2003. I omtalen av dei einskilde postane er det gjort kort greie for formål og innhald i dei ulike ordningane. For nærare omtale viser ein til St.prp. nr. 58 (2001-2002).

Post 51 Tilskott til Reindrifta sitt utviklingsfond

Reindrifta sitt utviklingsfond kan nyttast til praktiske tiltak i næringa som t.d. investeringar i anlegg til bruk i utøvinga av reindrift og investeringar knytte til binæringar. Fondet kan òg gi støtte til faglege tiltak til fremjing av reindrifta, samt støtte til tiltak av allmenn interesse for samisk kultur. Fondet kan yte lån eller tilskott knytte til etablering i næringa.

Frå fondet blir det gjort følgjande avsetningar:

- 5,5 mill. kr til forsking og rettleiing for 2002
- 2,0 mill. kr til Samisk utviklingsfond for å støtte opp under kombinasjonsnæringar der reindrifta går inn som ein komponent

- 1,5 mill. kr til konfliktførebyggjande tiltak
- 7,7 mill. kr over RUF til verdiskapingsprogrammet for reindrift
- 12,0 mill. kr til innløyasing av driftseiningar og andre strukturtiltak i distrikt med behov for tiltak for tilpassing av talet på driftseiningar og rein
- 1,0 mill. kr til kvinneretta tiltak

I tråd med St.prp. nr. 58 (2001-2002) er det budsjettet med at utgifter til forskingsformidlarstillingen skal dekkjast over Reindrifftsforvaltninga sitt ordinære budsjett. I budsjettforslaget er derfor kap. 1151 post 51 redusert med 0,6 mill. kr mot ei tilsvarende auke av kap. 1147 post 01, jf. kap. 1147.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 45,3 mill. kr for 2003.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Dei store utfordringane som reindriftnæringa står overfor, krev ei aktiv deltaking frå næringa sjølv, og da spesielt i høve til arbeidet med *Verdiskapingsprogrammet for reindrift* og den pågåande prosessen med revisjonen av plan- og bygningsloven. Ein gjer framlegg om ei auke av løyvinga med 0,3 mill. kr til 5,6 mill. kr for 2003.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
75.10	Administrasjon av reindrifftsavtalen	1 500		
75.11	Frakttilskott	1 428	2 000	2 000
75.12	Tilskott til driftseiningar og tamreinlag	28 697	28 600	27 600
75.13	Distriktstilskott	11 601	8 000	11 700
75.14	Driftstilskott for Troms og Nordland	5 560	5 600	5 400
75.18	Tidlegslaktetilskott i Finnmark	1 327	2 000	1 500
	Sum post 75	50 112	46 200	48 200

I tråd med St.prp. nr. 58 (2001-2002) er det budsjettet med at utgifter til administrasjon av avtalen skal dekkjast over Reindrifftsforvaltninga sitt driftsbudsjett utan refusjon frå kap. 1151. I budsjettforslaget er derfor kap. 1151 post 75 redusert med 1,5

mill kr samtidig som inntektskravet på kap. 4147 er redusert tilsvarende.

Ein gjer framlegg om ei samla løyving under posten på 48,2 mill. kr for 2003 som er ei auke på 2 mill. kr i høve til 2002, jf. omtalen nedanfor.

Underpost 75.11 Frakttilskott

Formålet med frakttilskottet er å medverke til å jamne ut prisane på reinkjøtt til reineigarane i ulike distrikt. Ein gjer framlegg om ei løyving på 2 mill. kr.

Underpost 75.12 Tilskott til driftseiningar og tamreinlag

Formålet med ordninga er å medverke til å tilpasse reintalet i høve til beiteressursane og å auke produktiviteten pr. dyre- og arealeining. Tilskottet skal òg ha ein kvalitetsfremjande effekt og verke inn-tekstutjamnande mellom regionar og einingar i næringa. Satsen for produksjonstilskottet blei ført vidare med kr 50 000 pr. driftseining. Tamreinlaga får satsen på kr 50 000 for kvar 600 rein. Sanksjonsmidlar er at tilskottet fell bort dersom krava ikkje blir overhaldne. Det er sett av 22,6 mill. kr til produksjonstilskott, og 5 mill. kr til kalveslaktetilskott. Satsen er ført vidare med 225 kr pr. kalv.

Ektefelletilskottet er ført vidare med kr 50 000 pr. driftseining.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 27,6 mill. kr.

Underpost 75.13 Distriktstilskott

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til at reinbeitedistrikta skal kunne ta auka ansvar for utvikling av næringa i ei berekraftig retning. Tilskottet skal òg gi grunnlag for at distrikta skal ha ansvar for finansiering av kostnader ved avløyning under sjukdom og svangerskap utover dei generelle ordningane i Folketrygda. Det vil bli opna for oppbygging av tapsførebyggjande fond i distrikta ved at distrikta får høve til å setje av inntil 20 pst. av ordinært distriktstilskott til slike fond, og at distrikta i så fall blir tilførte ein tilsvarende sum over reindriftsavtalen.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 11,7 mill. kr, som er ei auke på 3,7 mill. kr i høve til avtalen for 2001-2002. Hovudårsaka til denne auken er at ein større del av distrikta har fått stadfesta distriktsplan som er eit av krava for å få tilskott.

Underpost 75.14 Driftstilskott for Troms og Nordland

Formålet med ordninga er å heve og jamne ut inntekter mellom einingar i næringa. For i størst mogleg grad å ta omsyn til dei mange spesielle tilhøva for reindrifta i Troms, blei det ved reindriftsforhandlingane i 1997 innført ei ordning med flatt driftstilskott for driftseiningane i Troms. Dette blei i reindriftsavtalen for 1999-2000 utvida til òg å gjelde Nordland.

Satsen blir ført vidare med 80 000 kr pr. driftseining. Ein gjer framlegg om ei løyving på 5,4 mill. kr.

Underpost 75.18 Tidlegslaktetilskott i Finnmark

Ordninga med tidlegslaktetilskott blei innført i slaktesesongen 1993-94 grunna dei særlege problema knytte til vinterbeita i Finnmark og Troms. Formålet med ordninga er å medverke til at rein blir slakta tidleg på hausten. Dette for å redusere trykket på marginale lavbeite, samt å oppnå best mogeleg kvalitet på kjøtt og biprodukt.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,5 mill. kr.

Post 79 Velferdsordningar

Posten omfattar ordninga med Medlemsavgift til Folketrygda og sjukepengeordninga.

Den enkelte reineigar skal betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta lønsmottakarane betalar. Skilnaden mellom avgifta som er fastsett for private næringsdrivande (10,7 pst.), og avgifta som skal betalast av den enkelte reineigar (7,8 pst.) blir finansiert over reindriftsavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i utviklinga i pensjonsgjevande inntekt i reindrifta.

Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 16 dagar. Fødselspengar blir òg ytte med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utøvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overført sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,8 mill. kr.

Kap. 1161 Statskog SF - forvaltningsdrift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
70	Tilskott til forvaltningsdrift	16 324	16 299	16 334
71	Distriktsrettet næringsutvikling		3 031	
73	Avviklingskostnader	195	212	216
75	Oppsyn i statsallmenningar	6 644	6 713	6 827
	Sum kap 1161	23 163	26 255	23 377

Mål og strategiar

Statskog SF har grunnbokheimel til om lag 1/3 av landarealet, i alt om lag 110.000 km². For ei generell omtale av føretaket, viser ein til kap. 5652.

Forvaltningsoppgåvene som Statskog SF gjer på oppdrag for Landbruksdepartementet, omfattar både lovpålagte og ikkje lovpålagte oppgaver. Dei lovpålagte oppgåvene har grunnlag i særlover som gjeld for eigedomane; fjellova, lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark fylke, lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningane og lov om utmarkskommisjon for Nordland og Troms. Dei oppgåvene som ikkje er lovpålagde har grunnlag i særlege pålegg og retningslinjer.

Målet for Statskog SF sitt arbeid med forvaltningsoppgåvene er å sikre at dei rettar bruksretts-havarar og andre har på eigedomane, blir ivaretekne i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. Føretaket skal og arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er tenleg for samfunnet, for dei distrikta der eigedomane ligg og for staten som eigar.

Departementet styrer aktiviteten gjennom til-delingsbrev og styringsmøtene på same måte som anna forvaltningsverksemd.

*Lovpålagte oppgaver***Skogbruk**

Oppgåvene, som følgjer av lov om skogsdrift i statsallmenningar og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark, er knytte til vedutvisning i Finnmark og til virkesutvisning i statsallmenningar til dekking av bruksrettar. I tillegg inngår arbeid med salsvirke til inntekt for allmenningsfonda.

Grunneigaroppgåver som ikkje gir inntekt

Verksemda følgjer av lov om staten sin umatrikulerte grunn i Finnmark og det særlege samfunnsansvaret Statskog har som dominerande grunneigar i fylket. Tidlegare fall også grunneigaroppgåvene i statsallmenningar inn her. Utgiftene til desse oppgåvene blir f.o.m. 2000 dekt over grunneigarfondet, jf. Innst. S. nr. 8 (1999-2000).

Utmarkskommisjonen for Nordland og Troms

Oppgåvene omfattar Statskog sitt arbeid for kommisjonen med trykking av Riksarkivet sine utgreiingar, kartarbeid, arkivgransking, synfaringar og saksførebuing.

Offentlegrettslege oppgaver

Verksemda dekkje oppgaver der Statskog handlar som offentlig styresmakt, behandlar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova, lov om skogsdrift mv. i statsallmenningane og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark. Administrasjonsutgiftene knytt til tilskottsforvaltninga for post 75 fell òg inn her.

*Ikkje lovpålagte oppgaver***Administrasjon av fiske i Finnmark**

Inntil vidare gjeld særlege ordningar for forvaltning av fisket i Finnmark. Forvaltningsordninga skal vurderast i samband med oppfølginga av arbeidet til Samerettsutvalet.

Friluftsliv, tilrettelegging

I samsvar med St.meld. nr. 40 (1986-87) *Om friluftsliv* held Statskog m.a. opne husvære i fjellet, merkar stier og løyper og byggjer bruer, klopper, raste-

plassar og fiskebrygger for mellom anna uføre og barnefamiljar. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern i samband med restaurering av gamle bygningar, fløytingsdammar og -renner. Tiltak for friluftslivet blei evaluert i 1996, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (1996-97).

Oppsyn i Nord-Noreg - fjellteneste

Tenesta, som er samfinansiert med m.a. miljøvernstyresmaktene, skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging medverke til sikring av naturverdiar og bevaring av biologisk mangfald. Tenesta omfattar eit areal på knapt 70 millioner dekar. Ei samarbeidsavtale mellom Statskog SF og Statens Naturoppsyn om at Fjelltenesta skal utføre offentlegrettsleg naturoppsyn for SNO i Nord-Noreg, blei inngått i februar 2001.

Resultatrapport 2001

På post 70 er det i 2001 rekneskapsført 16,324 mill. kr som er i samsvar med løyvinga. Om lag 43 pst. av utgiftene skriv seg frå dei lovpålagte oppgåvene.

Lovpålagte oppgåver

I alt 32 200 m³ tømmer og ved er utvist til bruksrettshavarane eller selt til inntekt for almenningsfonda. Av dette utgjer utvisinga i Finnmark 12100 m³. Grunna auka etterspørsel etter ved dei siste åra er det i samarbeid med lokale styresmakter sett i gang ei registrering av lauvskogressursane i fylket. Dette blir gjort både for å sikre ei god ressursforvaltning og bruksrettshavarane sine rettar.

Arbeidet med skogbruksplanar i samsvar med § 4.3 i statsallmenningslova held fram. Det er òg starta eit arbeid med å registrere særskilde miljøverdiar knytte til skogen i statsallmenningane.

Ikkje lovpålagte oppgåver

Det blei i 2001 brukt 0,3 mill. kr meir enn planlagt til fiskeordningane i Finnmark grunna auka ressursinnsats. Med omsyn til planar og tilrettelegging for friluftslivet blei det brukt 0,2 mill. kr mindre enn planlagt. Departementet har signalisert at dei ventar forsterka innsats på dette området, men grunna budsjettssituasjonen var det i 2001 ikkje mogleg å få til dette. Av same grunn er det i 2001 nytta 0,2 mill. kr mindre enn planlagt til oppsynstene i Nord-Noreg.

Fond knytte til forvaltningsoppgåvene

Bruken av grunneigarfondet som pr. 31.12.01 var på 39,2 mill. kr, er regulert med §12 i fjellova. Fondet skal etter samråd med Fjellstyresambandet mellom anna brukast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønnsame arbeidsplassar. I 1999 blei det utarbeidd nytt regelverk som skal medverke til at fondet i større utstrekning enn hittil blir brukt til tiltak i allmeningsbygdene. Grunneigarfondet blei redusert med i overkant av 7 mill. kr frå 2000 til 2001. Denne reduksjonen skuldast dels auka utbetaling til godkjende tiltak i samsvar med det nye regelverket, dels omlegging av finansieringa av ikkje inntektsgivande grunneigaroppgåver frå statsbudsjettet til grunneigarfondet m.m. Almenningsfonda, som på same tid var på i underkant av 21 mill. kr, skriv seg frå salshogstar og erstatning for barskogvern m.m. i underskottsallmenningane. Fonda skal saman med skogavgiftsfonda brukast til investeringar i skogbruket i den enkelte allmenning.

Budsjettforslag 2003

Post 70 Tilskott til forvaltningsdrift

Verksemda er knytt til lovpålagte og ikkje lovpålagte forvaltningsoppgåver som Statskog SF utfører for Landbruksdepartementet.

Ein reknar med at avverkinga av bruksrettsvirke vil liggje på om lag same nivå som i 2001. Arbeidet med registrering av bygningar og bruk på setrar som fell inn under føresegnene i fjellova, blei sett i gang i 2000 og held fram også i 2003. Databasen som blei utarbeidd på bakgrunn av desse registreringane skal være klar ved årsskifte 2003/2004. I samarbeid med NINA og NIKU skal det setjast i gang eit prosjekt for kartlegging og sikring av kulturminne på eigedomane.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 16,334 mill. kr. Resultatrapporten for 2001 syner at det framover er behov for auka aktivitet og tilsyn på Statskog SF sine areal for å ta vare på staten sine rettar som grunneigar. Det er òg behov for auka service overfor og tilsyn med brukarar av utmarka.

Post 73 Avviklingskostnader

Posten dekkjer ventelønn til dei som fekk rett til dette i samband med flyttinga av Statskog SF sitt hovudkontor frå Oslo til Namsos. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,216 mill. kr.

Post 75 Oppsyn i statsallmenningane

Posten dekkjer tilskott til fjellstyra for oppsynsordningar i statsallmenningane i samsvar med § 36 i fjellova. Statsallmenningane omfattar 27 mill.

dekar. Formålet med ordninga er å fremje og sikre viktige samfunnsinteresser i område der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6,827 mill. kr.

Kap. 2411 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
50	Tapsfond, lån til landbruksformål	6 000		
71	Rentestøtte	26 100		
	Sum kap 2411	32 100		

Alle lån til landbruksformål, uavhengig av når lånet er gitt, er frå og med 2002 integrert i lågrisiko-låneordninga til SND. Utgifter til administrasjon, låneprovisjon til staten og avsetjingar for tap blir dekt innanfor rentemarginen i staden for over statsbudsjettet.

Resultatrapport 2001*Utlånsverksemda*

SND si ramme for løyving av nye lån var i 2001 på 400 mill. kr. SND sine utlån til dei ulike formåla i 2000 og 2001 går fram av tabell 2.12.

Tabell 2.12 Utlån til dei ulike formåla i 2000 og 2001

Formål	2000	2000	2001	2001
	Talet på lån	Sum i mill. kr	Talet på lån	Sum i mill. kr
Driftsbygningar	273	117,5	210	98,6
Tilleggsnæringar	68	39,9	65	31,8
Kjøp av tilleggsareal og eigedomsoverføring	210	133,6	134	74,0
Miljøtiltak	3	1,5	3	0,5
Reindrift				
Div. landbruksformål	42	15,1	48	11,2
Sum landbruksformål	596	307,6	460	216,1
Nye bustader	97	67,1	67	53,2
Utbedring av bustader	98	39,6	38	16,5
Sum bustadsføre mål	195	106,7	105	69,7
Sum totalt	791	414,3	565	285,8

Ved utgangen av 2001 utgjorde samla utlån til landbruksformål 4 306 mill. kr. Dette gav ein auke i

utlånskapitalen på 41 mill. kr. I høve til utlånsmassen er tapstala framleis låge, SND hadde i 2001 eit

samla tap på utlån til landbruksformål på 4,3 mill. kr.

Når det gjeld SND sitt arbeid med næringsutvikling i og knytt til landbruket blir det vist til kap. 1150.

Kap. 5545 Miljøavgifter i landbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
71	Miljøavgift, plantevernmiddel	34 875	40 000	40 000
	Sum kap 5545	34 875	40 000	40 000

Miljøavgift er eit av fleire verkemiddel for å nå nasjonale og internasjonale miljømål. Gjennomføringa av tiltak er dokumentert i systemet med resultatkontroll i jordbruket. Landbrukstilsynet krev inn miljøavgifta.

Post 71 Miljøavgift, plantevernmiddel

Som ei oppfølging av *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel*, blei avgiftssystemet lagt om frå 1.3.1999. Plantevernmidla blir no grupperte i avgiftsklasser basert på ibuande eigenskapar og eksponeringsbelastning. Avgifta

var tidlegare basert på omsetningsverdi, medan den no er basert på normerte arealdosar differensiert etter midla sin risiko for helse- og miljøskader. For at avgifta skal få tilstrekkeleg effekt i høve til målsettinga for plantevernmiddelbruk, vil departementet vurdere nivået på avgifta i samband med dei årlege budsjettframlegga.

Omsetningstala så langt syner at det nye avgiftssystemet har god effekt og ein har fått både redusert omsetning og ein overgang til plantevernmiddel i lågare avgiftsklassar, dvs middel med lågare miljø- og helserisiko. For 2003 er det budsjettert med inntekter på 40 mill. kr.

Kap. 5571 Totalisatoravgift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
70	Avgift	96 660	98 000	92 500
	Sum kap 5571	96 660	98 000	92 500

Under posten blir ført inntekter frå avgift på totalisatorspel.

I 2001 blei den samla omsetninga i totalisatorspel på 2 626 mill. kr. Dette var ein auke på 54 mill. kr frå året før. For 2002 er det budsjettert ut frå ei samla omsetning på om lag 2 650 mill. kr.

Utviklinga hittil tyder på at omsetninga i 2002 kan bli i underkant av dette.

For 2003 gjer ein framlegg om ei løyving under posten på 92,5 mill. kr. Det er i framlegget lagt til grunn uendra avgiftssats på 3,7 pst. av omsetninga, og ei nedgang i omsetninga i høve til 2002.

Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Inntekter under programkategori 15.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003	Pst. endr. 02/03
5614	Renter av lån til landbruksformål	16 542			
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- departementet	12 714	750	750	0,0
5652	Innskottskapital i Statskog SF	6 100	8 500	8 500	0,0
	Sum kategori 15.40	35 355	9 250	9 250	0,0

I kategorien er utbytte frå Statskog SF og Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS budsjettert.

Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
80	Utbytte	12 714	750	750
	Sum kap 5651	12 714	750	750

Post 80 Utbytte

Cermaq ASA

Selskapet blei 01.07.2001 ført over til Nærings- og handelsdepartementet og ein viser derfor til St.prp. nr. 1 (2002-2003) for Nærings- og handelsdepartementet for budsjettframlegg.

Graminor AS

Selskapet Norsk Kornforedling AS (no Graminor AS) blei stifta 17.08.1993, jf. St.prp. nr. 78 (1992-93) og Innst S. nr. 240 (1992-93). Statens Kornforretning teikna på vegne av staten aksjar i selskapet i 1993. I 1995 blei aksjane til staten i selskapet lagt til Statkorn Holding AS, no Cermaq ASA. I samband med at det statlege eigarskapet i Cermaq ASA blei

overført frå Landbruksdepartementet til Nærings- og handelsdepartementet 01.07.2001, blei aksjane som Cermaq ASA eigde i Norsk Kornforedling AS overført til Landbruksdepartementet. Oppgjer for aksjane blei gjort med aksjar som Staten eigde i Cermaq ASA. Ved overføringstidspunktet eigde staten 51,1 pst. av aksjane i Norsk Kornforedling AS. Selskapet skifta 18.12.2001 namn til Graminor AS og det blei m.a. undertekna ny aksjonæravtale. Selskapet har fått nytt namn på grunn av ny idé for verksemda.

Det har i 2002 vore gjennomført endringar på eigarsida i selskapet der mellom anna Potetsamvirket (HOFF) og Gartnerhallen har kome inn som aksjonærar. Venteleg vil dei norske aksjonærane (Staten, Strand Brænderi, Felleskjøpet, HOFF og Gartnerhallen) knytte til seg ein nordisk partnar

innan foredlingsarbeid i løpet av 2002. Departementet tar sikte på å ha ein eigardel på minimum 34 pst. i selskapet.

Graminor AS utfører foredling og prebasis av betre og sjukdomsfrie plantevekstar, under det korn, tilpassa norske og nordiske forhold. Selskapet mottar lisens- og foredlaravgift ved omsetting av sjukdomsfritt materiale i marknaden og midlar frå ulike FoU-løyvingar nasjonalt og internasjonalt. Selskapet står føre genbank av ein rekkje arter. Graminor AS finansierer forskning ved fleire samarbeidande verksemdar som til dømes Planteforsk. I 2002 blir det gjennomført eit prosjekt for å utvide selskapet si verksemd når det gjeld oppformering og planteforedling. I løpet av vinteren 2002-2003 ventar departementet at Graminor AS sin rolle innanfor denne verksemda er avklart. Hovudkontoret til Graminor AS ligg på Bjørke Forsøgsgard i Løten.

Graminor hadde ei omsetning på 16,0 mill. kr og eit overskott på 2,3 mill. kr i 2001. Det blir ikkje budsjettert med utbytte frå selskapet i 2003, m.a. fordi kapitalbehovet til verksemda er stort.

Staur Gård AS

Staur Gård AS har ansvar for å drive eigedomen Staur gard. Staur Gård AS hadde ei omsetning på

1,15 mill. kr og eit underskot på 0,15 mill. kr i 2001. Det blir ikkje budsjettert med utbytte frå selskapet i 2003. Ein viser elles til omtale under kap. 1100 post 70.

Veterinærmedisinsk Oppdragssenter AS (VESO)

VESO er ei kunnskapsbedrift med fagleg fundament i norske veterinærmedisinske og liknande miljø. VESO hadde i 2001 ei omsetning på 148 mill. kr og eit ordinært resultat etter skatt på 3 mill. kr. Den største delen av omsetninga er knytt til norsk oppdrett og akvakultur.

I tråd med Stortinget si behandling av St.prp. nr. 84 (2000-2001) selde Landbruksdepartementet 49 pst. av aksjane i VESO i 2001. Aksjane blei seld til SIVA. SIVA er ein aksjeeigar som vil vere med å vitalisere og utvikle VESO vidare.

I framkant av aksjesalet blei eigedomen som VESO eigde på Adamstua kjøpt av staten. I samband med eigedomskjøpet blei det vedtatt eit ekstraordinært utbytte i VESO på 11,3 mill. kr, jf. St.prp. nr. 25 (2001-2002).

Ein budsjetterer med 0,75 mill. kr i utbytte frå selskapet i 2003 ut frå føresetnaden om ein statleg eigardel på 51 pst.

Kap. 5652 Innskottskapital i Statskog SF

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2001	Saldert bud- sjett 2002	Forslag 2003
80	Utbytte	6 100	8 500	8 500
	Sum kap 5652	6 100	8 500	8 500

Statskog SF har grunnbokheimel til om lag 1/3 av landarealet, i alt om lag 110.000 km². Statskog er òg den største skogeigaren i landet, men skogen dekker likevel mindre enn 5 pst. av Statskog sitt totale areal. Resten er fjell- og utmarksareal, for det meste i dei tre nordlegaste fylka. I Sør-Noreg er ein stor del av arealet (om lag 27.000 km²) statsallmenning kor lokalbefolkninga har ulike bruksrettar (tømmer, ved, beite, fiske m.m.).

Statskog SF er med sin kompetanse og røynsle innan skog- og utmarksoppgåver ein sentral aktør i forvaltninga av dei norske skog- og utmarksressursane, og er eit viktig instrument for regjeringa for å løyse oppgåver knytt til skog- og utmarksspørsmål. Statskog SF skal forvalte, drive og utvikle statlege

skog- og felleigedomar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsettinga kan Statskog SF òg drive andre eigedomar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal leggje vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftssinteresser. Ressursane skal utnyttast balansert. Den økonomiske styringa skal skje etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp.

Statskog har utarbeidd konsernstrategi for perioden 2000–2003 og er for tida i gang med å revidere denne strategien. Måla er m.a. å bidra til næringsutvikling i distrikta gjennom å styrkje samarbeidet med kommunar, verksemdar og frivillige

organisasjonar innanfor den økonomiske ramma som blir sett av eigaren sitt krav til avkastning og utbyttepolitikk.

Konsernet hadde i 2001 driftsinntekter på 231 mill. kr og eit driftsresultat på 37,8 mill. kr. Årsresultatet etter finanspostar og skattar viser eit overskott på 25,2 mill. kr. Bokført totalkapital i konsernet pr. 31.12.2001 var 278,6 mill. kr og egenkapitalen utanom skogavgiftsfondet 196,8 mill. kr. Forrentinga av bokført eigenkapital har i åra 1999–2001 vore høvesvis 9,0 pst., 4,2 pst. og 12,5 pst. Utbyttet for 2001 er fastsett til 13 mill. kr. Høgare

utbytte enn saldert budsjett 2002 skuldast sal av eigedom. Det blei gjennomført verdivurdering av selskapet i 1998.

Det er budsjettert med eit utbytte på 8,5 mill. kr frå selskapet i 2002. Endeleg vedtak om utbytte blir gjort på ordinært foretaksmøte våren 2003.

Våren 2002 behandla Stortinget Innst. S. nr. 150 (2001-2002) om sal av eigedom i Statskog SF Landbruksdepartementet arbeider med oppfølging av innstillinga og vil rapportere til Stortinget om framdrifta i dette arbeidet i 2003.

Landbruksdepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2003 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

a. Sum utgifter under kap. 1100-1161	kr	13 770 900 000
b. Sum inntekter under kap. 4100-4150, 5545, 5571, 5651, 5652	kr	748 800 000

Forslag til vedtak om løyving for budsjetterminen 2003, kapitla 1100–1161, 4100–4150, 5545, 5571, 5651, 5652

I Utgifter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Mat- og landbruksforvaltning m.m.				
1100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)			
	01 Driftsutgifter	111 330 000		
	45 Store utstyrskjøp og vedlikehold - ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1100 post 50</i>	7 894 000		
	50 Store utstyrskjøp og vedlikehold - forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	207 000		
	70 Tilskott til drifta av Staur gard	300 000	119 731 000	
	Sum Mat- og landbruksforvaltning m.m.		119 731 000	
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse				
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)			
	01 Driftsutgifter	215 082 000		
	70 Tilskott til veterinær beredskap	65 000 000		
	73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	14 718 000	294 800 000	
1110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)			
	01 Driftsutgifter	105 661 000	105 661 000	
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.			
	50 Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, Veterinærinstituttet	113 765 000		
	51 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	46 988 000		
	52 Støtte til fagsentra, Planteforsk	13 051 000	173 804 000	
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)			
	01 Driftsutgifter	230 776 000	230 776 000	
	Sum Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse		805 041 000	

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Forsking og utvikling				
1137	Forsking og utvikling			
	50 Forskingsaktivitet	142 683 000		
	51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.	155 490 000	298 173 000	
	Sum Forsking og utvikling		298 173 000	
Miljø, areal og næring				
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket			
	50 Næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse	18 967 000		
	77 Miljøretta prosjektarbeid m.m., <i>kan overførast</i>	35 881 000	54 848 000	
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket			
	50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket, Skogforsk	12 968 000		
	51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 442 000		
	71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	39 000 000		
	76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	18 728 000	74 138 000	
1143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)			
	01 Driftsutgifter	145 267 000		
	70 Tilskott til beredskap i kornsektoren, <i>kan overførast</i>	13 267 000		
	71 Omstillingsstøtte til slakteri, <i>kan overførast</i>	6 100 000		
	72 Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	102 000	164 736 000	
1145	Jordskifterettane (jf. kap. 4145)			
	01 Driftsutgifter	142 967 000	142 967 000	
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 4146)			
	01 Driftsutgifter	65 634 000	65 634 000	
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)			
	01 Driftsutgifter	35 940 000		
	45 Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 113 000		
	70 Tilskott til fjellstover	636 000		
	71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	2 145 000	41 834 000	

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
1148	Naturskade - erstatningar og sikring			
	70 Tilskott til sikringstiltak m.m., <i>kan overførast</i>	20 356 000		
	71 Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	70 000 000		90 356 000
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. (jf. kap. 4150)			
	50 Fondsavsetningar, <i>overslagsløyving</i>	620 300 000		
	70 Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	246 500 000		
	73 Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	2 241 066 000		
	74 Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	6 744 385 000		
	77 Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	363 060 000		
	78 Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 573 854 000		11 789 165 000
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen			
	51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	45 300 000		
	72 Tilskott til organisasjonsarbeid	5 600 000		
	75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	48 200 000		
	79 Velferdsordningar	1 800 000		100 900 000
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift			
	70 Tilskott til forvaltningsdrift	16 334 000		
	73 Avviklingskostnader	216 000		
	75 Oppsyn i statsalmenningar	6 827 000		23 377 000
	Sum Miljø, areal og næring			12 547 955 000
	Sum departementets utgifter			13 770 900 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Mat- og landbruksforvaltning m.m.				
4100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)			
	01 Refusjon og gebyr	401 000		401 000
	Sum Mat- og landbruksforvaltning m.m.			401 000
	Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse			
4107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)			
	03 Gebyr og analyseinntekter m.m.	25 678 000		25 678 000

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
4110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)			
	01 Gebyr og analyseinntekter m.m.		88 050 000	88 050 000
4114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)			
	01 Gebyr og analyseinntekter m.m.		316 413 000	316 413 000
	Sum Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse			430 141 000
Miljø, areal og næring				
4143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)			
	01 Driftsinntekter m.m.		23 896 000	23 896 000
4145	Jordskifterettane (jf. kap. 1145)			
	01 Saks- og gebyrinntekter		13 182 000	13 182 000
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)			
	02 Driftsinntekter		17 402 000	17 402 000
4147	Reindrifftsforvaltninga (jf. kap. 1147)			
	01 Refusjonar m.m.		28 000	28 000
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)			
	80 Marknadsordninga for korn		122 000 000	122 000 000
5545	Miljøavgifter i landbruket			
	71 Miljøavgift, plantevernmiddel		40 000 000	40 000 000
5571	Totalisatoravgift			
	70 Avgift		92 500 000	92 500 000
	Sum Miljø, areal og næring			309 008 000
Forretningsdrift				
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet			
	80 Utbytte		750 000	750 000
5652	Innskottskapital i Statskog SF			
	80 Utbytte		8 500 000	8 500 000
	Sum Forretningsdrift			9 250 000
Sum departementets inntekter			748 800 000	

*Fullmakter til å overskride gitte løyvingar*II
Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2003 kan :

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1100 post 01	kap. 4100 post 01
kap. 1107 post 01	kap. 4107 post 03
kap. 1110 post 01	kap. 4110 post 01
kap. 1114 post 01	kap. 4114 post 01
kap. 1143 post 01	kap. 4143 post 01
kap. 1145 post 01	kap. 4145 post 01
kap. 1146 post 01	kap. 4146 post 02
kap. 1147 post 01	kap. 4147 post 01

2. overskride kap. 1100 Landbruksdepartementet, post 45 Store utstyrsjøp og vedlikehald, med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom. Unytta meirinntekt frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av overførbart beløp under løyvinga.

III

Forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2003 kan overskride løyvinga under kap. 1147 Reindriftsforvaltninga, post 01 Driftsutgifter med inntil 0,5 mill. kr i samanheng med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

*Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar*IV
Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Landbruksdepartementet i 2003 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp :

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade, erstatningar og sikring	
	70	Tilskott til sikringstiltak m.m	2 mill. kroner
	71	Naturskade, erstatningar	50 mill. kroner

*Andre fullmakter*V
Sal av fast eigedom

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2003 kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil 5 mill. kr.

Vedlegg 1

Jordbruksoppgjøret 2002 - fase II

Sluttprotokoll fra møte 26. juni 2002 mellom Norges Bondelag og Landbruksdepartementet.

1 Avtaletekst for avtaleperioden 2002/2003

Partene er enige om ny avtaletekst, jf. vedlegg 1.

2 Målpris og distriktstilskudd for gris

Målprisen for gris er økt med 0,55 kr pr. kg til 27,37 kr pr. kg for avtaleåret 2002/2003. Et viktig grunnlag for denne økningen er å gi kompensasjon for økte kostnader knyttet til kastrering av gris.

Representantvaren for gris er tidligere endret ved at hode og labber er tatt ut av grunnlaget. Med virkning fra 01.07.02 gjennomføres en teknisk justering av satsene for distriktstilskudd gris. Satsene for distriktstilskudd gris økes med 8 prosent, og en avvikler bruk av omregningsfaktoren 1,08 i beregningen av tilskuddsberettiget kvantum for distriktstilskudd gris.

3 Målpriskurver og representantvarer for frukt, grønnsaker og poteter

Partene er enige om målpriskurver og øvre prisgrenser for poteter, grønnsaker og frukt for sesongen 2002/2003 jf. vedlegg 2.

Periodene med målpris kortes ned for enkelte produkter. For rosenkål flyttes slutten av målprisperioden fra 15.03 til 31.01. For purre flyttes starten av målprisperioden fra 01.05 til 10.06 og slutten flyttes fra 28.02 til 15.02. For reddik flyttes starten av målprisperioden fra 01.04 til 01.05. For epler endres noteringen til å gjelde epler brett-pakkede > 70 mm. For purre erstattes bunteperioden i ukene 31 – 33 med kilovare i samme periode.

Uker med målpris som ikke har relevans for praktiseringen av importvernet er tatt ut av målpriskurvene.

4 Grunntilskudd for slakt: Fastsetting av tilskuddssatser

Partene er enige om følgende grunntilskuddssatser for avtaleåret 2002/2003:

Tabell 1.1 Variasjon i satser for grunntilskudd kjøtt for avtaleåret 2002/2003. Satser i kr pr. kg

		Sats gjeldende fra dato (kr pr. kg)						
	1. juli	29. juli	26. aug	23. sept	4. nov	30. des	3. mars	
Ung okse, kastrat og kvige	kr 3,20	kr 2,00			kr 2,50	kr 2,00		
Ung ku, ku og okse	kr 2,35	kr 1,15			kr 1,65	kr 1,15		
Kalv	kr 4,20	kr 3,00			kr 3,50	kr 3,00		
Lam<13 kg								
Lam<13 kg av villsau	kr 4,70		kr 4,20	kr 3,80	kr 4,20		kr 4,70	
Lam 13,1-23 kg	kr 4,70		kr 4,20	kr 3,80	kr 4,20		kr 4,70	
Lam>23 kg	kr 3,70		kr 3,20	kr 2,80	kr 3,20		kr 3,70	
Sau og ungsau/mellomlam	kr 4,70		kr 4,20	kr 3,80	kr 4,20		kr 4,70	
Vær	kr 4,70		kr 4,20	kr 3,80	kr 0,80		kr 4,30	
Geit og kje	kr 5,15							

5 Fastsetting av satser for frakttilskudd for kjøtt og egg

Partene er enige om følgende gjennomsnittssatser for frakttilskudd kjøtt for avtaleåret 2001/2002:

Tabell 1.2 Gjennomsnittlige tilskuddssatser i kr/kg for fraktordningene for kjøtt avtaleåret 2002/2003

Fraktsatser kjøtt	Kr/kg
Innfrakt	0,209
Mellomfrakt helt slakt, T1	0,362
Mellomfrakt stykket/skåret vare – NII	0,261
Annet tilskudd, skjema A	0,176

Partene legger til grunn at tilskuddsforvalter (SLF) med grunnlag i gjennomsnittssatsene, vurderer behovet for å justere ulike delelementer (satsstabeller basert på fraktavstand m.m. og prosentjusteringer av tabellsatser) slik at forbruket av midler i utgangspunktet blir innenfor avsetningen for frakttilskudd slakt på 74,5 mill. kroner. Eventuelt økt bevilgningsbehov må ha grunnlag i økt kvantum eller endringer i transportmønster.

Det foretas en gjennomgang av forskriftsbestemmelsene vedrørende fastsetting av under- og overskuddsområder i forhold til mellomfrakttilskudd kjøtt før jordbruksforhandlingene 2003. Partene er enige om følgende satser for frakttilskudd egg for avtaleåret 2002/2003:

Tabell 1.3 Tilskuddssatser for innfrakt egg avtaleåret 2002/2003, øre/kg

Sone	Sats (øre pr. kg)	Sone
	Sør-Norge	Nord-Norge
0	0	0
1	13	37
2	20	58
3	28	80
4	36	102
5	44	125
6	50	143

Eventuelt økt bevilgningsbehov må ha grunnlag i økt kvantum eller endringer i transportmønstre.

6 Fastsetting av basiskvanta for ordninger notifisert i blå boks i WTO

Med basis i WTO Landbruksavtalens artikkel 6.5 er partene enige om å fastsette maksimalt nivå for tildeling av støtte for tilskuddsordninger over kap. 1150. I fastsettingen har en lagt til grunn 1992-1994 som basisperiode.

Underpost 73. 13 Distriktstilskudd melk: 1.536 mill. liter melk.

Underpost 73.15 Distriktstilskudd kjøtt: 186 mill. kg kjøtt.

Underpost 73.16 Distriktstilskudd egg: 44 mill. kg egg.

Underpost 74.11

Driftstilskudd melkeproduksjon / spesialisert kjøttfeproduksjon: 27.100 bruk.

Tabell 1.4 Underpost 74.14: Tilskudd til husdyr

Dyregruppe	Maks antall dyr
Ku, samlet	340.100
Ungdyr, storfe	648.100
Melkegeit	61.100
Sau og ammegeit	1.053.300
Avlsgris	64.800
Slaktegris	1.190.000
Eggproduksjon	3.623.900

Tabell 1.5 Underpost 74.14: Tilskudd til husdyr-utmarksbeite

Dyreslag	Maks antall dyr
Kyr, storfe og hester	260.400
Sauer og geiter	2.212.900

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskapstilskudd: 9,7 mill. daa (inkl. innmarksbeite).

Dersom samlet omsøkt antall tilskuddsenheter overskrider fastsatt maksimaltall for ordningen, skal en redusere omsøkt mengde med samme pro-sentsats for alle foretak.

7 Fleksibilitet i bruk av midler under avsetningstiltak (underpost 70.11)

Landbruksdepartementet kan i samråd med Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag bestemme at midler som ikke trengs til et av de øremerkede formål, kan brukes til andre formål.

8 Fastsettelse av satser innenfor prisnedskrivingsordningen for sprit

Partene er enige om at bevilgningen for avtaleåret 2002-2003 på 19,0 mill. kr fordeles med en prisnedskrivningssats for potetsprit på 7 kr pr. liter 100% og et rektifikasjons-bidrag på 3 kr pr. liter 100%. Dersom avsetningen til potetsprit overstiger det avsatte beløpet over jordbruksavtalen, skal rektifikasjonsbidraget reduseres.

9 Forholdet mellom målpris og noteringspris for fôrkorn

Leveransene av bygg og havre til Felleskjøpgruppen legges til grunn i forbindelse med fastsettelse av mengdeforholdet mellom bygg og havre. Dette er i samsvar med hovedprinsippet ved fastsettelse av målpris og veiing og akkumulering av noteringspriser i markedsordningene i jordbruket.

Mengdeforholdet mellom bygg og havre fastsettes til 65/35. Intensjonsprisen på bygg reduseres med 5 øre pr. kg til 188 øre pr. kg og at intensjonsprisen på havre reduseres med 5 øre pr. kg til 166 øre pr. kg.

10 Frakttilskudd korn

Tilskuddet til frakt av korn fra produsent eller mot-taksanlegg til transittanlegg skal bare gjelde korn som sendes videre til underskuddsområdet. Det tas inn en formulering i fraktforskriften som gir kornkjøper anledning til å redusere utbetalt frakttilskuddssats i samsvar med den avkorting som følger av at transittanlegg bruker korn i egen produksjon av kraftfôr.

11 Sekretariatet for forskningsmidler over jordbruksavtalen

Ansvar for sekretariatet for forskningsmidler over jordbruksavtalen overføres fra Landbruksdepartementet til Statens landbruksforvaltning fra og med 1. september 2002.

12 Fordeling av tilskudd til forsøksringer for 2003

I St.prp. nr. 65 (2001-2002) er rammen for tilskudd til forsøksringer i 2003 fastsatt til 34,7 mill kroner. I tillegg er avtalepartene enige om at ordningen med produsentrettet rådgivning i potetsektoren avvikles og midlene, 0,4 mill. kroner, og rådgivningsansvaret overføres til forsøksringene.

Midlene, til sammen 35,1 mill. kroner, overføres via tildelingsbrev til Landbrukets forsøksringer som fordeler tilskuddet til forsøksringene. Det vil bli krevd rapport på bruken av midlene.

13 Økologisk jordbruk

Partene er enige om følgende bestemmelser vedrørende tilskudd til økologisk jordbruk:

- Vekstene som inngår i grunnlaget for arealtilskudd til økologisk korn beholdes uendret.
- Satsen for grønngjødslingstilskudd settes til kr 550 kr/daa (inkl. generelt kulturlandskapstilskudd for alt jordbruksareal på 200 kr/daa). Grønngjødslings-tilskuddet gjøres gjeldende for arealer til planteproduksjon utenom grovfôr-arealer, uavhengig av husdyrhold.

- Den koordinerende styringsgruppen for økologisk landbruk gis innenfor de rammer avtalepartene trekker opp disposisjonsrett over samleposten for utviklingsmidler innen økologisk landbruk. Avtalepartene er enig om at styringsgruppen bør knytte til seg markedskompetanse. Styringsgruppen bes selv å ta stilling til hvordan dette løses, herunder vurdere behovet for det eksisterende økologiske markedsforumet.

14 Skadefondet for landbruksproduksjon

Partene er enige om at Statens landbruksforvaltning ut over de oppgaver som er angitt i punkt 3.4 i sluttprotokoll av 21.05.02, også gis i oppgave å vurdere om "Skadefondet for landbruksproduksjon" skal utvides til å omfatte erstatninger til beiteskader fra gås, andre beiteskader (elg, hjort, villsvin o.a.) og eventuelt andre skader som det ikke er mulig å sikre seg mot. I vurderingen skal det gis anslag for hvilke budsjettmessige konsekvenser en slik utvidelse kan få for fondet.

15 Produksjonstilskudd og registrering i merverdiavgifts-manntallet

Partene er enige om at foretak skal være registrert i merverdiavgiftsmanntallet for å være berettiget produksjonstilskudd. Partene vil ved utforming av forskriften for produksjons-tilskudd utarbeide de nærmere bestemmelser vedrørende iverksettningen av dette grunnvilkåret for tildeling av tilskudd, bl.a. vedrørende nye søkere etter eierskifte.

Oslo, 26. juni 2002

Per Harald Grue

Kirsten Indgjerd Værdal

Vedlegg 2**Oversikt over resultater for overvåknings- og kontrollprogram for levende dyr og næringsmiddel**

Dyreart	Infeksjon	Start	Omfang 2001	Antall prøver 2001	Positive funn 2001
Storfe	IBR/IPV	1992	10% av melkefebestningene 10% av kjøttfèbestninger	2564 tankmelkprøver 3453 blodprøver fra 434	Ingen
	Brucella	2000	20 av melkefebesetningene 20 av kjøttfèbesetninger Ved aborter	5128 tankmelkprøver 7027 blodprøver fra 868 21 fostre fra 18 besetninger	Ingen
	BVD	1992	Alle besetninger	20056 tankmelkprøver fra 19900 besetninger 4329 samleblodprøver fra 4197 besetninger	Ingen
	EBL	1994	10% av melkefebesetningene 10% av kjøttfèbesetninger	2564 tankmelkprøver 3453 blodprøver fra 434	Ingen
	Tuberku-lose	2000	Overvåkning av alle storfè ved slakting	Organer fra 3 storfè	Ingen
	BSE	1998	Undersøkelse ved klinisk mistanke	14 dyr fra 14 besetninger	Ingen
		2000	Overvåkning av importdyr og avkom	92 dyr fra 74 besetninger	Ingen
		2001	Undersøkelse av selvdøde dyr og nødslakt	11258 dyr fra 10747 besetninger	Ingen
		2001	Undersøkelse av normalslakt	2405 dyr fra 2026 besetninger	Ingen
Gris	AD	1994	Alle avlsbesetninger samt et utvalg av kombinerte besetninger og slaktegris	4972 prøver fra 502 besetninger	Ingen
	TGE	1995	”	4972 prøver fra 502 besetninger	Ingen
	PRRS	1995	”	4972 prøver fra 502 besetninger	Ingen
	Svine-influenza	1997	”	4972 prøver fra 502 besetninger	Ingen

Dyreart	Infeksjon	Start	Omfang 2001	Antall prøver 2001	Positive funn 2001
Fjørfe	Newcastle disease		Alle sertifiseringsflokker testes	6645 prøver fra 84 produsenter	Ingen
	ILT	1997	Alle flokker i avlspyramiden for høns	3270 prøver fra 76 produsenter	Ingen
	ART	1997	Alle flokker i avlspyramiden for høns	3360 prøver fra 78 produsenter	Ingen
Småfe	Scrapie	1997	Screening av et utvalg av slaktede sauer	2854 dyr fra 2082 besetninger	1 positivt dyr
			Undersøkelse ved klinisk mistanke, sau og geit	185 småfe (139 sau og 46 geiter)	1 positivt dyr
	Mædi	1997	Ca. 25 % av besetningene i Hordaland og Rogaland (alle skal undersøkes i løpet av 5-6 år)	11714 prøver fra 642 besetninger	Ingen
Flere dyrearter	Salmonellainfeksjon (levende dyr)	1995	Storfe : 3000 lymfeknuteprøver	2421 lymfeknuter fra 1950 besetninger	2 positive prøver (1 lymfeknute fra storfe og 1 avføringsprøve fra slaktekylling for-eldredyr)
			Gris : 3000 lymfeknuteprøver, avføringsprøver fra alle avlsbesetninger	2480 lymfeknuter fra 1430 besetninger 2188 avføringsprøver gris fra 172 besetninger	
			Fjørfe : avføringsprøver fra alle besetninger med >50 slaktekylling eller >250 verpehøns/avlstdyr	6977 avføringsprøver fjørfe fra 1638 besetninger	
	Paratuberkulose Storfe	1996	240 besetninger med min. 5 kyr >4 år, 5 avføringsprøver pr. besetning 60 avføringsprøver og 30 organprøver fra melkekube-setninger hvor det tidligere (99) er påvist høye serologiske verdier . 16 avføringsprøver fra kontaktbesetning til smittet besetning. 4 avførings- og organprøver fra dyr mistenkt for paratuberkulose	1274 avføringsprøver 32 organprøver	2 dyr i 2 besetninger

Dyreart	Infeksjon	Start	Omfang 2001	Antall prøver 2001	Positive funn 2001
	Paratuberkulose Geit	2001	30 besetninger som tidligere har fått diagnostisert paratuberkulose, 10 avføringsprøver pr. besetning 15 avføringsprøver og 20 organprøver fra dyr mistenkt for paratuberkulose	313 avføringsprøver 20 organprøver	12 dyr i 5 besetninger
	Paratuberkulose Lama	2000	Avføringsprøve av alle dyr >48 mnd.	28 avføringsprøver	Ingen
			Organprøver av alle dyr >48 mnd. Som dør, må avlives eller slaktes	3 organprøver	
	VHS	1994	Halvparten av alle anlegg (alle anlegg undersøkes i løpet av en 2-årsperiode)	15977 individprøver fra 534 lokaliteter	Ingen
Fisk	IHN				Ingen
	Gyrodactylus salaris	2001	160 elver, ca 100 settefiskanlegg		1
	Anguillicola	2000		1	Ingen
Østers	Bonamiose	1995	Alle anlegg undersøkes to ganger pr år	480 prøver fra 8 anlegg	Ingen
	Marteilose	1995	Alle anlegg undersøkes to ganger pr år	480 prøver fra 8 anlegg	Ingen

Framanstoff

Analytter	Start	Omfang	Antall prøver 2001	Positive funn/kommentar
Miljøgifter: PCB, dioksiner, PAH, TBT og tungmetaller	1999	Havner og Fjorder Ytre Oslofjord		Prosjektet forsinket. Resultatene skal brukes til å vurdere kostholdsråd
Miljøgifter: PCB, dioksiner, PAH, TBT og tungmetaller (Cr, Fe, Co, Ni, Cu, Zn, As, Ag, Cd, Sn, Pb, Hg)	1999	Havner og Fjorder Rogaland	100	Kostholdsråd ble gitt for fiskelever, skjell og krabbe
Organiske miljøgifter ferskvannsfisk (PCB7, DDT, dioksiner, non-ortho PCB, PCN, toxafener, PBDE, PCA, Hg)	1998	Utvalgte ferskvann i Norge	PCB7: 105 DDT: 105 Dioksiner: 24 n-o PCB: 24 PCN: 24 Toxafener: 20 PBDE: 20 PCA: 20 Hg: 89	Kostholdsråd ble gitt for lakelever i Mjøsa og Hurdalsjøen. Rapporten støtter opp om kosthold for ørret, røye, abbor og gjedde.
Kvikksølv i ferskvannsfisk del III	2000	Utvalgte ferskvann i Norge.		Rapport 2002
Nye organiske miljøgifter i fisk, tran og krabbe. Prøvene skal analyseres for dioksiner, PCB, toksafen, PCN og bromerte flammehemmere.	1999	Fiskeslag langs norskekysten, samt tran og krabber og måseeegg.		Rapport 2002
Miljøgifter i hval og enkelte arter av marin fisk. Kvikksølv, PCB, dioksiner, toksafen, bromerte flammehemmere	1998	Prøver av hval og noen fiskearter.		Rapport 2002
Kartlegging av organiske miljøgifter i næringsmidler. Dioksiner og PCB	2000	Prøver av egg, smør, storfe, svin, lam, kylling, kalkun, margarin, rødspette.	16 samleprøver	Beregne inntaket av dioksiner og PCB.

Analytter	Start	Omfang	Antall prøver 2001	Positive funn/kommentar
Kartlegging av tungmetaller i næringsmidler	2001	Te, øl, hvetekli, solsikkeoljer, kultivert sopp	190	Rapport 2002
PAH i oljer	2001	Olivenrestoljer og jomfruoljer	64	12 inneholdt PAH i uakseptable mengder. Omsetningsforbud for restoljer
Radioaktivt Cesium (137Cs)	1986-1987	Småfe, storfe, tamrein, vilt, melk, sopp, mm	Som i 2000	Småfe: 2,4% over tiltaks-grensen (600 Bq/kg) Tamrein: 15% over tiltaks-grensen (3000 Bq/kg)
Radioaktivt Cesium (137Cs)	1987	"Matkurv": Kjøtt fra småfe, storfe, tamrein, vilt, honning, saltvannsfisk, sopp, tatt ut i dagligvareforretninger	Totalt ca 800, ca 100 målinger pr matvare	En prøve av geitost og en av tamrein over tiltaksgrensen
Radioaktivt Cesium (137Cs)	1993	Saltvannsfisk, kongekrabbe, blåskjell, reker		
Plantevernmidler	1998	Frukt, bær, grønnsaker, korn og animalske produkter	2842	Overskridelser av maksimumsverdier i ca. 4 % av prøvene. 35 varepartier stoppet – for 8 av dem ble det nedlagt omsetningsforbud
Materialer og gjenstander i kontakt med næringsmidler	1995	Kjemisk migrasjon fra matemballasje	Utvikling av analytiske teknikker 200 gjenstander Kartlegge 300 vannfilter	1. Rapport vedr. polyuretantil Nordisk Ministerråd 2001 (epokslakk og polyuretan som lim i plastmateriale) 2. Rapport vedr. kontroll med utlekking av bly og kadmium 3. Rapport under utarbeidelse
Tilsetningsstoffer	2000	Innhold av sorbinsyre og sorbater og benzosyre og benzoater i lefser, lomper og majonesbaserter salater		Mange overskridelser
Antibiotika i slakt		Innhold av antibakterielle stoffer i slakt		Resultater foreligger ikke pt.

Analytter	Start	Omfang	Antall prøver 2001	Positive funn/kommentar
Restmengder av foruren- sninger og legemid- ler i animalske nærings- midler	1988	Kjøtt fra eller inn- mat fra storfe, gris, sau, rein, hest, kyl- ling og høns, samt prøver av melk, egg og honning	Ca. 6800 (inkl. antibioka-kon- troll)	I to prøver av melk ble det påvist restmengder over gren- severdiene av et antiparasittisk stoff (febendazol) og et antimi- krobielt stoff (penicillin). I samtlige prøver av hest (20) og rein (15) var det overskridelser av tungmetaller (Pb/Cd), mens 2 av 25 og 5 av 25 prøver av hhv. Storfe og sau viste over- skridelser ca. 50 5 av prøvene
Forekomst av 3-MCPD i næringsmidler	1999	Soyasaus, supper, sauser og fiskepro- dukter	Ca. 70, hvorav 20 av soyasaus	3 supper/sauser samt 2 prøver av røkt fisk lå over 0,02 mg/kg. Soyasaus fra asiatiske land fort- satt et problem
Inntak av risikomatvarer mht miljøgifter	1999	3 delundersøkelser Bly, kadmium, dioksiner og PCB		Estimert inntak vil bli vurdert opp mot fastsatte verdier for tolerabelt inntak (PTWI/TDI)
Rester av plantevernmid- ler i drikkevann	1998 - 2000	Restnivåer av plan- tevernmidler		

Smittestoff

Analytter	Start	Omfang	Antall prøver i 2001	Positive funn 2001
Salmonella nedskjærings-verksemder	1995	Produksjon >20 tonn/veke 1 prøve per veke. Produksjon <20 tonn/veke 1 prøve pr måned. Verksemder godkjent med begrensa kapasitet: 2 prøver per år.	2417	1
EHEC slakteskrotter	1998 storfe 1999 inkl småfe	Tal prøver som vert teke ut skal tilsvare en prøve per 150 storfeslakt, 1 prøve per 1.000 saueslakt og 1 per 150 geiteslakt.	Storfe: 2355 Sau: 1103 Geit: 103	1 positivt storfeslakt
Salmonella ferskt kjøtt og fjørfekjøtt	1995	Prøver frå lymfeknuter, hals-skin og oveerflatesvaber i henhold til instruks.	Storfe: 2549 Svin: 2452 Sau: 2680 Fjørfe: 2417	Ingen
Listeria i ost og andre melkeprod av upasturisert mjølk	1999	Kvart 5. parti importerte varer	260	Ingen
EHEC i storfekjøtt	1999	Kvart 5. parti importert storfekjøtt sjekkes	274	Ingen
Salmonella i ikke-varmebehandlede eggprodukt, viltkjøtt, skalldyr Salmonella i ost og andre melkeprod av upast melk	1999	Kvart 5. parti importerte varer Hvert parti fra Asia, Tyrkia + skalldyr Europa	Mjølkeprod: 291 Eggprod: 3 Viltkjøt: 480 Skalldyr Asia: 4/8 partier 77	Skalldyr: 3 Skalldyr Europa: 0 Mjølkeprod: ingen Eggprod: ingen Viltkjøt: 5

Analytter	Start	Omfang	Antall prøver i 2001	Positive funn 2001
Salmonella i fersk kjøt og fersk fjørfekjøtt m/salmonellagaranti	1999	Kvart parti importerte fersk kjøt m/salmonellagaranti Unntatt Sverige, Finland, Danmark	Storfe: 1457 Gris: 1039 Fjølfe: 1259	Storfe kjøt: 2-6 Svine kjøt: 5-17 Fjølfe kjøt: 1-5
Vibrio i skaldyr Asia, Tyrkia	1999	Obligatoriske kontroll av partier fra Asia og Tyrkia	418 partier	3 (1%)
Norsk overvåkingsprogram for antibiotika-resistente bakteriar – veterinærmedisin (NORM-VET)	2000	Fjølfe kjøt, storfe kjøt, svine kjøt, saue kjøt	Sau: 200 Gris: 200 Storfe: 200	Truleg samanheng mellom bruk av antibiotika til mat-produiserande dyr og førekomst i mat
Mikrobiologisk status i rå mjølk EHEL	1999	Ku- og geitemelk, tankmjølk-prøver	186 kumjøl og 100 geitemjøl	0
Parasitter grønnsaker	2000	Spirer, dill, div. salater, bær		Ascaris: 0 Cyclospora: 0 Cryptosporidium og/eller Giardis: 4% og 2%
Virus i skjell	2000	Skjell		Førekjem sporadisk Avventer endelig rapportering

Vedlegg 3**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege selskap under
Landbruksdepartementet***Statskog SF*

Utgifter til :	Kr
Lønn, styrehonorar	700 000
Pensjonsutgifter	108 000
Anna godtgjersle	4 200

Administrerande direktør har ein avtale som sikrar årleg pensjon på 66 pst. av pensjonsgrunnlaget frå fyllte 62 år.
